

MILJØ, KUNNSKAP OG MORAL

Tre casestudier av miljøomsyn

Berit Skorstad

Avhandling til graden Doctor Rerum Politicarum
Institutt for sosiologi
Det samfunnsvitenskapelige fakultet
Universitetet i Tromsø
2005

ISBN 82-91636-19-2

INNHALD

FORORD.....	6
KAPITTEL 1	10
INNLEIING	10
HOVUDSPØRSMÅL FOR AVHANDLINGA	11
METODE OG EMPIRI – MILJØMSYN I TRE ULIKE FELT	13
SENTRALE OMGREP	14
HOVUDMÅL OG DELMÅL.....	17
ANALYTISK TILNÆRMING OG FAGLEG FORANKRING	18
PRESENTASJON AV AVHANDLINGA	20
KAPITTEL 2	23
OMGREP OG TEORiar OM MILJØPROBLEM OG MILJØMSYN	23
INNLEIING.....	23
FRÅ OTTE TIL POLITIKK	25
<i>Er mennesket i eller over naturen?</i>	28
<i>Økologisk modernisering</i>	30
HANDLING, REFLEKSIVITET OG MEDVIT.....	33
<i>System og institusjonar</i>	36
RESSURS- OG MILJØFORVALTNING	38
SENTRALE TEORETISKE SPØRSMÅL I DENNE AVHANDLINGA	42
AVSLUTNING	43
KAPITTEL 3	47
ETIKK OG KUNNSKAP I MILJØMSYNET	47
INNLEIING.....	47
<i>Kva er moral og etikk ?</i>	48
<i>Kort om haldningar, kunnskap og verdiar</i>	49
ULIKE TEORETISKE INNFALLSPORTAR TIL ETIKKEN	50
<i>Konsekvensetikk og pliktetikk</i>	51
<i>Plikt- og konsekvensetikk i miljømsynet</i>	53
<i>Nærleiksetikk og ansvarsetikk</i>	54
<i>Dygdsetikk</i>	57
MILJØETIKK.....	59
KUNNSKAP OG KUNNSKAPSGRUNNLAGET I MILJØMSYNET	63
<i>Ulike typar kunnskap</i>	64

<i>Kunnskap, kultur og sosialisering</i>	70
FORHOLDET MELLOM KUNNSKAP OG ETIKK – MENNESKESYN OG MILJØMSYN	74
<i>Vitskap og lekkunnskap i miljøomsynet</i>	75
MILJØMSYN, KUNNSKAP OG MORAL	79
KAPITTEL 4	83
EMPIRISKE FELT OG METODE	83
INNLEIING	83
REGIONALPOLITIKK, KVAR DAGSLIV OG FISKERIFORVALTNING	84
PRESENTASJON AV FRAMGANGSMÅTE	86
CASESTUDIE SOM FRAMGANGSMÅTE	88
DEI KONKRETE CASESTUDIA OG VAL AV FELT	91
<i>Etikk og miljø i kvardagslivet</i>	91
<i>Studien av etikk i fiskeria</i>	94
<i>Framgangsmåten i studien av Fylkeskommunen sin miljøprofilering</i>	97
FORTOLKING	99
<i>Intervjuform og bruk av sitat</i>	101
REFLEKSJON OG FORSKNINGSETIKK	103
<i>Forskingsetikk</i>	104
SLUTTKOMMENTAR TIL METODE OG EMPIRI	105
KAPITTEL 5	107
MILJØMSYN I KVAR DAGSLIVET	107
- GAMAL VIN PÅ NY FLASKE?	107
INTRODUKSJON	107
KVAR DAGSLIVET SOM FELT OG FORTTOLKINGSRAMME	109
HALDNINGAR TIL MILJØ OG FORBRUK - STATISTIKK	114
MILJØMSYN I KVAR DAGEN - INTERJVUDATA	117
KUNNSKAP, OMTANKE OG MOGELEGHEIT – ANALYTISKE DIMENSJONAR.....	131
<i>Kunnskap</i>	131
<i>Omtanke og vilje</i>	133
<i>Mulighet- eller ein "dyd av nødvendighet"?</i>	135
KULTURELLE FAKTORAR	136
MILJØMSYN I KVAR DAGSLIVET	139
OPPSUMMERING OG AVSLUTNING	141
KAPITTEL 6	143
MILJØ OG FISKERI	143

INNLEIING.....	143
<i>Fiskeri som aktivitet og næring i Norden</i>	145
<i>Kva er eit miljøvenleg fiske?</i>	147
METODE	151
NOKRE ANALYTISKE OMGREP	153
<i>Utilitarisme, deontologi og nærleiksetikk</i>	153
<i>Djup-økologi og antroposentrisme</i>	156
<i>Holisme og reduksjonisme i miljøetikken</i>	157
PRESENTASJON AV INTERVJUA	159
<i>Heilskapeleg syn på fiskeri og miljø</i>	159
<i>Berekraftig fiskeri</i>	173
FISKERI, KUNNSKAP OG ETIKK - ANALYSE.....	177
AVSLUTNINGSKOMMENTAR.....	182
KAPITTEL 7	185
REGIONAL MILJØPOLITIKK	185
- FRÅ SKOLERING TIL VEDTAK.....	185
INNLEIING.....	185
<i>Miljøpolitikk og forvaltning</i>	186
<i>Fylkeskommunen som miljøpolitisk aktør</i>	189
MILJØ OG MAKT I POLITIKKEN – EIT TEORETISK INNBLIKK.....	190
MILJØPOLITIKK OG BEREKRAFTIG UTVIKLING	192
<i>Agenda 21</i>	194
<i>Føre – var – prinsippet</i>	195
”MILJØSKULEN” I NORDLAND FYLKESKOMMUNE.....	196
<i>Eit forum for miljø og utvikling</i>	196
<i>Miljøpolitikk i Nordland fylkeskommune</i>	199
ERFARINGAR MED FORUMET.....	200
<i>Berekraftig utvikling</i>	200
<i>Miljøvernpolitikk som ein del av all politikk</i>	202
<i>Læring i eit miljøforum</i>	203
<i>Dialogbasert miljøpolitikk</i>	204
<i>Ein demokratisk miljøpolitikk?</i>	205
<i>Politiske vedtak</i>	206
SUKSESS ELLER FLOPP? - KONKLUSJONAR FRÅ EVALUERINGA	207
<i>Suksess som "politikarskule"</i>	207
<i>"Frå kunnskap til handling"</i>	208
KVA SKJEDDE SÅ? - SAKER OG VEDTAK.....	210
<i>Frå berekraftig utvikling til "berre kraftig utvikling?"</i>	212
<i>Fylkesplanar og profilering</i>	217
POLITIKK, ETIKK OG MAKT	220

<i>Kunnskap, vilje og mulegheit</i>	221
<i>Frå læring til institusjonalisering</i>	222
OPPSUMMERING OG AVSLUTNING	223
KAPITTEL 8	226
KUNNSKAP, VILJE OG MULEGHEIT	226
- EI SYNTETISERING OG OVERORDNA ANALYSE	226
INNLEIING	226
HOVUDLINER FRÅ CASE STUDIENE.....	227
<i>Analytiske dimensjonar</i>	231
KUNNSKAPSTYPAR I MILJØMSYNET	233
<i>Miljøomsyn - kunnskap i praksis</i>	237
MULIGHEITAR OG PRAKSIS.....	241
<i>Praksis som vane</i>	243
<i>Miljøomsyn – å få mulegheiten</i>	245
Å TENKE GLOBALT OG Å HANDLE LOKALT!	246
<i>Tilgang til informasjon og kunnskap om globale forhold og miljøproblem</i>	248
<i>Samanhengen mellom globale problem og lokal praksis</i>	249
<i>Oppsummering av analysen</i>	252
KAPITTEL 9	254
MILJØMSYN OG POLITIKK	254
MEDVIT OG ENGASJEMENT	256
<i>Blind borgar eller politisk forbrukar?</i>	258
<i>Den altomfattande miljøpolitikken</i>	261
DET ”VESLE” MILJØVERNET	263
LITTERATUR	268

FORORD

Arbeidet med denne avhandlinga har tatt lang tid, og mesteparten av arbeidet er gjort i forskingsdelen av amanuensisstillinga ved Høgskolen i Bodø. Det er mange som i løpet av denne perioden har bidratt til dette arbeidet og skal takkast for det.

Informantane må også takkast både for å være i møtekommande, og for å vere villig til å gi meg innsikt i sine tankar og handlingar. Det har vore særst lærerikt. Hogne Gullvåg og Lars Elsbak gjorde ein god jobb med empiriinn-samling på Island, i Danmark og her til lands. Tusen takk for gode intervju-utskrifter.

Eg har i den tida eg har jobba med avhandlinga hatt to rettleiarar. Yngvar Löchen som også var min rettleiar på hovudfaget døyde etter lengre sjukeperiode, tre år etter at dette dr.gradsarbeidet var i gang. Det var uendeleg trist. Likevel rakk han å gi meg fagleg og personleg rettleiing som eg vil ta med meg resten av livet. Professor Ann Nilsen ved Universitetet i Bergen sa seg villig til å ta over arbeidet med rettleiinga, og det er eg svært takksam for. Hennar rykte som ein framragande rettleiar har vorte stadfesta hjå meg. Hun skal ha stor takk for å utvise stort tolmod og konstruktiv rettleiing, og for fagleg inspirasjon og oppmuntring.

Mange kollegaer ved avdeling for samfunnsfag skal takkast, men nokre meir enn andre for direkte involvering i arbeidet. Takk til Bjørn Sagdahl for kommentarar på fiskerikapitlet og Elisabeth Pettersen for fruktbare diskusjonar over ein kaffi og Barkley. Særskilt vil eg takke Jill Beth Otterlei som omstendeleg har lest og kommentert fleire av kapitla i avhandlinga. Du er ein framåt rettleiar både fagleg og språkleg. Dekanus Øystein Henriksen skal ha ein takk for å ta mine prodekanoppgåver i innspurten. Studiekonsulent Dagrun Bergli har vore svært viktig å i avlaste meg i studiekvalitetsarbeidet ved avdelinga.

Av folk og institusjonar utafor Høgskolen i Bodø, vil eg først nemne Nordlandsforskning, som husa meg ein periode av arbeidet. Kollega Sissel Trygstad fortener takk for mange fruktbare faglege diskusjonar den tida vi

jobba på NF. Samarbeidspartnarane i ELSA- prosjektet – spesielt Katia Frangoudes og Dennis Bailly ved Universitetet i Brest, skal ha takk for fint og lærerikt samarbeid. I den samanheng vil eg også takke Audun Sandberg for sitt bidrag i dette prosjektet, og generelt på seksjon for sosiologi og sosialfag. Eg vil også nemne Kjersti Fjørtoft ved Universitetet i Tromsø, som har vore ei stor inspirasjonskjelde i dette arbeidet.

Nordland fylkeskommune fortener ein takk for å opne tilgang til deltaking og informasjon. EU-kommisjonen finansierte studien av etikk i fiskeriforvaltninga, dei skal ha takk for det. Norges Forskingsråd skal takkast for avslutningsstipendet, som grunna institusjonelle forhold ikkje kom til den nytte den kunne, men som likevel vart sentral i delar av dette arbeidet. Ein takk går også til forskingsutvalet ved Høgskolen i Bodø for vikarstipend i slutt fasen.

Så fortener Eivind Karlsen ein kjempestor takk for oppmuntrande ord, for å ta husarbeid, og for å vere ein flott far for Ruben og Jonas.

Bodø den 5. august 2005
Berit Skorstad

Innleiing

Miljøproblema sine globale trekk gjør at den vedgår alle - samstundes som den gir liten mulegheit til løysing utan at alle nasjonar og folk kan semjast om strategiane. Miljøfeltet er også usedvanlig komplekst, og det vedgår dei fleste samfunnsområde og kunnskapsformer (Wyller 1999, Murphy 1997).

Miljøproblema og åtvaringar om økologiske samanbrot har vore på den politiske dagsorden i fleire tiår no. Det har ført til ulike strategiar for handtering; internasjonale avtalar har vorte inngått (- og brotne), nye lovar mot til dømes forureinande aktivitetar er vedtatt og haldningskampanjar sett i verk. Strategiar knytt til haldningsendringar støtta både av miljøorganisasjonar og politiske styresmakter har mellom anna vore knytt til ideen om ”å tenke globalt og handle lokalt” (Bortne m.fl.2002).

Miljøproblema sin eigenart og årsak kan knytast til det økonomiske liv så vel som det sosiale, og det handlar om etikk så vel som rein instrumentell nytte. Men miljøproblema kan, som alt anna, skildrast ut frå ulike perspektiv og med forskjellige vitskapelege briller (Benjaminsen og Svarstad red. 1998, Martell 1994). Naturvitskapen har lenge dominert dette feltet, men både samfunnsvitskapar og humanistiske fag har med tida kome på banen (Dunlap og Catton 1978, Giddens 1994). Det viser seg at om samfunnet skal meistre problema, må dei sistnemnte tilnærmingane også bidra. Samfunnsvitskap og humaniora har etterkvart vorte sentrale bidragsytarar både til å forstå trekk ved samfunnet og mennesket som skaper miljøproblema, korleis desse vert forstått og løysingsmåtar. Samfunnsvitskapen sine bidrag kan dermed auka forståing av årsaksamanheng og løysingsstrategiar både på

globalt, regionalt og lokalt nivå (Murphy 1997, Martell 1994 Dickens 1992).

Denne avhandlingen handlar om å forstå fenomenet miljøomsyn. Det er ein studie i korleis miljøomsyn vert forstått og handtert av aktørar i tre ulike samfunnsfelt. Utgangspunktet er tre casestudier; av miljøomsyn kvardagslivet, av forståing av miljøomsyn og ressursforvaltning i fiskeri, og av integrering av miljøvern i fylkespolitikk. Desse tre felte har alle miljøomsyn på "dagsorden" og viser dels ulike, og dels overlappende utfordringar på området.

HOVUDSPØRSMÅL FOR AVHANDLINGA

Tenk globalt, handle lokalt! - har vore eit av dei viktigaste slagorda i miljøpolitikken. Satt på spissen appeller dette til den einskilde sin kunnskap og vilje til å ta miljøomsyn langt utover eins eigennytte. I tillegg krev appellen at det finst ein mulegheit for den einskilde å omsette global tenking til lokal handling. Dei føresetnadene som ligg i slagord og haldningskampanjar vert ofte ikkje klargjort. Sentrale spørsmål i tilknytning til det er kva slags kunnskap trengs, kva som skal til å for å omsette dette til eit ynskje om å handle i tråd med slik kunnskap, og ikkje minst korleis skal ein tilpasse det i andre føremål og gjeremål. Å få klargjort nokre av desse føresetnadane innafor somme felt i samfunnslivet er eit av føremåla for denne avhandlingen.

Problemstilling

Den overordna problemstillinga er: *Kva kunnskapsmessige, moralske og praktiske vilkår styrer og styrker miljørelaterte handlingar i det politiske liv, næringsliv og kvardagsliv?*

Svært relevant er også spørsmålet om kva vilkår som har tyding for at moralske overtydingar kan etterlevast i praksis, eller motsett; kva praktiske vilkår gir liv til miljømorske overtydingar?

Miljøomsyn i er knytt til komplekse samanhenger i samfunnet. Det er til dømes ikkje alltid slik at ny informasjon om miljøproblem, fører til endra

åtfærd hjå dei det vedgår. Dette handlar om både subjektive og objektive vilkår for handling. Læring og handling i praksis kan, mellom anna ikkje sjåast uavhengig av sosial kontekst, og i dette perspektivet har sosiologien ein sentral rolle. Ein av mange definisjonar av sosiologi er at det er studien av mennesket i sine omgivnader. Desse omgivnadene kan både vere av materiell, relasjonell og kulturell art (Lysgaard 1978). Å forstå vilkår for miljøomsyn kan derfor seiast å falle inn i eit av kjerneområda for sosiologien.

Det er mange aktørar i samfunnet som har hatt tyding for at miljøvern har vorte eit tema både i vitenskap og politikk. Ein av dei mest sentrale aktørane er miljø- og naturvernorganisasjonane, som har hatt sterk og brei appell både nasjonalt og internasjonalt. Denne aktørgruppa og dei kanalane som kjenneteiknar slike frivillige organisasjonar er ikkje gjenstand for analyse i denne avhandlinga. Eg vil likevel understreke at det ikkje tyder at eg som samfunnsforskar ikkje godkjenner deira sentrale rolle i miljøomsynet.

For å forstå vilkåra for miljøomsyn, må ein ha sosiale handlingar sin kompleksitet med seg. Å forstå handling er å forstå at det finst mange typar handling og motiv for handling (Weber 1990). Både verdiar, tradisjonar (normer), kunnskap og kjensler har tyding for handling, i tillegg har meir objektive vilkår tyding for handling (Martinussen 1999). Når det gjeld handling relatert til miljøomsyn er det viktig å ha det klart at dette er eit relativt nytt aspekt ved samfunnslivet. Dette inneberar at miljøomsyn ikkje kan hente styrke frå retningsgivande normer for handling. Samstundes kan det tenkast at andre nærliggande og liknande normer kan omdefineras til å gjelde miljøomsyn. Miljøomsyn krev i tillegg per definisjon kunnskap om eller kjennskap til miljø og miljøproblem. Svært sentralt i dette er om det faktisk er praktisk muleg for den enkelte (i sine omgivnader) å handle i tråd med den kunnskap som vedkommande sit inne med. Det er da også kjernen i denne avhandlinga å sjå samanhangen mellom ulike vilkår for miljørelatert handling og handling med eit sosiologisk blikk.

METODE OG EMPIRI – MILJØOMSYN I TRE ULIKE FELT

Avhandlinga sitt empiriske grunnlag er basert på tre casestudier. Dei tre case studiane er gjort i tre ulike samfunnsfelt kvardagsliv, fiskeri og fylkespolitikk, men med felles teoretisk eller analytisk tema. Det overordna tema er om tittelen på avhandlinga seier miljø, kunnskap og moral- sett i samanheng med kvarandre. Dei tre casestudiane er likevel ulike og dekker forskjellige underliggende problemstillingar. Det første handlar om miljøomsyn i kvardagslivet med utgangspunkt i kjerneaktivitetar i hushaldet, som til dømes innkjøp, hushaldsarbeid, avfallshandtering og transport. I fiskericaset er hovudspørsmåla knytt til overordna miljøetisk argumentasjon og haldningar til miljøomsyn i fiskeri og fiskeriforvaltning. Det tredje caset omhandlar i større grad kunnskapsmessige og institusjonelle prosessar som ligg til grunn for miljøomsyn i fylkespolitikken.

Det empiriske grunnlaget for analysen er i all hovudsak samla inn ved hjelp av kvalitativ metode. Datamateriale bygger på deltakande observasjon, intervju med ulike aktørar og grupper i dei tre felt, bruk av andrehandsdata og offentlege dokument. Konkret er dette basert på samtalar med kvinner om miljøomsyn i kvardagslivet, det andre caset er intervju med nøkkelaktørar i fiskerisektoren; spesielt fiskarar, forskarar og fiskeridadministratorar. Det tredje er basert på deltaking i møter og seminar, intervju av politikarar og administrative leiarar i Nordland fylkeskommune og studie av politiske dokument (vedtak og planar). Alt om integrering av miljøvern i fylkespolitikken i Nordland.

Dei tre samfunnsområda som analysen bygger på, har dei trekk til felles at dei har aktivitetar som direkte og indirekte er relatert til miljøvern og miljøomsyn. Miljøvern vedgår imidlertid svært mange områder i samfunnet og at det akkurat er kvardagsliv, fiskeri og fylkespolitikk dette prosjektet tar sikte på å analysere, beror både på relevans og tilgang til empiri. Samstundes kaster dei saman lys over vesentlege delar av samfunnslivet. Samla sett dekker casestudia både på hushaldningar og forbrukssida, fiskerisektoren representerer både næringsliv og primærsektoren som arbeider nært naturens ressursar; og politikken representerer styringsreiskapar i samfunnet. Vi kan

med andre ord seie at casestudien til saman dekker stat, marknad og det sivile samfunn.

SENTRALE OMGREP

I omgrepet "*miljø*" ligger ei forståing av samanhengen mellom naturen og forhold som gir den gode levevilkår. Miljøomgrepet refererer til omgivnader. Disse omgivnadane inneber både menneskeskapte og naturgitte materielle føresetnader for liv (Nilsen red. 1997, s.10) Omgrepet miljø refererer til dømes til omfattande samanhenger mellom kultur, klima og natur. "Miljø", natur og "økologi" er omgrep som heng saman. Dette impliserer alt liv på jorda, og det som naturleg og menneskeskapt påverkar livsforhold og livskvalitet. Samstundes viser auka bruk av omgrepet miljø i staden for "natur" eit tydeleggjering av konsekvensar av menneskeleg aktivitet i naturen (Giddens 1994, Nilsen red. 1997). "Miljøproblem" er dermed relevant både for naturen i seg sjølv og for menneskesamfunnet. Dette kan være problem som tilseier at jorda ikkje kan framskaffe ressursar nok til menneskelege behov. Det kan også betyr at jorda ikkje makter å absorbere avfallsstoffar frå menneskeleg aktivitet og dermed skape problem for natur og menneske. Miljøproblem kan tyde at store globale prosessar (t.d. klima) kan forstyrre eller øydelegge menneskeleg og naturen sin aktivitet og livskvalitet. Og at omfang og mangfald i naturen sjølv synast redusert (Ariansen 1992) Miljøproblema sin relevans for sosiologi og andre samfunnsvitskapar heng også saman med at dette gjeld kvalitet menneska sitt liv og helse.

"*Miljøvern*" vil dermed implisere vern og tiltak for bevaring og vern av alt som inngår i dette miljøomgrepet. Med andre ord det som skal til for å skape eit såkalla bærekraftig samfunn. Samfunnsmessig førebygging og tilrettelegging av samfunnsutvikling som kan virke positivt på miljøet, er dermed også miljøvern. Miljøvern omgrepet er inneheld både klassisk naturvern og førebyggande politiske tiltak¹. Miljøvern omgrepet er både vidt og flytande,

¹ Til dømes avgifter på forureinande aktivitet

og kan innebere mange samfunnsfelt (Bortne m.fl. 2002). Miljøvernpolitikk kan dermed vere eit svært omfattande felt, - også avhengig av ideologisk og fagleg plattform (Seippel 2000). Som førebyggjande politikk kan det både sjåast som primærførebygging – noko som krev omfattande samfunnsmessige endringar eller som sekundærførebygging - kor innsatsen vert satt inn i forhold til særlege risikofelt (Skorstad 2000). I denne avhandling snakkar eg om miljøvern med tanke på politikk og politiske tiltak, og om miljøomsyn eller miljøvenleg åtferd når det er snakk om meir private haldningar og handlingar i same leia.

”Miljøomsyn” knytast til motiv og grunngeving for handling og til handlinga i seg sjølve. Miljøomsyn er å handle med omsyn til miljø og miljøvern, men handlingane kan ha eit mangfald av motiv og yringsformar. Med andre ord; mykje og mangt kan kallast miljøomsyn. Det varierar i forhold til kva slags kontekst motivet eller grunngevinga inngår i, og i åtferd og form. Det er t.d. sjeldan at omsynet til miljøet det einaste motivet eller føremålet for einkilde handlingar². For å seie dette på ein annan måte; både i produksjon av varer og i forbruk av varer er det andre og like viktige omsyn å ta. Her kjem kvalitet, pris og effektivitet inn som sentrale element. Miljøomsyn er altså eitt element ved motiv, handling og åtferd og kan både vere eksplisitt og implisitt. Derfor er både miljømessig kunnskap, moral og praksis svært relevant, og ikkje minst er samanhengen mellom desse elementa i ulike handlingar. Miljøomsyn treng dermed ikkje vere ei målsetting med ei handling. Dei perspektiva som ligg til grunn for denne studien ser også på fordi-motiva (Schütz 1951) for handling. Det vil seie ein type etterrasjonalisering eller relevans sett i refleksjon over egen åtferd. Dermed vert det også interessant å sjå når ein ikkje ser miljøomsyn som relevant for eige virke, fordi dette har med medvit kring miljøomsyn å gjere.

”Miljømedvit” er både kopla til kunnskap og etikk, det går på kjennskap til miljøproblem og på det forventingar ein stiller seg sjølv om å ta miljøomsyn. Å vere medviten handlar om å ver klar over seg sjølv og sine omgjev-

² Unntaket er miljøpolitisk aktivisme

nader. Medvit og samvit heng sjølvstamt saman, men har ikkje same tyding. Samvitet er ofte kopla til ein meir eller mindre umedveten personleg moralsk kjensle. Miljømedvit er eit omgrep som lenge har henge ved i den miljøpolitiske dagsordenbygginga og gjenspeglar at feltet miljøvern var nytt og at kunnskap var sentralt. Medvit er i stor grad knytt til kunnskap og ofte til eksplisitt kunnskap. Kunnskap er også eit sentralt omgrep og er knytt til både viten, tru og ferdigheitar som ein er innehavar av. Kunnskap ligg mellom anna til grunn for vurderingar om handlingar er hensiktsmessige eller føremålstenelege, eller ikkje (Anderson 2000). Kunnskap kan imidlertid også innebere eit individ eller ei gruppe sin ramme for å forstå og fortolke omgjevnaden (ibid.) Etikk eller moral har nært slektskap til både kunnskap og medvit, men kjenneteiknast meir gjennom at den ligg til grunn for å vurdere om ei handling er god eller rett (Fjørtoft og Skorstad 1998, Tranøy 1998). Generelle verdiar og prinsipp bygd opp av fornuftsbaserte argument er sentrale i etikken, men vi finn også etiske teoriar som byggjer på eit meir kjenslebasert grunnlag (Eide og Skorstad 2005). Eller som Harald Ofstad (1981) seier:

”Moral er å ta det alvorlige alvorlig. Det alvorlige er at mennesker og dyr lider, fornædres og har det ondt – her og nå. Å ta det alvorlig vil si å engasjere seg, skaffe seg så sikker kunnskap som tid og råd tillater, og så prøve å handle slik at verden blir mindre ond” (Ofstad 1981, s.31)

Å unngå at nokon skal lide eller oppleve naud er moralske aspektar, meiner Ofstad. Alberoni og Veca (1989) meiner at moral må bygge på ei samansmelting mellom menneskelege trekk som kjærleiksevna og fornufta; for å vite korleis ein skal handle må vi ta utgangspunkt i evna til å elske vår neste, samstundes må vi bruke fornuft som gjer det muleg for oss å sjå verda gjennom andres auge (Alberoni og Veca 1989).³

³ Omgrepa kunnskap og etikk vil bli særleg gjennomgått og drøfta i kapittel 3

Miljøvenleg åtferd er gjerne motivert ut frå sut for andre eller for det menneskelege fellesskapet i dag eller/og i framtida. Det som gjer miljøetikk spesielt i etiske samanheng er at det kan handle om noko meir enn menneskeleg naud. Dyr og planteliv er i vår (post-) moderne tid blitt mål for eller element ved moralske handlingar (Ariansen 1992). I tillegg har jorda (Gaia) vorte noko endeleg, med eit eige liv på eit vis. Dette appellerer også til omsorg, og dermed eit mål for moralsk omtanke. Etikk er altså vesentleg, men estetikk er også eit sentralt element i denne samanhengen. Rein luft og reint vatn, urørt natur vert verdsett innafør ei estetisk ramme. Argument mot inngrep i naturen gjerast med forringing av venleik som sentralt⁴

Hovudperspektivet i dette arbeidet er likevel at miljøomsyn har eit mangfalding sett av motivasjons- og handlingsutløysande faktorar, der både strukturelle, rasjonelle og kjenslemessige element kan være forhindrande og forløysande.

HOVUDMÅL OG DELMÅL

Avhandlinga handlar om samfunnet sin handtering av miljøproblema med utgangspunkt i korleis ulike felt i samfunnet fortolkar problema og korleis dette vert handtert på mikro- og mesonivå i samfunnet. Analysen sin fokus på individ og lokalt plan, betyr ikkje at eg som forskar trur at problem og løysing på eit så alvorleg samfunnsproblem ligg berre på dette nivået. Snarare tvert om; dei aller fleste miljøproblema vi ser i dag, er klart ein konsekvens av det moderne og høgmoderne samfunn med industrialisering, teknologisk utvikling og rasjonalisering i spissen.

Mitt hovudanliggande er å sjå på korleis ulike grupper av samfunnsaktørar fortolkar miljøproblem og naturen – og korleis miljøproblema vert oversatt til motiv og praktisk handling hjå ulike individ og grupper i samfunnet. Når

⁴ Mellom anna har deler av natur og miljøvernørsla gått mot miljøvenleg vindkraftmøller fordi det øydelegg det heilskapelege landskapsinntrykket.

fokuset ligg på individ og gruppenivå, er det mellom anna for å syne at strukturelle forhold i stor grad har tyding for handling og samhandling på mikronivå. Når ein da søker å drive miljøpolitikk ut frå prinsippet om at alle skal tenke globalt å handle lokalt, er det også naudsynt å sjå på dei rammene slik lokal handling skal skje innanfor. Kunnskap om miljøvern og miljøpolitikk kan ikkje lausrivast frå forståing av sosialt liv generelt.

På vegen mot ei slik overordna analyse bruker eg casestudiar, som kvar for seg også spel ein rolle i dette. Kvar enkelt case har element i seg som er særskilte for seg, derfor er det også viktig å la dei ulike felta få ein analyse med bruk av teoriar som ikkje alltid er like relevant for dei andre. Dette kan seiast å vere delmål for studien: å gi eit innblikk i korleis kvardagsliv, fiskeri og fylkespolitikk kvar for seg og ut frå det særskilte materiale eg sit med, kan fortelje si historie.

I denne avhandlinga om miljøomsyn har miljøvernorganisasjonane fått liten merksemd sjølv om eg absolutt ikkje vil undervurdere deira rolle iden norske miljøvernpolitikken. Likevel, når vi no har valt å i staden fokusere på nokre utvalte samfunnsfelt for å belyse vilkår for miljøomsyn, er det fordi det også er andre trekk i samfunnslivet som har tyding for miljøvern enn det organisasjonane har fokusert med gjennom det siste hundreåret.

ANALYTISK TILNÆRMING OG FAGLEG FORANKRING

Å analysere vilkår for miljøomsyn gir mange utfordringar. Grunnen til dette er mellom anna at miljøomsyn berre er eitt av fleire aspekt ved handlingar, sjeldan det einaste føremålet med handlingar. Ein annan grunn er til dette er at det miljøet som ein tar omsyn til, ofte ikkje er innan rekkevidde for handlinga. Ofte er ”miljøet” det her er snakk om langt utanfor aktøren sin erfaringshorisont slik at evne til førestilling, abstraksjon og/eller refleksjon er naudsynt. Miljøomsyn er i tillegg svært mangfaldig og kan innebere eit utal handlingstypar, helt avhengig av kva kontekst ein finn seg i. Dermed er det viktig å forstå handlingane ut frå både global og lokal kontekst.

Eg har søkt å analysere kvart case ut frå kva den enkelte studien kan fortelje om dei einskilte case. Så har eg søkt å bygge opp eit felles analyseverktøy som kan seie noko om kva studia til saman, ut frå ei syntetisering, kan belyse. La meg starte med det siste først. Analysen av meir overordna vilkår for miljøhandling og miljøomsyn relaterast til etikk, kunnskap og praktiske mulegheiter. Her søker eg å sjå aktørane sine moralske grunngevingar og relevant kunnskap knytt til miljøomsyn i relasjon til moralfilosofiske teoriar og kunnskapssosiologisk teori. Spesielt er det relevant å analysere dette i lys av deira praksis og mulegheitshorison. Meir eksplisitt er dette eit forsøk på å vise dialektikken mellom praksis, kunnskap og moral. Omgrep som praksis og erfaring knyter an til ei forståing av korleis folk handlar i tråd med kunnskap og medvit. Desse omgrepa viser også til kva *mulegheitsrom* - dvs. kva ytre og indre forhold som styrer mulegheiter for handling. I dette omgrepet ligg det altså både objektive og subjektive føringar, eller ”mulegheitsstruktur” og ”mulegheitshorison”. Nærare bestemt gjeld dette lokalisering av handling, ressursar og strukturelle ordningar som kan lette eller hemme miljøomsyn i praksis. Sosiale strukturar set rammer for kva handlingar som er muleg. Økonomiske system og teknologi kan sjåast som viktige element i dei strukturelle rammene (Benjaminsen og Svarstad 1998). Døme på mulegheitsstruktur kan imidlertid vere så enkelt som søppelsorteringssystemet i eit lokalsamfunn, men også tilpassingsmulegheiter for bærekraftig fiske for ein sjarkfiskar. Mulegheitshorison viser til meir subjektive vilkår slik som kunnskap og vilje - ofte knytt til element som gjer at ein ser mulegheiter til handling.

Appellen til å *tenke globalt og handle lokalt* ligg i botn for det meste av handlingsstrategiane i miljøpolitikken. Dette er ein appell, eller ein maksime, som ligg nært opp til klassiske moralske prinsipp både innan pliktetikk og konsekvensetikk. Som maksime inneheld den imidlertid fleire formar for usikkerheit og implisitte føresetnader. For det første bygger dette på føresetnad om evna / mulegheit til miljømessig refleksivitet hjå den enkelte. For det andre inneberer det tilgang til informasjon og kunnskap om globale forhold. Det føresett tilgang til kunnskap som gjer det mogeleg å omsette dette til noko som vedgår deira lokale praksis. Og ikkje minst det føresett ein fri-

dom hjå den enkelte til å omsette kunnskap, refleksivitet til handling innan sitt liv og sin livsform.

I analysen viser eg at det, trass i at evna til refleksjon, god tilgang til informasjon og omsetting til det som vedgår deira felt, ikkje alltid er mogeleg innafor dei rammer feltet sett å handle i tråd med dette. I tillegg må ein også ta med korleis praksis konstituerer kunnskap og korleis dette igjen sette rammer for moralske overtydingar.

PRESENTASJON AV AVHANDLINGA

Avhandlinga består av tre hovuddelar. Den første delen består av fire kapittel (kapittel 1-4). I tillegg til innleiingskapitlet består denne delen av ein presentasjon av relevante samfunnsvitskapelege teoriar innan miljø og handling. Dette er i all hovudsak ein rein gjennomgang av sentrale tankar og teoriar innan samfunnsvitskap og politikk om både miljøproblema sin karakter, og om korleis ein tenker å imøtegå dei. Presentasjonen av desse teoriane og omgrepa har to føremål. For det første er det ein skildring av sentral forskning på dette feltet, og for det andre er det eit teoretisk bakteppe for dei påfølgjande analysar. Det etterfølgjande kapitlet omhandlar etikk og kunnskap i teoretisk forstand og i relasjon til miljøomsyn, og er meir eit teorikapittel i tradisjonell forståing. Kapitlet legg grunnen for mykje av det som sjåast som sentralt i casestudiane, men spesielt i den overordna analysen som vert presentert i kapittel 8. Til slutt i denne delen – i kapittel 4- gir eg ei avklaring av metode og empiri som er brukt i arbeidet. Her gis det ein gjennomgang av val av empiri og ei drøfting rundt dei metodane som er valt. Casestudien som framgangsmåte bli særleg gjennomgått.

Den andre delen (del II) er ein presentasjon og analyse av dei enkelståande casestudiane som avhandlinga bygger på. Kapittel 5 er ein studie av miljøvern i kvardagslivet og omhandlar i korleis ein i kvardagen forhold seg til miljø som kunnskap, handlingsmotivasjon og politikk. Kapittel 6 som er det andre casestudiet er ein analyse av miljø- og etikkspørsmål i fiskeriforvaltninga. Denne delen kan sjåast som eit døme på korleis næringsliv – som her

er ei svært tradisjonell primærnæring forhold seg til miljøproblem som eit etisk aspekt, og korleis myndigheiter og ekspertsystem ser på det i samanlikning. I kapittel 6 gjer eg bruk av tre av dei etiske teoriane (nærare presentert i kapittel 3) i ein direkte analyse av forskjellar i etisk handling i fiskerinnæring og forvaltning. Kapittel 7 omhandlar studien av Nordland fylkeskommune sitt arbeid for å integrere miljøvern gjennom skulering – eit forum for miljø og utvikling. Casestudien er samansatt av ein gjennomgang av denne skuleringa, men også ei oppfølging av fylkeskommunen sin miljøpolitikk i etterkant av skuleringsprosjektet. Den siste delen av kapitlet er ein studie av plan og vedtaksdokument frå fylkeskommunen med fokus på miljøproblematikk. Casestudien vert med det eit døme på kva vilkår miljøomsyn kan ha innan det politiske system sine rammer.

Del III består av to kapittel, det er kapitla 8 og 9. Kapittel 8 er eit forsøk på å lage ei overgripande analytisk ramme rundt alle tre casestudiane. Kapitlet er eit forsøk på å syntetisere dei trekk som har kome fram i desse studia. Føremålet med dette kapitlet er både å trekke trådar frå casestudiane og søke å sjå utover og vidare i forhold til dei funn eg der gjorde. I kapittel 8 hentar eg tilbake mellom anna dei analysereiskåpa som vart presentert i kapittel 3 i tillegg til dei som vart brukt i casepresentasjonane og søker sjå om dei kan kaste nytt lys over problemstillingane og miljøomsyn generelt. Kapittel 9 er med utgangspunkt i nokre tankar om miljøomsyn, etikk og politikk – eit forsøk på å sjå nokre generelle problemstillingar om miljøpolitikken sin plass i dag. Dette er også avslutningskapitlet for avhandlinga og med det søker eg sjå funn frå avhandlinga i lys av miljøvern og miljøomsyn generelt. Her setter eg mellom anna dette arbeidet inn i ein kategori kalla det vesle miljøvernet, i kontrast til det store miljøvernet som meir fokuserar på globale og strukturelle trekk ved fenomenet. Her finn vi ein refleksjon rundt tema knytt til satsing på etikk, og forholdet mellom dette og politiske styring. Eit spørsmål er mellom anna om miljøpolitikken i dei seinare åra har vorte avpolitisert. Samanhengen mellom miljøpolitikk og demokrati vert også berørt i dette kapitlet, særleg da med kopling til etikksatsing og satsing på haldningsskapande virkemiddel.

Omgrep og teoriar om miljøproblem og miljøomsyn

INNLEIING

Forgifter vi jorda og dermed oss sjølv?– spurte Rachel Carson i si klassiske bok ”Silent Spring” i 1962 (”Den tause våren” på norsk). Tittelen viser til at fuglesongen ville bli borte på grunn av insektssprøyting. Hennar døme var mellom anna at rødstrupa vart råka av DDT-sprøytinga som var ganske omfattande på 1950-talet. Ho viste også til ei rekke regionale dømer der utslipp frå kjemisk industri hadde medført fiskedød og utrydda alt dyreliv. I USA og Europa utløyste Carson ein brei politisk debatt med denne boka. Mange reknar dette som starten på den moderne miljødebatten og miljøørsla.

Miljøsosiologien kom på mange måtar seint på banen i forhold til politiske og vitskapelege debattar knytt til miljøproblem og den økologiske krisa som mange hevder at verda er inne i. Likevel, når miljøsosiologien først kom på banen, så kom han med ein flaum av bidrag, perspektiv og teoriar. Frå at det var tørke med omsyn til litteratur om miljø og sosiologi på byrjinga av 1990-talet, er ein no flaumt av informasjon. Miljøsosiologien har etterkvart fått fleire tema på sin agenda, men i hovudtrekk kan ein knyte tre spørsmål til disiplinen (Huber 2002). Det første er spørsmålet om korleis samfunnet *skaper* forhold/problem i sitt omkringliggende miljø. Her er det både snakk om bruk av ressursar, og kva ein ”sender” tilbake til natur og miljø (t.d. avfall og forureining). Det andre er spørsmålet om samfunnsforhold og korleis desse igjen skapar og påverkar måten vi *tenker* om miljøet på. Forhold som

organisering av produksjonslivet, politiske vilkår, ideologi og kunnskapshegemoni⁵ inngår i dette spørsmålet. Det tredje spørsmålet er korleis samfunnet *søker å løyse* miljøproblem og ta miljøomsyn. Dette kan knytast til det føregåande, men blir meir konkret i forhold til miljøforvaltning og miljøpraksisar. Forholdet mellom problemskaping, problemforståing og løysing har mange dimensjonar, men svært sentralt er maktforhold i samfunnet - . Med skiftande teoretiske trendar og stor pågang av ny kunnskap, har desse spørsmåla fått varierende vektning. Skoleretningar har utvikla seg, og nye teoretiske kontroversar oppstått. I denne avhandlinga vil vektinga ligge minst på spørsmål som vedgår det første; altså dei meir materielle forholda mellom samfunn og miljø. Hovudfokuset i denne avhandlinga blir på spørsmåla to og tre, og går ut på å vise korleis ulike praksisar i ulike institusjonar og felt legg vilkår for miljøomsyn og miljøetikk.

Føremålet med dette kapitlet er å gi ein kort gjennomgang av trekk ved debatten knytt til miljø og miljøhandling dei seinare 30-40 åra som har spesiell relevans for mi problemstilling. Presentasjonen av desse har to hovudføremål. Det eine er å få eit overblikk kva som har dominert av tankar kring miljø og handling, og det andre er å legge grunnlaget for vidare analyse. Ikkje alle desse tankane vil bli følgd vidare i avhandlinga, men dei er likevel viktige å ha med som eit bakteppe. Sjølv om ikkje alle vert eksplisitt brukt i caseanalysane har dei klar relevans for del og hovudtema i avhandlinga. I den samanhengen er det også viktig å merke seg miljøsociologien som eit kritisk fagfelt. Den har opp gjennom dei siste tiåra hatt ei sentral rolle både fagkritisk og samfunnskritisk (Dunlap og Catton 1978, Milbraith 1989).

⁵I kor grad miljøproblema eksisterar i kraft av seg sjølv eller er eit resultat av ei oppfatning eller ein sosial konstruksjon vart ein sentral debatt i fleire fagkrinsar. Frå slutten av 80-tallet skylja ei språkvitskapeleg bølge inn over samfunnsfaga og sette meir filosofiske tema på dagsorden i form av epistemologiske og ontologiske diskusjonar (Sjå mellom anna Benton 2001, Lidskog 1995, Yearley 1991). Debatten som vert omtala som realisme/konstruksjonismedebatten vert ikkje eit tema for avhandlinga.

I arbeidet med dette kapitlet har eg fått fleire utfordringar enn det eg i starten rekna med. Korleis kan ein systematisere alle dei skoleretningane, teori-ane og studiane som har dominert miljøsociologien og andre samfunnsvit-skapelege teoriar om miljø og miljøproblema?

FRÅ OTTE TIL POLITIKK

Seint på 1960-talet publiserte Garrett Hardin ein svært grunnleggjande artikkel som omhandla problemet med miljøødelegging (Hardin 1968). I artikkelen viste Hardin at det ville bli eit problem for menneska å forholde seg til avgrensa ressursar på grunn av økt befolkningstettleik, med årsak i uttømming av ressursar og forureining. Folk utnytta naturressursar innanfor eit svært avgrensa tidsperspektiv, mente Hardin. Brukarar av fellesgodar overser vanlegvis det faktum at også andre utnyttar den same ressursen. Han illustrerte dette poenget gjennom historia om korleis overbeite kunne føre til allmenningen sin tragedie (Hardin 1968). Teorien om allmenningen sin tragedie har i ettertid stått som eit svært vesentleg bidrag til samfunnsvitskapen og miljøetikken sine analyser av miljøproblema. Føresetnaden om nytte- og profittmaksimerande aktørar gjorde at mange innafor dette feltet, og spesielt innafor ressursforvaltning, såg statleg eller overnasjonal regulering som den einaste løysinga på natur- og miljøødeleggingar. Innafor miljøetikk vart diskusjonen knytt til føresetnadane som teorien vart bygd på, og dermed knytt til utilitaristiske tradisjonar i etikken. Spillteori og teoriar knytt til ”fangens dilemma” assosierast gjerne med den debatten som følgde teorien om allmenningens tragedie. I tiår etter artikkelen har diskusjonane gått om kva løysing ein kan finne på denne tragedien og svara har tradisjonelt vore todelt; enten politisk styring eller ein uformell forvaltingskultur hjå brukarane av allmenningen.

Behov for eit paradigmeskifte ?

Miljøsosiologi er ein ny og hurtig veksande bindestrekssosiologi, og har fungert både som ei samfunnskritisk og ein fagkritisk kjelde. Frederick Buttel (1996), hevdar at miljøsosiologi direkte og indirekte er hefta ved ein ide om avhengigskap mellom samfunn og materielle/biofysiske forhold, det vil seie natur og ressursar i samfunnet sine omgivnader. At mennesket er ein del av eit økologisk system er ei side av dette. Det er likevel vanskeleg å finne ei klar formulering på kva miljøsosiologi er for noko (Bell 1998).

Riley Dunlap og William Catton (1978) var tidleg ute med å omtala dette som eit sosiologisk forskingsfelt. desse to kritiserte samtidig samfunnsvitenskapen for å kome for seint på banen når det gjaldt å sjå relasjonen mellom samfunn og natur/miljø. Deira argument er spesielt knytt til at sosiologien sitt fundament er for "vestleg", og dermed antroposentrisk. Dei ynskjer oss mot ein meir økologisk sosiologi. Hovudspørsmålet er kvifor sosiologien ikkje har fokusert noko særleg på miljøet, og vidare kva fundamentale trekk det er ved sosiologien som har gjort oss blind for miljøproblema. Framskrittet har stort sett handla om kontroll av naturen, og ikkje om å spele på lag med den, hevdar dei. I tillegg har sosiologien sett bort frå eller søkt å ha ein viss avstand til biologiske forklaringar, som er sterkt knytt til spørsmålet om det er arv eller sosialt miljø som betyr mest for menneskeleg åtferd. Dermed har denne blinde flekken også avgrensa oss frå å forstå andre økologiske og biologiske spørsmål. Dei kritiserar eit paradigme dei kallar "The human exemptionalist paradigm" (ofte kalla HEP) for å ha ein slik blind flekk, og skisserer i staden eit nytt økologisk paradigme ("The New Ecological Paradigm" = NEP). Dette har ein rekke føresetnader som sosiologien må ta innover seg, hevdar dei. Desse føresetnadane er at mennesket er ein av mange artar i det globale økosystemet, og dermed gjensidig avhengig av det. Ein annan føresetnad er at mennesket ikkje berre er influert av sosiale og kulturelle faktorar, men også av naturen i seg sjølv. Ein må ta inn over seg at det biofysiske miljø legg føringar på menneskelege forhold og at økologiske lovar også set grenser for samfunnet. Dermed trengs eit nytt paradigme som også tar inn over seg at det er kompleks avhengigskap mellom samfunnet og økosystemet (Dunlap og Catton 1978).

Allan Schnaiberg (1980) har av nokre også vorte sett på som eit vesentleg bidrag til miljøsociologien. Han utvikla mellom anna omgrep knytt til dialektikken mellom miljø og samfunn, men mest kjent er han nok for teoriar knytt til "treadmill of production" .

”Schnaiberg’s initial (1980) articulation of the treadmill of production arose from two observations. First, there appeared to be a major change in the actual impact of production processes upon ecosystems in the last half of the twentieth century. Second, social and political responses to these impacts seemed to be quite variable and volatile. While some people rebelled against modern production, others embraced new technologies as the best hope for solving environmental problems”(Weinberg, Pellow & Schnaiberg 2000 s. 31).

I motsetnad til Dunlap og Catton er perspektivet sterkt influert av Marxistisk politisk økonomi og andre sosiologiske klassikarar som Weber. I kor stor grad dette vart eit bidrag til eit nytt sosiologisk paradigme er imidlertid tvilsamt.

Lester Milbraith presenterte i slutten av 1980-tallet også tanken om eit paradigmeskifte (NEP), og ein teori om at kunnskap og positive budskap skulle bidra til eit bærekraftig samfunn.⁶ Milbraith sitt budskap om at miljøvernforkjemparar er ein fortropp⁷ mot eit berekraftig samfunn. I denne prosessen ser han sosial læring som sentralt for å få til eit berekraftig samfunn (Milbraith 1984 og 1989). Milbraith er opptatt av den kapasitet til sosial læring som individet sit inne med, og at dette legg grunnlaget for korleis samfunnet kan utvikle seg bort frå ”the current unsustainable development path” (Milbraith 1989 s.89). Milbraith assosierar sosial læring med endring i institusjonell praksis:”...such as the shift away from slavery or colonialism”(op. sit.). Sosial læring i menneskelege samfunn byggast på tre proses-

⁶ Han har seinare fått liten plass i miljøsociologien (spesielt i Norge), trass i sitt omfattande arbeid på feltet.

⁷ Boka hans frå 1984 heiter “Environmentalists - The vanguard for a new society “

sar, hevdar Milbraith. Dette er akkumulering av kunnskap, teknologiske utfordringar og velutvikla kommunikasjon (Milbraith 1989 s. 92).

Er mennesket i eller over naturen?

Innafor filosofien utvikla det seg fleire retningar og debattar rundt tema som miljø og økologi, som fikk tyding langt utover filosofane sine rekkjer. Ein av desse debattane var knytt til relasjonen mellom menneske og natur. Spørsmåla som stillast er: Skal mennesket sjåast som ståande over naturen eller på likefot med den? Er vi naturens forvaltarar eller har ikkje vi noko større rett til å drepe bjørn enn den har til å drepe oss? Langs denne aksen frå ”menneske står over naturen” til ”mennesket er like underlagt naturen og økosystemet som andre artar”, har ein eit kontinuum. Eg skal ikkje gå inn på dei filosofiske røtene til desse to ytterpunkta (kjem tilbake til dette i eit seinare kapittel), men heller sjå kva det kan tyde i praktisk handling. Arne Næss skriv i forordet til si bok ”Økologi, samfunn og livsstil”:

”Hovedhensikten med skriftet er å vise at miljøkrisen gir menneskene en enestående anledning til å åpne for verdier som filosofi og religion har pekt på temmelig lenge forgjeves..... En annen hensikt er å bidra til forståelse av at alle avgjørelser på vegne av et lokalt eller annet fellesskap må tas ut fra verdiprioriteringer som går langt dypere enn bekvemmelighet og økonomisk vekst (Næss 1999 s. XLIII).

Denne tankegangen som Næss representerer styrer altså inn mot at miljøpraksisar stikk djupt og at det vedgår haldningar, verdier og levesett - djupøkologi. For å få til eit samfunn basert på harmoni med økologiske omgjevnader, må individet ha eit sjølvbilete og identitet som gir ei forståing av at det er ein del av sitt miljø. Fordi det moderne mennesket sjeldan handlar direkte med sine naturlege omgjevnader, må individa ha haldningar og verdier som er lett tilgjengeleg og som kan vere eit grunnlag for å ta avgjerder (Zavestoski 2001). At miljøverntanken vert ein del av identiteten til den enkelte og dermed også er med på å styrke sjølvkjensla når ein handlar ”rett”, er ein sentral del av dette.

Stephen Zavestoski seier i sin studie av anti-forbrukargrupper (simple-living) i USA:

While it may be values that provide standards or goals that serve to guide action (...), it is the self-concept that contains the values used to compare the desirability of the outcomes of our possible courses of action (Zavestoski 2001 s.178)

Teoriar om handling grunna i djupøkologiske idear fordrar ofte at den enkelte tar del i miljøhandlingar, med ein appell til ansvar hjå den einskilde aktør. Djupøkologi er både eit filosofisk syn på forholdet natur – menneske, og eit teoretisk fundament for moral, handling og livsstilsval.

Det finst eit uttal av antroposentriske teoriar i miljøsosnologi og miljøfilosofi. Dei fleste av dei legg ikkje eksplisitt vekt på at dei er det, fordi meir moderate formar for antroposentrisme ligg i grunnbasisen i moderne samfunnsvitenskap og humaniora (Dunlap og Catton, 1994).

Medan både Dunlap og Catton, Milbraith og ikkje minst Næss meiner at ein treng djupe og tungtgripande endringar både i samfunn og fag for å gripe miljøproblema skikkelig, er det andre retningar som meiner at dette kan endrast med reformer heller enn paradigmerevolusjonar⁸. Graden av reformering varierar, men dei mest sentrale ideane innan reformtenkinga er teoriar eller modellar knytt til økologisk modernisering og berekraftig utvikling. Teorien om økologisk modernisering og omgrepet berekraftig utvikling, inneber at det moderne samfunn kan justerast til å ta miljøproblema på alvor, samstundes som andre verdiar som vekst og fordeling vert ivaretatt.

⁸ Slik Kuhn (1962) snakka om i relasjon til vitskapelege paradigme

Økologisk modernisering

Teorien om økologisk modernisering vart grunnlagt på slutten av 1970-talet av den tyske sosiologen, Joseph Huber (Mol og Sonnenfeld 2000). Teorien har etterkvart vorte ei teoretisk retning innafor studiar av miljømessige endringar i vestlege industrisamfunn (Sonnenfeld 1999). Kjernen i økologisk modernisering er rørsle bort frå katastrofeforståinga av miljøproblema, trua på teknologiske og institusjonelle reformer, og ”avstand” til postmoderne, konstruktivistiske og neo-marxistiske retningar. Modellen eller teoriene har ei sterk tru på at utvikling og modernisering kan gå sin gang med større eller mindre justeringar hjå sentrale institusjonar i samfunnet (Mol og Sonnenfeld 2000). Sonnenfeld hevder at noko av styrken til økologisk modernisering er forsøket på å forklare institusjonell endring i moderne samfunn i internalisering av nye miljønormer og verdiar.

John Dryzek (1997) peiker på at ”økologisk modernisering” har, liksom berekraftig utvikling, mange ulike tydingar og fortolkingar. Med utgangspunkt i ”økologisk modernisering” som diskurs, er dette ein modell der miljø ikkje vert handtert som eit avgrensa politikkområde, men der ein går inn for at alle politiske område gjennomstyrast av miljøomsyn. Det offentlege skal, i tråd med denne tankegangen, føre ein systematisk miljøvenleg politikk. Dermed skal tenkinga kunne gripe inn i heile samfunnet. Alle skal bidra, og samstundes styrast til ei meir miljøvenleg utvikling. Innan økologisk modernisering finn ein ei sterk tru på kombinasjonen mellom vekst og vern, samstundes som ein har tiltru til at miljøvern løner seg. Også føre- var - prinsippet står sentralt her, hevdast det⁹.

Berekraftig utvikling

⁹ Dette prinsippet søker å knyte saman usikkerheita som ligg i forskning og politiske tiltak. I Rio-deklarasjonen seiast det om dette prinsippet: “Der hvor det foreligger trussel om alvorlig eller uopprettelig skade, skal ikke mangel på fullstendig vitenskapelig visshet kunne brukes som begrunnelse for å utsette kostnadseffektive tiltak for å hindre miljøforringelse.” (Rio-deklarasjonen Prinsipp nr.15)

I Brundtlandkommisjonen sin rapport, "Vår felles framtid" (1987), ser ein spesielt på miljø- og fattigdomsproblema i samband med kvarandre. Omgrepet "berekraftig utvikling" definerast her som ein utvikling som møter behov i dag, utan å svekke kommande generasjonar sitt høve til å dekke sine behov (Brundtland (red.) 1987). Det vert også presisert at berekraftig utvikling føreset "et forbruksmønster som ligger innanfor det økologisk mulige og som vi alle kan oppnå" (s.42). Slik hadde den ei omfordeling over generasjonar som eit viktig prinsipp, men vel så sentralt var prinsippet om ei fordeling av vekst og forbruk mellom den rike og den fattige delen av verda. Et sentralt poeng her er at forbruk berre er berekraftig om det er økologisk muleg for heile verda å oppnå det same.

Werner Christie Mathisen (2003) påpeker at det kan vere vanskeleg å få auge på forskjellane mellom "berekraftig utvikling" og "økologisk modernisering". Langhelle (1998) understrekar at begge perspektiva har teknologi som eit vesentlig element i det å løyse miljøproblema og dei ser behovet for ein sektorovergripande miljøpolitikk. Dei har også det til felles at dei ser det muleg å sameine omsynet til vekst og miljø. I følgje Werner Christie Mathisen (2003) er "berekraftig utvikling" eit omgrep som vart brukt også før Brundtland-kommisjonen, men det var denne som gjorde omgrepet til kjernen i det som i ettertida vart den dominerande miljøpolitiske diskurs. Mathisen viser her til Dryzek (1997) og støtter seg vidare til han med å hevde at det sentrale i berekraftig utvikling omsynet til fordeling og miljøomsyn. Økonomisk vekst trengs, særleg av omsyn til verdas fattige, men ein slik vekst bør gå i ei retning som både er miljøvenleg og sosialt rettvis. Det sivile samfunn vert tillagt ei stor tyding, og det er ein tendens til at berekraftig utvikling legg meir og meir vekt på eit mangfald av desentraliserte og eksperimenterande tilnærmingar og tiltak¹⁰. Dermed vert dette ein demokratisk, snarare enn ein ekspertstyrt, strategi for miljøvern (Mathisen 2003, Dryzek 1997).

¹⁰ Gjennom t.d. Agenda 21 (frå Rio-konferansen 1992) tar for seg forslag som vern og forvaltning av ressursar, og understrekar viktigheita av å involvere folk, spesielt utsette grupper og berørte partar (ProSus 1996).

Ein vesentleg forskjell mellom dei to er at berekraftig utvikling¹¹ i stor grad tar omsyn til global fordeling og rettferd, noko økologisk modernisering ikkje gjer. Ein like vesentleg forskjell kan ein finne mellom ulike variantar av økologisk modernisering (Mathisen 2003, Seippel 2000). Eit skilje ein finn hjå Hajer (1995) er mellom ein ”techno-corporatist” form og ein “refleksiv økologisk modernisering”. Den førstnemnte har altså “teknokratisk” form med ekspertstyring, mens den andre kjenneteiknast gjennom spørsmål kring normer og verdiar, og auka medvit, også kritisk medvit til vitskapen og ekspertisen (Mathisen 2003, Seippel 2000). Vi har altså eit sentralt skilje i ei økologisk modernisering der ein, i det eine perspektivet legg, vekt på teknokratiet og ekspertstyre sin evne til miljøomsyn. Den andre retninga ser det altså som naudsynt å satse på deltaking og demokrati.

Uansett bruk av teknologi og/eller meir demokratiske virkemiddel, er økologisk modernisering ein teori eller modell som tviheld på det moderne samfunnet sin evne til å finne løysingar innafor dei systema som allereie finst. I mitt arbeid er desse teoriane og omgrepa særlig relevant i studien av fylkeskommunen sitt forsøk på å integrere miljøomsyn i politikk og tenesteyting.

Ted Benton (2001) hevdar at ein innafor desse modernitetsteoriane også finn teoriar som skildrar det moderne samfunnet sin risikoproduksjon og risikoforståing. Sjølv om desse er ein svært brei tilnærming til miljøsociologien sine ulike teoriar og perspektiv, har teoriar om økologisk modernisering noko til felles med teoriar om refleksiv modernitet og risikosamfunn. Refleksiv modernisering peiker imidlertid også på den høge risiko som er assosiert med av ny teknologi.

¹¹ Berekraftig utvikling har også fått meir konkrete avleggarar knytt til ulike felt i samfunnslivet. Ein snakkar i dag om berekraftig forbruk og produksjon, og som vi skal sjå i fiskericaset snakkar ein også om berekraftig ressursforvaltning. Berekraftig forbruk vart spesielt tatt opp i ein internasjonal rundebordskonferanse halden av den norske regjeringa i 1994. Dette vart seinare fulgt opp av FN i eit eige internasjonalt arbeidsprogram og vart definert som overgripande og ”Cross-cutting” tema på ”Rio pluss 5”-konferansen i 1997 (Jackson og Michaelis 2003).

HANDLING, REFLEKSIVITET OG MEDVIT

Ein sentral debatt innan miljøsosologi og miljøpolitikk er om årsak og løysing på miljøproblemet ligg i mennesket sitt medvit og kunnskap, eller om det er strukturelle forhold som ein bør fokusere på. Peter Dickens (1992), som har tatt marxistisk tenking inn i miljøsociologien, hevdar at miljørørsla har undervurdert sosiale strukturar si tyding i forholdet mellom samfunn og natur.

”The deep greens in particular, place enormous faith in changing personal consciousness. But they give nothing like enough emphasis to changing the social structures within which consciousness is created and changed (Dickens 1992 s. xviii).

Samanhengen mellom struktur og medvit har fått liten plass hjå nokre retningar i miljøsociologien – hevder Dickens. Sociologien har imidlertid dette som ein grunnleggande dikotomi i forståinga av samfunnet og samfunnsutvikling. Forholdet mellom individ og struktur er imidlertid eit gjennomgåande tema i denne avhandlinga.

Med ein flaum av nye sociologiske teoriar og empiriske undersøkingar kring miljøproblem og miljøomsyn, har det også kome arbeid som støtter opp under tanken om meir reflekterte individ, som evner å ta innover seg meir enn egosentriske motiv og som samstundes kunne vere kreativ. Dei som har fått mest gjennomslag er imidlertid arbeider på makronivå. Ulrich Beck si bok Risikosamfunnet (1992, 1997) var ein av dei første som kopla dette til miljøproblematikken. Seinare har mange, anten med utgangspunkt i Beck eller forsøk på å bygge eigne teoriar i same leia, kome med eit utal av variantar rundt dette tema.

Ulrich Beck (1992) sitt omgrep *det globale risikosamfunnet* er på sett og vis eit oppgjør med framstegsoptimismen som har prega det industrielle samfunnet, og er dermed på dette vis grunnleggande forskjellig frå teoriar om økologisk modernisering (Benton 2001). Han tar for seg ulike døme på glo-

bale faretruande prosessar som samfunnet må forholde seg til: øydelegging av ozonlaget, drivhuseffekt, radioaktiv stråling og kjernefysisk avfall, luftforureining og ulike typar miljøgifter, overbefolkning og utrydding av artar. *Risikosamfunnet* er det nye samfunnet som ikkje lenger er prega av materiell knappheit, slik tidlegare samfunnsformar er. Det er vekst som pregar samfunnet, men sideverknadane av den same veksten og industrialiseringa skapar risikoar. Risikoane vert konstruert på bakgrunn av eit informasjons og kunnskapsbasert og ikkje eit erfaringsbasert trusselbilette (Beck 1992). Dette biletet vert møtt med ei *refleksiv modernisering* (reflexive modernization), som skildrar eit samfunn prega av medvit om teknologien og vitskapen sine "biverknader". Refleksiv modernisering og det refleksive moderne samfunn skildrar ein tilstand der samfunnet møter konsekvensar av si eiga utvikling, og tvingast til å sjå sine eigne skyggesider. Viten om faren for miljøkatastrofar har også inntatt ein spesiell posisjon i vårt kollektive medvit, som igjen påverkar både individuelle og institusjonelle handlingar (Beck 1992, Ebeltoft 1998). Likevel finst det håp, hevdar Beck. Gjennom ein reflektert vitskap og mobilisering av det sub-politiske nivå, kan ein opne for alternative handlingsrom og bryte systemtvang. Beck understrekar i seinare arbeid at dei refleksive mekanismane kan føre til auka refleksjon hjå folk flest, men det kan vere tendensar som trekk i andre retningar (Seippel 2000). Felles trussel og kjensla av felles lagnad har skapt eit grunnlag for nye sosiale samhandlingsfelt og nye kollektiv, meiner han. Refleksive samfunn opnar også rom for tvil og skepsis, politikken og vitskapen kan ikkje lenger gi enten/ eller - svar, men opnar for mulegheiter og alternativ. Her vert det gitt rom for alternative løysingar og rørsler.

Giddens vidarefører på sett og vis Beck sine tankar, og søker å vise korleis samfunnsskapte strukturar og system har ført til at ein i dag lever i ein vedvarande risikotilstand (Giddens 1991). Eit sentralt poeng for Giddens har vore å vise korleis risiko og tillit, farar og mulegheiter, trass i at dei er motpolar, sett preg på kvardagslivet til det høgmoderne mennesket. Der Beck ikkje er klar med omsyn til meir individuelle reaksjonsmønster og hand-

lingsmåtar, er Giddens meir detaljert (Ebeltoft 1997).¹² Giddens gir eit meir nyansert og utfyllande bilete av Beck gjennom kartlegging av forskjellige *tilpasningsstrategiar* (adaptive reactions)(Giddens 1990:134). Giddens hevdar at medvitet om til dømes kjernefysisk krigføring eller ein global miljøkatastrofe, kan skape eksistensiell angst, og dermed rokke ved den tillit vi er avhengige av for å kunne leve eit normalt liv. Men i kontrast til handlingsmønster frå tidligare tider, som var bunden av tradisjon og sterke sosiale normer, vert det i dag reflektert fritt rundt ulike tradisjonar i lys av egne verdiar og allmenn kunnskap, eller det Giddens kallar ”reflexively applied knowledge” (Giddens 1990: 39). På same vis som at det moderne samfunn kan forståast ut frå at skriftmediet kunne spreie og lagre kunnskap og informasjon, kan det høgmoderne samfunn sin aukande refleksivitet forståast ut frå bruken av ulike typar kunnskap: ”*Institutional reflexivity [is] the regularised use of knowledge about circumstances of social life as a constitutive element in its organisation and transformation*”(Giddens 1991:20).

Giddens oppretter ein distinksjon mellom to typar medvit. Det eine er praktisk medvit og det andre er *diskursivt medvit*. Den første refererer til kunnskap om verda og korleis ei handling skal utførast. Eit slikt praktisk medvit viser til at folk evner å finne mulege konsekvensar av handling, og legg grunnlaget for korleis vi grunngir våre handlingar. Dette er likevel ikkje ein type ekte refleksivitet fordi grunngevinga ofte ligg implisitt. Det følgjer ikkje alltid med klare refleksjonar rundt alle gjeremål til einkvar tid. Det kan likevel gjere det når dette er naudsynt, dei fleste kan grunnge sine handlingar om dette krevs. For sjølv om daglege handlingar normalt ikkje bygg på refleksive val, kan handling rasjonaliserast, dvs. at vi kan gi grunner for bestemte handlingssekvensar om vi vert spurt. Slik har vi høve til å skaffe ny kunnskap og innsikt, som igjen påverkar og endrar vår sosiale praksis (Giddens 1984: 41-45). Desse prosessane er knytt til rutinisering og institusjonalisering som er eit sentralt trekk ved all sosial integrasjon. Diskursiv refleksivitet viser i motsetnad til den praktiske, til evna eller kapasiteten til å

¹² Dette er ikkje ein kritikk av Beck sin mangel på handlingsteori – hans teori er ein modernitetskritikk – på institusjonsnivå.

snakke eksplisitt og logisk samstemt om sosial handling. Ekte refleksivitet krev diskursive medvit, understrek han (Giddens 1994).

Michael Mayerfeld Bell (1998) meiner at føresetnaden for miljømedvit ligg i skjæringspunktet mellom materielle faktorar, ideelle og (ideologiske) faktorar. Det er i dette skjæringspunktet at ein økologisk dialog kan oppstå. Ein slik dialog kan bidra til skape miljømedvit hjå folk. Dei ideelle føresetnadene knytast til miljøetikk og demokratiske verdiar i tillegg til demokratiske institusjonar. Ein særleg viktig kjelde til miljømedvit er imidlertid konstante miljøtruslar, hevder Bell (1998).

Bell viser i sitt arbeid korleis dei tre elementa, det materielle, det ideelle og det praktiske kan nyttiggjerast for å forstå miljøproblem og utfordringar i dette feltet. Bell tar også for seg forholdet mellom det globale og det lokale, og til sosial ulikskap. Eit anna sentralt bidrag frå Bell er korleis metaforar om fellesskap (samfunn) kan gi kraft til å forstå sosiale og økologiske dynamikkar (Bell 1998).

Her ligg altså både moglegheiter og grensar i det moderne samfunn til å ta miljøomsyn og opne for handling og samhandling i tråd med ny legitimert kunnskap om miljøproblema.

System og institusjonar

Eit kvart samfunn har overordna styrings og kontrollsystem som finst, uavhengig av individa som fyller samfunnet. Slike sosiale system eller institusjonar kunne tenkast å spele ein sentral rolle med omsyn til miljøvern. Teoriane om dei sosiale systems evne til økologisk kommunikasjon (Luhmann 1989) syner både mulegheiter og grensar for dei sentrale institusjonane (systema) til å forstå signal om krise og til å handtere dei. Luhmann skildrar samfunnet som beståande av mange likeverdige system, som har kvar sin funksjon og kvar sitt språk. Systema slik som politikk, rett, økonomi, vitenskap og liknande, tolkar omverda sine signal i forhold til det forenkla språket dei operer med (I likskap med Habermas sine tankar om systemverda). Dette enkle språket er inndelt i symbol og koder – dei siste er ofte todelte.

Eit døme på dette er det økonomiske system som bruker pengar som symbol, og forstår omverda ut frå kodane kostnad/lønnsemd. I forhold til økologien er dei sosiale systema avhengige av at dette kan oversettast til dei symbola som systema brukar for å forstå sine omgivnader. Kan naturen omsettast til pengar er det muleg for det økonomiske system å forstå den, men avgrensinga ligg i at det vert problematisk å forstå miljøproblem eller økologisk krise i denne systemterminologien. Risiko må til dømes ha ein motsats for å kome inn under det todelte språket – tryggleik vert ikkje for Luhmann eit fruktbart motstykke til risiko – mellom anna fordi det ikkje er faktisk mogeleg å oppnå. Risikokommunikasjon gjennom sosiale system vert i følgje Luhmann vanskeleg fordi systema ikkje makter å kommunisere med kvarandre (t.d. politikk og økologi) og dermed vert miljøtruslane berre farar som bidrar til angst, men ikkje til handling (Luhmann 1989, Hagen 2001, Skorstad 1991).

Klaus Eder (1996) forfektar i motsetnad til Luhmann at offentlegheita gjenoppstår med framveksten av miljøpolitiske problemstillingar. Han peiker på at samfunnet treng institusjonar som vernar fellesgodar mot individuelle interesse. Med bruk av omgrepet ”kollektiv rasjonalitet”, ser han at ei mobilisering kan stå mot ein individuell rasjonalitet. Tidlegare gjekk miljøvern-rørsla mot det etablerte - hevdar han. Gjennom at rørsla i stor grad har vorte institusjonalisert, har også miljøspørsmåla vorte endra. Samfunnet og dei sentrale institusjonar har fått ei ny forståing av forholdet til natur og miljø.

Institution building for collective decisionmaking with regard to climate change needs to grapple with the interaction between elites and citizens, formal institutions and everyday life-worlds, politics and economies, North and South, and poor and rich (Eder 1999 s.5).

Sosial ingeniørkunst (Social technologies) er naudsynt for å spare miljøet og menneska frå overrasking og risiko, hevder Eder (1999). Men slike teknikkar er aldri tilstrekkelege, understrek han vidare. Det finst eit moralsk ansvar som ikkje kan omsettast til samfunnvitskapsbaserte teknikkar. For å overtala og overtysa folk må ein ha konstante debattar. Vitskapen kan sette i

gang og politikken sitt ansvar vert å halde dei i live, resten kjem til av verdier og moralske haldningar (Eder 1999: 5)

Institusjonalisering er i følge Eder naudsynt, sjølv om det altså ikkje er ei fullgod løysing på miljøproblema. På den motsette enden vert det også frykta at institusjonalisering av miljørørsla kan føre til mindre rørsla. Dette kan skuldast fleire prosessar som skjer samstundes med institusjonalisering. Den eine prosessen er ei overføring av ansvar frå den enkelte til det politiske systemet og den andre er aukande dominans frå ekspertisen på felta. Det kritiske rasjonalet som låg i den miljøpolitiske rørsla kan verte redusert til å handle om individuell skuld og teknokratiske løysingar (Straume 2002, Dryzek 1997, Dickens 1992).

RESSURS- OG MILJØFORVALTNING

Såkalla "Common Property Theories" og "co-management-theories" er retningar innan samfunnsvitskapeleg tradisjon som tar for seg problem og løysingar knytt til forvaltning av allmenningar og fellesressursar. Denne tradisjonen har i hovudsak følgt opp problemstillinga i Hardin sitt arbeid om allmenningens tragedie, men ulike retningar innan denne forskinga har gitt ulike svar. Desse teoriene bærer preg av å vere modeller for utvikling og styring av forvaltning, like mykje som dei er analytiske verktøy i forståinga av vilkår i miljøforvaltninga.

Nokre hevdar at statleg eller sentral styring må vere svaret på problemet med at alle tar av ein fellesressurs som ingen har ansvar for (Jentoft 1998). Andre meiner oppdeling og privatisering av allmenningar er løysinga, og at ein dermed kan innføre tradisjonelle marknadsløysingar. Fleire av desse retningane grip fatt i problemstillingar rundt individuell rasjonalitet, mot ein type kollektiv eller samordna rasjonalitet og institusjonalisering av forvaltning på meir lokalt nivå.

Dei mest eksplisitte retningane innan tradisjonar som ser for seg at løysingar finst på lokal nivå har imidlertid sprunge ut av antropologi, lokalsamfunnsforskning og "ruralsosiologi". Frederic Buttel framheld at miljøsociologien

har mykje å takke den amerikanske ruralsosiologien for. ”*Sociological analysis of resource-dependent communities was the second major tributary leading to modern environmental sociology*” (Buttel 1996: 56). I Norge ligg på mange vis forskning knytt til ressursforvaltning av land og vatn nært opp til denne tradisjonen. Ved Universitetet i Tromsø har miljøa innafor lokal-samfunnsforskning og fiskeriforskning drive med samfunnsvitskapelege miljøstudiar i lang tid. Her har mykje av forskingsarbeidet handla om kva type sosial organisering, og kva type sosiale institusjonar som passar best til å forvalte fellesressursar i naturen – på ein berekraftig måte. Typiske studie-felt for dette miljøet har vore nærliggande forvaltningsoppgåver innan fiske-ri og reindrift (sjå til dømes Einar Eythórsson 1996, Svein Jentoft og Knut H. Mikalsen 1998 og 2001, Anita Maurstad 2002 og Bjørn Sagdahl 1998). Mykje av dette arbeidet er kanskje meir kjend internasjonalt enn nasjonalt. Sentrale problemstillingane i denne forskningstradisjonen dreier seg om kop-linga mellom forvaltning av ressursar og utvikling av sosiale normer for god ressursbruk. At vi i Norge ikkje trekker denne tradisjonen inn i omtalen av miljø-sosiologi, handlar vel om at ein ikkje omtaler dette som klassisk sosio- logi, men samfunnsforskning. Dermed har viktige bidrag til forståinga av relasjonar mellom lokale sosiale fellesskap og deira naturlege omgivnader, sjeldan fått høve til å gi sitt bidrag til norsk miljø-sosiologi. Det er særleg to retningar som er sentrale innafor denne tradisjonen; Co-management - og Common Property teoriar.

Co-management teoriar, er opptatt av institusjonalisering og organisering, og tar tak i sosiale og uformelle normer som gjerne finst i samfunn på eit visst nivå – gjerne det ein kallar lokalsamfunn. Svein Jentoft (1989, 1998) er ein som understrek dette sterkt. Han hevder at organisasjon handlar nett-opp om å etablere roller, relasjonar, normer og reglar som sameinar åtferda til enkeltindivid for å sikre felles mål. Organisasjonar kan også gjere mykje for å skape samarbeid, solidaritet, fellesskap og tilhøyre, dvs. mange av dei kvalitetar som kjenneteiknar eit velfungerande lokalsamfunn (Jentoft 1998). Såkalla medforvaltning, eller altså ”co-management”, inneberer at også of- fentlege styresmakter er med i forvaltninga. Organiseringa kjenneteiknast av at ein i til dømes fiskeriforvaltninga har ein etablert lokal organisasjon av brukarar, eit kooperativ eller liknande, for å handtere oppgåva i samarbeid

med, og under oppsyn av regionale eller nasjonale styresmakter (Jentoft 1989, Jentoft og Mikalsen 1998, Jentoft og Mikalsen 2001).

Eit døme på slike studiar er Håkan Sandersen (1998) som har studert ressursforvaltning mellom anna i Karibia. Han syner at utan eit velfungerande sivilt samfunn makter ein heller ikkje å sikre ein berekraftig forvaltning (Sandersen 1998). Når folk lokalt ikkje er organisert på lokalt nivå (eller mesonivå), så vert kollektiv handling, som fiskeriforvaltning krev, mykje vanskeligare. Når ingen tenker fellesskap og ein ikkje har samarbeid og konfliktløysing i praksis på lokalsamfunns- og regionnivå, er det vanskeleg å få til gode fellesløysingar i ressursforvaltninga (ibid.).

Det finst også fleire studiar av forvaltning som fungerer gjennom uformelle samarbeidsordningar. Audun Sandberg (1998) har gjennom sine arbeider også sett på forvaltning av fellesgode som måsegg og organisering av egg-sanking i eit konkret lokalsamfunn i kystnorge. Her viser han at medlem av samfunnet makter gjennom uformelle ordningar å organisere egg-sanking på ein berekraftig måte. Konkret viser han at dei mellom anna deler denne ressursen seg imellom i klare tradisjonsbundne reglar, der ulike familiar har ansvar kvar sin lut (del). Å få til ei slik ordning krev sjølv sagt at det finst grensar for storleiken på lokalsamfunnet, og oversikt over medlemmar som inngår (Sandberg 1998). Denne forskinga er ei vidareføring av Common Property tilnærminga til forvaltninga, og utelukkar ikkje at dette kan fortolkast ut frå rein rasjonell føresetnad om aktørane. Forskjellen mellom Common Property- tradisjonar (Sandberg 1998) og Co-management teoriar (Jentoft og Mikalsen 1998, Sagdahl 1998, Sandersen 1998) er ikkje så lett å få auge på for utanforståande. Likevel bygger dei på to motstridande sosiologiske teoriar, kor som tidlegare nemnt common - property tenkinga er ei vidareføring av Mancure Olsen sin Rational Choice tenking, medan Co-management har eit meir kollektivistisk syn på samarbeid. Modereringar i fortolkinga har skjedd mellom anna fordi dei førstnemnte i dei seinare er blitt meir kollektivt orientert (Brox 2003).

Miljøproblem og ressursforvaltning heng nøye saman, og det er viktig å ta med slike lokale studiar i ei oversikt over miljøsosilogien. Sjølv om miljø-

problema ofte omtalast som globale problem, er det også snakk om korleis ein studerer dei samfunnsmessige implikasjonane av problema. Det er kanskje på lokale nivå og på mellomnivå at dei mest sosiologisk relevante problemstillingane utkrystalliserar seg.

Frederic Buttel, som vart nemnt innleiingsvis i dette avsnittet, seier følgjande om ruralsosiologi :

“I would argue that rural sociologists, because many of the phenomena they study such as resource management, resource extraction, the exigencies of space, and the genesis and impacts of technologies are material and/or biophysical ones, were more prepared than their counterparts elsewhere in sociology to embrace a view of social structure and social life as having crucial material and biophysical dimensions” (Buttel 1996:57).

Det kan med andre ord sjå ut som om ressursforvaltingsperspektiv og rural-sosiologi sin relevans har kome til syne med miljøsociologien sin utvikling. Som vi har sett i gjennomgangen her, har perspektiva og fortolking både av problem og løysingar endra seg over tid. Dette kan seiast å gjenspegle utviklinga i miljøomsyn og miljøvernproblematikken generelt.

SENTRALE TEORETISKE SPØRSMÅL I DENNE AVHANDLINGA

Innleiingsvis hevda eg at dette kapitlet har to føremål. For det første vil eg gi ein oversikt over dominerande teoriar og perspektiv i miljøsociologien.¹³ Føremålet med det er å gi eit innblikk i korleis fag og felt har utvikla seg dei seinare 30-åra, og gi ei spore til interessante problemstillingar. Det andre føremålet er å legge eit generelt teoretisk bakteppe for analysane som inngår i casestudiane. Hovudspørsmålet i avhandlinga er: Kva kunnskapsmessige, moralske og praktiske vilkår styrer og styrker miljørelaterte handlingar i det politiske liv, næringsliv og kvardagsliv? Eg er særleg opptatt av dei indre samanhengane mellom kunnskap, etikk og praksis. Eit sentralt spørsmål er kva vilkår har tyding for at moralske overtydingar kan etterlevast i praksis, og kva praktiske vilkår gir liv til moralske overtydingar.

Fleire av dei teoriane i den overståande presentasjonen seier noko om dette. Co-management perspektivet ser det sosiale fellesskapet i lokalsamfunnet som eit sentralt vilkår i ressursforvaltinga, men at dette må ha formelle bindingar. Medan systemanalysen til Luhmann viser at få eller ingen system maktar å kommunisere med miljøet, meiner Eder at institusjonar og institusjonalisering er sentralt for å ivareta miljøomsyn. Beck er redd for at den moderne refleksiviteten skaper usikkerheit både i forhold til kva som er sant og kva løysingar som er mulege. Giddens ser imidlertid ut til å ha større tru på denne refleksiviteten, men han forkastar samstundes tradisjonane si rolle.

Studiane av politikk utforming i fylkeskommunen, etiske haldningar i fiskeriforvaltinga og miljøomsyn i kvardagslivet har alle i seg element om dei overståande teoriane kan kaste nytt lys over. Kan til dømes auka refleksivitet hjå politikarane bidra til å integrere miljøpolitikk i fylkeskommunen,

¹³ To sentrale perspektiv er likevel utelatt, det er økofeminismen og neo-marxistiske teoriar på miljøproblema.

eller er det naudsynt å bygge nye institusjonar for dette? Er fylkeskommunen sitt prosjekt ein type økologisk modernisering, kor integreringa av miljøpolitikk er meir eller mindre ein naturleg prosess i det politiske systemet?

Kan teorien om risikosamfunnets refleksivitet og skepsis til tradisjonelle maktinstitusjonar kaste nytt lyse forholdet mellom dei ulike aktørane i fiskeriforvaltninga? Er ressursforvaltninga i fiskeria i tråd med teoriene om co-management eller er det framleis ekspertstyrt? Studien av fiskeriforvaltninga var ei kartlegging av moralske overtydningar hjå dei forskjellige aktørane i feltet. Om dei ulike aktørane har ulike moralske tenkesett, har dette tyding for deira haldning til miljø og ressursforvaltning? Eit sentralt spørsmål er da til dømes om nokre grupper innan fiskeriforvaltninga er meir djupøkologisk orientert enn andre.

I tilknytning til kvardagslivsstudien er eit sentralt og relevant spørsmål om likskapen mellom refleksiv og vanemessig handling. Og vidare om denne refleksiviteten har erstatta det tradisjonelle og vanemessige som har vore eit sentralt element ved kvardagslivet? Enda meir relevant er spørsmålet om tradisjonane og/eller refleksiviteten fører til meir eller mindre miljøomsyn.

AVSLUTNING

Innleiingsvis presenterte eg tre hovudspørsmål som er sentral i miljøsosio- logien. Det første var spørsmål om kva vi faktisk og materielt tar ut og fører tilbake til naturen. Dette er det Huber (2002) kallar *The immediate question*. Med andre ord korleis menneskeleg åtferd har direkte påverknad på naturen, gjennom ressursbruk, produksjon og konsum – altså fysiske aktivitetar. Lite av dette har vore fokus for dei perspektiva eg har presentert her, sjølv om nokre av dei meir realismeorienterte retningane i faget har søkt å sjå på dette. Det andre spørsmålet som eg presenterte innleiingsvis var todelt og omhandlar for det første faktorar som har med samfunnsorganisering, og kunnskaps- og ideologiproduksjon. I tillegg inneheld det andre spørsmålet problematiserar korleis fysiske aktivitetane inngår i organiseringa i samfunnet.

Mellom anna korleis samfunnsystem som til dømes økonomi, politikk og rett er ordna seg imellom. (*The Questions directly connecting*). Fortsettinga på det spørsmålet har Huber trekt inn det om korleis system og samfunnsorganisering er kontrollert gjennom kulturell og politiske kommunikasjon (*The more far-reaching questions*). Her er det kunnskap, vurderingar og vilje, “all of them revolving around ideas, values, and interests”(Huber 2002:7).

Inn under desse tema kjem det meste av det som miljøsociologien har forska på. Risikosamfunnet viser både til korleis det moderne samfunnet stadig produserer risiko og omhandlar samstundes korleis kunnskapen om desse risiki vert handtert og vedlikeholdt. Refleksiv modernisering omhandlar i hovudsak kunnskap og kulturelle vilkår i det seinmoderne samfunnet. Medan ressursforvaltingsperspektiva er opptatt av både direkte og indirekte vilkår for berekraftig ressursforvaltning, har økologiforvaltingsperspektiva det same i tankane, men søker eit større økologisk perspektiv på det heile. Perspektiv og teoriar knytt til økologisk modernisering og berekraftig utvikling har imidlertid eit tredje spørsmål å forholde seg til. Det er det meir praktisk miljøretta spørsmålet. Dei spør korleis samfunnet kan og bør ta større miljøomsyn. Dette inngår ikkje i Huber sin tredeling, men Bell (1998) har dette som ein tredje innfallsvinkel i miljøsociologien.

Eit fellestrekk hjå mange av dei som arbeider innafor miljøsociologi og økologi er at miljøtruslane er alvorlege, og det er naudsynt å sjå etter mulegheit og hindringar som kan auke forståinga av relasjonen mellom natur og samfunn, menneske og samfunn. Det vitenskapelige miljøarbeidet og politiske strategiar knytt til miljø og økologi, har i denne perioden fått meir fokus på det sosiale fundamentet i spørsmålet om kva årsak og verknad miljøproblema har på samfunnet. Dominansen frå naturvitenskapen er svekka, og no står spørsmål om politisk og sosial handtering av miljøproblema på dagsorden. Dette kan både skuldast at naturvitenskapen ikkje lenger treng å bevise miljøtrusla, det har vorte ein etablert sanning. Samstundes er der ikkje noko klart svar på handteringsspørsmålet. Dermed har spørsmål om kvifor det ikkje er satt inn tiltak som faktisk har endra dette problemet, vorte meir og meir påtrengande. Miljøproblema har på det viset trekk ved seg som utford-

rar både faglege, politiske og moralske spørsmål. Miljøfeltet knyter ulike fag og vitenskapar saman og koplear akademiske diskursar til aktuelle samfunnsproblem.

Dette gjer feltet fascinerande, men samstundes svært omfattande og til tider bortimot uhandterleg. Ein måte å gripe dette problemfeltet på, er å ta tak i teoriar og tesar om etikk og kunnskap i miljøomsynet. I det neste kapitlet skal eg søke å skildre og spisse teoriar etikk og kunnskap til omgrepet miljøomsyn.

Etikk og kunnskap i miljøomsynet

INNLEIING

Den økologiske krisen har ført til at mange har vorte meir medviten om at våre daglege handlingar vedgår meir enn det umiddelege og sanslege. Medvit rundt menneske sin aukande makt over det som tidlegare var naturgitt, er derfor sentral i den tida vi lever i. Risiko¹⁴ er vorte eit omgrep som skal skildre vår tid og vår samfunnsorden. Dette tyder både at moral og kunnskap knytt til miljø, er sentrale faktorar i sosiale handlingar på mange nivå i samfunnslivet.

I innleiingskapitlet presenterte eg miljøvern og miljøomsyn som to litt ulike omgrep. Miljøvern assosierast gjerne med politikk og politiske tiltak retta mot å betre eller ta vare på naturmiljøet. Med miljøomsyn eller miljøvenleg åtferd er det snakk om meir private haldningar og handlingar retta mot dei same måla. Omgrepet miljøomsyn er derfor relatert til sosiale aktørar sin kunnskap og oppleving av rett og galt. Derfor er kunnskapssosiologi og etisk teori høgst relevant i studie av miljøomsyn.

I dette kapitlet vil eg gjere greie for nokre sentrale perspektiv som ligg til grunn for analysane i dei seinare kapitla. Nokre av desse vil bli brukt i dei enkeltstående analysane knytt til kvart enkelt case/felt, men vil alle bli trekt

¹⁴ Trass i at dette er eit sentralt omgrep i miljøsociologien, vert det ikkje brukt i tydeleg grad i denne avhandlinga

fram i hovudanalysen i kapittel 8. Føremålet med denne presentasjonen er å vise kva forståing som eksplisitt og implisitt har lege til grunn for fortolkinga av studiane. Desse er viktige bakteppe og krev ein litt grundigare gjennomgang enn dei teoriane som vart presentert i det føregåande kapitlet. Ein anna grunn til valet av etikk og kunnskap er at desse, trass i sin generelle form, kaster lys over svært sentrale tema i miljøsosiolegien.

Grunngjevinga for utvalet av perspektiv, er deira relevans for problemstillingane i avhandlinga. Nokre teoriar eller tradisjonar er så sentrale at det er vanskelig å omtale etiske teori utan å nemne dei. Det gjeld til dømes konsekvensetikk og pliktetikk som samstundes er interessante i min analyse. Andre er både relevant i miljøomsyn og syner kontrast til dei mest dominerande tradisjonane. Dette gjeld nærleiksetikk og dygdsetikk. I den delen som omhandlar kunnskap, har eg valt å kort presentere kunnskapssosiologiske grunndebattar og ulike skiljeliner mellom kunnskapstypar som har relevans for forståinga av miljøproblema, og etiske grunngjevingar i tilknytning til det.

Kva er moral og etikk ?

Det er opplagt at ikkje alle val og handlingar har moralsk relevans. Det er også klart at mange handlingar som tilsynelatande ikkje har moralske implikasjonar, likevel kan seies å ha det, enten ut frå motivasjon, det prinsipielle grunnlaget, eller konsekvensen på sikt. I miljøetiske drøftingar er dette spesielt sentralt, fordi det ofte dreier seg om handlingar som umiddelbart ikkje er retta mot miljøet eller miljøvern, men har andre motivasjonar eller formål. Miljøverntankegangen har det særtekk at det kan integrerast i val og handlingar, og dermed gjerast moralsk relevant gjennom at det handlar om å ha "fleire tankar i hovudet på ein gong".

Moral er eit samleomgrep for prinsipp, verdiar og normer som folk legg til grunn når dei vurderer handlingar (Tranøy 1998). Etikk og moral handlar om å gjere, eller grunngi val. Det er likevel ikkje alle val i livet og i kvardagen som handlar om etikk og moral. Etisk og moralsk relevant er det, når det har verdi for livet, velferda og trivsel hjå menneske, eller det vi vurderer som godt eller riktig (Ofstad 1982). Det dreier seg om etikk når våre hand-

lingar påverkar livsverdiar og gir utslag i positiv eller negativ retning. Det kan både være motivet og grunngeving for handling. Omgrepet moral er latin¹⁵, og tyder opphavleg sed og skikk. Moralomgrepet er eit lada omgrep. Ein snakkar gjerne om god eller dårlig moral eller arbeidsmoral til dømes. Omgrepet etikk har opphavelig den same tydinga, men stammer frå det greske uttrykket *ethos*. I moralfilosofi kan omgrepa ofte gis litt forskjellig tyding. For å seie det enkelt kan etikk omtalast som *teoriar* eller læra om moral (Lingås 1992, Eide og Skorstad 2005, Ofstad 1981). Med andre ord er etikk ei systematisk gjennomtenking av prinsipp, normer og verdiar knytt til moralske handlingar. Etikk brukast ofte som uttrykk for moralske retningslinjer innanfor et gitt område eller profesjon. Ein snakkar derfor om profesjonsetikk, legeetikk, forvaltningsetikk, forskningsetikk, miljøetikk osv (Fjørtoft og Skorstad 1998).

Kort om haldningar, kunnskap og verdiar

Kunnskap, verdiar og haldningar heng saman internt både empirisk og analytisk. Forholdet mellom haldning og handling har først og fremst vore eit tema for psykologar og pedagogar. Fishbein og Ajzen (1975), som reknast som dei fremste på dette feltet, understrekar at haldningar ofte er tillærte. Ei haldning er ein lært predisposisjon til å reagere positivt eller negativt på eit fenomen eller fråsegn, heiter det (ibid.). I dette ligg det at haldningar, i motsetnad til automatiske refleksar, på ein eller annan måte er basert på informasjon. Dei fleste forskarar er samde om at haldningar i ein eller annan forstand er tillærte, men det kan være visse usemje om kva som ein forstår med "læring". At haldningar og kunnskap henger saman er det likevel liten tvil om. At auka kunnskap eller manglande kunnskap styrer haldningar i heilt bestemte retningar er imidlertid meir tvilsamt. Det er for eksempel ikkje naudsynt at manglande kunnskap fører til at ein handlar mindre i tråd med miljøvern enn dei som veit meir, medan auka kjennskap fører til større aktivitet. Det er heller snakk om kva slags type kunnskap og kompetanse folk sitter inne med. Kunnskap er, sagt på ein annan måte, ein nødvendig, men

¹⁵ frå mos eller morales

ikkje tilstrekkeleg basis i haldningar. Overordna verdiar kan også være eit sterkt grunnlag for å ta stilling til ei sak, desse verdiane kan knyttes til ideologiske, politiske, religiøse eller moralske overtydingar (Nyberg 1997, Brastad m.fl. 2004). Verdiar og haldningar er teoretiske omgrep som ofte nyttast i hop og om ein annan (Tranøy, 1998:31). Dei har imidlertid svært ulike opphav. Verdi er i utgangpunktet eit økonomisk omgrep, mens haldning er eit sentralt omgrep i psykologi. I etikken definerast gjerne ”verdi” som noko vi er interessert i og som vi setter pris på og verdsetter. Ein verdi er noko som har grunnleggande tyding for eit menneske, ei gruppe eller eit samfunn. Verdiar handlar om godt og vondt, og forskjellig frå t.d. normer som assosierast med det som er riktig og galt (Fjørtoft og Skorstad 1998). Mennesket har likevel nokre haldningsverdiar som inneberer haldningar til korleis vi møter livet. Med haldningar forstår vi ofte faste åtferdsmønster som har ein viss stabilitet over tid, slik at dei gjør handlingar føresigelege (Henriksen og Vetlesen 2000:192). Haldningar er i første rekke knytt til meiningar og oppfatningar om hendingar, forhold eller fenomen. Sjølv om haldning og verdi ikkje er det same, har haldningar ein nær relasjon til personlege verdiar. Vegen mellom uttrykt haldning og åtferd er både indirekte og uryddig.

ULIKE TEORETISKE INNFALLSPORTAR TIL ETIKKEN

Eg har valt ut fire teoretiske tradisjonar i den føreståande presentasjonen og dette er gjort av fleire grunnar. I første omgang har eg valt ut dei mest dominerande tradisjonane i etiske teori med utgangspunkt i skiljet mellom konsekvens- og plikt etikk. Desse teoritradisjonane har imidlertid klar relevans for å forstå miljøomsyn og vilkår for miljøomsyn. Dei neste presenterast både på grunn av sin ulikskap frå dei to første, og fordi dei har relevans i feltet. Desse to er det ein kallar nærleiksetikk og ansvarsetikk - noko eg her ser som ei retning, og dygdsetikk som den fjerde.

Konsekvensetikk og pliktetikk

I moralfilosofien har det tradisjonelt vore to etiske retningar som har mange motsetnader, men som samstundes har det til felles at dei bygg teorien på ein føresetnad om mennesket som fornuftsvesen. Dette er det eg her har valt å kalle konsekvensetikk¹⁶ og pliktetikk. Den første er ei form for moralfilosofi som grunngir handlinga i dei konsekvensane den har, derfor konsekvensetikk. Reint allment kan vi seie at konsekvensetikken sett konsekvensar av handlinga til grunn for å vurdere ei handling som moralsk eller ikkje. I denne typen vurdering er ikkje fokus på sjølve handlinga, ei heller på motivasjonen som ligg til grunn for handlinga. Det utilitaristiske grunnprinsipp som er formulert av Jeremy Bentham (1781/1970) seier at ei handling skal frambringe mest mogleg lykke eller nytte for flest mogleg. Ei handling sin etiske verdi avheng altså om den bringer fram betre konsekvensar enn alternative handlingar.

Generelt inneber pliktetikken at ein skal handle i samsvar med forpliktande normer. Pliktetikken skil seg frå konsekvensetikken gjennom at ein her er opptatt av det riktige, og ikkje førestillingar om det gode (lykke og velferd t.d.) (Fjørtoft 1992). Det finst mange former for pliktetikk, men felles for dei er likevel at det er ei retning som tar utgangspunkt i det moralsk og allment forpliktande. Pliktetikk høyrer til under den deontologiske tradisjonen i moralfilosofien. Deon er gresk og tyder plikt og deontologien dømmer ei moralsk handling etter om dei er i samsvar med sosiale eller private normer. Ei plikt stiller på sett og vis absolutte krav, og kan formulerast som regler eller lover. I pliktetikken skal ut frå fornuft kunne tenke seg situasjonar der alle handlar slik eller sånn. Pliktetikken tilseier at ein kan halde på sin integritet og gjere eins plikt overfor andre på same tid. Ei vurdering som består i å spørje om eg kan ville at min handlingsregel skal kunne gjelde som ein allmenn lov¹⁷ (Fjørtoft og Skorstad 1998). Her finn vi mellom anna Imma-

¹⁶ Innan denne tradisjonen fin ein også det som ein kallar nytteetikk, føremålsetikk og utilitarisme

¹⁷ Det Kategoriske Imperativet, og første formulering lydar som så: "Du skal berre handle ut frå den maksimen slik at ein samtidig kan ville at den skal bli ein allmenn lov". Dette kallast *universaliseringsprinsippet*.

nuel Kant (1785/1985) sin pliktetikk og diskursetikken (Apel 1990 og Habermas 1984). Tradisjonelt er forskjellen mellom konsekvensetikk og deontologisk etikk blitt forstått som to svært forskjellige og tildels usemjånde hovudretningar i moralfilosofien.

Både pliktetikk og konsekvensetikk legg imidlertid stor vekt på individ sine sjølvstendige og rasjonelle val. Slik sett har dei eit moderne perspektiv på moral og individ. Både retten til ta slike val og ansvaret for dei vala, er noko som inneber og føreset stor fridom og individuelt ansvar. Konsekvensetikken føreset at ein skal kunne vurdere ulike handlingsalternativ og konsekvensar opp mot kvarandre. Pliktetikk slik ein finn det hjå Kant og hans etterfølgjarar føreset fri vilje og rasjonell handling. På grunn av dette kan også individet stillast til ansvar for sine val og handlingar. Når mennesket skal vurdere sine handlingsimpulsar skjer dette i lys av ein fornuftsmålestokk, og med det kan ein også heve seg over årsaksrekker i naturen. På grunn av fornuft og fridom kan mennesket handle uavhengig av sine sanseintrykk (Wyller 1996: 142). Ein skal handle rasjonelt, og i lys av reglar som verken finn sin kjelde i kroppslege behov eller avhengig av nytteeffektar.

Eit poeng her er at Kant meinte at det var maksimen eller *reglane* for handling som skal universaliserast, ikkje sjølve handlinga. Det er eit kjernepunkt i hans pliktetikk at motivasjonen skal vere så "interesselaust" som mogleg, og med det at universalisering sikrar rettferdige relasjonar mellom individ. Ein kan ikkje gjere unntak for oss sjølve slik at vi kan realisere egne interesser på kostnad av andre (Fjørtoft 1992, Nafstad 1996). Her ser vi slektskapen til diskursetikken som tilhøyrer den same deontologiske familien som Kant sin etikk.

Diskursetikken handlar på same vis som kantiansk etikk, om å kunne gjere somme moralske normer allmenne eller universelle. Men mens Kant sin teori er basert på aktøren sin monolog med seg sjølv, seier diskursetikken at ein berre kan kome fram til dette gjennom dialog eller diskurs. Den gir oss ikkje klare plikter å handle ut frå, men har eit grunnleggjande poeng i at plikter og normer burde vere basert på semje mellom dei partane det gjeld.

Det sentrale i diskursetikken er at den legg vekt på samtalen, eller diskursen som virkemiddel for å finne fram til etiske prinsipp, og om dei er gyldige. Habermas (1984) har, saman med Apel (1990), utvikla teorien om diskursetikk, som er ein teori om korleis menneske kan diskutere seg fram til rasjonell semje om gyldige regler som skulle kunne gjelde alle. I ein såkalla herredømmefri kommunikasjon vil folk kunne argumentere slik at ein måtte gi seg for det betre argument og slik oppnå rasjonell semje. Samtale utan tvang inneber at det berre er det mest gyldige argumentet som råder. Det viktigaste i diskursetikken er korleis vi skal kome fram til gyldige regler eller normer for handling. Kva som er moralsk rett kan vi berre avgjere gjennom å kommunisere med andre, meiner diskursetikkarane (Fjørtoft og Skorstad 1998).

Plikt- og konsekvensetikk i miljøomsynet

Med føresetnader om rasjonalitet, målmedvit og individuell fridom, er utilitarisme i høg grad ei moderne etiske retning. Det er imidlertid også pliktetikken med sine klare liberale orienteringar. Ut frå konsekvensetikken kan ein vurdere den moralske verdien ved ei handling, ut frå kva verknad ho har på dei som vert affisert av den konkrete handlinga. Menneske sine behov kjem i sentrum, og allmenn lykke eller nytte vert det endelege målet for handlinga. Konsekvensetikken er likevel ein sentral etikk også i miljøvern og ressursforvaltingspolitikk. Spesielt fordi det svært ofte ligg konsekvensetiske grunngevingar i botn for dei mål ein set seg i miljøvernpolitikk.

Pliktetikken er relevant i analyser av miljøhandling og miljøomsyn av fleire grunner. For det første viser den til moralske grunngevingar som ligg til handling og motiv i seg sjølv, utan at konsekvensane har forrang. Det dreier seg altså om at det å handle rett er eit tilstrekkeleg motiv for handling. Miljøomsyn er ofte knytt til å vurdere eigen handling i forhold til om alle andre gjorde det same, fordi dei store miljøproblema ofte er eit akkumulert resultat av ”små” avgjerder. Slik sett er deontologien ein etikk som passar inn i ten-

kinga rundt prinsippet om å ”tenke globalt og handle lokalt”¹⁸. For det andre tar den for seg den type rasjonalitet som gir menneske evna til å tenke ut handlingsforløp og prinsipp for handling grunnlagt i dette. For det andre tar det også opp prosedurale trekk ved etikken, altså at måten ein kjem fram til normer på er sentrale. Frå diskursetikken er det mellom anna viktig at alle berørte parter skal kunne ha eit ord med i laget, slik at ein skal kunne kome til semje om normer og prinsipp.

Eit interessant spørsmål i tilknytning til å bruke denne moralfilosofiske tradisjonen i ein sosiologisk analyse, er om dette kan nyttast til å kartleggje tenkesett som ein finn hjå ulike grupper i samfunnet i forhold til miljøomsyn. Eit anna sentralt spørsmål er om det er ulikskap mellom ulike samfunnsaktørar og samfunnssystem med omsyn til om dei er konsekvensorientert eller ikkje i sin argumentasjon (jf. Habermas 1984). Problemet med desse formane for etikk, er at den er vanskelig å finne i reindyrka form i det sosiale livet slik eg ynskjer i casestudiane av miljøomsyn. Vi kan kanskje finne innslag av ”sjølvlovgiving” i form av plikter vi gir oss sjølve, men dei er ofte vanskeleg å skilje frå sosiale normer og rutinar. I tillegg kan det vere ei utfordring å sjå denne typen etikk frå andre typar sannelagsetikk. Sjølv om pliktetikken, i same grad som konsekvensetikk, ligg i opplysningstida sin fornuftstradisjon, kan det også vere vanskeleg å skilje den frå ein meir tradisjonsbasert tenkemåte. Likevel, i ein analyse av miljøomsyn kan det vere fruktbart å sjå om dei har noko for seg.

Nærleiksetikk og ansvarsetikk

Dei moralfilosofiske retningane ovafor har det fortrinn at dei kan bidra til å forstå nokre teoretiske grunnprinsipp innanfor etikken (Fidjestøl 2004, Attfield 1999). Nye etiske teoriar framhevar ein meir kontekstuell og nærleiksorientert etikk (Vetlesen og Nortvedt 1994, Fidjestøl 2004). Nærleiksetikken er ingen eigen tradisjon eller distinkt skoleretning i moralfilosofien, slik vi

¹⁸ Dette vil vel også kunne sjåast som eit ”regelutilitaristisk” prinsipp – som handler om å sjå etter konsekvensar om dette var ein handlingsregel.

har sett med konsekvensetikk og plikketikk. Poenget i dei meir kontekstuelle etiske retningane, er at moral verken kan universaliserast eller tuftast på utsiktene til fordeler for dei partar det vedgår. Det som gjer nærleiksetikken spesiell, er deira motsats til abstrakt etisk universalisme (Fjørtoft og Skorstad 1998, Eide m.fl. 2003). Her er eit sentralt budskap et ein ikkje kan lage seg abstrakte moralske reglar som skal gjelde alle like situasjonar (Fjørtoft og Skorstad 1998). Levinas (1996) og Løgstrup (1991) har, kvar for seg, utvikla det ein i dag kallar nærleiksetikken. Nærleiksetikk tar sitt ideal frå nære kjærleiksforhold. Vi kan berre handle moralsk når vi er "nær", dvs. knytt til personar som om dei var våre næraste, med kjærleik, forståing, takksemd og tilgiving.

Løgstrup (1991/ 1994) sin etikk grip tilbake til forståinga frå den jødisk-kristne tradisjonen i etikk som til dømes idear om nestekjærleik. Den gylne regel er "at du skal elske din neste som deg sjølv" (Mat.22,39). Dette kan likne på Det kategoriske imperativ hjå Kant, men Løgstrup meiner at Kant si fornuftsorientering blir for distansert i forhold til andre menneske. Løgstrup meiner også at mennesket ikkje kan gi seg sjølv lover. Etske grunnfenomen må først tilbake til eit omgrep om ansvar som er gitt på førehand, før ein kan tenke rasjonelt. Dette ansvaret høyrer med andre ord til mennesket sin natur. Det er i møtet med at andre vi kjem fram til "det etiske livs grunnfenomen", -hevder Løgstrup. Møtet med den andre, gjer at eg vert stilt overfor ei *fordring* om å ta ansvar for han eller ho. Dette gjer eg fordi vi under normale omstende møtast med naturleg tillit. Dette fordringa handlar ikkje berre om korleis vi skal stille oss til den konkrete andre, men også korleis eg stiller meg til menneska generelt, inkludert mitt eige liv. Det blir ein praktisk konsekvens av at du gjennom "deg sjølv kjenner andre" og at du "skal gjøre mot andre som du vil andre skal gjøre mot deg". Etisk handling krev sjølvstende, kvar og ein er sjølv ansvarleg ut frå eigen livsfortolking og klokskap til å finne den rette måten å handle på. Det einaste som er fastlagt på førehand er at det vi gjer, det gjer vi for andre si skuld. Noko som tilseier at moralske handlingar per definisjon er usjølviske handlingar (Løgstrup 1991). Nærleiksetikken, eller "Ethics of the other" som den kallast på engelsk, har det særleine trekk at det ikkje berre handlar om rette handlingar, men er sterkt knytt til kjensler og empati. Levinas (1996) understrekar at det

spesifikt etiske i våre haldningar kjem til overflata i ansikt til ansikt - relasjonar. Det er i møte med den andre at vår gjenkjenning av det medmenneskelege kjem til uttrykk. Etikk kan, i denne samanhengen, være den empati eller medkjensle som er til stades når vi ser ansiktet til den som våre handlingar berørast.

Ansvarsetikk

Ein tredje teoretikar, Hans Jonas, er både innafor miljøetikk og nærleiksetikk ein sentral tenkar. Ansvarsetikken (eller "neighbor ethics") som han forfekta, tilhøyrer på mange vis den same jødisk-kristne tradisjonen som nærleiksetikken, men er samstundes retta mot moralske aktørar utover det umiddelbart nære. Ansvarsetikken tar utgangspunkt i at ein kan overføre dei moralske kjenslene og motiva frå det nære til det fjerne både i tid og rom. Jonas hevder at ein, gjennom førestillingar om framtida kan mane fram ei ansvars kjensle (Fidjestøl 2004). I motsetnad til konsekvensetikk og pliktetikk, er ikkje dette basert på abstrakte rasjonelle prinsipp, men på evna til fantasi, innleving og empati. Derfor ligg denne etiske tenkemåten nært opp til nærleiksetikken (Ibid.).

Ansvarsetikken er i høg grad ein normativ etikk. Den er bygd på tanken om at samfunnet i dag er annleis enn da den tradisjonelle etikken vart utvikla, og at det inneber at vi *må* tenke annleis (Fidjestøl 2004). Fram til vår tid, den moderne teknologiske tidsalder, har mennesket hatt liten påverknad på naturen som heilskap. Derfor var det heller ikkje naudsynt med ein etikk som inkluderte eit moralsk ansvar i forhold til den ytre naturen. Den tradisjonelle etikken var fortsatt antroposentrisk, og regulerte utelukkande forholdet mellom menneska. Den moderne teknologien framsto i denne samanhengen som eit prosjekt for å beherske naturen, gjennom å ha makt over naturen. Det som er eit kjenneteikn med situasjonen i dag, er i følgje Jonas at denne makta er på veg til å vende seg i motsett retning med at teknologien er i ferd med å komme ut av styring. Problemet består i at vi ikkje lenger rår over vårt eige kontrollprosjekt (Bakken 2003). Dette krev ein ny moral som både krev kunnskap og kjensler. Fidjestøl presenterer i ein artikkel i Folkevett (2004b) Jonas sin etikk på denne måten:

”Dessutan er vi ansvarlege for emosjonelt å ta innover oss dei konkrete lidningane som ligg i andre enden av handlingane våre. Liksom dei fleste av oss naturleg får empati for dei som lir urett mellom våre næraste, må vi utvikle empatien vår til òg å kunne innlemme dei som om 100 år på andre sida av kloden kjem til å lide på grunn av oljeforbruket ditt og mitt i dag. Ordsiftet omkring den menneskeskapte drivhuseffekten vert oftast veldig teoretisk. Det handlar om alternative scenarium for temperaturutvikling, om utsleppskvoter, reduksjonsforpliktingar, tal og prosentar. Det er ei moralsk fordring å sjå bak desse tala. At vi ser for oss ansikta til dei som om hundre år må flykte frå heim og grunn på grunn av flaum. At vi kjenner smerta til dei som svelt når breane i Himalaya er smelta forgodt og dei livgjevande elvane er tørrlagde. Vi må gje desse ansiktslause offera for våre handlingar eit ansikt i vår eiga førestelling” (Fidjestøl 2004b, s.2).

Her ser vi at ansvarsetikken klart er kopla til miljøetikk. Miljøetikk kan imidlertid også sjåast i relasjon til menneske sine motiv og læringspotensialer – altså som ein type dygd.

Dygdsetikk

Ein fjerde etisk retning, som vi også vil kome tilbake til i kunnskapsdelen av dette kapitlet, er det ein kallar dygdsetikk. Denne retninga er bygd på frå Aristoteles sitt verk ”Den Nikomakiske etikk”¹⁹. Aristoteles sin etikk kallast også teleologisk etikk. Når ’telos’ tyder føremål, vil mange tru at dette er ein form for utilitaristisk etikk, men det er det ikkje. Eit slikt telos som det her er snakk om handlar i hovudsak om at alle ting, og ikkje minst mennesket, har eit føremål. Mennesket skal, mellom anna, kunne oppnå dette gjennom å utvikle seg sjølve i harmoni med sine omgivnader. Dygd handlar om å duge, eller dugelighet i forhold til sitt føremål. Omgrepet dygd viser tilba-

¹⁹ Aristoteles (384-322 f. Kr) ”Ethica Nicomachea” har ikkje eit kjend opphavleg trykt år finst i norsk utgåve mellom anna oversatt av Anfinn Stigen ”Den nikomakiske etikk” : bok I og X : om målet for menneskelivet 1978 og i engelsk utgåve 1985

ke til bestemte karaktereigenskapar eller haldningar som vi treng for å realisere eit godt liv saman med andre. Eit dugeleg menneske er eit menneske som handlar på ein moralsk forsvarleg måte. Dette gjer ein mellom anna med å fylle si rolle i eit harmonisk heile. Å utvikle ei dygd er å utvikle visse haldningar eller karakterar gjennom mellom anna å finne den beste balansen mellom kjensler og fornuft, mellom sosialt gitte normer, og eit reflektert kritisk forhold til desse. Ein skal ikkje blindt følgje normer og reglar, det kan være direkte farleg, seier Aristoteles (1978/1985). Ein sentral dygd som er viktig for handtering av det sosiale livet er klokskap eller *phronesis*. Aristoteles opererer med fleire trinn i den moralske oppseidinga. Først lærer vi gode vaner etter førebilete frå andre, dette er utvikling av såkalla karakterdygder. Når mennesket har utvikla klokskap, handlar det ut i frå ein djupare forståing av kva som er rett og galt.

Aristoteles sitt *phronesis*omgrep er også et viktig omgrep i denne sammenhengen, og særleg i forhold til den type etikk som tar omsyn til situasjon og kontekst. Det betyr at når vi foretar moralske vurderingar så må ein ta omsyn til det særlege i situasjonen, og til den konteksten handlinga går inn i. *Klokskap* definerast som *praktisk* kunnskap fordi den er relatert til handlingslivet. Det er umulig å sette opp generelle reglar og prinsipp for korleis ein skal løyse moralske problem. Det kan sjølv sagt hjelpe oss et stykke på vei, men generelle regler kan berre brukast i dei situasjonane vi har sett før. Aristoteles nekta ikkje for at vi treng generelle reglar, men dei kan ikkje aleine være grunnlaget for våre moralske vurderingar. Klokskap er noko vi har fått gjennom våre erfaringar, som ei evne til å bruke den moralske kunnskapen vi har på nye og ukjente områder. Det er vår evne til å sjå at ikkje alle situasjonar eller individ er like, og at våre handlingar skal stå i forhold til det dei enkelte situasjonar krev av oss. Det er vår evne til å sjå, føle og dømme (Fjørtoft 1996). Etikken her er knytt til å ha eit formål om å gjere så godt ein kan, innafor dei praktiske rammene som er ein gitt i situasjonen eller i eit virke.

MILJØETIKK

Miljøetikk er ikkje som dei føregåande miljøfilosofiske tradisjonane ein teoretisk retning, men heller det ein kallar områdetikk. Områdeetikk assosierast med til dømes medisinsk etikk, profesjonsetikk og næringslivsetikk, og handlar i stor grad om å finne ut korleis moralfilosofiske retningar gjeld for eit spesielt samfunnsfelt. Miljøetikken eller "Environmental ethics" har i løpet av dei siste 30 åra vokse til ei vesentleg grein innan moralfilosofi. I dag finst det ei handfull tidsskrift som berre tar for seg dette temaområde²⁰, og det har vorte utgitt ei betydeleg mengde bøker og avhandlingar på faget.

Ein amerikansk oversikt over miljøetikken historie viser tilbake til nokre særskilt sentrale verk gjort om etiske utfordringar i omsynet til natur og miljø. Her er mellom anna "The Historical Roots of our Ecologic Crisis" av Lynn White (1967) Garrett Hardin sin "Allmenningens Tragedie" (1968) og Aldo Leopold si bok "The Sand County Almanac"(1966) sett på som historisk viktige. Lynn White sin tese var at den økologiske krisa var sterkt knytt til menneske sin religiøse tru – spesielt kristendommen. Etersom denne la grunnlaget for det teknologiske og vitskapelege framskritt og samstundes var sterkt antroposentrisk, burde den jødiske-kristne tradisjonen ta på seg store deler av ansvaret for problema. Medan Hardin såg årsaka til problema i naturen i organisering og eigedomsrettar, bygde Leopold mellom anna på ideen om at grunnlaget til den økologiske krisa i botn var eit filosofisk problem.

Desse tre tesane vart gjennom 1970-talet fylgt opp med mykje debatt. Dei handla i stor grad om religionen og filosofien sin rolle i miljø- og naturvernproblema. Spesielt vart den australske filosofen John Passmore (1974) lagt merke til, fordi han mellom anna hevda at det ikkje var naudsynt med ein eigen miljøetikk i det heile. Passmore gjorde også eit skilje mellom naturen i ein ekskluderande og inkluderande forståing. "Naturen" er både noko

²⁰ Til dømes: "Environmental ethics", "Environmental values" og "Ethics, place and environment"

menneske er ein del av, og noko menneske ikkje har innverknad på (som motsats til t.d. "kultur"). Det er ikkje i nokre av desse tydingane naudsynt å innføre ein eigen etikk for naturen. Mykje av diskusjonane i miljøetikk gikk heilt opp til 1990-talet på å motseie Passmore (Sjå mellom anna Attfield 1983 og Hardgrove 1989). På same tid kom vår eigen Arne Næss med sine arbeider om økosofi og djup-økologi. Han gav ut boka "Økologi og filosofi" i 1971, og ein artikkel som vart lagt merke til internasjonalt med "The Shallow and the Deep, Long-Range Ecology Movement" i tidsskriftet *Inquiry* i 1973. Økofeminisme gjorde også sitt inntog i miljødebatten, med koplinga mellom kvinner - natur. Det finst fleire greiner av økofeminisme, men den mest kjende talskvinna er Karen Warren²¹.

I dag systematiserast gjerne miljøetiske teoriar i relasjon spesielt tre områder. Etikk om dyrs rettar (animal rights) er eit område, mens diskusjonane kring antroposentrisme (svak/sterk) eller ikkje (non-) antroposentrisme²², er eit anna område. Som det tredje reknast verdsettinga av naturen i forhold til om ein ser naturen sin ibuande (intrinsic) eller instrumentelle verdi. Etterkvart vart teoriar om dyrs rettar og frigjerings- eit separat felt i moralfilosofien (Hardgrove 2002). Eg vil i eit seinare kapittel (6) gå nærare inn på desse skiljelinene.

Som vi såg innleiingsvis er utilitarisme og pliktetikk to dominerande retningar i morafilosofien. I miljøetikk vil desse to ulike måtane å argumentere for kva som er moralsk og ikkje, også vere relevant. Konsekvensetikken og utilitarismen inneberer at det er konsekvensane som har tyding for om ei handling er godt for miljøet eller ikkje. Slik sett er miljøetikk nært kopla til konsekvensar – fordi ein svært ofte grunnlegg handlingar ut frå at ein ikkje vil forsøple, forureine eller overutnytte ressursar – alle med utgangspunkt i

²¹ Warren definerer økofeminisme til å vere "... the name for a variety of positions expressly committed to exploring woman-nature connections (...) and to developing feminist and environmental philosophies based on these insight... (Warren 1993, s. 253). Ho hevdar at om ein ser økofeminisme på denne måter der dette ein av fleire tilnæringsmåtar til miljøetikk og miljøfilosofi.

²² Her vert djupøkologien ofte sett på som motsatsen til antroposentrisme

konsekvensar for miljøet. Fleire miljøetikarar hevdar av den grunn at ein ikkje kjem utanom utilitarismen i miljøetikken. Utilitarismen har ein styrke her ettersom de argumenterer for mest muleg lykke/nytte for dei som vert berørte av ein handling, og framtidige generasjonar kan reknast som berørte.

Problemet med konsekvensetikken vert imidlertid at mykje av miljøproblema er eit resultat av seriar av små enkelthandlingar som kvar for seg ikkje har særleg verknad på miljøet. I tillegg er spørsmålet om kva som er miljøskadeleg og ikkje i høg grad usikkert. Konsekvensetikken krev større tryggleik og klarare samanhenger mellom handling og konsekvens, og kan like ofte verte brukt mot krav om miljøomsyn som for det motsette. Både forbrukarar og produsentar kan bruke uklare konsekvensar som argument for ikkje å stoppe påstått miljøskadeleg åtferd. Likevel er konsekvensetiske argument ofte brukt i miljøpolitikken. Bærekraftig utvikling har sterke konsekvensetiske overtonar i seg. Her kan både denne, og neste generasjon sin lykke og velferd takst med i rekneskapet. Det same gjeld argumenta om biologisk mangfald. Har vert både instrumentell bruk av ulike artar i naturen (til dømes for medisin) og det å styrke økosystema i seg sjølve sentrale grunngevingar.

Kritikken mot konsekvensetikken i miljøetikken går ofte ut frå at denne retninga ikkje gir gode nok retningslinjer for god miljømoralsk åtferd. Sjølv om den kan nyttast til miljøvernargument, vert den ofte for instrumentell og nytteorientert til å ta inn "naturen" som eit gode i seg sjølv. I tillegg tar den ikkje inn over seg risiko og lav tryggleik. Utilitarismen, og særleg hedonismen, som ei grein av konsekvensetikken vert særleg ramma av denne kritikken. Umiddeleleg nytte eller lyst vert det optimale målet og sett langsiktige dermed verdier til sides. Eugene Hargrove seier det slik: "Utilitarianism has created problems by elevating pleasure to a level that makes it synonymous with human happiness"(Hargrove 1989 s. 208).

Likevel vert det hevda det også at diskusjonen om naturen sin eigenverdi mot instrumentell verdi begge på sett og vis er utilitaristiske. Det vert også påstått at utilitarismen, og spesielt hedonismen, er basis for grunngeving i kampen mot dyreeksperiment og anna handlingar som direkte påfører dyr

lidingar. Den er imidlertid dårleg utvikla til å argumentere økosystem som heilskap (Garett 2001).

Som normativ etikk er derfor ikkje konsekvensetikken særleg fruktbar, men som analytisk tilnærming til å forstå ulik argumentasjon er den viktig å ha med seg. Konsekvensorientert miljøetikk er derfor brukanes både i analysar av nokre sett av politiske og kvardagslege handlingsmotiv, og som grunnlag for normativ miljøpolitikk (Attfield 1999).

Pliktetikken ser på føringar på åtferd, ein kan sjå bruk av pliktetiske argument i situasjonar der konsekvensane er uklare med omsyn til risiko osv. Her er det handlinga i seg sjølv om er bestemmande for om det snakk om moral eller umoral. Ein personleg norm om å ikkje kaste søppel i naturen kan til dømes grunngjevast ut frå pliktetikk, sjølv om søpla ikkje er særleg øydeleggande for naturen eller miljøet. Spesielt er pliktetikken relevant i samband med normer eller handlingar som ikkje har synlege eller direkte konsekvensar for miljøet. "Føre var prinsippet" er eit døme på ein slik norm. Dette er eit deontologisk prinsipp fordi det ikkje seier noko om resultata er gode eller ikkje, men om handlinga i seg sjølv. Deontologien omhandlar normer for åtferd om skal kunne generaliserast. Slike normer var i følgje Kant noko ein skulle gi seg sjølv ut frå ei rasjonell grunngjeving. Slik sett finn ein også denne type argument i miljøetikken, knytt til rettar og pliktar hjå den enkelte til å ta omsyn til miljøet (Attfield 1999).

Kritikken mot deontologien (særskilt Kant) er at den har vore opptatt av autonomi og rettar – spesielt for menneske. Dermed kan ein hevde at også deontologien vert antroposentrisk (Ariansen 1992). I tillegg vert denne teorien kritisert for å vere for abstrakt og for lite brukanes i analysar av faktisk handling og handlingsmotiv. No vert også andre etiske rettsteoriar (som tilhøyrrer den deontologiske tradisjonen) brukt i miljøsamanhang, mellom anna knytt til dyr sine rettar og fridomar. Slik sett er deontologien i høg grad brukt i miljøetikk – både knytt til ressursforvaltning og viltforvaltning.

Nærleiksetikken er i all hovudsak, som nemnt, knytt til relasjonar mellom menneske og spesielt i møte mellom to (eg og deg), men har ikkje vore an-

vendt i større grad i miljøetikk. Den retninga har likevel relevans også i relasjon til det som inngår i omgrep som natur og miljø (Fidjestøl 2004). Etersom meir og fleir har vorte inkludert i vår moralske omtanke – menneske utanom vårt nærmiljø, andre folkeslag osv., har også nokre dyr vorte del av det vestlege menneske sin omtanke. Spesielt gjeld dette større dyr (kvalar og elefantar), men også dyr som appellerar til umiddeleg moralsk reaksjon. Med utvikling av Gaia-teoriar, ser ein også tendensar til at jordkloden som einskap sjåast som mål for moralsk nestekjærleik og empati. Dette ligg imidlertid nærare ansvarsetikken, enn den tradisjonelle nærleiksetikken. Basisen er likevel den same; bruk av empati, kjensler og førestillingsevna til å forholde seg til moralske einingar utanfor seg sjølve.

I miljøsamaheng kjenner ein kanskje igjen denne typen etikk som barmhjertigleik overfor lidande dyr. Den reaksjonen ein kjenner overfor oljeskadda fuglar på TV-skjermen kan tyde på at denne typen etikk eller empati ikkje er utelukkande overfor andre menneske, men også andre levande vesen. Det kan synast som om nokre dyr vekker meir slik kjensler hjå oss enn andre. Selungar har til dømes nok utsjåande med seg, mens fisk ikkje vekker dei same kjensla. Spesielt har Levinas eit sentralt poeng i å vise at ansikt og auge hjå vesen som lir, vekker noko i oss som ikkje tuftast på fornuft eller etiske dygder (Levinas 1996). Dette er et sentralt poeng i miljø- og naturvern samaheng i, og med at det legger grunnlag for ulike former for vern av arter og dyrevern generelt.

KUNNSKAP OG KUNNSKAPSGRUNNLAGET I MILJØMSYNET

I FN sin rapport om Agenda 21 heiter det følgjande.

”Education, including formal education, public awareness and training should be recognized as a process by which human beings and societies can reach their fullest potential. Education is critical for promoting sustainable development and improving the capacity of the people to address environment and development issues (UN 1993 – Agenda 21 kap. 36.3).

Å trekke inn læring og kunnskap i studien av miljøhandlingar er svært viktig, men også uhyre vanskeleg. Kunnskap er på sett og vis uhandgripeleg i seg sjølv, men kan fangast i handling og fråsegn. Å få til ein klar definisjon på kva kunnskap er, har vore overraskande vanskeleg. Likevel i første omgang kan ein seie at kunnskap vil, i dette arbeidet, relaterast til den viten, tru og dugleik som menneske eller grupper av menneske innehar. Haldning, motiv, intensjon, førestillingar osv, har nær slektskap med kunnskap.

Føremålet med å sjå på kunnskap som eit sentralt element i miljøomsyn, er imidlertid kunnskapen si rolle i handling og praksis. I "The tacit dimension" (1967) skill Michael Polanyi mellom omgrepet kunnskap (knowledge) og viten (knowing). Han framhever kunnskapen som prosess og viten som noko ein har. Kunnskap er derfor i større grad enn viten relatert til handling, som noko som muleggjer handling (Polanyi 1967). Psykologiske definisjonar legg imidlertid vekt på at kunnskap er eit mentalt og psykologisk resultat av persepsjon, læring og refleksjon.

Ulike typar kunnskap

Å ta tak i ulike former for kunnskap i staden for å søke ein generell definisjon for kva kunnskap er, inneberer likevel ikkje eit enkelt val. Her kunne ein ta tak i skilje mellom "taus kunnskap", "tradisjonell kunnskap", "boklig kunnskap", "teoretisk kunnskap" osv. I staden har eg valt å ta utgangspunkt i Aristoteles sin klassiske tredeling mellom "episteme", "techne" og "phronesis", omsette desse til ein meir moderne form, og utvide det med ein anna type kunnskap, den narrative.

Aristoteles gjer eit skilje mellom ulike typar kunnskap og dygder som er sentrale i hans etikk. Omgrepa "episteme", "techne" og "phronesis" er opphavleg henta frå Aristoteles skriv om i Den Nikomakiske etikk (Aristoteles 384-322).

"*Episteme*" kan oversettast med vitskapeleg kunnskap eller viten. I den engelske oversettinga Nicomachean Ethics (1985) er episteme oversatt med

”Scientific knowledge”. Denne typen kunnskap reknast som universell, kontekstuavhengig og assosiert med generell analytisk fornuft eller rasjonalitet (Flyvbjerg 1992). Denne forma for kunnskap er knytt til refleksjon rundt verdiar, politiske og samfunnsmessige målsettingar, og liknande. Teoretisk kunnskap er i hovudsak basert på abstrakt forståing, tenking og argumentasjon, og er særleg knytt til vitskapsbasert kunnskap.

”*Techne*” er den kunnskap som ofte knytast til handverk, og er altså retta mot ulike teknikkar gjerne i produksjon (Aristoteles 1985). Den kunnskapsforma er målretta, pragmatisk, variabel og kontekstavhengig (Flyvbjerg 1992). *Techne* er orientert mot produksjon, eller utføring av praktisk kunnskap, ofte knytt til det vi kallar arbeid. Teknisk kunnskap knyttes meir til ferdigheitar i metodar og teknikk i forhold til ulike gjeremål. Og er styrt mot bevisste mål eller resultat (Flyvbjerg 1992). Vi kan oversette dette omgrepet med teknisk handverk. Altså meir målretta oppskrifter som brukast i ein fagutøving. Her er det også snakk om metodar med faglig og rasjonelt grunna teknikkar som er orientert mot klare målsetjingar.

Aristoteles sitt omgrep ”*phronesis*”, er i stor grad knytt til ein parallell analyse av verdiar og interesser med blick på praksis (Aristoteles 1985). Denne kunnskapen er pragmatisk, variabel og kontekstavhengig hevder, Flyvbjerg (1992:73). I den engelske utgåva av Nikomakisk etikk vert *phronesis* oversatt med intelligens, men vert også trekt fram som praktisk visdom eller klokskap. Men denne typen kunnskap inneheld også fleire dimensjonar i følge Aristoteles. Ein person som er innehavar av *phronesis* tar både personlege, lokale og generelle avvegingar i si handling. Han eller ho er orientert mot handling og basert på praktisk verdirasjonalitet. Praktisk kunnskap/eller klokskap spring som regel ut av egne praktiske og opplevde erfaringar/ røynsle, altså gjennom det ein gjer og har gjort. Denne kunnskapen er ofte også blitt assosiert med taus kunnskap som ein finn i kvardags- og yrkesliv. Aristoteles skriv mykje om korleis praktisk kunnskap skil seg frå teoretiske kunnskapar. Når ein tilegnar seg teoretiske kunnskap, handlar det om å lære seg visse reglar og metodar for korleis ein skal gå fram for å løyse ulike teoretiske problem. Praktisk kunnskap skil seg frå teoretisk kunnskap, ved at den kan nyttast i ein stadig skiftande omgivnader som krev handling.

Det er den som vert knytt til erfaring og praksis, men som ikkje er målretta i same grad som den tekniske kunnskapsforma. Denne typen praktisk klokskap er knytt til å sjå og forstå det unike i ein situasjon, for så å kunne resonnerer seg fram til den beste måten å løyse eit problem på (Fjørtoft og Skorstad 1998).

Disse tre omgrepa hjå Aristoteles, *episteme*, *techne* og *phronesis* tilsvarar teoretisk viten, teknisk kunnskap og praktisk klokskap. Den tradisjonelle todeling mellom teori og metode får altså i staden ein tredeling, kor evna til å løyse praktiske utfordringar i lys av erfaring og kreativitet vert sentral i den tredje. I *phronesis* omgrepet ligg det også eit etisk aspekt fordi denne praktiske klokskapen er retta mot ” ... what promotes living well in general” (Aristoteles 1985, s.153).

Ein fjerde kunnskapsform som verken er basert på praktisk erfaring, tekniske ferdigskap eller vitskapelige sanningskrav, er den som formidlast gjennom myter og forteljingar. Dette vert ofte kalla ”narrativ kunnskap”²³, og er altså ikkje ein del av Aristoteles sin kunnskapstypologi. I følgje kognitiv psykologi kan mennesket lagre erfaringane sine i forteljingar (Polkinghorne 1988, Bruner 1991). Slik kan ein hugsa og orientere seg i tilværet. I forteljingane set mennesket erfaringane inn i ein samanheng, og tolkar mening ut av dei. Ein måte å reflektere vidare over erfaringar er å dele forteljingar munnleg eller skriftleg med andre, dermed vert praktiske erfaringar for ein, narrativ kunnskap for andre. Ein har det siste tiåret ei aukande interesse for det narrative innanfor mange fagdisiplinar, særleg humanistiske fag, men også medisinske fag har tatt denne kunnskapstypen alvorleg etterkvart. Tanken hjå mange er at denne forma for kunnskap supplerer og utfyller kausal, vitskapleg kunnskap. Mange av våre haldningar til rett og galt har blitt formidla nettopp gjennom slik kunnskap. Eventyr og gode historier har gjennom alle tider vært ein viktig formidlingsfaktor for å overføre viten og mo-

²³ Bruner gjer eit skilje mellom denne kunnskapsformen, og det han kallar paradigmatiske kunnskap – som formidlast gjennom logisk argumentasjon (Bruner 1991). Dette kan sett og vis tilsvare skiljet som ofte gjerast mellom *mythos* og *logos* (Nafstad 1996).

ral frå ein generasjon til den neste. Dette er ein type "kunnskap" som i større grad enn dei overståande tar snarvegen til våre haldningar og moral. Døme på dette kan være at skrekkhistorier og dramatiske mediebilde har denne funksjonen.

Myter og forteljingar ligg openbart i utkanten av det vi vanlegvis oppfattar som kunnskap, og ein kunne kanskje brukt et anna ord enn kunnskap²⁴. Men poenget er i alle fall at sjølv om denne "kunnskapen" ikkje nødvendigvis er sann i vitenskapelig haldbar forstand, vert den haldt for å være det, av dei som ber den (Bruner 1991). I tillegg har den minst like stor relevans for haldningsdanning og praksis som dei andre meir genuine kunnskapsformande.

Knut Erik Tranøy (1998) seier følgjande om forholdet mellom dei ulike kunnskapsformane: "Noen budskap kan bare meddeles i en resonnerende eller argumenterende diskurs som gjøre krav på sannhet eller en eller annen form for akseptabilitet – det gjelder for alt som forskere og filosofer sier i egenskap av forskere og filosofer. Men det finnes også andre budskap og andre sannheter som bare kan meddeles i en ikke-faglig språkform- i romaner, noveller, lyrikk og drama" (Tranøy 1998. s. 211).

Med utgangspunkt i desse fire kunnskapsforståingane omsatt til vitenskapelig og refleksiv kunnskap, teknisk målretta kunnskap, praktisk/ etisk kunnskap og narrativ kunnskap, vil eg søke å forstå korleis desse ligg til grunn for handlingar og haldningar med miljømessig relevans.

Kunnskap og miljøomsyn

Dei kunnskapsformene som vart presentert overfor er relevant for alle samfunnsområde. Frå medisin til husbygging er det eit kjend faktum at både teori, teknikk og praktisk erfaring bidrar til profesjonelle løysingar med faglig kvalitet. Men miljøvern og miljøomsyn er ikkje avgrensa til eitt fag eller

²⁴ Ironisk nok stammer omgrepet narrativ frå det latinske ordet *gnarus* som tyder å ha *kunnskap* eller kjennskap til noko (Frich 2003).

profesjon. Snarare tvert om, så er miljøproblematikken eit svært tverr- eller fleirfagleg felt.

Likevel kan ein seie at miljøverntankegangen har kome på den politiske og økonomiske dagsorden, og inn i kvardagslivet gjennom naturvitskapen. Gjennom naturvitskapeleg forskning, har den vorte satt på den politiske dagsorden, og etterkvart fått implikasjonar gjennom ny miljøvenleg teknologi og praksis. Dermed kan vi seie at miljøomsyn har eit generelt fundament innan det vi har kalla teoretisk og teknisk kunnskap. Både samanhenger med omsyn til årsaker (sjølv om dei er omstridt), og pakkar av løysingar kan definereast som dette. Døme på dette er årsaker til drivhuseffekt og klimaendring knytt til utslipp av CO₂ og andre drivhusgassar. Også kunnskap om generelle globale problem med overforbruk, ressursmangel, overbefolkning osv. må reknast som teoretisk fundert. Når det gjeld tenking rundt løysing på miljøproblema kjem mange av dei ulike teoriene og omgrepa presentert i kapittel 2 inn under denne folden. ”Berekraftig utvikling”, ”før-var-prinsippa” og ”økologisk modernisering” osv., er døme på dette. Ikkje minst kan vi seie at slagordet om å ”tenke globalt og handle lokalt” også i første omgang høyrer inn under eit teoretisk tenkesett. Å tenke globalt før ein handlar, føreset på sett og vis ein teoretisk tilnærming til feltet.

Etterkvart som miljøproblema har vorte satt på den politiske dagsorden, har den også gitt inspirasjon til tekniske løysingar på problema. Teknologien med industri og ressursutvinning som før var ein dominerande årsak til miljøproblema, vert av mange også sett på som løyinga på mange av dei same problema²⁵. Å finne meir miljøvenleg teknologi har vore ei stor utfordring for industri og vitskap dei siste 20 åra, og dette har vist seg i mange tekniske nyvinningar. Vi har fått meir miljøvenlege bilar og hushaldsartiklar, industrien har kome fram til reinsesystem som reduserer utslipp av forureinande stoffar og ikkje minst har ein dei seinare åra funne teknikkar for gjenvinning/gjenbruk slik at avfall kan bli råstoff til ny produksjon. Døme på det siste visar seg også i nye mulegheiter for hushaldningar og bedrifter til sor-

²⁵ Jf. økologisk modernisering

tering av søppel til resirkulering. Plast kan no brukast om igjen til møbler og kler, eingangsbleiar går til kompost og brukte kartongar til ny kartong. Slik har "miljøteknologien" stadig vist sin plass ikkje berre som problemskapar, men også i løysinga av miljøproblema. Teknisk kunnskap kan også vere meir lokalt orientert og ikkje berre knytt til moderne teknologi. Det kan vere metodar eller måtar å gjere ting på som kan bidra eller forverre miljøet. Dei mest nærliggande døme på dette er i yrke eller virke knytt til bruk og nytting av naturlege ressursar, slik som skogbruk, jordbruk og fiske. Det er klart at metodane ein nyttar i skogbruket kan har direkte verknad på miljøet. I dag er det imidlertid vanskeleg å snakke om slike teknikkar utan også å trekke inn moderne teknologi.

Innleiingsvis i dette avsnittet sa eg at miljøproblematikken, miljøvern og miljøomsyn er noko nytt som er kome til med utgangspunkt i naturvitskapeleg kunnskap. Dermed kan det, med eit så ungt felt, vere vanskeleg å finne praktisk og meir kvardagsleg handtering av miljøproblema. Spesielt etter som den ofte er assosiert med erfaringskunnskap og læring gjennom praksis. Fordi miljøomsyn er definert med grunnlag i politiske og vitskapeleg utleda kunnskap, kan praktisk miljøomsyn i kvardagen vere vanskeleg å få auge på. Men ser vi miljøomsyn som praktisk handling i tråd med, og ikkje på grunnlag av teknokratisk fortolking, er miljøomsyn mykje meir. Tradisjonell erfaringsbasert kunnskap kan vere svært miljøvenleg, sjølv om det ikkje har vorte definert som det via eit ekspertssystem. Ressursvenleg drift i primærnæringane og hushald, er døme på tradisjonell praktisk kunnskap som kan omsettast til miljøomsyn. Gjenbruk er heller ikkje eit nytt fenomen, men var før definert innafor andre rammer som motstand mot sløsing eller som økonomisk sparing. Forsiktigheit i forbruk er ikkje ei ny tankegang, (i alle fall ikkje innan den protestantiske etikk). Praktisk kunnskap i miljøomsyn dreier seg om å vere miljøvenleg i praksis, i situasjonen, der det krevs. Praktisk kunnskap er bygd på andres og eigen erfaring og praksis. Dette er døme på typisk kunnskap der gjeremål og virke er basert på kunnskap overlevert gjennom oppseiding over generasjonar, og gjennom at ein lærer gjennom å gjere og sjå andre gjere. Utfordringa for denne kunnskapsforma, ligg imidlertid i at det har kome teknologiske nyvinningar som set gamal og tradisjonell kunnskap ut av spill.

Det vi her har kalla narrativ kunnskap, er altså kunnskap lausreve frå teorisk argumentasjon, men som gjennom oppleving eller forteljingar gjer at ein kjenner til eller forstår et fenomen. I medisin knytast dette ofte til lekkunnskap om sjukdom gjennom forteljingar om folk og hendingar. I miljøsamaheng kan mediet vere kunst og litteratur, eller munnlege historier om miljøproblem, katastrofe eller omsyn. Poenget her er formidlingsforma – ikkje budskapen. Som unge høyrte vi forteljinga om dådyret som sette fast foten i blikkboksen, og som leid ein langsam og smertefull død. Det var nok til at vi ikkje kasta blikkboksar i naturen. Ein fiskar kan har høyrst skrekkhistorier om ”svart hav” på grunn av overfiske og opplevinga av det. Bilete av matberg, søppelberg og fuglar skada av olje, kan ta den same snarvegen til medvit som slike forteljingar. Den same verknaden kan døme på løysingar ha; kaffibonden som stod i mot dei store konserna, og starta etisk og miljøvenleg produksjon. Eller kvinna i Afrika som på eige initiativ byrja å plante tre i ørkenen. Gode forteljingar har ein eigen evne til å feste seg i medvit og samvit.

Kunnskap definert som det å inneha viten, dugleik og førestillingar kan altså sjåast som både resultat av universelt og rasjonelt medvit, av forteljingar og av ”learning by doing” som pragmatikaren Dewey lanserte. I miljøsociologien har forholdet mellom ekspertkunnskap og lekkunnskap vore eit sentral tema. I relasjon til dei skiljelinene vi har gjort, kan vi sjå relevansen av den problematikken her.

Kunnskap, kultur og sosialisering

I sosiologi kjem ein heller ikkje utanom kulturomgrepet når ein snakkar om kunnskap. ”Kulturen utgjer et kunnskaps- og erfaringsfundament som er produsert av tidlige generasjoner, og som nye generasjoner kan utvide og bygge vidare på” seier Schiefloe (2003: 131). Dette gjeld både det ein kallar kunnskapen i kvardagen (Berger og Luckmann 2000), praktisk kunnskap og tekniske ferdigheitar. Også tru og førestillingar inngår i den kulturelle kunnskapen ein vert satt inn i gjennom primærsosialiseringa.

I kor stor grad kunnskapen er situert i kontekst eller medvitsbasert refleksjon og rasjonalitet, er eit sentralt spørsmål i denne samanhengen. Sosiologien har i all tid har eit tvisyn på forholdet mellom kollektivet og individet si tyding på sosial endring. Dette tvisynet gjeld også i forholdet mellom det kontekstuelle og det universelle, og mellom det rasjonelle og det erfaringsbaserte. Eit døme på dette er Karl Mannheim sin teori (Ritzer og Goodman 2004). Basert på, mellom andre Karl Marx sine teoriar, hevdar Mannheim at kunnskap er determinert av sosialt liv. Ei samfunnsgruppe sine idear er klart relatert til gruppa sin posisjon i den sosiale struktur (ibid.). Dette var eitt av hovudbodskapen til Mannheim, men på slutten av sitt liv lanserte han det "kunnskapssosiologiske paradokset" – som hevda at om all kunnskap skulle vere sosialt bestemt, måtte også dette gjelde kunnskapssosiologien sjølv. Løysinga på dette paradokset var i følgje Mannheim at nokre sosiale sjikt måtte sjåast som frigjort frå det sosialt determinerande, og at det fanst sjikt som var meir intellektuelt "frittsvevande" (Korsnes, Andersen og Brante red. 1997). desse kunnskapsformene kunne dermed sjåast som meir autonom og objektiv enn andre kunnskapsformer. Pierre Bourdieu meiner at vår habitus – disposisjonar som tillatar mennesket å handle, tenke og orientere seg i den sosiale omgivnaden - følgjer oss gjennom heile livet (Broady 1990: s. 225). Andre meiner at mennesket som fornuftsvesen endrast og endrar sine omgjevnadar i ein konstant prosess. Eit anna døme på spørsmålet om kontekstuell versus universell kunnskap, er mellom anna ulikskapen mellom dei franske sosiologane Bourdieu og Boudon:

"Hans [Boudon] tes har stället varit att sociologer lyckats åstadkomma de bästa förklaringarna när de följt regeln at förklara människors beteende med hänvisning till deras medvetna rationella motiv. Sociologen bör därför utgå från antagandet att människor har goda skäl och medvetna motiv för sina handlingar. ...Bourdieu's uppfattning är den motsatta; förklaringar som henvisar till habitus är som regel de mest fruktbara och det är rimligt att börja i den ändan" (Broady 1991: 264-265).

Som vi har vore inne på er "habitus" eit omgrep som Bourdieu også knyt til kunnskap. Bourdieu var kritisk til sosialiseringsteoriar, og ville i staden for omgrepa internalisering og sosialisering, snakke om inkorporering (Broady,

1990). Dette omgrepet ville omgå eit perspektiv kor det enkelte mennesket vert sett som berar av internaliserte sosiale normer, og for å markere tydinga av menneske sin evne til praktisk meistring. Det er ein slik kontekstavhengig praktisk meistring, og ikkje regler eller normer, som utgjer grunnlaget for sann menneskelig ekspertise (Bourdieu, 1977). Inkorporering av ferdighetar i praktisk meistring skjer gjennom deltaking i den sosiale verda. Som eit resultat av sosiale erfaringar, fysisk aktivitet, tenking og handling i gitte situasjonar, pregar kunnskapen seg inn i mennesket sin kropp og sjel. Dette utgjer samla eit system av disposisjonar som sett mennesket i stand til å handle, tenke og orientere seg i den sosiale verda. Dette systemet av disposisjonar er altså det Bourdieu meiner med habitus. Habitus, som dermed er forma av livserfaringa, styrer mennesket sine førestillingar og praksis, og bidrar derfor til at den sosiale verda reproduserast. Endringar eller læring oppstår i dei tilfelle kor det er uoverinstemming mellom habitus og den sosiale verda. Eit sentralt moment i habitusteorien er at menneske sine tankar, handlingar og vurderingar ikkje er eit direkte avtrykk eller speglbilde av ein ytre røyndom. Det er eit resultat av møte mellom menneskets habitus, og dei sosiale samanhenger dei inngår i.²⁶

Den amerikanske pragmatismen sitt vaneomgrep har også mykje til felles med Bourdieu sitt habitusomgrep, når dei meiner at det ikkje er noko klart skilje mellom tanke og handling, mellom kunnskap og praksis. Dewey og Mead framhever dette, men også sosiologen Torstein Veblen. Veblen såg mellom anna spesifikke tankevanar som effektar av spesielle livsvanar.

²⁶ Det er å skildre dette møte, som er det essensielle for Bourdieu. Rommet er forklarande, - hevdar Bourdieu (Broady, 1990:465). I dette fråsegnet ligg det mykje innhald. Studiet av sosiale relasjonar i rommet kan fange inn relevante trekk ved sosiale prosesser, og på den måten klare å gå ut over det å gi et augneblicksbilete av ein sosial hending. Dette inneberer mellom anna ei kartlegging av personar sine system av disposisjonar, deira habitus og kapital.

"Veblen argues that habits of thought, which arise in tune with a man's position in the social and occupational order, find their reflection in types of knowledge as well as in behavior. The scheme of life which men perforce adopt under the exigencies of an industrial situation shapes their habit of thought on the side of their behavior.... Each individual is but a single complex of habits of thought, and the same psychical mechanism that expresses itself in one direction as conduct expresses itself in another direction as knowledge"(Cosser 1977 s. 270-271).

Her vert det understreka vanen sin tyding, og at dei same mekanismane vert uttrykt i åtferd og i kunnskap. Praksis og vanar har i følgje denne tradisjonen stor tyding for kunnskap. Også her ser ein situasjonstinga læring og kunnskap, og igjen ser vi viktigheita av å skilje dette frå universell og rein fornuftsbasert kunnskap.

Andre som har tatt opp den rasjonelle fornuft og refleksjonen sine grensar, er Colin Campbell (1996). Han koplur vaner til naudsynte forhold i praksis, og til at mennesket sjeldan gjer ein ting om gongen, men er avhengig av rutinar som er tatt for gitt (taken-for-granted). Han seier:

"For there are very real limits on the degree to which actors can in practice be reflexive, as there are, too, on the extent to which they can in practice avoid acting in taking-for granted fashion" (Campbell 1996,s.165)

Det sentrale her er å understreke at handling og den kunnskapen som ligg til grunn for handlinga er samansatt. Det er også stor ulikskap mellom dei teoretiske diskusjonane som vert ført i intellektuelle fora, og måten ein i røyndomen sjeldan stiller spørsmål ved kunnskap, motiv og haldningar (Ibid.). Diskusjonen i kunnskapssosiologi er mykje av den same ein i dag finn i diskusjonane knytt til epistemologi, mellom empirisme, rasjonalisme, konstruksjonisme og idealisme. Kort, og forenkla sagt, handlar desse ofte om kva som kjem først; omgrepet eller tingen, medvitet eller erfaringa. Om det finst objektiv universell sanning og dermed kunnskap, eller om all kunn-

skap er og må relaterast til erfaring og dermed i hovudsak er kontekstuell (Bourdieu 1985, Ritzer og Goodman 2004)²⁷.

I forhold til miljøomsyn har desse teoretiske debattane stor relevans for korleis ein forstår menneske sine handlingar i relasjon til sine naturlege omgivelser og sin praktiske kvardag. Om ein føreset at folk handlar ut frå abstrakt rasjonell kunnskap, vil praktisk miljøomsyn vere eit resultat av generell informasjon om miljøproblem, og deira samanheng med livsstil og levestil. Om ein tenker seg at menneske handlar i tråd med meir kontekstbasert kunnskap og vanemessige handlingar, krev miljøomsyn i praksis også ei forankring i lokal praksis og mulegheitsrom hjå den enkelte.

Samanhengen mellom kunnskapsform og etikk er også sentralt i denne samanhengen. Habermas bringer desse tankane vidare og hevdar at ekspertvelde (teknokratiet og vitskapen) er i den seine kapitalismen med på å trekke ideologi og verdidebattar unna folk sin merksemd og medvit. ”This technocratic consciousness is more irresistible, far reaching, and (from that point of view of the democratic tradition) politically dangerous“ (Keane 1988: 218).

FORHOLDET MELLOM KUNNSKAP OG ETIKK – MENNESKE- SYN OG MILJØMSYN

Miljøvernet har i alle år vorte assosiert med slagordet om å tenke globalt og handle lokalt. I botn av dette slagordet ligg det imidlertid ein føresetnad om mennesket som fornuftsvesen, med rasjonelle og analytiske disposisjonar. Kunnskaps sosiologien har dermed sin relevans gjennom sine teoriar og tesar om kunnskapsmessige disposisjonar og moralsk utvikling (Tranøy 1998).

²⁷ Marx sin materialisme fell på mange vis saman med både Veblen og Bourdieu, med sin tese om at mennesket sin veren var bestemmande for hennar medvit. (Korsnes, Andersen og Brante (red.) 1997.

Teoriar om moralsk utvikling (t.d. Kohlberg 1981 og G. H. Mead 1934) og menneskeleg evne til å reflektere står i motsetnad til enkle åtferdsteoriar og Rational Choice teoriar med omsyn til menneskesyn. Dei siste ser motivasjon for handling ut frå tesar om å maksimere nytte (lykke) og unngå straff (sanksjonar).

På den andre sida har rasjonell epistemologi det til felles at ein føreset at menneske, gjennom rasjonell tenking, kan nå sikker kunnskap uavhengig av røynsle og handling (Kelly 2004). Utvikling av medvit gjennom rasjonell refleksjon, slik det å tenke globalt føreset, er i tråd med nokre av kunnskapssosiologien sine teoriar slik vi ser hjå Broady (1990). Marx ville heller ikkje ha underslått at det ligg eit slikt potensiale hjå aktørane, men da under ei føresetnad om at det ikkje er ein type falsk medvit (Dickens 1992). Hjå Marx er det to mogelege prosessar som virker motsett veg. "Framandgjøring" kan svekke det rasjonelle overblikket hjå den enkelte, men medvitsgjering som til dømes er ein del av ein klassemedvit er i tråd med dette (Elster 1988). Filosofien²⁸ og antropologien har også tatt opp spørsmålet om mennesket sine grenser for ein rasjonell og universell refleksjonsevne (Knowles 2000). Heidegger understrekar tydinga av tilværet sin praktiske engasjerte natur, framfor tydinga av abstrakt tenking (ibid.). Kjernen av desse spørsmåla ligg i skilje mellom eksepertkunnskap og lekkunnskap, - ei svært aktuell problemstilling i miljøososiologien (Beck 1992, 1997, Wynne 1996, Picou & Marshall 2002).

Vitskap og lekkunnskap i miljøomsynet

Eit grovt skilje i kunnskapstypar, er skiljet mellom vitskapsbasert kunnskap og meir erfarings- og praksiskunnskap. Dette skilje indikerer at det ikkje er snakk om at nokre har kunnskap og andre ikkje, men at det finst andre typar kunnskap hjå såkalla ekspertar, enn hjå dei som til dømes sit inne med eige erfaringar av kvardags- og yrkeslivet, eller med miljøproblem og sjukdom osv. Sosiologar som Beck (1992, 1994, 1997) og Giddens (1994) har bygd mykje av deira teoriar om risikosamfunnet og det seinmoderne samfunne

²⁸ Både Heidegger, Wittgestein og Husserl tar opp dette spørsmålet.

rundt føresetnader om at *refleksiviteten* i samfunnet har auka skepsisen til ekspertkunnskap. Dette har medført svekka tillit til ekspertsystema i samfunnet. Risikomedvit er i denne samanhengen knytt til at folk flest har fått tilgang til ekspertane sin kunnskap og at dei med det har vorte medviten på deira svakheitar.

Brian Wynne (1996) hevdar i sin artikkel "May the sheep safely graze", at det ikkje er slik at folk at har trudd dei har levd i risikofrie omgivningar tidlegare. Både i det moderne og i det seinmoderne samfunnet har folk hatt mistru til, og eit ambivalent forhold til ekspert institusjonar. Men i staden for å godta og ha tillit til dei, har dei oppført seg som om dei hadde det. Wynne meiner dette skuldast avhengigskap og ambivalent forhold til ekspertinstitusjonane, og det hadde vorte uleveleg om dei ikkje hadde valt å late som om det var tillit mellom dei (Wynne 1996 s.52).

Wynne meiner både Beck og Giddens overser at ekspertkunnskap har pakka sosiale føresetnader og modellar inn i eit objektivt språk. Inn i desse objektivt innpakka modellane, ligg det også sosiale reseptar eller behandlingsopplegg. Folk sine reaksjonar eller refleksivitet i forhold til vitskapsbasert ekspertkunnskap er ikkje berre rasjonell kalkulert, men også eit kulturelt ubehag ved å stå ovanfor framande og inadekvate modellar. Også samfunnsvitenskapane får eit spark for å ta i bruk rational-choice modellar som trer individualistiske og instrumentelle modell over hovudet på folk (ibid. s.60).

Wynne hevdar i motsetnad til det Mannheim kom fram til; at det finst nokre typar kunnskap som er meir objektiv og autonom enn andre, nemlig at ikkje vitskapeleg kunnskap er spesielle med omsyn til kulturelle prinsipp. Når vitskapeleg kunnskap står fram som universell og "de-kontekstuell", er dei ikkje meir gyldig enn lekkunnskapen som er lokal og kontekstbasert. Snarare tvert om syner Wynne:

"In other words, this idiom of knowledge allows control, but of a contextual dense and multidimensional reality in which adaptive flexibility towards the uncontrolled is still recognised as a necessary attribute, and where the reductive, decontextualised and alienated

'control' of other situations in the 'universalistic' manner of science is pre-empted (Wynne 1996, s.70)

Med støtte frå Van der Ploeg hevdar Wynne at lek-kunnskap kan skildrast som både "Complex, reflexive, dynamic and innovative, material and empirical, and yet also theoretical" (op.cit.s.70-71).

Sett saman med kunnskapsformar som vi har vore inne på undervegs kan vi gjere ei grov inndeling i relasjon til ekspertkunnskap og lekkunnskap. Med utgangpunkt i at både "episteme" og "techne" hjå Aristoteles er kontekst-avhengig og krev ein type ekspertise, kan vi sette desse i hop med det som vert kalla ekspertkunnskap. Vidare kan vi sette phronesis og narrativ kunnskap i assosiasjon med lekkunnskap.

Miljøomsyn er eit moralsk omsyn. Dette moralske omsynet kan knytast til både konsekvens og plikt, til ansvar og dygd. Miljøomsyn er på alle samfunnsnivå klart avhengig av kunnskap. Det er avhengig av kunnskap om miljø og miljøproblem, men det er også avhengig av kunnskap om samanhenger mellom det globale og det lokale. Miljøomsyn er i tillegg avhengig av ferdigheit til å omsette kunnskap til praksis og til å finne praktiske løysingar på miljøutfordringar. Spørsmålet om kunnskap i all hovudsak er universell eller kontekstbasert er i høg grad relevant i miljøsociologien. Både Ulrich Beck, Anthony Giddens, Scott Lash og Brian Wynne understrekar dette (Lash, Szerszynski & Wynne 1996).

Kunnskap og verdier

Det er imidlertid viktig å understreke at ikkje alle former for kunnskap har eit *eksplisitt* verdimesig eller etisk grunnsyn. I vitskapen legg ein seg ofte til eit nøytralt språk med tilsynelatande objektive mål. Omgrepsbruken er ofte heller brukt for å vise verdinøytralitet og autonomi. I økonomi og teknologi finn ein gjerne instrumentelle kvantitative mål og verdier som ikkje er direkte kopla opp mot moralske gode. I følgje Habermas er det akkurat dette som kan vere problemet med denne autonome og "frittsvevande" typen kunnskap. Er det snakk som naturvitskap (science), og det den vitskapen står for, kan dette vere urovekkande;

”...With the formation of a scientific self-understanding, which identifies the limits of objectivating knowledge with the limits of knowledge as such, the sciences simultaneously take an ideological role.” (Habermas 1984; s. 367).

Samstundes finst det teoriar og teoretisk basert kunnskap som i stor grad er basert på rasjonelt argumenterte standpunkt og verdiorienteringar som gjen- speglast i politikk, fagforståing osv. Samfunnsvitenskap og humanistiske fag kan vere døme på dette.

Når det gjeld praksis- og kvardagskunnskap er det ofte eit tydelegare mo- ralsk element i denne typen kunnskap, men fordi denne kunnskapsforma ofte er ”taus” kan det vere vanskeleg å få tak i rasjonaliteten bak den. Den- ne kunnskapstypen er ofte knytt til enkeltsituasjonar som er typiske for fel- tet, men ikkje faglig og rasjonelt grunna. Når det gjeld denne typen kunn- skap er den ofte grunngitt i verdiar, tradisjon osv. Det er på mange vis ein kunnskap meir knytt til fordi-motiv enn for-å-motiv (Schüts 1951/1978). Samstundes finn ein eit mangfald av element i slik praksiskunnskap og fordi den ofte ikkje har eksplisitt argumentativ kraft er den heller ikkje lett å asso- siere med etiske retningar som konsekvens eller pliktetikkk.

Narrativ kunnskap er også ofte verdiorientert, slik forteljingar har ein ”mo- ral” – eit budskap. Det kan vere til ”skrekk og åtvaring”, eller for å opprett- halde ein kultur eller tilhøyre. Folkeeventyra har eit gjentakande budskap og det er at det gode kjem til den gode (t.d. Espen Askeladd). Kva som er ei god handling kan variere, men gode handlingar belønnast og det motsette straffast til slutt. Det er likevel ikkje slik at narrativ kunnskap i seg sjølv er basert på ”god moral”. Frå såkalla velferdsyrke kan til dømes historier om ”den typiske klienten” føre til klientfientligheit meir enn omsorg (Fjørtoft og Skorstad 1998). Narrativ kunnskap etiske relevans er imidlertid ofte trekt fram som sentral i tilknytning til at den opnar for innleving og empati. Den norske filosofen Tranøy framhever dette siste poenget slik: ”De som ikke har egne opplevelser som sannhetsgaranti, er henvist til statistikken og beretningene – fortellingene er kanskje et bedre ord. Hvis statistikken, de

nakne sannheter, var alt vi hadde, kunne vi ikke engang begynne å forestille oss den virkelighet som tallene skjuler”(Tranøy 1998, s. 215).

MILJØMSYN, KUNNSKAP OG MORAL

I dette kapitlet har eg søkt å gi eit innblikk i nokre teoretiske grunnelement som skal vere basis for eit analytisk byggverk. I dette byggverket må eg ha eit rammeverktøy som seinare skal kunne belyse min empiri på ein forhåpentlegvis fruktbar og interessant måte.

Det eg har presentert overfor er så vidt relatert til miljøproblematikk på generell basis, men må konkretiserast for å gi liv til analyse av dei tre casestudiane eg har gjort i denne avhandlinga. Føremål her er å skissere eit teoretisk rammeverk rundt dei studiane som er gjort. Eg har valt å gjere dette med å gripe tak i perspektiv og teoriar, som er tilgjengelege og analytisk fruktbare, til å sette søkelys på nokre utfordringar som finst i miljømsyn.

Kunnskapsteoretiske omgrep kan kaste lys over ulike typar fortolking og omsetting av miljøproblem og miljømsyn. Refleksivitet og refleksivt medvit gjer det same, og vert nytta til ein overordna fortolking av korleis miljøproblem vert tilpassa folk sin kvardag og sitt virke. Omgrep som praksis og erfaring knyter an til ei forståing av korleis folk handlar i tråd med kunnskap og medvit. Desse omgrepa viser også til kva *mulegheitsstruktur* - dvs. kva ytre forhold som styrer moglegheiter for handling. Nærare bestemt gjeld dette lokalisering av handling, ressursar og strukturelle ordningar (- samt praksis og erfaring,) som kan lette eller vanskeleggjere miljømsyn i praksis. Eksempel på dette kan vere så enkelt som søppelsorteringssystemet i eit lokalsamfunn, men også tilpassingsmoglegheiter for bærekraftig fiske for ein sjarkfiskar. Kombinasjonen av denne mulegheitsstrukturen med kunnskap og etikk gir fortsåing av eit *mulegheitsrom* som gis ut frå kontekst og medvit.

Appellen til å *tenke globalt og handle lokalt* ligg i botn for det meste av handlingsstrategiane i miljøpolitikken. Den seier noko om korleis ein føreset samanhengen mellom tenking og handling eller mellom kunnskap og prak-

sis. Dette appellen inneheld imidlertid fleire formar for uklarleik og implisitte føresetnader. For det første bygger dette på føresetnad om evna / mulegheit til miljømessig refleksivitet hjå den enkelte. For det andre inneberer det tilgang til informasjon og kunnskap om globale forhold. Det føresett for det tredje tilgang til kunnskap som gjer det mogeleg å omsette dette til noko som vedgår deira lokale praksis. Og ikkje minst finn ei ein føresetnad om fridom og makt hjå den enkelte til å omsette kunnskap, refleksivitet til handling innan sitt liv og sin livsform – gitt mulegheitsstruktur og rom.

Å handle lokalt og å tenke globalt er på sett og vis eit krav som både har etiske og kunnskapsmessige føresetnader. Samstundes ser vi motstridande føringar i denne maksimen, i alle fall om ein ser dette i samanheng med teoretiske perspektiv i etikk og kunnskap. Det tema eg har via mest plass til i dette kapitlet er skiljet mellom det kontekstuelle og det universelle, eller det lokale mot det generelle. Men i krav som ein stiller til miljøomsyn har ein føresetnader om at desse to smeltar saman til eitt. Eit relevant spørsmålet er om det ligg nokre motstridande føringar her, som ikkje klart nok har tatt strukturelle og praktiske vilkår på alvor. For å få eit heilskapeleg bilete av dei rammene som settes om miljøomsyn, bør imidlertid både praksis, kunnskap og etikk trekkast inn.

I kapitlet har eg synt at det teoretisk sett kan gjerast klare skilje både mellom ulike typar etiske grunngevingar og forskjellige typar kunnskap. Poenget i det neste er å vise at etikk og kunnskap internt heng saman ut frå ulike trekk som eg også har vore inne på. Dei elementa som skil etiske retningar frå kvarandre er mellom anna om dei er målorienterte eller ikkje, universelle eller kontekstbaserte, fornuftsbaserte eller kjenslebaserte, taus eller eksplisitt. I avsnittet om kunnskap fann vi mykje av dei same skiljelinene samstundes som ein finn eit klart skilje mellom den typen kunnskap som hevdar nøytralitet eller objektivitet, og den typen som ikkje er det eller hevdar å vere det.

Forholdet mellom etikk, kunnskap og mulegheiter

I presentasjonen av kunnskapssosiologien trakk eg fram debatten om kunnskap og førestillingar om verda er basert på abstrakt rasjonelt grunna kunnskap eller om den er tinga av sosial plassering og erfaring. Her kjem også spørsmålet om moralske overtydingar er knytt til den same problemstillinga. Som eg viste i det føre avsnittet kan ein teoretisk sett vise til ein samanheng mellom kunnskap og etikk. I kognitiv psykologi og teoriar om moralsk utvikling ser ein gjerne at kunnskap om forhold som vedgår menneskeleg handling legg grunnen for moralsk medvit. Det er vel ein slik prosess ein også seg for seg i maksimen om å tenke globalt og handle lokal. Både ut frå rasjonelle og moralske føresetnader tenker ein seg at kjennskap til problem også fører til søken etter å løyse problema. Kunnskap om miljøproblema har i tillegg ein universell appell med at ein vedgår alle – fattig som rik - i alle aldra overalt. Det ville ikkje berre vere umoralsk å ikkje handle eller reagere på miljøproblema, men også irrasjonelt. Når forskarar og miljøvernarar varslar om miljøkrise eller problem forventar ein seg aksjon - eller i det minste ein reaksjon. Føresetnader om at det ligg ei årsak - verknadsamanheng mellom kunnskap, moral og handling, er i miljøomsynet knytt til at kunnskapen i hovudsak dreier seg om problem som skal løysast eller førebyggast. Det kan sjå ut som om trua på informasjon og haldningskampanjar i miljøpolitikken i stor grad bygger på ein føresetnad om at folk vil ”vakne” berre ein veit nok om problema. Utfordringa ligg imidlertid i at mykje av denne informasjonen ikkje vert omsatt til handling eller praksisrelevant informasjon for mottakaren. Derfor er *type* kunnskap og han sin relevans for ulike felt vere eit sentralt tema i miljøvernet.

Moralsk reaksjon på informasjon og auka kunnskap er avhengig av om dette opplevast av mottakaren som sitt ansvar. Her er kunnskapsforma svært relevant. Vitskapeleg kunnskap eller ekspertkunnskap har ulik appell til ulike samfunnsgrupper – om ein er politikar eller teknokrat, eller om ein til dømes søker å ta miljøomsyn i kvardagen på familien sin vegne. Det same gjeld kunnskap som er bygd opp rundt einskilde praksisar. I denne avhandlinga er samanhengen mellom kunnskapsform, moralsk ansvar og praksisfelt eit sentralt aspekt for analysen.

Korleis folks moral og etisk grunngeving er også sentral i denne samanhengen. På kva vis ulike samfunnsgrupper grunnjev sine holdningar og haldningar i relasjon til moral er viktig for å sjå kva vilkår som ligg til grunn for miljøomsyn. Er det slik at rasjonelle grunngevingar har gjennomslag i arbeid og kvardag? Eller er det heller meir kontekstuelt og erfaringsbasert moral som ligg til grunn for folk sitt miljøomsyn?

Vi kan imidlertid også vise til teoretisk funderte samanheng mellom praksis og kunnskap, og til samanheng mellom praksis og moral. Ein av mine delproblemstillingar er om praktiske mulegheiter setter vilkår for moralske overtydingar. Det er derfor på sin plass å spørje om eins mulegheitsstruktur eller livsform også har tyding for eins moralske fundament. Ein slik samanheng ville sette vesentlege grenser for miljøomsyn og miljøpolitikk. Om praksis har like stor tyding som generell kunnskap, vil dette måte tyde andre miljøpolitiske tilpassingar enn den til dømes haldningskampanjar tar sikte på.

Dette vil eg kome inn på i eit seinare kapittel i eit forsøk på å gjere ei overordna analyse av det som kjem fram i casestudiane. Men før det igjen skal eg presentere metoden og det empiriske grunnlaget som er brukt i denne avhandlinga.

Empiriske felt og metode

INNLEIING

I dette kapitlet vil eg gjere greie for dei metodane og den empirien som er brukt i dei ulike studia som avhandlinga er knytt til. I tillegg vil dette kapitlet vere ei drøfting omkring sentrale metodologiske trekk ved avhandlinga.

I og med at arbeidet grunnar i ulike studiar med svært forskjellige felt, har eg også nytta varierende metodar. I all hovudsak er desse studiane av kvalitativ art, med intervju som basismetode, men eg har også støtta meg til dokumentstudiar og kvantitative studiar for å underbygge dei funn eg har gjort. Dette kapitlet er ein kort gjennomgang og ei refleksjon over dei metodane som har vorte nytta i studia.

Den overordna framgangsmåten som er nytta i denne avhandlinga for feltstudiar eller casestudiar. Eg har, som det framgår nedanfor, valt tre felt som eg har satt fokuset på, for å seie noko spesielt og generelt om miljøomsyn og etikk. Ein casestudie kan definerast som studie av eit meir eller mindre lukka sosialt system eller fenomen. Det er ikkje ein "metode" i tradisjonell forstand, men meir knytt til val av kva som skal studerast (Stake 2000). Omgrepet "casestudie" har ikkje noko godt tilsvarande norsk namn. I medisin og sosialt arbeid snakkar ein ofte om kasus – eit tilfelle (t.d. individ, klient eller sjukdom) - og det er kanskje derifrå omgrepet kjem (ibid.). Når eg no seier at eg har valt ut tre case- studiar som grunnlag for denne avhandlinga, er det ikkje studiar av "tilfeller" det er snakk om, men heller 'samfunnsfelt' eller områder i samfunnslivet.

REGIONALPOLITIKK, KVARDAGSLIV OG FISKERIFORVALTNING

Dei tre samfunnsfeltene som er gjort til gjenstand for undersøking i denne avhandlinga har, trass i ulike form og funksjon i samfunnslivet, ein overordna fellesnemnar om å ta miljøomsyn. Som institusjonar i samfunnet ivaretar dei ulike oppgåver, men har samstundes både formel og uformell plikt og ansvar til å forvalte miljømessige ressursar på ein bærekraftig måte. Dei overordna problemstillingane i denne avhandlinga er som uttrykt i første kapittel kva moralske, kunnskapsmessige og praktiske vilkår som styrer og styrker miljøomsyn i desse feltene. I dette ligg også spørsmål om korleis miljøomsyn vert opplevd og handtert av aktørar som virkar i feltene. Meir konkret er også spørsmålet om kva vilkår som har tyding for at moralske overtydingar kan etterlevast i praksis, eller motsett ; kva praktiske vilkår gir liv til moralske overtydingar? Slik ser ein at tre ulike felt kan sjåast ut frå felles overordna problemstillingar. Samstundes bør ein også ta med ulikskapen i feltene for å sette fokus på særsegenskapen hjå dei.

Fylkeskommunen er ein av mange politiske institusjonar i det norske samfunn, med særsegne problemstillingar, men også mange typiske trekk for politikk som ein del av samfunnslivet. Politikken er ein typisk representant for ”det moderne”, der vedtak skal skje på grunnlag av rasjonelle vedtaksprosessar, formaliserte rutinar og med instrumentelle oppgåver. Ein slik institusjon må studerast med utgangspunkt i at den er moderne og har meir eller mindre klare mandat. Problemstilling for denne studien er kva vilkår og grenser ligg i fylkeskommunen sin virkemåte spesielt, og i politikken generelt, for at miljøomsyn vert tatt.

Kvardagslivsfeltet har i utgangpunktet lite til felles med den politiske institusjonen både når det gjeld maktstruktur, kultur og funksjon. Kvardagslivet er verken prega av målrasjonalitet i sin form eller har formaliserte oppgåver. Likevel er kvardagslivsfeltet kjenneteikna som ein sentral del av

samfunnslivet, der oppgåver knytt familie og hushald vert ivaretatt. Kvardagslivet har eit tradisjonsberande element i seg, og vert dermed også forskjellig frå politikken sin moderne framtoning. Begge er likevel sentrale sosiale institusjonar kor ein av deira mange oppgåver eller forventningar er å ta miljøomsyn. Problemstillinga for dette feltet og i denne casestudien er mellom anna kva særleine trekk ein finn kvardagslivet for å ta miljøomsyn. Emir konkret gjeld dette spørsmålet korleis kvinner opplever miljøomsyn i relasjon til kunnskap, tradisjon, rutinar, og andre gjeremål i kvardagslivet.

Det tredje feltet - fiskeria er igjen forskjellig frå dei to andre. Her er næringsdrift og ressursforvaltning to sentrale kjenneteikn. Og fleire aktørar er inn i bilete; både vitskapen, forvaltningsapparatet og fiskarane sjølve er viktige aktørar på feltet, og er berarar av til dels ulike verdi og oppgåvesett. Fiskeria representerar på sett og vis både moderne og tradisjonelle sider av samfunnet – og må forståast i den ramma. Problemstillinga for dette feltet er kva kunnskapsgrunnlag og verdigrunnlag ligg som basis for ulike aktørar i fiskeri til å ta miljøomsyn eller forvalte ressursane i havet på ein etisk og bærekraftig måte.

Før eg går inn på ein nærare presentasjon av metode og empiri, vil eg kort presentere val av metode som er gjort i dei konkrete case studiane. Metoden som vart anvendt i undersøkinga kring skoloring av fylkespolitikarar var deltakande observasjon og intervju, i tillegg til studie av offentlige dokumenter. Dette arbeidet vart i hovudtrekk gjort som ein ekstern evaluering i regi av Nordlandsforskning (Nordland Fylkeskommune 1993 og 1995, Skorstad og Mariussen 1994). I etterkant av evalueringa gjorde eg ei oppfølging med hjelp av studie av offentlege dokument. Studien av vilkår i kvardagslivet for utvikling av miljøetiske normer er noko mindre strukturert og har pågått over lengre tid. Dette var på sett og vis ei oppfølging av min eigen hovudfagsavhandling som handla om miljømedvit og bilbruk (Skorstad 1991) Hovudmetoden i denne casestudien intervju med eit utval av kvinner. Tema for intervjuet var miljøomsyn forhold til transport, forbruk og behandling av avfall. Her er sjølv sagt også deltakande observasjon et viktig hjelpemiddel. Studiet av miljøetiske aspektar i fiskerinæring – og fiskeriforvaltninga sitt forhold til miljø og etikk er den mest omfattande, både meto-

disk og empirisk. Her bygger studien både på et omfattande intervjumateriale frå fleire land, og støttar seg til dels i ein fortsettande kvantitative studie frå heile Europa.

Samla er både det empiriske grunnmateriale og metodane allsidig og omfattande, og ser såleis eit godt grunnlag for analyse. Likevel er det viktig her å understreke at dei enkelte studiane har ulik tyngdepunkt med omsyn til teoretisk basis versus empirisk basis. Variasjonen ligger i at det eg i noko av dette arbeidet har latt empirien spele ein grunnleggande rolle, mens det i andre deler er dei teoretiske ideane som ligger til grunn og dermed at empirien vert illustrasjonar for å kome vidare i analysen.

PRESENTASJON AV FRAMGANGSMÅTE

Metodeval viser ikkje berre til dei framgangsmåtane som er valt i ei konkret undersøking. Dei val ein gjer viser også tilbake til, og tilkjennegir dei faglege posisjonar forskaren har (Follesø 2004). Det viktigaste spørsmålet som bør stillast i ein metodisk diskusjon, er vel om dei metodane som er blitt brukt og den empirien som presenterast står i samsvar med dei tema som vert drøfta og dei konklusjonane som presenterast. Her er både relevans og spørsmål om kva som er formålsteneleg sentralt.

Miljøvern knytt til etikk og handling er hovudtema for avhandlinga, med spørsmål om vilkår for utvikling av miljøvennlege haldningar og handlingar som gjennomgangstema. Det faglege motivet bak val av tema ligg mellom anna i ønske om å vidareføre spørsmål frå hovudfagsavhandlinga om miljøvern og blikjøyring²⁹.

Val av det første feltet eller caset kom gjennom eit tilbod om å delta i eit forskingsmessig evaluering av eit utviklingsprosjekt som gikk ut på å skole- re politikarar i miljøvernpolitikk. Den første studien i dette arbeidet vart

²⁹ Her vart sosiale vilkår for handlingsval sentral

derfor evaluering av forsøket på å integrere miljøvernpolitikk i fylkeskommunen, med utgangspunkt i spørsmål om kva som skjedde med aktørar som vart formelt opplært til å ta miljøomsyn. Studien gav like mykje nye spørsmål som svar, og ynskje om å gå nærare inn på den overordna problemstillinga, men på andre områder vart etterkvart sterk. Slik bygde empirien på seg, og nye fortolkingsrammer med den. Undervegs brukte eg ein type arbeidshypotesar som la grunnlaget for utvikling av meir teoretiske innfallsvinklar, og som igjen kunne brukast i direkte interaksjon med empirien. Etterkvart som nye felt vart valt, hadde eg i mitt arbeid nye hypotesar, eller idear, om samanhenger. Desse ideane var meir knytt til auka forståing av kompleksiteten i emne, enn til moglegheita til å danne nye teoriar som skulle kunne generaliserast. Etikk var eit felt eg jobba med parallelt heile vegen, og over nokre år på 1990-talet deltok eg i forskarkurs i etikk gjennom forskingsrådet sitt etikkprogram.³⁰ Moralsk medvit og miljøetikk sine vilkår i det praktiske og sosiale liv vart etterkvart eit tema som interessera meg og påverka det blikket eg såg datamateriale med.

Slik sett kan ein seie at prosjektet i sin heilskap har eit sentralt trekk av eksplorerande design. Både kvardagslivsstudien og studien av fiskeriforvaltninga kom etter at eg hadde kome godt i gang med den første – om miljøpolitikk i fylkeskommunen. Denne avhandlinga er med andre ord eit resultat av ynskje om å sjå ulike felt som i utgangspunktet ikkje tydeleg heng saman, både ut frå deira særsegenskapen og ut frå eitt heilskapeleg overordna perspektiv. Likevel er felta så forskjellig at dei til tider krev egne analyseverktøy. Presentasjonen bærer derfor også preg av at dette er ein mellomting av ein artikkelsamling og ein monografi. At ulikskapen i felta både empirisk, metodisk og analytisk krev ei slik inndeling kjem betre fram når vi går nærare inn på desse. Casestudien (Yin 2003) som framgangsmåte, slik den skildrast i faglitteraturen, er imidlertid ein god beskriving av dei val av felt og framgangsmåte som eg har.

³⁰ Samstundes med at eg dreiv på med avhandlinga var eg med og forfatta to lærebøker i etikk (Fjørtoft og Skorstad 1998, Eide og Skorstad 2005).

CASESTUDIE SOM FRAMGANGSMÅTE

I faglitteraturen om casestudie er den vanlegaste måten å skildre denne undersøkande framgangsmåten på, å seie kva den er forskjellig frå, med omsyn til andre kjende metodar. Ein casestudie er ikkje, og er klart forskjellig frå, til dømes eksperimentell metode eller survey (Maaløe 1996, Hammersley & Gomm 2000, Stake 2000, Yin 2003). Erik Maaløe hevdar at casestudien, til forskjell frå dei to retningane ovafor, er meir djuptgåande undersøking av; "hvordan mennesker agerer og interagerer med hinanden inden for deres egne rammer" (Maaløe 1996:31) Casestudie har i tillegg eit større mangfald av datakjelder for gjennomføring av ein undersøking enn det eksperimentet og surveyen, som framgangsmåtar har.

Med utgangspunkt i Yins klassiske bok om casestudien (1. utgåve 1984), definere Maaløe case studien slik:

"Et casestudium er en empirisk undersøgelse som undersøger et samtidigt fænomen inden for rammen af dets eget liv, når grænseflaten mellem fænomen og kontekst ikke er selvindlysende klar og hvor der bruges mange datakilder" (Maaløe 1996:34)

Ut frå denne definisjonen kan klart dei studia eg har gjort kjem inn under casestudien som metode. Eg har søkt å studere og skildre felte innafor dei eiga rammer med bruk av ulike datakjelder. Men det finst mange måtar å gjere casestudiar på. Robert Stake gjer eit skilje mellom tre typar case studiar. Det eine er det han kallar "Intrinsic case study", som er studien av eitt case sin ibuande eller indre eigenskap. Dette går med andre ord ut på å gjere ein studie av eit case for å finne og skildre dei særeigenskapane som caset har. Ein annan type case studie er det han kallar ein "Instrumental case study", som har som formål å få nærare innsikt i eit generelt tema eller for å gjere generaliseringar. Caset er dermed berre eit døme på eit meir generelt fenomen, og har sekundær verdi som særskilt tilfelle. Den tredje forma for case studie er det han kallar "Collective case study". Her har caset eller feltet i seg sjølv enda mindre verdi, men inngår i ein studie av fleire case. Felte eller kasusa vert valt for å forstå, omgrepsfeste, eller kunne teoretisere nokre

meir generelle fenomen betre. Dei case som vert valt i ein slik studie kan være like eller forskjellige (Stake 2000).

Med å gjere bruk av tre ulike felt eller case, er mitt arbeid ein form for kollektiv casestudie. Likevel kan det vere like rett å seie at eg har føretatt, ikkje berre ein, men fleire casestudier som har både eit instrumentelt overbygga-nde perspektiv, og eit perspektiv som søker å ha blikk for dei ibuande trekk av ved dei særskilte felte. Det siste i tråd med det Stake kallar intrinsic case study.

Også Hammersley og Gomm (2000) er innforstått med at case studien som metode kan ha ulik form og innhald. Den kan til dømes variere i talet på case og kva rolle samanlikning kan ha og den varierer i detaljrikdom og i storleik. Casestudiar kan også være ulike med omsyn til kva grad ein dokumenterer konteksten caset er i, historisk eller samfunnsmessig. Og til sist hevder Hammersley og Gomm at case studien kan både vere reint deskriptiv, forklarande, evaluerande og/eller preskriptiv i form. Val av form og innhald i casestudien er sjølvstøtt avhengig av føremål for studien, avhengig av om caset er ein illustrasjon på ein breiare teori, meir induktiv eller fortolkande. Casestudien har sitt fortrinn spesielt i det at problemstilling og caset sin natur spelar ein sentral rolle i val av konkret framgangsmåte. Ein er ikkje bunden til ein oppskrift for korleis datainnsamling og analyse skal skje, men er open for stor variasjon (ibid.)

Det gjennomgåande spørsmålet er likevel i kva grad ein kan generalisere ut frå ein slik framgangsmåte³¹. Stake (2000b) hevdar at case studiar i nokre former kan gi ein type naturalistiske generalisering, men har ikkje enno; "passed the empirical and logic tests that characterize formal (scholarly, scientific) generalizations (s.22). Med naturalistisk generalisering meiner

³¹ I boka "Case Study Method" (Gomm, Hammersley og Foster red. 2000) har fleire artiklar ofra merksemd til akkurat spørsmålet om generaliserbarheit i case studiar. Ein case studie kan gi analysar eller fortolkingar som går utover dei enkelte case, men dette er likevel forskjellig frå kravet i generalisering som ligg i til dømes surveyen som metode.

han finst i gjenkjenninga av likskap i objekt og saker innan og utafor konteksten, og gjennom å oppfatte naturleg samvariasjon i hendingar. Denne typen generalisering er både intuitiv og empirisk, hevdar han. Samstundes er det naudsynt å godkjenne kva grenser eit case setter (s.22). Lincoln og Guba (2000) kjem til same konklusjon som Stake, og liksom han kritiserar dei sterkt generalisering i form av å finne sosiale lover og prediksjonar. Casestudiar handlar om å finne arbeidshypotesar som igjen kan brukast i seinare studiar, understrekar dei (ibid.). Robert K. Yin (2003) peiker på at case studiar ikkje må forvekslast med kvalitativ metode. Casestudiar kan også innehalde kvantitative data, poengterer han. Det er ein allomfattande metode –”.. covering the logic of design, data collection techniques, and specific approaches to data analysis” (s. 14). Det er dermed ikkje berre ein form for design eller innsamlingsteknikk, men inneberer at ein har med seg denne forskingsmåten med seg frå byrjing til slutt i prosessen.

Når denne avhandlinga har sin basis i tre casestudiar, er det altså grunnlagt i fleire forhold, nokre av dei allereie nemnt i dette kapitlet. Eit sentralt aspekt ved casestudiar som metode, er ein gjennom å bruke fleire case på same tema både kan vise til universelle og partikulære/kontekstuelle trekk ved casene eller felta. Med hjelp av casestudien som framgangsmåte søker, eg med andre ord å seie både noko allment og særige om vilkår for miljøomsyn. Sjølv om det skjer ein viss grad av samanlikning mellom felta i studien, er ikkje dette ein komparativ casestudie i tradisjonell forstand. Dette er grunnlagt i at korkje felt eller metode er direkte samanliknbare. Dei settes derfor ikkje opp mot kvarandre, i tradisjonelle komparasjon. Føremålet med komparasjon er å få fram likskapar og forskjellar mellom dei fenomen ein samanliknar. Ei slik samanlikning nyttast i om lag all samfunnsvitskap. For å kalle det komparativ metode treng ein imidlertid ein målestokk som ein samanliknar ut frå (Rogstad 2000). Eg har ikkje nytta same teoretisk tilnærming til alle tre felta i sjølve caseanalysane, og kan derfor ikkje måle dei ut frå same lest. Ein kan heller seie at dei felta eg har gjort studie av, er utfyllande (komplementære) i forhold til kvarandre. Det er ikkje like institusjonar eller felt, så det som er felles er på sett og vis utanforliggende eller overlappende.

DEI KONKRETE CASESTUDIA OG VAL AV FELT

I mitt arbeid er dei ulike felta valt med utgangspunkt i eitt hovudtema; vilkår for miljøomsyn i samfunnet. Det er ein seleksjon i val av felt og studiar, alle var knytt til miljøvern, og alle kunne relaterast til kunnskap og moral på miljøvernfeltet. Ulikskapen mellom felta er eit sentralt poeng, i det eg søker å belyse at ulike samfunnsfelt har mange av dei same utfordringane, men at dei samstundes møte ulike moralske og kunnskapsmessige fordringar. Som case studiet kan arbeidet både sjåast som illustrasjonar på generelle samfunnstrekk og studiar av ulike felt sin særeigenskap. I tillegg vil eg vil poengtere at utvalet gir ein god bredde, og at dei er utfyllande i forhold til kvarandre med omsyn til relevante samfunnsområdar. Dei tilhøyrrer på sett og vis kvar sin sfære i samfunnslivet der både politikken, næringslivet og kvardagslivet vert med. Ein finn både produksjonssida (fiskeri) og konsumentssida (forbrukarane) med i utvalet, og det offentlege liv og det privatlivet er med.

Etikk og miljø i kvardagslivet

Framgangsmåten som vart nytta i studien av miljøvern i kvardagslivet var primært kvalitativ. Andrehandsdata vart likevel mykje nytta som grunnlag for denne studien. Det er brukt datamateriale frå andre undersøkingar, mellom anna Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) sine studium av miljø og forbruk (sjå m.a. Enger 1997, Strandbakken 1995, Throne-Holst 1999), Statistisk Sentralbyrå og Markeds- og Media instituttet. Desse kvantitative undersøkingane gir eit godt bilete på utbreiing av miljøomsyn, og korleis ulike grupper i samfunnet tar miljøomsyn ut frå forskjellige bakgrunnsvariablar (t.d. inntekt, utdanning og kjønn), og ikkje minst endring over tid. Mange desse undersøkingane gir ofte eit inntrykk av at enten så er miljøomsyn eit rasjonelt val (ut frå pris, tilgang og tid) eller så er det eit resultat av kva sosio-kulturelle samfunnssjikt ein tilhøyrrer (Sjå t.d. Halkier 1998). Statistiske undersøkingar gir likevel eit avgrensa materiale om ein ynskjer å sjå kva praktiske og moralske utfordringar kvardagslivsmenneskje står overfor. Kompleksiteten i kvardagslivet gjer val og rutinar gjer at miljøomsyn berre

er eit av mange verdiar ein må ta i betraktning. Derfor såg eg det som naudsynt å vele ein kvalitativ framgangsmåte for å få tak i mangfaldet i praksis og fortolkingsgrunnlag. Som Bente Halkier understrekar:

”Forbrukernes opførsel overfor kravet om miljøhensyn er snarere prægede af, ofte skiftende, processer hvorved tavs og reflektert viden, erfaringer og fortolkninger opererer sammen i komplekse situationer sammen med andre. (1998 s.7).... vidare seier ho:

”De segmenterte typologier over forbrugerne miljøadfærd bygger oftes på surveydata, hvor respondentene giver kontaktfrie svar på generelle abstrakte spørgsmål, og denne type data har det med at undervurdere såvel sammensætheden i den enkelte forbrugers liv, som de sociale konflikter og forhandlinger den enkelte forbrugers rutiner og valg er del af i husholdningen og det sociale netværk.”(Ibid. s.8)

Problemstillingane som låg til grunn for denne casestudien var knytt til kva vilkår som låg til grunn for miljøomsyn i kvardagslivet. Ein av arbeidshypotesane var at det i hovudsak var tre element som kunne styrke og sette grenser for miljøomsyn. Dei tre elementa var kunnskap, vilje og praktisk høve (t.d. tilgang og tilrettelegging). Eg ville knyte desse forholda til mellom anna identitet og tradisjon.

Datamaterialet som dette kapitlet er grunnlagt i, er eit forskingsprosjekt som har gått over lang tid og som bygg på empiri som i starten var eksplorerande og usystematisk innsamla. Med tida gjorde eg intervjuundersøking basert på lang kartlegging og faglege funderingar på feltet miljøvenleg kvardag. Tidlegare undersøkingar av miljøvern og forbruk viser mellom anna at gruppa kvinner i middelklassen er ei av dei mest miljømedvitne i samfunnet. I og med at eg ynskje å sjå på vilkår for miljøomsyn i kvardagslivet, var dette ei gruppe som var interessant å sjå på. Med dette som bakgrunn valde eg å intervju sju kvinner som sjølv definerte seg som miljøbevisst i kvardagen. Det meste av det materiale som presenterast her er valt ut frå at det handlar om konsumentåtferd, hushaldsarbeid, val i forhold til transport og det som dreier seg om avfallshandtering. Gjennom intervju søkte eg å danne eit bilete av praksis, kunnskapsgrunnlag, meiningshorisont og sosiale normer i

dette feltet. Som ein fellesnemnar har eg valt å kalla dette feltet kvardagslivet. Rubin og Rubin (1995) understrekar at kvalitative intervjuer er egna til å gi forskaren tilgang til kunnskap om korleis folk forstår og tolkar den verda dei lever i, og om korleis dei skaper og deler mening innanfor ein bestemt kontekst. Kvalitative intervju kan også gi ein mulegheit til å avdekke felles forståing av situasjonar, omgrep og handlingar hjå informantane.

Intervjusituasjonen hadde form som samtale, med ein intervjuguide som rettleier. Eg brukte mellom ei til ei og ei halv time på kvart intervju, men hadde snakka med dei forut for dette om studien og om tema. Samstundes visste eg at informantane var tilgjengeleg for ekstraspørsmål om dei skulle dukke opp på eit seinare tidspunkt. I eit par situasjonar tok eg kontakt for klargjering av nokre spørsmål.

Eg hadde kjennskap til fleire av informantane før eg starta datainnsamlinga. I tillegg hadde informantane ein bakgrunn og ei livsform som hadde mykje til felles med min eigen livssituasjon. Dei var kvinner i omtrent same aldersgruppe, dei hadde høg utdanning og levde i familiesituasjonar. At det var kjende rammer, kan ha både ha hatt fordelar og ulemper metodisk sett. Ein klar fordel var at vi kom fort i gang med praten under intervjuet. At eg ikkje var ein heilt framand person kunne imidlertid også sette grensar for kor open dei ville vere. Sjølv om eg ikkje trur det, kunne det tenkast at det var nokre ting dei såg som lettare å fortelje til ein heilt framand forskar enn til meg. Spesielt kunne dette tenkast å vere forhold som hadde med vurdering/verdsetting av dei som til dømes husleg, reinsleg, arbeidsam m.m.. Kvale (1997) hevdar at ei utfordring med å intervjuer folk ein kjenner er at ein lett trur ein veit kva dei meiner utan at dette vert sagt i sjølve intervjuet. Eit problem i så måte kan også føre til at ein overfortolka materialet, eller tillegge informantane meiningar dei ikkje har sagt eller meint. For å unngå dette, har eg søkt å bruke sitat i så stor grad som mogeleg. Alt i alt trur eg at mitt kjennskap til informantane frå før gjorde arbeidet i sin heilskap lettare, både av omsyn til tid og tilgang. I tillegg vart analyseprosessen viktig i denne samanhengen. Gjennom ein grundig gjennomgang av dei utskrivne intervjuet samstundes som eg leste relevant faglitteratur, fikk eg ein meir analy-

tisk forståing av det som vart sagt i intervjuet. Slik fikk eg ein balanse mellom nærleik og distanse til datamaterialet.

Studien av etikk i fiskeria

Miljø og etikk i fiskeriforvaltninga har eit anna utgangspunkt enn dei to andre i og med at dette var eit internasjonalt samarbeidsprosjekt. Prosjektet vart finansiert av EU kommisjonen og var eit fagleg samarbeid mellom forskarar i Norge, Frankrike, Tyskland og England. Prosjektet bar namnet ELSA-pêche bar fokus på etiske, legale og sosiale aspekt ved fiskeriforvaltninga (Elsa-peche 2002). Oikos- Environment er et forskingsinstitutt i Brest, Frankrike som er ein viktig samarbeidspartnar med avdeling for samfunnsfag ved Høgskolen i Bodø i dette prosjektet³². Prosjektet var fleirfagleg med økonomar, juristar, statsvitarar, sosialantropologar og sosiologar som viktige deltakarar.

Målet med prosjektet var å drøfte (moglegheit og) begrensingar ved dagens fiskeriforvaltning. Denne delen av samfunnet har vore kjenneteikna av biologisk, økonomiske og politiske perspektiv i ein top - down vedtaksmodell. I prosjektskilddinga hadde vi følgjande formål med studien:

- ”a) For eit meir opent perspektiv på moglege strukturar m.o.t. eigedomsrettar og reguleringsstrategiar i fiskeriforvaltninga.
- b) Å auka deltakaraspekt ved vedtaksprosessar i fiskeriforvaltninga
- c) for å dreie perspektivet meir på dei sosiale sidene ved fiskeriforvaltninga (i tillegg til det økonomiske).
- d) Introdusere miljømessige omsyn , både i tilknytning til langsiktige mål basert på etiske perspektiv (økologisk etikk) og for meir kortsiktige mål og omsyn retta mot å balansere behova til interesse- og brukargruppe.”³³

³² Frå Bodø var Audun Sandberg og eg med som prosjektmedarbeidar.

³³ Sjå <http://elsa.peche.free.fr/>

Prosjektet hadde med andre ord svært omfattande føremål som går langt ut over den case studien som eg har gjort. Den hverande studien er i all hovudsak konsentrert om punkta b) og d) sjølv om dei andre også ligg som bakteppe. Sagt meir tydeleg ville eg med utgangspunkt i deltakrane sjølv sin perspektiv sjå på etiske og miljømessige sida av fiskeriforvaltninga.

Dette var metodisk sett eit tredelt forskingsprosjekt med bruk av både kvalitativ og kvantitativ metode. Første runde var ei kartlegging av fiskeriforvaltningspolitikken i 12 land . Desse landa var Hellas, Italia, Spania, Portugal, Frankrike, Italia, Irland, Storbritannia, Nederland, Danmark, Island og Norge.

I tillegg til dette gjorde vi ein kvalitativ intervjuundersøking i dei same landa. Her vart det gjort i overkant av 200 intervju av fiskarar, forvaltarar, politikarar og forskarar innan fiskeriforvaltning i Norge , Danmark og Island. I tillegg har representantar frå miljøvernorganisasjonar vore blant informantane. Sjølve intervjuguiden vart utarbeida i samarbeid med dei andre deltakarane i prosjektet, slik at vi hadde så godt samanlikningsgrunnlag som mogleg. Som samarbeidande institusjon hadde Høgskolen i Bodø hadde hovudansvaret for intervjuet i Norge, Danmark og Island og vart føretatt våren 1999. Sjølve datainnsamling/feltarbeidet vart gjort av to hovudfagsstudentar i sosiologi Hogne Gullvåg og Lars Elsbak. Det er dette intervju-materiale som ligg til grunn for mi analyse.

Tredje runde, survey-undersøkinga blant Europeiske fiskarar og fiskarbåteigarar i dei 12 landa, vart gjennomført hausten 2000. Her brukte vi både postal eller direkte spørjeundersøking (det siste pga. Stor analfabetisme hjå desse gruppene i nokre av landa) 1600 fiskarar svarte på spørjeskjema av over 8000 som vart forspurt. Bruken av desse resultatata vart mindre enn eg i utgangspunktet hadde sett for meg. Grunnen til det er mellom anna at survey undersøkinga skulle vere gyldig i 12 ulike land og vart dermed så generelle at dei ikkje den ikkje vart relevant i min analyse.

Den analysen som presenterast i kapitlet om fiskeforvaltning og etikk er i hovudsak knytt til ein grundig gjennomgang av dei intervjuet som eg hadde

ansvaret for. Det er dei som vart gjort i Norge, Danmark og Island. Det er samanlagt 67 intervju utført i Norge, Danmark og Island og i kvart land er om lag 20-25 personar intervju. Desse vart gjort av hovudfagsstudentane Gullvåg og Elsbak. Dei hadde lagt eit godt grunnlag for dette arbeidet med fullt utskrivne intervju, skildring av setting og reaksjonsmønster hjå informantane. I tillegg fikk vi gode munnlege skildringar frå arbeidet³⁴.

Med desse 67 utskrivne intervju som grunnlag, vart datamateriale systematisert etter mellom anna spørsmål, nasjonalitet og informantkategoriar. Ei slik systematisering var på sett og vis fruktbar, men vi fann fort ut at informantane ofte kom med fråsegn seinare i intervju som også var relevant for tidlegare spørsmål. Dette er nemnt i kapitlet om fiskeriforvaltninga, fordi det også var relevant for analysen.³⁵ Etterkvart vart det klart at det var fruktbart å halde seg til tema i spørsmåla og kategorisere materiale i informantkategoriar basert på tilhøyre til institusjon og yrke. Det vart eit tydelegare mønster da enn om vi til dømes skilde mellom nasjonalitet. Etterkvart søkte vi å trekke ut sentrale omgrep som vart nytta av informantane, og vidare kunnskapsgrunnlag og forståingshorisont hjå informantane. Her, som i dei andre felta, var det også sentralt for oss å fortolke deira verdsett, normer og moral innafor den praksisen dei ulike gruppene tilhøyrer. Det er også eit poeng å understreke at det var ein del funn som kom overraskande på oss, dette blir framheva i kapitlet fordi det gjorde studien svært fagleg interessant og spennande. Dei fleste av funna vart med tida underbygd av dei funn som vart gjort i andre land, med basis i den same intervjuguiden.

³⁴ Avtalen mellom oss var at vi som var fagleg ansvarlege for studien hadde fri tilgang til intervjumateriale.

³⁵ Til dømes, så sa dette noko om kor medveten dei var på det etiske aspektet ved deira arbeid.

Framgangsmåten i studien av Fylkeskommunen sin miljøprofilering

Studien av introdusering av miljøvernpolitikk i Nordland fylkeskommune vart til gjennom at eg fikk vere med å evaluere prosjektet gjennom Nordlandsforskning, saman med sosiolog Åge Mariussen. Oppdraget var å følge og vurdere eit forum for miljø og utvikling som fylkeskommunen hadde iverksatt.³⁶ Den eksterne evalueringa som Nordlandsforskning skulle foreta, var basert på følgjeforskning og prosessevaluering. Hovudproblemstillinga var om forumet hadde nådd dei mål som var satt. Målet var mellom anna auka forståing av kva miljøpolitikk var og integrering av miljøpolitikk som ein del av fylkespolitikken sin arbeidsområde. Vi spurde konkret om prosjektet var vellukka ut frå dei måla som fylkeskommunen sjølv hadde satt for prosjektet. For å svare på desse spørsmåla valde vi å følge deltakarane i prosjektet gjennom sjølv å delta på dei same kurs, møter og samlingar. Vi deltok også i ekskursjonar og i gruppearbeid. I tillegg intervjuar vi eit utval av deltakarar i samlingane, til saman ti intervju. Vi valde å intervjuar eit utval av fylkespolitikkarar, leiarar i administrasjonen, ein representant frå fylkesmannen si miljøvernavdeling. Fylkespolitikkarane satt i Fylkesutvalet og fylkestinget perioden 1991 til 1995. Her valte vi informantar slik at vi fikk eit så stor politisk breidde som muleg, alle partia i fylkesutvalet var med. Intervjua vart gjort sommaren og hausten 1994, og hadde form av samtale med opne spørsmål. Dei fleste spørsmåla handla om oppfatning og syn på miljøvernpolitikk generelt og fylkeskommunen si oppgåve på dette område spesielt. Samtalane vart også knytt til meiningar og opplevingar av forumet og, innhaldet i omgrep som miljø og utvikling. Ut frå desse samtalan har eg trekt ut nokre sentrale punkt som kan knytast til ei evaluering av "Forum for miljø og utvikling". Ei slik vurdering kan imidlertid by på enkelte måleproblem. Evaluering av tiltak føresetter at måla for tiltaka er, og kan bli, klart formulert. Forsking knytt til evaluering går derfor ut på å analysere ein direkte og klar samanheng mellom tiltak, mål og effekt. Fylkes-

³⁶ Opphavleg var dette tenkt som hovudstudien for dr. grads arbeidet, men av praktiske årsaker fikk eg ikkje fylgt opp prosessen så grundig som eg meinte var naudsynt for eit slikt arbeid.

kommunen sitt program hadde eit mål om å auke kunnskapen om miljøvern hos politikarar og administrative leiarar. Effekten av dette kunne til dømes målast ved ein eller annan eksamensform, slik vi kjenner det frå skulesystemet. Ei slik evaluering er imidlertid ikkje utgangspunktet for dette arbeidet, men meir om aktørane sine førestillingar og tolkingar knytt til tema for forumet, og den rollen miljøpolitikken hadde innafor fylkeskommunen sine oppgåver og ansvar.

Studien av fylkeskommunen sin profilering og vedtak i etterkant av ”Forum for miljø og utvikling” vart gjort fleire år seinare, nærare bestemt hausten 2001 og våren 2004. Dette var ein studie av tilgjengelege offentlege dokument om fylkeskommunen sin miljøprofilering, og politiske vedtak er hovudsakeleg frå 1990-talet. Problemstillinga vart med det utvida til også å gjelde korleis det auka medvitet kring miljøpolitikk vart følgt opp, over tid. Meir konkret gikk dette ut på om fylkeskommunen sin identitet gjennom presentasjon av seg sjølv vart påverka over tid, og om det kunne finnast eit mønster i kva vedtak som hadde ein miljøprofil og kven som ikkje hadde det. Var det til dømes slik at økonomiske omsyn kunne gå hand i hand med miljøomsyn slik det vart hevda under forumet?

I denne delen av studien gikk eg gjennom fylkestingsvedtak og fylkesutvalet sine saksframlegg. I tillegg såg eg på foldarar og nettsider som fylkeskommunen brukte til å informere og profilere sitt arbeid på miljøvernfeltet ³⁷. Her fokuserte eg mest på saker som direkte og indirekte hadde med miljøvern å gjere. Å vele ut relevante saker var ein vanskeleg prosess, mange vil seie at det meste har indirekte med miljøvernpolitikk å gjere. Derfor valde eg å sjå på det som hadde med støtte til industri, energipolitikk og samferdsel, i tillegg til det som kom fram som natur og/eller miljøvern i saks- og vedtaksframlegg. Gjennomgangen av saker og vedtak i frå denne perioden er ikkje komplett – det vil seie eg vil ikkje påstå at alle relevante saker er presentert i denne studien. Likevel har eg tatt mange og relevante døme på saker og vedtak som kom opp i fylkesutvalet og fylkestinget i perioden. Ein

³⁷ Sjå <http://www.nfk.no/>

slik ”følgjeforsking” som eg har vald i dette caset, er problematisk med omsyn til avgrensing både i tid og rom. Det har hele vegen vore ei utfordring å sette stopp for oppfølginga av det fylkeskommunen foretar seg på dette feltet.

FORTOLKING

Analysane av datamaterialet som kom ut av case studiane, var kanskje det mest utfordrande i dette forskingsarbeidet. Robert Yin underskar at dette kanskje er den minst fokuserte delen av forskingsprosessen:

“The analysis of case study evidence is one of the least developed and most difficult aspects of doing case studies. Too many times, investigators start case studies without having the foggiest notion about how the evidence is to be analysed” (Yin 2003 s.109)

For å unngå dette problemet er det naudsynt at ein har eit design eller ein ide om korleis ein skal gå fram gjennom heile prosessen. Yin presenterer tre ulike strategiar for å løyse dette problemet. For det første kan ein støtte seg til teoretiske førestillingar (propositions). Dette er den strategien Yin sjølv meiner er å føretrekke. desse førestillingane eller forventingane vil bli reflektert i val av felt, problemstillingar, litteratur og nye arbeidshypotesar undervegs. Dermed vert vegen fram til analyse meir ryddig og systematisk. Ein anna strategi er å vele ut nokre rivaliserande forklaringar. Den kan kombinast med den første med at ein i tillegg til eigen teoretisk antaking også plukkar ut ein eller fleire rivaliserande teoriar (Yin 2003, s.112). Ein slik framgangsmåte er til dømes ein vanleg framgangsform i studiar av organisasjonar innan fag som statsvitskap og organisasjonsteori. Den tredje strategien som Yin tar føre seg er utvikling av case skildringar (case descriptions). Denne strategien er reint deskriptive og kan brukast når ein ikkje har teoretiske hypotesar eller førestillingar om kva studien vil seie noko om. Det er ikkje like brukande som dei to andre, meiner Yin (ibid.).

Sett i lys av Yin sine strategiar for analyse av datamateriale er min framgangsmåte mest i nærleiken av den første. Med teoretisk basis i sosiologi og

etisk teori hadde eg med meg eit blikk på empirien frå første stund. No skal det likevel seiast at sjølv framgangsmåten i analysedelen besto av ein del prøving og feiling. Det kan ha si forklaring i at eg ikkje har brukt ein rein-
dyrka framgangsmåte i analysane av empirien og datamateriale, men latt meg inspirere frå fleire hald. Både hermeneutikk, diskursanalyse og Grounded Theory (Glaser og Strauss 1967, Geertz 1973) har hatt innverknad på måten eg har analysert data på. Diskurs analyse – har vore ei inspirasjons-
kjelde men ikkje in anvendt analysemetode i dette arbeidet. Denne analyse-
forma inneberer ein studie av korleis omgrep og idear vert brukt og fortolka av ei gruppe eller eit samfunn (Kvåle 2000) Spesielt har dette vore inspire-
rande i vurderingar av korleis informantane har definert miljøvern. Noko inspirasjon er også henta frå Grounded Theory(Glaser og Strauss 1967, Strauss og Corbin 1990). Ut frå den måten eg har forstått analysemetoden på, kan ein også gå fram med gjensidig rørsle mellom data og analyse. Noko av det viktigaste som denne retninga kan by på, er at ein kan finne fram til orden i eit stort uoversiktleg kvalitativt datamateriale. Derfor vart det henta inspirasjon frå denne framgangsmåten spesielt i gjennomgangen av inter-
vjumateriale i fiskericaset. Framgangsmåten skildrast også med at ein trinnvis lagar kategoriar ut frå informantane sine eigne fråsegn. Desse kategoriane kan gjennom fleire rundar gjerast meir og meir analytisk brukbare.

“A grounded theory is one that is inductively derived from the study of phenomenon it represents. That is, it is discovered, developed, and provisionally verified through systematic data collection and analysis of data pertaining to that phenomenon. Therefore, data collection, analysis, and theory stand in reciprocal relationship with each other. One does not begin with a theory, then prove it. Rather, one begins with an area of study and what is relevant to that area is allowed to emerge”(Strauss and Corbin 1990:23).

Ein kan ikkje kalle Grounded Theory ein bestemt form for metode, sjølv om den søker å bygge vitenskapelig grunnlag for analyse av hovudsakeleg kvalitativ empiri. Den søker heller å gi retningslinjer for god teoribygging innafor mange formar for kvalitative tilnærmingar. Den kan brukast både i ana-

lyse av intervju, deltakande observasjon og kjelde- og dokumentstudiar. Slik sett er denne forma for analyseteknikk anvendeleg i casestudien, som gjerne søker metodetriangulering (Yin 2003).

Hermeneutikken har gitt inspirasjon til at fortolking av samfunnet er ei viktig oppgåve for ein sosiolog, og at det ikkje er naudsynt å kome med generelle lovar som heilt og fullt kan verifiserast eller falsifiserast. I tillegg har hermeneutikken det tiltalende aspekt at det handlar om å forstå meiningsfulle fenomen (Gilje og Grimen 1995). I studien av kunnskap og etikk i miljøomsynet er fortolking av meiningsfulle ytringar særleg viktig. Som eg har understreka overfor har eg i all hovudsak nytta meg av kvalitative data i arbeidet med denne avhandlinga fordi den forskingsmessige forståingshorisonten tilhøyrer ein fortolkande tradisjonen. Arbeidet er i sin heilskap knytt til opplevingar og handlingar knytt til miljøomsyn. Det etiske aspektet er også sentralt her. Slik eg definere etikk omfattar det mellom anna folk sine uttalte og stilleteiande etiske normer og verdiar. Dette inneber både ein studie av reglar og normer, men også korleis folk oppfattar desse og tydinga av eigne handlingar. Etikk og relasjonelle forhold er vanskeleg å få tak på ut frå vanlege målbare storleiker, og eg har i det meste av arbeidet vore avhengig av å få skildringar og fortolkingar frå dei involverte sjølv. Det er derfor hensiktsmessig å vele ei fortolkande tilnærming gjennom kvalitativ metode. Studien av miljøvern og etikk er dermed studien av eit meiningsfelt som er opent for ulike tolkingar.

Intervjuform og bruk av sitat

Felles for alle casestudiane i denne avhandlinga er bruken av halvstrukturerte intervju. Dei er delvis systematisert og klargjort på førehand med utgangspunkt i formålet med undersøkinga. Det vil seie at intervjuet fokuserer på bestemte tema, men er elles svært open. I dei hverande studiane var det også slik at spørsmål kom til etterkvart som informantane tipsa eller gav oss nye idear. Vi³⁸ hadde formulert spørsmål, dvs. laga ein intervjuguide, men var ikkje bunden til å holde oss til disse. Og ofte var det slik at informanten

³⁸ Her vel eg å snakke om alle som var med å utforme og gjennomføre intervjua i vi-form.

kom inn på tema vi hadde tenkt å spørje om seinare. Nokre gonger måtte vi utdjupe dei og andre gonger stille spørsmål som ikkje var planlagt. Det kjem også fram i presentasjonen av datamaterialet fordi eg har valt å bruke sitat i framstillinga.

I alle tre presentasjonane (kapittel 5, 6 og 7) har eg trekt ut sitat for å illustrere sentrale poeng og typiske fråsegn. Intervjuet har som mål å innhente kvalitativ kunnskap uttrykt med vanlig språk. Svært ofte opplevde eg at informantane svarte innhaldsmessig likt på spørsmåla, i presentasjonen har eg valt å berre illustrere denne typen svar med eitt døme, andre gonger med fleire for å vise formuleringsforskjellar. Problemet med bruk av sitat for å understreke sentrale poeng er at ikkje alltid det heilskapeleg inntrykket som intervjuet gir kjem klart fram i korte sitat. Når ein da vel å likevel bruke sitat, er det viktig å få fram det heilskapelege inntrykket på eit anna vis, men da med fare for å overfortolke. utfordringane har vore å gi presentasjonen ei truverdig fortolking, det gjenstår enno å sjå om eg har meistra denne biten av arbeidet.

Ei anna utfordring i presentasjonen av intervju og med omsyn til bruken av sitat som eg møtte, var kva språk eg skulle presentere dei i. Intervjuet er skrivne ut så nært opp til det opphavslege fråsegna som muleg. I og med at somme har snakka meir dialekt enn andre, vart det i presentasjonen til dels store forskjellar på sitata med omsyn til språk og sjanger. Ulikskap i språk slo også ut i forskjellar mellom intervjugrupper, som til dømes mellom fiskarane og forskarane i studien av etikk i fiskeri og fiskeriforvaltning. Sjølv om det kan diskuteras i kor stor grad ein skal legge seg nært opp til fråsegna i forhold til korleis det oppinneleg vart uttalt, har eg valt å omsette dei til nynorsk. Eg har likevel valt å behalde nokre spesielle ord og vendingar om desse har signifikant tyding for analysen. Argumentet for å bruke nynorsk også i sitata er at det da ikkje vert tydeleg forskjellar mellom dei som uttrykker seg med dialekt og dei som snakkar eit tilnærma riksmål. Nynorsk egner seg godt til dette føremålet, fordi det ligg nært opp til dei fleste dialektane i intervjuet. Eg har imidlertid valt å halde på setningsoppbygginga i dei opphavslege intervjuutskrifta.

I analysearbeidet har eg søkt å la data snakke til meg. Hovudspørsmålet har vore om dei ha svara til forventningane, og/eller om dei kan fortelje meg noko nytt. Den praktiske framgangsmåten eg har analysert data på har vore noko ulik sjølv om metodologien i all hovudsak har hatt nokre fellestrekk. Om eg no skal søke å bruke metodologisk perspektiv på det arbeidet eg har gjort, er det to trekk som for meg synast sentrale. Det eine er bruken av kvalitativ empiri, og det andre fortolkande metodologi. For å få eit betre innblikk i kva slags fortrinn dette har for dette prosjektet, meiner eg det er naudsynt å ta for meg metodologien generelt, for så å trekke den ned på dei felte eg har valt å studere.

REFLEKSJON OG FORSKNINGSETIKK

Den empiriske presentasjonen i kvart case har fått ein relativt liten og kanskje heller ikkje heilt rettvis presentasjon i denne avhandlinga. I og med at eg har valt ut tre forskjellige felt for studie av relasjonen mellom miljø, moral og makt, har eg sett meg nøgd til å vele bort mykje av presentasjonen av dei ulike felte sine særtrekk. Mengda empiri frå kvart enkelt case kunne vore nok til eit arbeid på linje med ei avhandling.

Ein metodediskusjon handlar i botn om å klargjere framgangsmåten i ein studie på ein systematisk måte. Fordi det empiriske materiale legger føringar for framgangsmåten er det vanskeleg å førebu seg heilt og fullt på forhånd på korleis ein vil gjere studien. Den går på sett og vis sine egne veger etter ein har satt i gang. Det gjeld i høg grad for denne avhandlinga – både det empiriske og det teoretiske arbeidet er bygd ut frå det eg har funne i felten og dette gjer store utfordringar med omsyn til struktur. Fordi eg har valt ein type overordna perspektiv kan ein også seie at eg bidrar med noko nytt til desse felte. Ein slik casestudie kan bidra men læring frå det eine case til det andre. Slik eg opplever det, er vurdering kvaliteten på empiri og metode den delen av arbeidet som gjer meg mest audmjuk i samfunnsvitskapeleg arbeid. Spesielt ligg spørsmålet om etikk som viktig kvalitetssikring.

Forskingsetikk

Både metode og framstilling er gjort under konstant etisk refleksjon. I vurdering av dette arbeidet i forhold til forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, jus og humaniora (NESH 1999), ser eg ikkje særlege problematiske aspekt ved det arbeidet som er gjort. Forskingsetiske retningslinjer tar for seg forskinga sitt forhold til samfunnet generelt, enkeltpersonar, omsynet til grupper og institusjonar og forskarsamfunnet.

Eg vil kommentere tre av desse forholda i relasjon til mitt arbeid. Det gjeld for det første omsynet til informantane sine motiv og fortolking av desse. For det andre vil eg kort sjå på omsynet til forskarsamfunnet og spesielt min plikt til å opne for reanalyse. Det siste tema som er relevant i eit forskingsetisk lys er forholdet til oppdragsgjevarane i oppdragsforskning.

Når det gjeld omsynet til enkeltpersonar handlar dette spesielt om krav om respekt for menneskeverdet, fridom og autonomi, til å unngå skade og smerte, samtykke og informasjon, respekt for individ sitt privatliv og nære relasjonar, omsyn til ettermæle og forståing av handlingsmotiv (NESH 1999). Det siste feltet - forståing av handlingsmotiv, er relevant fordi eg analyserer moralske motiv. Her er eg særlig medveten og har søkt sterkt å ikkje tillegge aktørane motiv dei ikkje har uttrykt i observasjon eller intervju. Fortolking av motiv syner at metodologi og etikk har nær samanheng, fordi det handlar om tiltru til informantane så vel som til framgangsmåten for innsamling av informasjon.

Eit anna viktig punkt i forskingsetikken er at også forskarsamfunnet sjølv, har rettar. I eit forskingsarbeid er det særleg respekt for andre sitt arbeid og klargjering av bruksrett til forskingsmateriale som er relevant under dette temaet. Når det gjeld bruksrett heiter det at *”Forskningsmateriale bør være tilgjengelig for andre forskere for reanalyse og videre bruk”* (NESH 1999). Tilgang til data gjeld sjølvstilt for mitt materiale også, men ikkje alt kan gjerast tilgjengeleg for andre. Heilt bestemt gjeld dette erfaringsbasert kunnskap som ikkje er resultert i nedtekna materiale. Kvardagslivsstudien er som nemnt før til dels basert på eigne røynsle på feltet, og på dette feltet er det vanskeleg å gjere materiale tilgjengeleg for andre. I tillegg råkast eg truleg

av ein vanleg kritikk mot kvalitativ forskning, som eg allereie har vore inne på, og det handlar om at dei emne som vart undersøkt er dynamiske forhold. Det vil seie at menneske, meningar og situasjonar forandrast, forskaren likeins, dermed er det vanskelig å undersøke forskinga sin pålitelegskap.

Samfunnsforskning er imidlertid ikkje berre eit forhold mellom dei som studerar og dei studerte, det finst også andre aktørar som kan ha ein tydeleg rolle og interesse i forskinga. Når det gjeld to av dei tre studia som denne avhandlinga er basert på, er dei i utgangspunktet oppdragsforskning. I forskningsetiske retningslinjer vert det understreka at resultata skal ikkje vere påverka av oppdragsgivaren sine interesser. Dei interesser som oppdragsgivaren måtte ha, skal ikkje veie tyngre enn kravet om sannferdig framstilling, heiter det også. Alle oppdragsforskningsinstitutt med respekt for seg sjølve, vil eg tru at dette har ein udiskutabelt verdi. Samstundes kan det bli ei utfordring når krav til lønnsemd vert stramme. Her kan mange oppleve at ein ikkje ønskjer å gjere seg upopulær hjå store oppdragsgivarar, og dermed risikere å miste ei sentral inntektskjelde. To av casestudia i denne avhandlinga var eksternt finansiert. Når eg no meiner at eg ikkje har kome fram til forskingsresultat som oppdragsgjevarane har kravd, har dette fleire grunnar. Sjølv sagt er dette medviten frå mi side. Samstundes er det viktig å understreke dette var enkeltstående prosjekt. Det var heller ikkje uttalte interesser frå oppdragsgjevarane (Nordland fylkeskommune og EU-kommisjonen) som la grunnlag for å styre resultata i ei særleg retning. I det fylkeskommunale prosjektet fann eg det også interessant å gå utover den evalueringa som i utgangspunktet var oppdraget. For å gjere prosjektet fagleg interessant, fortsette eg å sjå på deira arbeid lenge etter at oppdraget var fullført. Når det gjeld forholdet til EU-kommisjonen var det spesielt informasjon som kunne leggast til grunn for ein ny europeisk fiskeripolitikk som var grunnlaget og målet for oppdraget. Her vart det vår jobb å understreke kva grensar som ligg i materiale for å gjere slike vedtak. Alt i alt meiner eg at eg ikkje har gått på tvers av egne eller faglege etiske krav i dette arbeidet.

SLUTTKOMMENTAR TIL METODE OG EMPIRI

Å greie ut for empirisk felt, metodologiske vinklingar og framgangsmåte er ikkje enkelt i eitt overordna kapittel. Spesielt fordi eg har nytta fleire metodar på ulike felt. Kvar enkelt felt er klart forskjellige, og informantane likeins derfor kjem vi tilbake til dette i dei følgjande kapitla. Dei empiriske felta vil bli gjort greie for grundigare i kvar enkelt feltskildring – i kapitla 5, 6, og 7. Det står for meg som mest føremålsteneleg å gjere det slik. Også metodane vil bli presentert i dei einskilde kapitla, men utan at den meir grunnleggjande metodologien vert diskutert. Derfor har det herverande kapitlet vorte via spesielt til det siste- metodologi. I denne presentasjonen av metode og empiri, kom det fram at dette ikkje er valt på grunnlag av planmessige strategiar som vart lagt forut for forskinga. Likevel har eg søkt å vise at dette arbeidet ikkje har vore totalt tilfeldig, men eit resultat av ein prosess – ein forskings- og læringsprosess. Denne prosessen har kome som eit resultat av vandring mellom data og teori. Eg håper eg med dette kapitlet har vist at det er eit visst system i dei vegvala eg har tatt gjennom prosessen. Eg vil avslutte denne delen med Yngvar Löchen sine ord:

Samfunnsforskeren konstruerer sitt bilde av virkeligheten, systematisert i form av en fortolkning. Denne fortolkningen fremlegges i en offentlig diskurs, og sannhetsverdien bestemmes for en stor del gjennom andres opplevelse av den fortolkende definisjonen som enten noe sant eller noe falskt..... Fortolkningen må treffe noe felles, noe opplevet – det må slå en at det stemmer (Löchen 1993: 48) .

Miljøomsyn i kvardagslivet

- *gamal vin på ny flaske?*

INTRODUKSJON

Miljøomsynet og miljøvernet har historisk og politisk hatt mange uttrykk og virkemiddel. Utover på 1990-talet fikk ein eit stadig større fokus på det private forbruket sin rolle i miljøomsynet. Berekraftig forbruk vart eit viktig omgrep – spesielt i dei rike industrilanda (Methi 2000). Samfunnsvitskapeleg forskning byrja samstundes å bli opptatt av miljømedvit og haldningar til miljøvern. I vidareføringa av dette vart også fokuset etterkvart lagt på forholdet mellom medvit, haldningar og handlingar (Dunlap m.fl. 2000). Utpeikinga av forbruk som eit sentralt område kan sjåast som uttrykk for bruksfokus og individualisering av miljøpolitikken, men kan også vere eit utslag av auka miljømedvit og etisk medvit hjå folk (Bortne m.fl. 2003). Uansett har forbrukerretta satsing i miljøomsynet brei politisk støtte og Bente Halkier skildrar det slik:

”Denne situasjonen er opstået, fordi den offentlige miljødebat siden slutten av 1980’erne har tillagt det enkelte menneske et direkte medansvar for miljøproblemerne i vedkommendes dagligdag. Miljøproblemerne bliver nu i højere grad opfattet som mer grunlæggende samfunsmessige problemer, der kræver helhedsbetragtninger og forebyggende virkemidler i samarbejde med alle typer aktører i samfundet” (Halkier 1998, S. 6).

På slutten av 1980-tallet kom ei bølge av aktivistidear som gikk ut på å sende signaler til produsentar og dagligvarehandelen om kva produkt som var grøne og ikkje³⁹ (Bortne m.fl 2003, Throne Holst 1999, Seippel 2000). Alle som var miljøengasjert på denne tida minnst boikott av vaskemiddel med fosfat, sprayboksar med KFK-gassar, varar med unødig emballasje osv. Nokre av oss byrja sortere søppel sjølv om det ikkje fanst ordningar for det, og byrja å sykle for ikkje å bruke privatbil unødig⁴⁰. Å halde igjen på forbruket vart ei viktig side av dette for mellom anna å ikkje produsere for mykje søppel og forureine omgivnadane. Mykje av desse handlingane var tenkt som symbolske handlinga for sende signal til andre forbrukarar, produsentar og politikarar, og med det få til ei endring mot eit meir miljøvenleg samfunn. Så kom miljømerka varar⁴¹ og dei mest kjende miljøsyndarane vart omtrent borte i daglegvarebutikkane. Vaskemiddel og hårspray kunne kjøpast utan at ein lenger trengte å tenke på miljø. Søppelsorteringsordningar vart innført i mange kommunar, og det var ikkje lenger behov for å legge emballasje igjen i butikkane (SSB 1998). Med søppelsortering kunne ein kaste mat med godt samvit, for mat vart til kompost, papir og kartong vart gjenbrukt, og til og med plast kunne brukast igjen til nye produkt. Også bilane vart mindre miljøskadeleg med at ein fikk motorar som ikkje trengte blyhaldig bensin, og katalysatorar som fjerna mykje av dei skadelege utslippa som bilen sto for (Norsk Petroleumsinstitutt 2001). Alternativet transport til privatbilen vart derfor ikkje lengre like påtrengande som før. Teknologien hadde letta den individuelle aktøren for ansvar. Utover på 1990-talet merka ein at deltakinga i miljøorganisasjonar sankt dramatisk, og miljøproblema vart ein minimal del av politiske debattar i media. Likevel – eller kanskje som ein del av denne trenden - sto trua på personlig endring av livsstil sterk hjå miljøørsla (Halkier 1998, Seippel 2000, Bortne m.fl.2003).

³⁹ Dette var en av grunnene for oppretting av miljøheimevernet i 1991 frå initiativ frå Norges Naturvernforbund

⁴⁰ Sykkelsalget nådde ein topp på 330.000 solgte sykler i 1991. (Syklistenes Landsforening 1997)

⁴¹ I 1989 besluttet Nordisk Ministerråd å innføre en felles, offisiell miljømerking i Norden –dette ble vedtatt i Stortinget samme år (Stiftelsen Miljømerking)

I dette kapitlet vil eg søke å skildre nokre forhold som ligg til grunn for miljøvenleg åtferd i kvardagen og forhold som set grenser for slik åtferd. Mykje av det som kjem fram i kapitlet er kvardagslege vilkår og utfordringar, som kan synast trivielle. Trivialiteten i desse skildringane gjer det likevel ikkje mindre interessant å forstå. Dei viser at små vanar kan vere sentrale i folk sitt forsøk på å handtere dei store spørsmåla i samfunnet. Denne case-studien syner kva vilkår og mekanisme som kan drive handling med ein integrert miljøetikk framover, men også dei mange grenser for miljøomsyn som ligg i kvardagen.

Sett i lys av miljøproblematikken generelt kan kapitlet sjåast som eit døme på korleis ein miljøpolitikk som overfører ansvar for praktisk miljøomsyn til den enkelte kan fortone seg. Med utgangspunkt i kvinner si oppleving og etterleving av miljøkrav i kvardagslivet vil eg skildre kva vilkår som gir føringar og kva som set grensar for miljøomsyn. Problemstillinga er knytt til kva vilkår som ligg til grunn for miljøomsyn i kvardagslivet. Kvardagslivet gir spesielle vilkår som felt der kunnskap og moral er nært samanvevd med praksis og kultur.

KVARDAGSLIVET SOM FELT OG FORTTOLKINGSRAMME

Før eg går inn på den metodiske og empiriske delen av kapitlet vil eg presentere nokre sentrale omgrep og perspektiv som er relevante for å forstå relasjonen mellom kvardagshandlingar og miljøvern. Kvardagslivet vart i sosiologien først søkt omgrepsfesta av tyske sosialfilosofar slik som Husserl, Schütz og Habermas som ”*lebenswelt*” – livsverden (Knowles 2000, Schütz 1951/1978, Habermas 1984). Mange gode analytiske omgrep er knytt til denne forståinga av kvardagslivet og vi skal i det neste sjå på nokre av dei her. Samstundes er kultur, kunnskap og etikk er relevant og eg skal søke å gripe miljøomsynet i kvardagslivet med hjelp av desse omgrepa.

Fordi den primære empirien i kapitlet er henta frå kvinner, kunne eit eksplisitt kvinneperspektiv vore naturleg å bruke. For å gripe feltet sin særeigne

relasjon til miljøomsyn har eg staden valt å nærme meg feltet med bruk av kvardagslivet som analytisk rammeverk. Perspektiva heng uansett nøye saman. Marianne Gullestad (1989) presenterar relasjonen mellom kvinner og kvardagsliv slik:

"Ettersom voksne, mannlige elitepersoner i alle fall er sentrale i historieskriving og samfunnsanalyse, blir hverdagslivsperspektivet likevel på en spesiell måte knyttet til kvinner, barn og "vanlige" mennesker. Å skrive om hverdagslivet er en måte å gi også disse gruppene en plass i samfunnsanalysen og i historien." (Gullestad 1989:17)

Kvardagslivsomgrepet og det beslektta omgrepet "livsverden" sjåast som svært relevant for å forstå miljøomsyn i forbruk og hushald (Schütz 1951 Habermas 1984). Desse to omgrepa er sentrale for den analytiske ramma i kapitlet. Gullestad (1989) meiner at omgrepet kvardagsliv etterkvart ser ut til å erstatte omgrep som lokalsamfunn og nærmiljø, og at omgrepet i tillegg har som desse utopiske overtonar. Omgrepet kvardagsliv har skifta innhald frå å vere ein kontrast til høgtid til å verte eit samlande symbol, eit symbol som inneheld motstridane element og inneheld politiske og mobiliserande potensiale (Gullestad 1989 s.172). To viktige dimensjonar ved omgrepet kvardagsliv er "den daglige organisering av oppgåver og verksemder", og "hverdagslivet som erfaring og livsverden" (Gullestad 1989 s.18). Her trekk ho fram at kvardagslivet ikkje berre er reint praktiske gjeremål som er naudsynte for at hushaldet skal fungere, men også korleis enkeltindividet sjølv oppfattar og tolkar sin kvardag.

Med å bruke kvardagslivet som eit analytisk felt, er det viktig å seie noko om kva som gjer dette feltet særigeit i relasjon til dei andre felta som vert studert i dei andre kapitla. Kvardagslivet brukast for å gjere skilje det frå mellom anna arbeidsliv, næringsliv, og til dels kultur- og friluftsliv. Kvardagslivet vert på sett og vis det udefinerte livet som assosierast med heim og privatliv, og som har med daglege rutinar å gjere. Mykje av det vi assosierer med arbeids- og næringsliv gjeld ikkje for kvardagslivet. Det karakteriserer denne forskjellen er den sosiale ramma som handlingar skjer innafør. Schütz (1951) og seinare Habermas sitt omgrep "livsverda" er fruktbar til å skildre det særigne med kvardagslivets handlingsform.

Schütz understrekar at livsverda har ein egen rasjonalitet som ikkje er den same som vi ser i vitskap og politikk til dømes. Motiv og handling heng ikkje saman på same måte. For å forstå denne type rasjonalitet skil han mellom fordi-motiv og for-at-motiv (Schütz 1962). For at motiv "means the state of affairs, the end, which the action has been undertaken to bring out" (Schütz 1962:69) Mot dette finn vi livsverda sin rasjonalitetsform og motiv som relaterast til meir enn den enkelte handlinga. Det er gjerne slik at fordi-motiva kjem etter handlinga, hevder Schütz (1951). Dei vert ein slags etter-rasjonalisering, ei forklaring på kvifor ein gjorde som ein gjorde (Harste og Mortensen 1996). Slike argument vert gjerne knytt til erfaring og tradisjon. Vi handlar på grunnlag av rutinar og vaner som er overført og gitt legitimitet over generasjonar. Nye grunngevingar kjem til og handlingane justerast, men samstundes er det heilt legitimt å vise til vidareføring av tradisjon. Samstundes pregast kvardagslivet av ei pragmatisk haldning til tilværet (Schütz 1962).

Habermas (1984) har i sitt arbeid gitt uttrykk for at "livsverda" stadig er under press frå systemverda. Livsverda kan hjå Habermas, definerast mellom anna som eit fellesskap av kulturelle og sosiale normer. Meir presist er livsverda ein horisont av kulturelle og sosiale kunnskapar, og individuelle ferdigheitar som på et gitt tidspunkt pregar oss og vår oppfatning om røyndomen. Moralske normer og verdiar har sitt sete i livsverden og legger føringar på korleis vi tenker og handlar og på korleis vi tolkar og vurderer andres handlingar. Livsverden er ein måte å sjå verda på (Fjørtoft og Skorstad 1998). Livsverda reproduserast og vedlikehaldas gjennom sosialiseringa. Men livsverda er ikkje noko statisk. Fordi kulturen stadig får nye impulsar og vi gjer nye erfaringar, vil livsverda være i konstant endring. I og med at vi menneske er forskjellige og har ulike erfaringar er ikkje livsverda identisk hjå alle. I eit moderne pluralistisk samfunn finst det alltid fleire, og til dels motstridene livssyn, kanskje også røyndomsoppfatningar.

Habermas (1984) innfører derfor et omgrep om "systemet" som kontrast til livsverda. System er dei institusjonelle og målstyrte sidene ved samfunnet. Systema består av et sett organiserte, planlagde og leiande handlingsformer.

Klassiske døme på slike handlingsformer finner vi innafor vitenskap, økonomi og politikk. Alle sektorar som underleggast økonomisk og politisk styring blir samtidig underlagt den logikken som pregar systema. Systemet består av grupper og institusjonar som er oppretta for å ta seg av ei avgrensa oppgåve. Dei sosiale relasjonane som pregar systemverden er målstyrt og rasjonelle. “Kolonialisering” av livsverda, som også er eit uttrykk henta frå Habermas, skjer når oppgåver som tradisjonelt er blitt ivaretatt i livsverda vert overtatt av systemet (Habermas 1984, Fjørtoft og Skorstad 1998).

Det kan vere vanskeleg å få tak i skilje mellom livsverda og systemverda i Habermas sin teori, fordi det kan synes som om han snakkar om eit avgrensa geografisk felt. Sjølv om det faktisk kan ligge ei fysisk grense mellom desse verda er det altså snakk om skiljeliner som er knytt til sosiale, kognitive og etiske dimensjonar. Bruken og fortolking av kvardagsliv og livsverd kan i mange samanhenger vere samanfallande, men når det til dømes er snakk om forbrukaråtferd, må vi og ta med i biletet at kvardagslivsaktørane opptrer innafor ramma av den økonomisk systemverda. Dei er marknadsaktørar og handlar til dels innafor den rasjonalitetsforma som gjeld i marknaden, noko som vert tydeleg mellom anna når pris har ein vesentleg tyding på val av varar. Samstundes er det mykje som tyder på at forbrukarane også i aukande grad tenker meir komplekst enn berre pris og lønnsemd når dei vel varar. Både etikk med omsyn til produsentane sine vilkår, miljø og helse kan kome som aspekt i val av kva og kor ein vel å handle forbruksvarar. Det kan likevel vere vanskeleg å skilje ut når og kor folk i kvardagslivet er forbrukarar og når dei ikkje er det, med andre ord når dei opptrer innafor logikken til systemverda og når livsverdslogikken trer i kraft.

Livsverda sjåast eit fellesskap av normer, verdiar og tradisjonar som gjør det mulig for dei ulike samfunnsmedlemma å forstå kvarandre. Det er livsformar og haldningar vi er innforstått med, og som dannar et felles grunnlag når vi kommuniserer og samhandlar med kvarandre (Habermas 1984). Det representerer noko vi ikkje treng å forklare kvarandre ettersom det er nedfelt i vår felles livsform. Det gjeld for så vel kulturelle og sosiale, som moralske kunnskapar. Vår kvardagslege moral har altså eit fundament i ei slik

livsverd. Primærgrupper som familie og hushaldet er ei viktige leverandørar av slike kunnskapar.

Giddens (1991 og 1997) søker å kople kvardagslege gjeremål til den tida vi lever i, og kva som pregar denne. Det moderne samfunn - moderniteten - pregar livet vårt til den minste detalj, meiner Giddens (ibid.). Men det er ikkje slik at det vi gjer er styrt utanfrå, heilt og fullt. Det sein- moderne samfunn gjer også at vi kan og skal velje vår eigen livsstil og dermed vår eigen identitet. Vi blir på sett og vis tvunge til å velje. Moderne refleksivitet heng på det viset saman med at vi dagleg stilles overfor et mangfald av valmuligheiter. I sin mest ekstreme form fører dette til at mønstra for livstil endrast med at talet valmuligheiter utvidast. Vi har ikkje berre ha retten til å vele, men vert nøydt til å måtte foreta stadige meir kompliserte val, valmuligheitene tvingar seg også inn i kvardagslivet. I tidlegare samfunn kopla ein dei fleste gjeremål til tradisjonar, men ein i det moderne samfunn finn krav om refleksjon rundt disse. Kvardagen sine rutinar har ikkje lenger nokon indre forbinding med fortida.

Ein treng likevel ikkje å forkaste tradisjonelle praksisar, berre fordi dei er tradisjonar, seier Giddens (1997):

”Tradisjoner kan rettferdiggjøres, men bare i lys av viten som ikke i seg selv er godtgjort av tradisjonen. I kombinasjon med vanens treghet betyr dette at tradisjonen fortsetter å spille en rolle selv i de mest moderniserte moderne samfunn” (s. 34-35)).

Han hevder vidare at tradisjonen spelar ein mindre rolle enn mange synast å føresette. For rettferdiggjort tradisjon er ”tradisjon i falsk forkledning”, og får sin identitet utelukkande frå moderne refleksivitet.

Colin Campbell (1996) hevdar delvis det same, men legg meir vekt på at vanar og rutinar har ei stor tyding i praktisk handling. Refleksivitet og fornuft har ikkje så stor tyding mange postmodernistar og Rational-choice teoretikarar likar å hevde. I røyndomen er vanar umogeleg å kome utanom, hevdar han. Han påpeiker at det er ulikskap mellom vanar og tradisjonar fordi tradisjonar har ein normativ styrke – det gir ein peikepinn på korleis

ein *burde* handle. Vanar – etter hans tyding er også meir individuelle rutinar, mens tradisjonar er av sosial art (s.163). Likskapen er at det som oftast ikkje fell aktøren inn å handle annleis enn det vanane eller tradisjonane tilseier. Likevel ser han ut til å vere samd med Giddens i at tradisjonar som noko ”ubestrideleg” ikkje lenger dominere samfunnet.

Kvardagslivet pregast altså av eit mangfald av handlingsformar og oppgåver. Når kvardagslivet framstår som usystematisk og komplekst, er det ein utfordring å få klare grep om moglegheiter og grenser for miljøvern i kvardagslivet. Aktivitetar og gjeremål i denne delen av samfunnslivet er mangfaldig, og motivasjonsgrunnlaget likeså. Av den grunn har eg valt å ta utgangspunkt i tre mekanismar som eg meiner er viktige føringar for handling relatert til miljøproblematikk. Det er kunnskap, omtanke og praktiske moglegheiter. For å forstå kvardagslivets kompleksitet er både den kognitive, moralske og strukturelle vilkår for miljøomsyn tatt i med.

HALDNINGAR TIL MILJØ OG FORBRUK - STATISTIKK

Norsk statistikk syner at omkring halvparten av befolkninga ser på seg sjølv som miljømedvitne (Nyberg 1999), men viljen eller mogheita til å handla i tråd med dette er ein god del mindre og varierer sterkt med ulike område. Bekymring for sprøyting av frukt og grønnsaker, gir til dømes ingen retningsliner for korleis dei handlar som forbrukarar. Avfallshandtering er likevel vorte meir vanleg, har auka gjennom 1990-talet, delvis på grunn av at styremaktene har lagt til rette for det. Sjølv om bilismen har auka, var det på første halvdel av 1990 likevel fleire og fleire som lot bilen stå heime (16%) med miljøvern som argument eller motiv (Strandbakken 1995).

Dei nyaste statistikkane (2004) viser at mengda hushaldsavfall har auka til frå 20 kg per innbyggjar i 1992 til 167 kg per innbyggjar i 2003. Avfallsmengda aukar meir enn vareforbruket i hushalda. Samstundes har sorteringa av avfallet auka, slik at nærare halvparten (46 prosent) av alt hushaldsavfallet vart sortert ut for gjenvinning i 2003 (SSB 2004).

Det første som vart vanleg å ta ut av vanleg søppel var papir og glas. I 1995 var det til dømes 39 % som rapporterte at de kjeldesorterte alt papir, og alle-reie året etter var dette talet kome opp i 47 prosent. I 1993 var 42 prosent svært aktive i sortering av avfall generelt. Denne delen auka til 56 prosent i 1995 (Lavik 1997). Auka andel sortering har sjølvsagt med tilbodet å gjere. Mens 52 prosent av befolkninga hadde tilgang til kjeldesortering med hente-system i 1995, hadde dette auka til 77 prosent i 1997 (Statistisk sentralbyrå 1998). Undersøkingar viser også at færre kjeldesorterar glas enn papir (Ny-berg 1999). Dette kan ha samanheng med at henteordningar for papir er meir utbreidd enn henteordningar for glas, og at det difor krev mindre innsats å kjeldesortere papir enn glas, hevder Nyberg (1999). Det er fleire som seier at dei kjeldesorterar der det er henteordningar enn der ein må bringe sjølv. Mens 73 prosent hadde tilgang til kjeldesortering med hentesystem for papir i 1997, var det tilsvarande talet for glas 5,8 prosent (Statistisk sentralbyrå 1998).

Lavik (1997) fortel i sin rapport "Miljøengasjement i endring?" at det for få år sida enno var sjeldan å finne folk som var såkalla miljøvenleg, eller miljøretta i dagligvarebutikkane. Berre 6 prosent svarte at de ofte eller alltid la igjen overflødig emballasje i butikken i 1995 og enda færre i 1996. Det er også få -12 prosent - som konkret såg etter miljøinformasjon i 1996. Same år sa 40 % som at det var sannsynleg at dei ville kjøpe økologisk mjølk i butikken dersom den var tilgjengeleg (Lavik 1997).

Mens forbrukarane sitt miljøengasjement viste ei aukeing på 80-talet, synast den på 1990-talet å vere redusert eller å ha flata ut. Det kan synast som om nordmenn vart meir materialistiske på 1990-talet. Ein vart mindre villig til å redusere forbruk og synte meir motvilje mot inngrep frå styresmaktene (Lavik 1997)

Når det gjelder energieffektivisering/strømsparing har det her skjedd ei auk- ing i sparing frå 1995 til 1996. Mens 24 prosent både hadde installert spare- dusj og alltid/ofte slo av lyset i rom de ikkje oppheldt seg i 1995, var tilsva- rande del auka til 33 prosent i 1996. Dette kan skyldast kraftkrise vi hadde

og sterk auke i elektrisitetsavgiftene, og ulike ENØK-kampanjar om korleis vi kan spare pengar og energi samstundes (Lavik 1997)

Også på andre felt syner liten samanheng mellom miljøhandling og haldning. Om folk kjeldesorterte varierar etter kor praktisk dette var innretta (Lavik 1997). Det var fleire som kjeldesorterta dersom f.eks. papiret vart henta i staden for å måtte levere det sjølv, hevder Lavik. Verdier og syn på politiske tiltak har liten tyding for om ein kjeldesorterar eller ikkje (ibid.)

Ei norsk kvantitativ undersøking frå 2000 omkring forbruk av økologiske varer viste at det var nærare 70% som sa at dei i nokon grad kjøpte økologisk mat. Ved nærare spørsmål viste det seg imidlertid at så lite som 10% som stadfesta at de kjøpte økologisk mat "så ofte eg får tak i". Undersøkinga synte også at kjennskapen til "Debio" sitt Ø-merke var relativt lav: Berre 14% av respondentane kunne angi Ø-merket som merket for godkjent økologisk produksjon blant ulike merker som vart nemnt (Torjusen 2001).

Mange har gjennom forskning på miljøengasjement og forbruk danna kategoriar som skil befolkninga i forhold til grader av medvit og handling. Desse skilja syner at det ikkje alltid er slik at dei ivrigaste er flinkast ut frå "objektive" kriterier. Ei undersøking gjort av Prosus (2004) viser at det dei kallar "dei grøne" bruker litt mindre energi til oppvarming og drift av bustaden enn dei "ordinære". Dei grøne bruker også litt mindre energi til sine kvardagsreiser og også på de lange ferie og fritidsreisene med bil. Derimot bruker dei langt meir energi enn dei ordinære til lange ferie- og fritidsreisene med fly. Omfanget av flyreiser er så stort at dei grøne samla sett kjem ut med det største energiforbruket (Holden og Norland 2004).

Det er som ein kan sjå, vanskelig å seie kor stor del av befolkninga som er miljømedvetne både i haldning og handling. I undersøkingar som tar utgangspunkt i miljømedvit som sjølvrapportert mål, er det vanskeleg å vite nøyaktig kva slags kriterier den enkelte legg til grunn (Skoglund Ramm 1997). Som Skoglund Ramm uttrykker det "Noen vil kanskje mene at de er miljøbevisste ut fra en tanke om at de av og til kjøper miljøvennlig dopapir,

eller er glade i naturen, mens andre vil legge strengare kriterier til grunn” (Skoglund Ramm1997:94)

Når ein ser på dei ulike områda som vedgår kvardagslivet er det også ulike komponentar som styrer haldning og handling. På område kjeldesortering er det etterkvart vorte eit krav frå dei ulike renovasjonsselskapa omkring i landet om at hushalda skal sortere søppel, i tillegg er den praktiske mulegheiten for å gjere dette betre i dag enn for ti år sida. Noko selskap har til og med lagt i bøter for feilsortering. Når det gjeld økologiske matvarer viser undersøkingar at kunnskapen om dette ikkje er tilstrekkeleg for at folk makter å ta det i bruk. Ei undersøking frå SIFO (1999) syner at folk sjølv hevda at dei kjøpe økologiske mjølk og egg i eit område der det ikkje var tilgjengeleg i butikkane. Forskarane Torjusen, Nyberg og Wandal mente det skuldast manglande kunnskap og informasjon. Kombinasjonen kunnskap og praktiske moegelegheiter er derfor sentrale mekanismar for å forstå folk sine praktiske innsatsar på miljøområdet (Torjusen, Nyberg og Wandal 1999).

Med slike kvantitative undersøkingar får ein eit viss bilete av korleis miljømedvit og miljøomsyn er *utbredt* i samfunnet. Men for å forstå kva som ligg bak desse tala er det naudsynt å ta i bruk kvalitative metodar. Bente Halkier (1998) har med sitt arbeid gjort eit utmerka framstøt for å få fram behovet for meir kvalitativ forskning på feltet kvardagsliv og miljø. Hennar argument er at kvantitative undersøkingar er sentrale i denne forskinga, men viser likevel ikkje korleis den enkelte forbruker sitt mangfald av erfaring og praksisar har tyding for miljøomsyn i kvardagen.

MILJØOMSYN I KVARDAGEN - INTERJVUDATA

Datamaterialet er grunnlagt i eit forskingsprosjekt som har gått over lang tid. Kunnskapen om, og interessa for dette feltet bygger på hovudfagsavhandlinga mi om miljøvern og privatbilisme (1991). Det var ein studie av motivasjonsfaktorar som låg til grunn for at unge menneske valde å la bilen stå heime og vele alternative transportformer. Hovudgrunningvinga deira

var miljøomsyn. I etterkant av dette arbeidet har interessa for miljøtema vorte vidareført, mens den faglege og teoretisk er utvida.

Det eg vil bruke mest plass på i denne casestudien er presentasjon av intervju med sju kvinner som sjølv definerer seg som miljøbevisst. Det meste av det materiale som presenterast her er valt ut frå at det handlar om konsumentåtferd, hushaldsarbeid, val i forhold til transport og det som dreier seg om avfallshandtering. Som ein fellesnemnar har eg valt å kalla ramma for desse handlingane for kvardagslivet.

Utvalet av informantane er altså gjort på basis nærleik og tilgang til informantane. Argumenta for å gjere det slik, er også at eg kjenner kva slags butikkar dei har å velje i, og eg kjenner avfallshandteringssystemet og transportsystemet i det område informantane bur. Eg har som tidlegare understreka støtta meg på andrehands datamateriale i kapitlet. Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) er vel det forskingsmiljøet i Noreg som kjer fremst på forholdet miljø og forbruk. Eg vil i hovudsak bruke materiale henta frå desse og andre statistikkjelder for å utdjupe og underbygge utbreiing til dette tema.

I tillegg til at alle var kvinner med høg utdanning (hovudfag eller meir) og var i full jobb, hadde dei alle born under 15 år. Dei var med andre ein del av hushald med fleir enn eit medlem. Dei budde i eit forstadsområde og var i alderen 25-40 år.

Intervjua er analysert ut tema og ikkje som enkeltindivid. Eg har valt å ikkje presentere enkeltstemmer, men som ei felles historie. Det er ikkje deira personlege livsform eg er ute etter, men det bilete intervjua samla sett har gitt.

Miljøomsyn og miljømedvit

Å kartlegge korleis dei definerte miljøomsyn var eit viktig startgrunnlag for arbeidet. Det første desse sju kvinnene vart spurte om, var om det såg på seg sjølve som miljømedvitne, kva dei la i det, og om dei såg seg sjølv som meir

miljømedvitne enn folk flest. Informantane hadde ein oppfatning av seg sjølv som miljømedvitne.

”Ja det trur eg, eg bruker så lite vaskemiddel som mulig, sjekkar innhaldet i sånt. Eg kaster ikkje ting ut av bilruta. Når eg er ute i naturen tar eg med meg søpla heim – bortsett frå fruktskal da - eg syns søppel i naturen er heslig.”

Dei definerte å vere ”miljømedviten” som ein kombinasjon av tanke og handling. Det vil seie at både dei tenkte på miljø i kvardagen og forsøkte å handle i samsvar med dette Dei var likevel opptatt av å understreka at dei ikkje var typiske miljøvernarar.

”Ja, delvis, eg er inga ”miljøvernar” fordi eg ikkje er konsekvent. Har jo oppvaskmaskin, og slurver av og til med søppelsorteringa.”

Dei skilde seg likevel i forhold til om dei trudde dei var meir medvitne enn folk flest, sjølv om dei fleste svarte utvilsamt ja på spørsmålet.

”Ja eg er nok meir miljøbevisst enn folk flest, men eg er ikkje miljøvernar, sånn. Det handlar vel heller om kva eg gjer i kvardagen, har bevisst valt å ikkje ha bil til dømes bruker stort sett kollektiv transport og sykkel. Trur ikkje det er vanleg.”

Spørsmåla vidare gikk meir konkret til verks og informantane svara ut frå fire gitte områder i kvardagen som eg hadde vald ut. Dei valte områda var innkjøp, avfallshandtering, transport og bruk - og kast. Det siste var det ein av informantane som ville snakke om, ho var den første eg snakka med så eg nemnte dette for dei andre også. Eg ser på ”bruk og kast” som eit tema som knyter dei andre områda saman. Det vart også stadfesta av svara.

Miljøvennleg innkjøp.

Forbruk er eit sentralt område i miljøvernssamanheng. I intervjuet var eg ute etter å få tak i deira praksis og tenking rundt innkjøp og forbruk. Samtalene omhandla både om kva dei såg som viktig og kva som var vanskeleg. Her

kom det fram at dette var eit tema med mange grunngevingar, omsyn og motiv.

”Bruker veldig lite eingongsemballasje. Prøver å kjøpe økologisk der det er tilgjengeleg og godt; men eg liker til dømes ikkje økologisk makaroni. Men eg kjører ikkje ekstra rundar for å finne økologisk mat. Handlar ikkje på REMA og RIMI, men på butikkar som har noko økologisk og lokalprodusert mat. Egg frå frittgåande høns er fint. Må tilføye at helse er ein bit i denne vurderingsskåla. Men det blir litt både - og, er ikkje noko helsefrik heller. Puttar nok i meg mykje ”E-stoffar” på laurdagskveldane. Men eg er opptatt av berekraft og miljøvenleg landbruk. Eg synst også at lokalprodusert mat kan vere vel så viktig som økologisk dyrking. Liker ikkje at dei driv og kjører maten fram og tilbake heile landet rundt. Vil gjerne støtte det lokale næringslivet.”

Alle var opptatt av emballasje, og kjøpe varer som ikkje hadde så mykje av det. Omsynet til helse var sentralt, men andre ting fikk også tyding i val av varer. Økologiske varer var også viktig, men ingen såg seg sjølv som heilt gjennomført på det. Nokre kjøpte berre når dei såg det, andre valde å handle på butikkar som hadde eit godt utval av grøne varer. Å ta omsyn til lokalt produserte varer kunne, som sitatet viser, være like viktig som at varene var økologiske.

”Når det gjeld innkjøp tenker eg på emballasje, prøver å få tak i økologisk dyrka mat om det finst som eit alternativ. Har orientert meg om kor dei har slike. Og så får vi tak i lokalt dyrka grønsaker gjennom det å bytte med ei venninne som bor på landet. Ho får fisk og liknande av oss. Eg ser etter til dømes vaskemiddel som er anbefalt av astma og allergiforbundet. Det handlar vel like så mykje om helse.”

Mangfaldet i grunngeving og omsyn kjem også fram i det helseargumentasjonen. I tillegg til det skulle varene gjerne vere produsert på ”rett” vis - både med omsyn til dyrevern og miljø. Det var også viktig at transporten

ikkje medverka til forureining og unødige bruk av ressursar. Når ikkje varene tilfredstillir alle krava, kan det dermed bli eit val mellom ulike omsyn. Vala i slike situasjonar vart ikkje opplevd som moralske dilemma, meir som pragmatiske og praktiske val der og da.

Avfallshandtering

Når det gjeld avfallshandtering, er det imidlertid naudsynt å seie litt om det om sorteringssystemet som var i det området informantane bur. Alle husstandar hadde på den tida tre dunkar for sortering; papir, mat/kompostavfall og restavfall. Rundt om i bustadområda fanst miljøstasjonar med konteinrar for papp (skal ikkje kastes i papirdunken), glas (ikkje hermetikk), plastemballasje, og kler/tekstilar. Ordninga med sortering hadde ved intervju-tidspunktet eksistert over fleire år, men regla for kva som skal sorterast kor har endra seg i løpet av perioden. Dette skuldast at avfallsselskapet har fått nye produkt som kan gjenvinnast. Intervjua dreidde seg så rundt korleis ein kvitter seg med avfall og kva som var lett og vanskeleg på feltet.

”Sorterer søppel, men plastsortering er tungvindt og vanskeleg, må kjøpe det til ein miljøstasjon. Når det ikkje står ein dunk til det utafor huset slurver eg litt.”

Det strukturelle forholda gjorde at dei alle sortera søppel, det var dei – som ei sa; pent nøydte til. Dei gav uttrykk for at det gikk greitt med det som skulle i eigne dunkar, men tungvint med det som måtte fraktast bort.

”Vi er flinke til det, men eg må innrømme at eg lurar litt glas og papp i restavfallet ein gong imellom. Vi har diskusjonar i heimen på dette. Spørsmålet er ofte om det er betre å bruke noko av søpla til brensel – det er ikkje lett å vite. Veit ikkje alltid om eg gjer dette rette, men eg prøver å gjere mitt beste – eg presser meg sjølv litt.”

Igjen ser vi at det finst val mellom det informanten ser på som gode, å sortere eller å brenne. Å bruke avfall til brensel kan også sjåast som gjenbruk og dermed kome inn under ein type miljøomsyn. Her vert svare å gjere sitt bes-

te når ein ikkje veit kva som er det mest rette. Likevel ser det ut til at avfallshandtering har vorte ein rutine, problema oppstår når reglane endrast og meir uvanleg avfall skal sorterast ut. Dei var også opptatt av at dei ikkje skulle produsere så mykje søppel gjennom emballasje og liknande.

Transport

Det tredje tema som var transport var særleg prega av strukturelle forhold, som avstand til arbeid og tilgang til transportmiddel. Dei som budde i nærleiken av arbeidsstaden, svara at dei som regel gikk eller sykla. Grunngevinga varierte imidlertid noko, der miljøomsyn var eitt av fleire argument. Her vart helseargumentet brukt – å gå til jobben vart sett på som god fysisk fostring. Å kombinere fleire gode verdiar gjennom å gå til jobben var også grunner som vart nemnt. Det var ”fint” å kunne kombinere to verdiar gjennom turen til og frå jobb.

”Eg går for det meste til og frå jobb, bruker ikkje bil i den samanhengen. Det har ikkje berre med miljø å gjere, mest egen helse. Men eg likar ikkje unødig bilkjøring. Bruker bil når eg skal frakte meir enn meg sjølv, sånn som tunge varer og ungane til dømes, men ikkje alltid da heller. Været har også noko å seie her. Men eg bruker fly mykje i jobbsamheng – sjølv om eg er klar over at det ikkje er miljøvenleg.”

Transport var eit tema som tydeleg ikkje berre handla om å forflytte seg sjølv, men også eit element ved varene dei valde.

”Eg vil også tilføye ein anna ting når det gjeld transport og det er transport av dei varene vi kjøper i butikken, fram til butikken – meiner eg. Eg er opptatt av at ein ikkje skal drive å frakte varer rundt omkring der det ikkje er naudsynt. Derfor vil eg at det skal stå på varene kor dei kjem frå og kor langt dei er transportert. Dette gjer dei i England; såkalla ”food miles”. Eg synst også dette handlar om helse... jo lengre ein må frakte varene, jo lengre tid tar det før det

kjem i kjøleskåpet hjå meg og jo meir må det konserverast på eit eller anna vis. Det trur eg ikkje er sunt.”

Her ser vi igjen at poenget med transport av varer er eit element i vurderinga. Det handlar tilsynelatande om fleire ting i tillegg til miljøomsyn og forureining. Varetransport var også ein grunn til å støtte det lokal næringslivet, mens den siste også knytte det til helse. Vi skal vidare sjå på transport og bilkjøring.

”Vi har ikkje bil, det er eit bevisst val. Tar buss og sykklar for det meste. Men i låner oss gjerne ein bil når vi skal på tur.”

”Eg kjører lite bil på korte avstandar har gjort eit bevisst val i forhold til bustad, og har derfor kort veg til arbeid. Driv ikkje og kjører ungane på skole og fritidsaktivitetar. Her er motivasjonen både helse og miljø. Men eg kjører likevel ganske mykje. For å kome meg på tur.. ut i naturen osv. Trur eg kjører meir enn miljøvernarar, men mindre enn for flest.”

Haldninga til bilkjøring generelt var også knytt til ressursbruk. Dei synst det verste med ”matpakkekjøring” var at det var sløsing med ressursar.

Sjølv om desse er tydeleg medvitne i forhold til transport og miljø, er dei likevel ikkje konsekvente i eigen handling. Dei har tatt val om at dei i kvardagen trass i at dette kan vere tungvint ikkje skal vere avhengige av privatbilen. Likevel reiste dei med fly og brukte bilen i fritidssamanheng. Her vart det understreka at dei ikkje hadde dei same valmuligheitene når det gjaldt lengre turar.

Bruk og kast

”Eg vil gjerne at du tar med ein fjerde kategori som eg meiner handlar om miljøvern - nemlig bruk og kast” – sa den første eg intervjuar.

Eg valde imidlertid å stille spørsmål om kva dei sjølv reagerte mest på med – noko dei sjølv eller andre gjorde. At eg har valt å kalle dette for bruk og

kast var at dette vart samtaleemne som dei sjølv valte å ta opp. Grunnen til at eg valte å stille dette spørsmålet var at eg dermed fikk fokuset på informantane sin vektlegging og vurdering av sentrale tema. Eg oppdaga fort at dette fikk engasjementet opp hjå informantane. Ein annan fordel med å stille eit slikt spørsmål var at det bant saman dei tema vi allereie hadde snakka om. Ho som tipsa meg om å ta med dette temaet sa:

”Eg synst det er fælt å kaste brukande ting. Når eg ikkje får levere kler her i Bodø har det faktisk hend at eg har sendt det med mi mor til min heimby så ho får levert det på Fretex. Eg liker å gi kler vidare, spesielt ungane sine kler. Eg har snakka om dette før: at ein må tenke på det når ein kjøper ting også.”

Nokre svara at dei enten gav ting til loppemarknad eller også kjøpte ting der. Men ikkje alle hadde like sans for det siste:

”Eg vil jo gjerne ha nye ting, sjølv om det gamle ikkje er heilt utslitne. Slikt som kler og liknande. Å skifte ut til dømes møbler er vanskeleg nå du ikkje blir kvitt det gamle på ein skikkleg måte. Liker ikkje å kaste det heller, men er også glad i nye ting. Har mange gonger bestemt meg for å kaste dei gamle møbla våre fordi eg ikkje liker dei lenger og veit kva eg elles skal gjere med dei, men har ikkje gjort det enda – det er jo for gale.”

Å ta vare på ting som kan brukast igjen var viktig for dei:

”Når det gjeld bruk og kast prøver eg å ta vare på det andre kan gjere bruk av. Kler til ungane bør gå i arv. Har ei sperre mot å kaste ting som kan brukast. Det har eg nok heimefrå. Ting som leiker, kler og møbler kan eg gi bort til dei som kan bruke det.”

Eit døme på kor vanskeleg dette kan vere når ein først startar å ta omsyn til slikt:

”Må seie eg er opprørt over sløsing generelt i samfunnet. Eit døme på dette er når eg skal lage adventskalender til ungen min. Da vil eg ha ein slik som kan brukast om igjen år etter år – helst som er

sjølvklaga. Problemet er kva eg skal putte i kvar enkelt pakke; det skal vere smått, men ikkje slikt som berre brukast ein gong. Det skal ikkje vere dyrt - da sender eg feil signal – det har jo med oppdraging å gjere også. Ein moglegheit er å putte delar som til slutt blir noko skikkeleg, til dømes puslespillbrikker eller legoklossar. Det siste er litt vanskeleg for da må eg sortere dei slik at dei kjem i rett rekkefølge og kan settast i hop etterkvart. Sokkar og truser er ei anna løysing, det har dei jo bruk for, men det er litt kjedelig. Nei, det er ikkje lett.”

Som ei av informantane uttrykte det:

”Eg reagerer spesielt på sløsing av elektrisitet: sånn som oppvarming av gater, hyttepalass og liknande. Må seie eg er opprørt over sløsing generelt i samfunnet.”

Det var berre ei som uttrykte glede når folk gjorde det ho oppfatta som godt. Ho sa det slik:

”... Men eg kan bli litt glad når eg ser at folk har innarbeida rutinar som er miljøvenlege.”

”... Elles så synst eg at det å kaste mat stikker ekstra djupt, eg syns det er ekkelt med dei matberga ein ser til dømes på grensebutikkane i Sverige. Alt sånn overflodsgreier er ei påminning på at vi fråtsar.”

Alle hadde noko dei reagerte på og at grunngevinga i hovudsak gikk på sløsing av ressursar. Unødig småkjøring, ”bruk og kast” - mentalitet, forsøpling av nær - og naturmiljøet osv. Her var det også sterke uttrykk som at dei synst det er ”vulgært”, ”ekfelt” eller ”kraftig irriterande”.

Hindringar, konflikt og etikk

I intervjuet søkte eg å gripe tak i kva vilkår som låg til grunn for miljøomsyn i kvardagen. Det to neste spørsmåla var viktig å så måte og omhandla både

positive og negative vilkår. Dei vart spurde om dei såg nokre mulege eller eksisterande tiltak/vilkår som gjorde det vanskeleg å ta miljøomsyn og om kva som kunne gjere eller gjorde det lettare. På dette svara dei først som forbrukarar at for høge prisar, vanskeleg tilgang (til varer og tenester) og manglande informasjon gjorde det vanskeleg.

”Eigentleg trur eg ikkje det er så vanskeleg, ein blir litt sløv. Det er komfortabelt å la vere nokon gon det handlar vel om at vi vil ha det lettvent.”

”Det kan sjølvst sagt vere konfliktfylt innimellom - når det gjeld bilkjøring kan det vere upraktisk å la vere, men eg opplever det ikkje som vanskeleg. Søppelsortering er tungvent når det må kjørast.”

At det praktiske er viktig for å tilpasse alle gjeremål har også med mulighet å gjere.

”Det er heller ofte eit tidsspørsmål. Og så det med vanane, når du har vent deg til eit merke på ein vare er det så enkelt å halde seg til det.”

Samstundes gav dei uttrykk for dei synst dette var for lettvente påskot til ikkje å to miljøomsyn. Og med det at betre og billigare miljøvenlege varer og tenester hadde gjort det lettare.

”Ja, ein kunne jo få billegare økologiske varer...Men eg synst først og fremst at det handlar om å ta eit personleg ansvar.. Eg synst godt at strøm kan vere dyrt og eg er veldig tilhenger av høge bensinavgifter. Men vi kunne jo da få betre og billegare kollektivtransport.”

Etterkvart som dei tenkte seg om kom dei også med at innordning av vanar var viktig og gjorde kvardagen lettare.

”Nye ordningar gjør det tungvent, sånn som til dømes søppelsorteringa vi har no. Men no har vi fått det inn i rutine og da er det lettare. Nå vi har gjester som bur hjå oss må eg gå gjennom søpla.”

I tillegg understreka dei at endringar, i informasjon eller muligheiter kunne komplisere dette igjen. Høvet til å kombinere miljøvern med andre gode var også eit poeng som vart understreka. Det vart mellom anna uttrykt slik:

”Det som gjer det lett å vere miljøvenleg er når ein kan kombinere det med noko hyggeleg og positivt sånn som til dømes bær - og sopp-lukking.”

På spørsmålet om det hende dei opplevde at omsynet til miljøet kom i konflikt med verdiar eller praktiske gjeremål i kvardagen, kom for min del den største overraskinga. Her var det ingen som såg særleg tunge verdikonfliktar, berre praktiske utfordringar. Det hadde med at miljøvern i kvardagen kunne vere tungvint og tidkrevjande. Svara hadde mange felles trekk:

*”Konfliktane ein opplever i kvardagen har med lettvintskap og trav-
velheit å gjere... .”*

At kvardagen skulle vere praktisk gjennomførar var sjølvstakt viktig:

*” Ja, når det blir for upraktisk, sånn som at ein må kjøre plastavfall
til miljøstasjonar .”*

Men det betydde ikkje at dei sleit med grunnleggande moralske konfliktar til dagleg:

*” Når det gjeld bilkjøring kan det ver upraktisk å la vere, men eg
opplever det ikkje som vanskeleg.”*

I intervjuet vart dei direkte spurt om dei opplevde moralske konfliktar i forholdet mellom å ta miljøomsyn og praktiske omsyn. På dette spørsmål fikk eg få utdjupa svar – berre eit klart ”nei”. Enten så såg dei dette ikkje som ein konflikt, eller så såg dei det ikkje som grunnleggande konfliktar. Det virka heller ikkje som det var noko mønster kva som til slutt vart utslaget, miljø eller det mest praktiske. Nokre gonger tok dei seg tid til å gjere det dei

oppfatta som miljøvenleg og andre gonger vart det for tungvindt. Dei hadde i høg grad eit pragmatisk forhold til dette.

Likevel sa dei seg samde i at dette hadde noko med etikk å gjere. Grunn-
gjevinga for det var litt ulik, sjølv om alle meinte at etikk var svært relevant.
Ei av dei sa det slik:

*”Ja det vil eg seie, det handlar jo om korleis ein vel å leve og om
forholdet til dei og det ein har rundt seg. Det står jo som ein kontrast
til forbrukarmentaliteten. ...”*

Ei anna meinte etikk var sentralt fordi...

*”... det har med verdiar å gjere. Kva som er rette måtar å leve på.
Det handlar om ei plikt vi har og om plikt har med moral å gjere
så... Ein lærer seg etterkvart kva som er rett og galt.”*

Kunnskap

Det neste tema var kunnskap om miljø og miljøvern og om dei såg det som viktig. Alle meinte at kunnskap var naudsynt. Dei assosiera ulike ting med kunnskap, nokre tenkte på rein vareinformasjon, mens andre kopla det til overordna kunnskap og ideologi. Nokre såg både/og:

Det handlar både om praktisk kunnskap slikt som sortering og om overordna kunnskap om miljø for å bli merksam på problemet. Usikker kunnskap gir rom for påskot og forklaringar på kvifor ein ikkje er miljøvenleg

Mange var opptatt av grunnlaget for kunnskap, og at deira eigen bakgrunn låg til rette for å få til miljøvern i praksis.

*” Eg meiner oppdraging er viktig. Eg trur denne typen kunnskap er
kumulativ: Eg trur eg veit mykje meir enn mor mi om dette no, men
det var ho som la grunnlaget hjå meg. ”*

Dei fleste mente også at dei hadde god kunnskap sjølve. Likevel sakna dei informasjon om varer og tenester som gjorde kvardagen lettare.

”Det handlar om å sette informasjonen i system. Slikt som kva som er skadeleg for kropp og natur.”

”Kunnskap er viktig, derfor er tillit til den informasjonen ein får også viktig. Ein må føle seg trygg på at ikkje til dømes merking av varer berre er eit framstøyt for å auke salet.

At informasjon og kunnskap er viktig viser jo til dømes dette nye at bomull ikkje er så bra. Produksjonen fortrenger matvareproduksjon, det forureinar, og det er visst eit kjempestort forbruk av vann for dette. Vi må få vite meir om dei forholda som finst der varene vi kjøper vert produsert så vi veit kva vi kjøper. Kunnskap er viktig også når ein tenker på skolen, kanskje kan skolen gjere miljøvernproblematikk til allmennkunnskap, ikkje berre spesialkunnskap.”

At ulike formar for kunnskap var naudsynt vart også understreka.

”Det handlar både om praktisk kunnskap slikt som sortering og om overordna kunnskap om miljø for å bli merksam på problemet. Usikker kunnskap gir rom for påskot og forklaringar på kvifor ein ikkje er miljøvenleg.”

Oppsummering– tradisjon og kompleksitet

Det mest påtakelege med dei svara eg har fått frå dei kvinnene eg har snakka med, er kor mange omsyn dei seier at dei prøver å ta i sine kvardagslege gjeremål. Å handle mat, og lage den og kor ein skal gjere med restane, handlar ikkje berre om smak og kosthald, tid, pris og kvalitet. Det handlar om å ta omsyn til miljøet, og det skal vere ei oppdraging i det heile. Å vaske tøy handlar sjølv sagt om å få tøyet reint, men samstundes skal ein ikkje forureine eller bruke for mykje energi. Ikkje alle tenker på alle desse aspekta ved kvar ei handling, men alle gav uttrykk for at dei tok omsyn til fleire aspekt ved deira gjeremål.

Fleire understreka at det å få rutine på mykje av dette gjorde at det gikk av seg sjølv, men dei fekk ei god kjensle av at det fungerte og ei dårlig kjensle når ikkje alle sidene vart tatt omsyn til.

Eit anna poeng eg vil framheve frå desse intervjua er at fleire påpeka deira egna oppvekst og at dei vidareførte verdiar frå deira mødrer særskilt. Ein sterk motivasjon som kan knytast til ein puritansk nøysemd er ynskje å ta vare på ting som kan brukast igjen og ein sterk motstand mot sløsing. Dette går på mange ulike felt nokre snakkar om kort alt det er å kaste mat, andre reagerer på til dømes at ungane i dag har for mange leiker, mens sløsing med elektrisitet er eit anna døme på åtfærd dei reagerer på.

Kvardagsmiljøvernarane her ser ikkje på seg sjølv som aktivistar. Dei prøver likevel å handle miljøvennleg fordi dei meiner det er den riktige ting å gjera. Dei kjøper gjerne øko-produkt der det er tilgjengeleg og synleg, sjølv om det er litt dyrare enn andre produkt. Det er viktig å sjå etter miljømerka varer og dei prøver å ta alternative transportmiddel til og frå arbeid og skule. Handtering av avfall er også viktig, og dei prøver å minimere bruk av plastikk og unødvendig emballasje.

Informantane oppgav at dei hadde rimeleg god kunnskap om miljøproblema og kva desse skuldas. Dei såg likevel ikkje bort frå at denne åtfærd ikkje berre er retta mot globale miljøproblem, men også lokale og deira eigen helse. Dette gjeld både i kjøp av matvarer og val av transportmiddel. Sjølv om dei visste at deira bidrag til globale miljøproblem var for nesten ingenting å rekne, verken i positiv eller negativ retning, meinte dei at dette var det rette å gjere. Andre folk sin manglande positive bidrag redusera ikkje deira motivasjon, nokre av dei sa til og med at dess mindre andre gjorde dess meir måtte dei sjølv gjere. Likevel meinte dei det hjalp på motivasjonen når ein såg at andre også tok miljøomsyn. Sjølv om dei gav uttrykk for eit slags sosialt ansvar for å handle miljøvennleg, gjorde ikkje denne gruppa dette for einkvar pris. Om det vart for slitsamt, ubehageleg eller dyrt til dømes, valde dei det praktiske – eller mest gjennomførbart. Dei var ikkje villige til å la kvardagen bli for tungvint. Likevel hendte det at dei fikk dårleg samvit om dei slurvar eller valde komfort i staden.

I fortsettinga her skal eg sjå på nokre vilkår som der ut til å måtte vere til stades for miljøvenleg handling i kvardagslivet. Desse tre vilkåra har eg kalla kunnskap, omtanke/vilje (å bry seg om) og mogelegheit.

KUNNSKAP, OMTANKE OG MOGELEGHEIT – ANALYTISKE DIMENSJONAR

Gjennom studien av vilkår i kvardagslivet for miljøvennleg åtferd har vi altså funne tre sosiale mekanismar som ser ut til å vere fundamentale. Vi skal sjå på dette tre mekanismane her. Først kunnskap, som lenge vart sett på som den mest grunnleggjande faktoren i haldningskampanjar og utdanning.

Kunnskap

Som tidlegare nemnt er ofte kunnskap og medvit vorte diskutert i miljøsociologi (Dunlap m.fl.2000). Lenge var ein opptatt av å få *merksemd* mot miljøproblema (ibid.). I denne prosessen har informasjon, spesielt av naturvitenskapleg art, stått sentralt (Buttel 1996). Ettersom fokuset på miljømedvit har auka både politisk og vitenskapleg, har også interessa rundt kunnskapsutvikling auka.

”Upresis eller utilstrekkelig informasjon er for mange menneske den største hindringen for å forstå den nære sammenhengen mellom menneskelig aktivitet og organisering, utviklingsmuligheter og naturmiljøet. Det er derfor nødvendig å auke folks bevissthet og engasjement for å finne løsnings på miljø- og utviklingsproblema.[..]Utdanning for kunnskap og kan bidra til å gi folk miljømessig og etisk bevissthet, påvirke verdier og holdninger, ferdigheter og atferd som er nødvendig for bærekraftig utvikling. (Prosus 2003: Kapittel 36.)

Type kunnskap kan til dømes dreie seg om den har eit teknisk innhald eller meir fundert i samfunnsforhold. Teknisk- naturvitskapeleg kunnskap er til dømes det som handlar om handtering av giftig avfall, mens sosialt fundert kunnskap er knytt til eit breiare perspektiv om årsaker og effektar av slikt avfall, om korleis produksjon og fordeling er satt i system.

Miljøvenlege handlingar kan imidlertid også vere handlingar som tidlegare vart sett på som vanlege kvardagslig åtferd utan å sette ein spesiell grøn merkelapp på dei. Innafor miljøvern er ein etterkvart vorte merksame på at dei også har miljøvennlege dimensjonar ved seg. Kunnskap om miljøvern gir "gamal" (tradisjonell) åtferd ny mening. Dermed kan ein også kople denne type kunnskap til erfaringskunnskap eller praktisk kunnskap, og ein meir narrativ kunnskap – basert på forteljingar frå andre osb. Denne typen kunnskap er likevel avhengig av at ein kjenner dei "nye" krava til miljøvenleg åtferd, og har kjennskap til kva årsaker og verknader til dømer forureining har. Derfor er miljøkunnskap sentrale i motivasjonsprosessane i denne samanhengen. Lester Milbraith (1989) har understreka sosial læring som ein sentral faktor for eit berekraftig samfunn. Kunnskap eller læring om miljøvern og miljøproblem er naudsynt for å få eit medvit om dei. Dette caset syner også at det kognitive aspektet er viktig, men også at det ikkje er tilstrekkeleg for å utløyse miljøvenlege handlingar. Kunnskap ikkje er nokon garanti for at folk tar miljøomsyn i praksis. Poenget er likevel at kunnskapen må vere til stades for at ein skal kunne sette handlingar og praksisar inn i ein miljøvenleg samanheng. Om denne kunnskapen må vere knytt til ny informasjon er ein annan sak. Praktisk kunnskap om korleis ein handterer hushaldet kan vere av gamal årgang, sjølv om legitimeringa skjer i nye rammer. Her er eg tilbake til det første eg sa i dette avsnittet nemleg at ein også finn aspektar av miljøvern i gamle normer for åtferd, slik som til dømes at ein ikkje skal kaste mat og plastposar utan at ein har brukt dei minst to gonger (t.d. til både bærepose og søppelposar). Fleire informantar fortalte om mødre og bestemor som vaska plastposane for å nytte dei om igjen.

Ut frå dei intervjuar eg har gjort og andre undersøkingar på same feltet (sjå t.d. Methi, 2000) viser det seg at kunnskap er viktig. Jo meir opptatt ein er av å vere miljømedvitne jo meir synst ein kunnskap er sentralt. Det er sann-

synlegvis ein generell og rasjonell kunnskapsform som vektleggast meir, jo meir ein er opptatt av miljøomsyn. Den typen kunnskap som kom tydlegast fram i intervjuet var knytt til situasjonsavhengig kvardagslivskunnskap. Dei fleste kvinnene i mitt materiale viste til at dei var oppdratt til å tenke miljøbevisst sjølv om det ikkje vart kalla det i deira barndom. Det dei sikta til var at dei skulle vere nøysame og tenke helse. Denne kunnskapen var innebygd i praksis, den var til stades i aktivitetane ved kjøkkenbenken så å seie. I tillegg viste deg seg at helsemotiva kunne lett kombinerast med det miljøvenlege, til dømes når det gjaldt transport og økologiske matvarer. Nøysemda kunne omsettast til miljøvenleg åtferd i tilknytning til redusert forbruk av varer og elektrisitet. Dermed kan det synast som om kunnskap må bygge på noko som er der ”frå før” både eit praktisk og eit kognitiv grunnlag. Når miljøvern passer inn i det ”regime” som allereie herskar i heimen ser det ut til at det har lettare for å feste seg. Dette er likevel uløysleg knytt til det verdigrunnlaget forbrukaren har med seg. Bruk og kast var til dels oppfatta som vulgært og opprørande. Og her kjem motivasjonsgrunnlaget inn. Som eit tillegg til kunnskap handlar dette om å ville noko. Som handlingsmotiv må kunnskap og sjåast i relasjon til aktøren sine eigne mål, meiningar og verdiar. Her kjem omtanke som ein vesentleg mekanisme.

Omtanke og vilje

Kunnskap naudsynt, men ikkje tilstrekkeleg for å ta miljøomsyn. For å handle i samsvar med det ein har lært, må ein også sjå miljøaspektet som viktig i seg sjølv. Otte for miljøet og det å bry seg om naturen er ein sentral motiveringsfaktor så lenge det ikkje finst sanksjonerte normer å forholde seg til. Verdiorienteringa i miljøvenleg åtferd gjer dei relevante i forhold til etikk og moral. Å bry seg om eller otte for nokon er i denne samanhengen relatert til anten menneske, dyr eller planeten vår i seg sjølv, eller til alt levande.

Dette vart understreka av informantane i intervjuet, dei meinte det handla om moral og kva slags liv vi ville leve. Samstundes vart det også understreka at det handla om korleis dei ikkje ville leve, og kva slags samfunn dei ikkje ville ha. Da er vi tilbake til det som eg i det førre avsnittet knytta til bruk og

kast mentaliteten, og sløsing. Deira understreking av at dei synst samfunnets sin sløsing med gode var forkasteleg må sjåast som ein viktig motivasjonsfaktor her. Deira bilete av korleis dei ikkje ville ha det, vart omsett til ein sterk vilje hjå dei. Dette kan forståast i lys av det nokre vil kalle dygd og andre vil kalle karakter (Aristoteles 1985, Campbell 1996). Campbell skildrar dette som eit aspekt ved åtferd som er søkt kontrollert av vilje og er moralsk signifikant (Campbell 1996 s. 153).

Miljøomsyn og andre omsyn fell på mange områder saman. Det gjeld til dømes på områder som helse og økonomi. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at haldningane kan assosierast med eit puritansk etikkgrunnlag som informantane gav uttrykk for å ha vorte oppdratt innafor⁴². Sjølv om det ikkje er religiøst grunngeve sit nøysemd som verdi relativt sterkt og kunne kombinert med miljømedvit. Her finst det nok forskjellar mellom generasjonar (sjå Ødven (1997)). Også andre muligheiter til å kombinere verdier er sentrale. Eit døme er når det kan knytast til deira oppdraging av eigne ungar, dei ville lære ungane nøysemd. Å spare pengar var også ein viktig faktor, i til dømes innkjøp, gjenbruk og det å spare strøm. At åtferd som i tillegg til å vere miljøvenlege, også er helsefremjande, er viktig. Det gjeld som vi har vist før både økologisk mat og valet om å bruke beina i staden for bilen til og frå jobb. Dette vert understøtta av andre undersøkingar. Nyberg (1999) syner at helse er det vanligaste motivet (48 %) når det gjeld kjøp av økologisk mat. Miljøomsyn kjem på andre plass her, med berre 23 prosent (Nyberg 1999).

Mange undersøkingar viser at miljøpolitiske aktivitetar heng saman med grad av miljømedvit (Nyberg 1997, Zavestoski 2001, Skoglund Ramm

⁴² Botvar (1996) har diskutert påstanden til Lynn White (1967) om at vestleg kristendom, og særleg protestantisme, fremjar miljøfiendtelege haldningar. Botvar syner at nyreligiositet har moderat positiv effekt på miljøåtferd, medan folkereligiositet har sterkast forklaringskraft på miljøvernåtferd. Ein av konklusjonane vart likevel at forholdet mellom religion og miljøvern er meir komplekst og uklårt enn det som vert hevda i mykje av forskingslitteraturen kring miljøspørsmål (Botvar 1996).

1997, Methi 2000). Men det er forskjell på å vere miljøpolitisk aktiv og å ta miljøomsyn i kvardagen. Nyberg viser at søppelsortering er meir avhengig av tilgang, enn av engasjement (Nyberg 1997). Her kjem vi imidlertid inn på meir praktiske fordelar eller ulemper av å handle miljøvennleg. Praktiske muligheiter kan vere vel så viktig som kunnskap og vilje.

Muligheit- eller ein ”dyd av nødvendighet”?

Ein etterkvart vanleg miljøvernpolitikk har til i dag vore å bruke lover og reguleringar gjennom forbod og påbod i tillegg til grønne skattar og avgifter. Strukturelle endringar som gjer det lettare å handle miljøvennleg er også viktige. Dette kan innebere metodar og tekniskar som ein kan ha, og har tilgang til. Det gjeld også tilgang til varer og tenester i sin heilskap, som til dømes varer og tenester som har ein viss miljøvennleg garanti (varemerking osv.). Mogelegheit til å finne rimelege alternative måtar å handle ut frå kunnskap og omtanke ser ut til å vere viktig for mange. I ein strevsam kvardag kjenner mange at strukturar tvingar ein inn eit livsstil som stir i mot eiga overtyding. Om det er reell strukturtvang eller om strukturane verkar førande kan vel diskuteras⁴³. Likevel er det utvilsamt at god og rimeleg kollektivt transporttilbod, opplegg som legg til rette for sortering av søppel, og tilbod om grønne matvarer gjer det lettare å leve i samsvar med vilje til og kunnskap om miljøomsyn.

Nina Methi (2000) syner i sin forskingsrapport, at manglande tilrettelegging er det som er mest demotiverande på det ho kallar ”den vanlege forbrukaren”⁴⁴. Når det kjem til dei miljøbevisste, syner ho at dette ikkje påverkar dei like sterkt. Ho seier dei ‘miljøinteresserte’ ikkje syns like apatiske og nedtrykt, men meir trena i å takle det komplekse. Dette vert også understre-

⁴³ Kolbenstvedt og Vibe (1991) tok opp dette spørsmål i tilknytning til bilbruk og viste at det som ofte vart opplevd som systemtvang, ikkje var tvingande men førande i kvardagen. Ein kunne til dømes vele å ikkje dra på tur når ein var avhengig av bil eller fly.

⁴⁴ Methi gjer eit analytisk skilje mellom dei vanlege og dei miljøinteresserte

ka i dei intervjuar eg gjorde, dei såg ikkje konfliktane som særleg hemmande. Problema med at det er tungvint og til tidar upraktisk hadde eg venta skulle bli understreka av informantane, men det plaga dei tydeligvis ikkje. Dei tilpassa heller kvardagen til mange og ulike verdiar og gjeremål. Då eg spurte mine informantar om kva som gjorde det vanskeleg å vere miljøvennleg gav dei tydeleg inntrykk av dei oppfatta det dei sjølv sa som munnhell, som om dei var på sett og vis var forplikta til å nemne det. Dei var meir opptatt av at dei sjølv måtte lage seg rutinar og vanar som gjorde kvardagen lettare. Likevel såg dei sjølv sagt høve til at samfunnet rundt dei kunne gjere dette arbeidet mindre tungvint.

Forholdet mellom vanar og moral har vore spesielt framheva i den amerikanske pragmatismen. John Dewey (1988/1922) uttrykker det slik:

“As habitual creatures we must walk a fine line between (a) blindly letting habits have their sway, and (b) constantly evaluating them. Neither option is optimal. We can plod through life, mindlessly absorbing the habits of our culture, and never intentionally changing them. Or, we may become so interested "in the delights of reflection; we become afraid of assuming the responsibilities of decisive choice and action . . . " (Dewey 1988/1922: 137)

Vanar er knytt til praktiske mogelegheiter, dei er på sett og vi praksis i andre orden; grunnlagt i gjentatte praksisar (Gadamer 1975 i LaFollette 2000)

Dei tre mekanismane eg no har trekt fram som sentrale i å forstå kvardagsmiljøvernaren kan også sjåast i samanheng med uttrykket ”tenk globalt, handle lokalt”. Om det å tenke globalt også tyder å ha viten og vilje og at handling lokalt tyder å ha mogelegheit til å gjere noko på heimebane er dette eit godt uttrykk for det same.

KULTURELLE FAKTORAR

Sosiale normer om akseptabel åferd er sterkt knytt til kultur. Kva som vert rekna som miljøvenleg innan forbruk og i hushaldet generelt er ikkje gitt ein

gong for alle. Mary Douglas sin analyse av det "ureine" og tabuførestillingar i ulike samfunn frå boka "Purity and Danger" (1984) er interessant her. Eg skal her vise til hennar arbeid for så å bruke det på mitt materiale.

Douglas knyter omgrepa "reinsemd" og "farar" til kulturelt og sosialt avhengige førestillingar. Hun meiner at det som er skittent (dirt) ikkje er absolutt, og at ideane om ureinskap knyter seg til to nivå i samfunnslivet, - det instrumentelle og det ekspressive. Desse førestillingane held samfunnsordenen vedlike. Angst for å handle utanfor det legitime gjer folk til gode borgarar i samfunnet. I tillegg har formidlinga av det farlige og ureine ein symbolsk kraft, den formidlar også tilknytning til system, seier Douglas (s.3). Det Douglas analyserer er det som ofte vert kalla primitive samfunn i sin undersøking av korleis idear om reinsemd og ureinsemd endrast og skapast. Hun knyter ideen om ureinsemd (pollution) til to ting. For det første tanken på hygiene, og det andre er respekten for skikk og bruk. I den siste samband trekker hun også inn førestillingar om kva som er "hellig" i motsetning til det ureine. Vidare seier ho at ureinsemd i noen tilfeller også kan knyttes til moralske koder og viser blant anna til at førestillingar om reinsemd kan forenkle moralske konflikter. Handlingar kan oppprioriterast moralsk ved å vise til deira "reinsemd" i forhold til andre forureinande handlingar. Moralsk fordømming eller indignasjon over ein handling kan ha ein avskrekkande effekt, meiner Douglas. Tabuførestillingar inneberer altså ein makt (power) over det handlande mennesket (s.94).

Dei kodane og normene som mine informantar held seg til er like på mange vis, og skil seg delvis frå normer om kva som er miljøetisk riktig i andre samfunn. Eit døme på dette er mellom anna eit velkjent trekk frå miljøinteresserte i USA kor bilkjøring som oftast ikkje reknast som miljøetisk ufor-svarlig, mens fyring med bjørkeved er eit teken på låg miljømedvit⁴⁵. Øko-

⁴⁵ Eit anna døme er frå eigen erfaring frå besøk heime hjå nokre franskmenn, der dei stolt serverte biodynamisk iskrem (direkte frå produsent) i små plastesker med isoporesker utanpå. Sjølv understreka dei kor viktig det var å vere miljømedvitne når det gjaldt mat. Som den naive norske eg var, spurte eg om dei levera inn emballasjen til produsenten etter bruk, og fikk eit dusin spørjande auge på meg. Det hadde dei ikkje tenkt på – svara

Fortsetter neste side

logisk eller biodynamisk mat har ikkje vore det mest dominerande i den norske miljødiskursen, inntil nyleg, mens emballasje returordningar for avfall har stått relativt sentralt (Methi 2000). Dette er døme på at kva som til ei kvar tid sjåast som miljøvenleg og miljøetisk er kulturelt avhenging. Mens unødig og forureinande emballasje og privatbilisme har vore sentralt i den norske miljødiskursen, har ikkje dei same handlingane vore vurdert likeins i andre samfunn sine miljødiskursar. Førestillingar om det ureine og det reine er altså eit klart kulturelt fenomen.

Kulturell kapital, estetikk og etikk

Kvinnene som eg intervjuar var opptatt av å ta avstand frå fråsing, sløsing, og "bruk og kast"- mentalitet. Dette vert skildra både som "usmakeleg", men også "umoralsk". Ein som har påpeka at måten ein lever livet på – eins praksis- har tyding for våre haldningar, er Pierre Bourdieu. Bourdieu (1995) presenterer ein kritisk analyse av dei borgelege sin avsmak for det "lettevinte". I den borgelege etikken og estetikken kjem det fram ein "fysisk" reaksjon – ein magereaksjon - kor folk uttrykker kvalme og liknande for alt som er lettvtint i kunst- og kulturlivet. Sjølv om han her primært snakkar om kunst, kan dette også overførast til forbruksmentalitet som er i nær slektskap til nyting av kunst. Det prangande og overflatiske er ikkje attråverdig hjå dei borgelege, fordi det mellom anna viser mangel på refleksjon og mental motstand. Den reine smaken, og smaken som ligg i refleksjonen, står dermed i motsetnad til den smaken som sansane og det umiddelbart attraktive gir (Bourdieu 1995).

Informantane mine tilhøyrrer alle samfunnsgrupper med høg utdanning og kan dermed koplatt til borgarskapet med høg kulturell kapital. Deira uttrykk for motstand mot ein forbruksmentalitet og sløsing var slåande lik den avsmak Bourdieu skildrar. Bourdieu har med sin analyse av dette eit anna budskap enn det eg har – nemlig ein kritikk av denne "reine smaken". I mitt arbeid er kanskje den reine smaken, når den blir knytt til miljøomsyn, meir

dei. Nei, emballasje var dei ikkje opptatt av, men "rein" mat derimot, var svært sentralt. Det slo meg da at dette er på mange vis motsett av dei trendane vi har hatt i Norge.

moralsk attråverdig, enn det Bourdieu gir uttrykk for. Likevel kan det gi ein fruktbar analyse av kva kulturell basis som avstanden til sløseri og stort forbruk, som ligg hjå informantgruppa mi. Den kan gi ein forsterka motivasjon til å vere fråhaldne frå den auka forbruksmentaliteten ein har sett hjå nokre samfunnsgrupper dei seinare åra.

Tilhøyre til ei samfunnsgruppe eller klasse er kanskje likevel ikkje den mest sentrale sosiale mekanismen for miljøomsyn i kvardagen. Ein kan heller sjå det som ein av mange faktorar som gir slik åtferd aksept, og dermed skaper mindre sosial og moralsk motstand. Tilhøyre til ein klassekultur som har eit "kompatibelt" normativt grunnlag med miljøomsyn, gjer det lettare å integriere dette i praksis, men er likevel ikkje naudsynt. I tråd med ei av problemstillingane mine, er dette altså eit av vilkåra som har tyding for at moralske overtydingar kan etterlevast i praksis.

Ei anna forklaring på samanhengen mellom miljøomsyn og klassetilhøyre finn ein i Dickens (1992). Han meiner at dette i tillegg kan skuldast at "the less well-paid but better educated middleclass" vel å ikkje ha eit høgt forbruksnivå (Dickens 1992 s.162) Kombinasjonen av høg kulturell kapital med ein relativt låg materiell kapital gir god innpass til miljøomsyn. Dei har rett og slett ikkje råd til å sløse (ibid.).

MILJØOMSYN I KVAR DAGSLIVET

Kva vilkår er vesentleg i forhold til det å handle miljøvenleg i kvardagen? For det første ser det ut til og er per definisjon, at kunnskap og erkjenning i forhold til samfunnsforhold, natur og miljø er sentral. Læring om miljøproblem er ein viktig faktor, men berre ein av fleire faktorar. Dei kognitive elementa knyter folk sin otte til mogelege handlingar, men da må omtanke og høve vere til stades. Motiveringa kjem først og fremst frå omtanke og bekymring. Det er den mekanismen i handlinga og knytast til den moralske dimensjonen ved handlinga. Å ha omsorg for neste generasjon, for dyr og anna liv er sterke motiveringsfaktorar for handle miljøvenleg. Den utløyssande faktoren er imidlertid koplinga til praksis og erfaring med miljøomsyn i praksis. Det ser ut som om både viten og vilje er naudsynt, men ikkje til-

strekkeleg – praksis gjennom vante handlingar utløyser miljøomsyn i like stor grad.

Men etikk og moral er ikkje kopla frå politiske tiltak, heller ikkje frå marknaden og det økonomiske liv. Politikk eller samfunnsordningar kan sjåast som bindeledd mellom individet og samfunnet. Dette må koplast til dette tredje elementet som kan seiast å vere det strukturelle og politiske tiltak. At det sivile samfunnet, marknaden eller styresmaktene har ordningar som gjer det mulig for folk å handle miljøvenleg. Tiltak som gir folk ein sjanse til å leve i tråd med sitt samvit og likevel tilpasse seg ein travel kvardag.

Å skape ein fruktbar forståing av sosial handling og miljøåtfærd krev eksplisitt fortolking av den kulturelle plattformen ein bygger forståing på. For å få tak i dette er det naudsynt å gripe både praksisane og diskursane innafor folk sin eigen kvardag. Kvardagslivstudiar gir oss mogelegheit til å gå inn i folk sine røynsler og opnar for forståing av kva fortolking av eksisterande diskursar som slår inn. Anne Merete Ødven gjorde på 1990-talet ei undersøking på grunnlag av spørsmål om korleis tankar og handlingar knytt til nøysemd heng saman med miljøomsyn. Datamaterialet hennar tyda mellom anna på at sjølv om høg risikokjensle verkar verneorientering og på miljøvenleg åtfærd, er det andre element som verkar inn. Eldre menneske lever t.d. statistisk sett meir miljøvennleg enn yngre, trass i lågare miljømedvit. Dette forklarar Ødven med at eldre ofte lever meir nøysemd enn yngre, utan at dette er grunna i medviten omte for miljøet slik ein snakkar om det i dag (Ødven 1996)

Kulturelle føringar knytt til haldningar til forbruk generelt ser ut til å ha innverknad, om dei har sitt feste i kvardagstradisjon, religiøst basert etikk eller klassekultur (det Bourdieu kallar borgarskapet sin moral). Dette kombinert med politisk motiverte haldningar - modernitetens legitimering av tradisjon (som Giddens framhevar) – gjer at vanar og ritual lett kan omsetast og vidareførast utan for mykje omkalfatring av kvardagslivet. Kvardagslivet består i stor grad av å få mange omsyn inn i rutinar og praktiske ordningar. Undersøkinga mi viser at informantane, sjølv om dei er overtydd om at miljøomsyn er deira plikt og ser nytta av eiga innsats, i stor grad er

pragmatisk når det kjem til praktiske løysingar. Det ein gjer i kvardagslivet er på sett og vis ein dygd kopla til naudsyntheit eller som ein informant sa ”Eg gjer det fordi det er det ein skal gjere”.

OPPSUMMERING OG AVSLUTNING

Oppsummeringsvis kan vi seie at informantane i dette caset, trass i god og relevant kunnskap og sterk vilje, var avhengige av å sjå muligheita til å følgje opp dette i praksis. Og sjølv om dei til dels uttrykte dårlig samvit for at dei ikkje klarte å følgje opp miljøomsyn på alle dei områda dei ynskte, opplevde dei det likevel ikkje som særleg konfliktfullt i kvardagen. Det er viktig å understreke at informantane alle var høgt utdanna småbarnsmødre og full jobb. Dette påverka sjølv sagt korleis tid og ressursar måtte prioriterast. Særleg interessant er denne gruppa fordi dei var medvitne på at det kravde ein del å få mange (og til dels motstridande) verdiar og oppgåver i kvardagen til å gå i hop. Eit interessant funn var at dei var pragmatisk med omsyn til sine prioriteringar. Det at dei var pragmatisk betyr likevel ikkje at dei tok lett på sine val, snarare tvert om. Det betyr heller at dei såg praktisk muligheter som sentralt når det kom til å sette miljøomsyn ut i live. Slik sett kan ein på sett å vis seie at det var nær kopling mellom handling og haldning, med at dei vurderte og omdefinerte allereie eksisterande vanar innanfor dei ra verdi og moraloppfatningar. Deira mulighetshorisont sette på det viset grenser for kva dei tillot seg av krav og omsyn i kvardagen.

Miljø og fiskeri⁴⁶

INNLEIING

I dette kapitlet ynskjer eg å gi ein illustrasjon på korleis miljøomsyn er knytt til kunnskap og etikk i næringslivet, med fiskeri som felt. Det føregåande kapitlet satte søkelys på korleis kvardagslivsfeltet er prega av ein type kunnskap som kjem inn under det ein gjerne kallar praktisk kunnskap knytt til erfaring og kontekst og at dette var sentralt i handsaminga av miljøomsyn i kvardagslivet. I kapitlet kjem eg inn på eit felt kor ekspertkunnskap i mykje større grad styrer handsaming av miljøpolitiske utfordringar. Fiskeria er ei tradisjonell næring som i lang tid har støtt på store utfordringar med omsyn til forvaltning av ressursar, og kor forsøk på å forvalte ressursane i havet har vore politisk vanskeleg og økologisk usikkert. Regulering av fiskeria har vorte meir og meir styrt av ekspertisebasert kunnskap og forhandlingsbasert politikk (Brox 2003). Profesjonaliseringa av forvaltninga har ikkje gått ut på å akkumulere lokal og praktisk kunnskap, men vore stort sett styrt av teknokratiske prinsipp med utgangspunkt i ein kombinasjon av naturvitskap og økonomi. Som Otter Brox hevdar: ”Fiskerne hadde den makt som eierskap gir over produksjonsmidlene, men de hadde ingen makt over kunnskapsproduksjonen i fiskerinæringen”(Brox 2003, s. 37).

Kapitlet har den hensikt å syne korleis lokalkunnskap heng saman med kunnskap om miljø og etisk tenkesett. I relasjon til den føregåande casestu-

⁴⁶ Datamateriale er bygd på funn frå EU-prosjektet ELSA –Peche. Delar av dei funna som her vert presentert er tidlegare publisert i sluttrapporten - sjå: ELSA- peche (2002) *Ethical, Legal and Social Aspects of the management of fisheries in Europe*

dien og den overordna problemstillinga, er dette case eit døme på korleis ulike felt kan ha svært ulik kunnskap og korleis dette heng saman med tenking rundt miljøomsyn og ressursforvaltning.

I dei seinare år har både dei biologisk og økonomisk funderte forvaltningsreiskapane vorte utfordra av meir økologisk og etisk baserte forståingsformer. Desse nye tankane krev imidlertid kjennskap til det sosiale og moralske medvitte hjå aktørane. Både ut frå demokratiske prinsipp om deltaking og ut frå meir instrumentelle omsyn for å få betre og meir berekraftige fiskeri, treng ein kunnskap om korleis ikkje berre fiskarane tenker om dei ressursane dei forvaltar, men også auka kjennskap til korleis ekspertisen tenker miljøetisk. Ein kan trygt seie at dei politiske og administrative reiskapane som til no har blitt brukt, ikkje lenger har svar på dei spørsmål som i dag stillast. Integrering av økologi og etikk i forvaltninga krev at ein tenkjer heilskapleg og at ein kjenner både eigne og andre sine ansvarsforståingar. Føremålet med dette caset i å søke å kartleggje på kva slags vis aktørane forstår det marine miljøet, og korleis det ser på dette i relasjon til etikk. Etikken i denne samanhengen knytast både til kva verdiar aktørane har, og det ansvar dei kjenner i forhold til ressursane i havet. Derfor gjer den økologiske og etiske dimensjonen det naudsynt å spørje korleis aktørane i feltet tenker. Spørsmålet er korleis fiskarar, politikarar, forskarar og administratrarar tenker om det marine miljøet og kva slags ansvar kan dei sjå at dei sjølve har i forholdet til det livet som lever i havet.

Empirisk sett tar eg utgangspunkt i data frå eit intervjumateriale⁴⁷ omkring haldningar til etikk og ressursforvaltning i havet blant fiskarar og forvaltarar. Kapitlet presenterer delar av eit EU finansierte forskingsprogram kalla ELSA-peche. ELSA er ei forkorting for etiske, legale og sosiale aspekt, og peche er det franske uttrykket for fiskeri. Programmet gjorde ei kvalitativ og kvantitativ undersøking omkring haldningane til etikk og fiskeri i 20 land i Europa. Her vil eg gjere ei djupare analyse av moralske haldningar til fiskeri

⁴⁷ Intervjua er gjorde av hovudfagsstudentane i sosiologi Hogne Gullvåg og Lars Elsbak. Dei vart gjort våren 1999. Eg vil takke dei for flotte intervjuutskrifter.

og ressursforvaltning i havet blant sentrale aktørar i fiskerisektoren i eit utval av land; Norge, Danmark og Island. Analysen er presentert og systematisert kring (yrkes-) gruppetilhøyring og dels til nasjonalitet. Dei gruppene det fokuserast på er fiskarar, politikarar, administratorar, forskarar samt sentrale aktørar i fiskeriorganisasjonar og miljøvernorganisasjonar. Syn på - og haldningar til forholdet mellom menneske og natur drøftast i relasjon til yrkes- og institusjonstilhøyre. Tema for drøftinga er ansvars- og pliktkjensler til det marine liv, artar og til menneskja som lever no og komande generasjonar. Eg har også søkt å sjå om desse haldningane kan knytast til djupøkologi/ antroposentrisme, holisme /reduksjonisme og ulike forgreiningar av etiske teoriar.

Den analytiske angrepsvinkelen å gi ein skildring av ”vanlege” haldningar innafor grupper som er sentrale i fiskeriforvaltninga. Her er nokre spørsmål som kom til overflaten etter å ha studert intervjumateriale:

- Er det nokre spesielle etiske perspektiv på ressursforvaltning hjå fiskarar?
- Kva seier materialet oss om andre aktørar sine moralske overtydinga og er desse like eller forskjellige frå det vi fann hjå fiskarane?
- Om vi finn ulikskap mellom gruppene, på kva slags vis kan vi systematisere desse skilnadene gjennom sosiologiske og etiske teoriar.

Fiskeri som aktivitet og næring i Norden

Fiskeri er ei næring som har likskap både med jakt og jordbruk. Det er ei viktig primærnæring, som jordbruket, men må forholde seg fellesressursar – som tradisjonell jakt. Fiskeria er vanskeleg å detaljstyre og det er ikkje lett å få eit overblikk over dei ressursar som finst. Det er heller ikkje berre aktivitetar i fiskeri som påverkar ressursforholda i havet, fordi storleiken enkelte fiskeslag og havpattedyr påverkast av andre fiskesortar, samstundes som eksterne forhold som havstraumar, klima, forureining og liknande har stor tyding for ressursgrunnlaget.

For dei landa eg her skal ta for meg er fiskerinæringa særdeles viktig, spesielt på Island, men også i Norge. I Danmark spel ikkje fiskerisektoren rent

samfunnsmessig så stor rolle, berre kring 6% av den samla eksporten er frå fisket. Likevel er Danmark ein av dei største eksportørane av fisk i verda. Dansk fiskeri er direkte underlagt EU når det gjeld reguleringar og totale kvoter (TAC). Likevel har dei tradisjonelle grunnprinsipp i fiskerisektoren overlevd, nemlig at alle innbyggjarane skal ha fri tilgang til fisket i saltvatn. Danmark sin regulering av fiske er samansatt og basert på ei blanding av totale kvotar, dagar til havs og regulering av reiskap og utstyr (Monrad 1997). Forvaltningsapparatet for den danske fiskerinæringa er ei kombinasjon av EU-direktiv og styring frå departementet som er organisert saman med landbruk. Dansk fiskeri har altså ikkje eit eige departement. Fiskeri- og havbruksnæringa omsett for 28-30 milliardar kroner i året (Monrad 1997, Nordisk ministerråd 1998, Nielsen 2000).

Havområda som Norge forvaltar er sju gonger større enn landområda. 80 prosent av dette havområdet vert forvalta saman med andre nasjonar. I den nasjonale økonomien får fiskerinæringa stadig større tyding. Norge eksporterer over 2000 ulike produkt til over 160 land. Japan er den største enkeltmarknaden, EU er det største samla sett. For Norge sin del har også fri tilgang til fiske i havet vore eit viktig prinsipp. Langs kysten har fisket vore både ein hovudaktivitet, ein bi-aktivitet ved sida av småbruk og ein viktig fritidsaktivitet til matauk. Likevel har ein hatt ulike reguleringar, spesielt på utstyrssida over fleire hundre år. Garn og linefiske var til dømes ulovleg 1600- og 1700- talet. Fram til etableringa av økonomisk sone i 1977 var fisket stort sett fritt, men med denne etableringa kom også kvoterreguleringar for trålarar. Seinare, i 1989, vart det også innført kvoter for kystfiskarane. Kvotane administrerast delvis som totalkvote innafor ein type fartøy, som maksimalkvotar og dels som fartøykvotar. Konflikten mellom den store havgåande flåten og kystfiskeflåten har vore til stades over ei lang periode i norsk fiskeri. Delinga mellom storleik og type fartøy har tradisjonelt også tilsvara geografiske skiljelinjer. Ein finn dei fleste trålarane på Vest- og Nordvest landet, og nordnorsk fiskeri har vore dominert av kystfiskarar med relativt små fartøy. Konflikter med omsyn til kvotefordelingar går dermed ikkje berre mellom flåtar, men også mellom landsdelar. Forvaltningsmessig er fiskerinæringa underlagt fiskeridepartementet, fiskeridirektoratet og fiskerirettleiarar i kommunane (Sagdahl 1982 - 2000, Monrad 1997).

På Island er fisket den absolutt viktigaste næring og aktivitet. I 1991 utgjorde fiskerisektoren 80% av eksportinntektene, har vore mellom dei 20 største fiskerinasjonane i verden. Etter 2.verdskrig vart omtrent heile den islandske fiskeflåten modernisert med store støtteordningar til staten. Flåten består både av mange småbåtar, men også store trålarar som også er fabrikkfartøy. Når det gjeld reguleringar var Island det første landet som fikk ei fiskerigrense på 200 sjømil, dette vart innført etter den berømte torskekrigen mot England i 1972. Sida (på 1980-talet) fikk ein individuelle kvotereguleringar knytt til fartøy, og i 1991 vart det innført totalkvotar (TAC) og individuelle omsettelege kvotar (Monrad 1997). Det siste innebar ei viktig endring i fiskerireguleringane på Island, fordi fiskarane frå da av kunne selje sine kvoter. Dette har til dels resultert i at retten til fiske har hamna på færre hender. Tendensen er no at det er dei same eigarane som eig fartøy og foredlingsbedrifter. Den auka konsentrasjonen av eigarar i fiskeria på Island, har ført til ein del problem spesielt hjå dei små fiskerisamfunna (Eythorson 2000).

I sum kan ein altså seie at det er ein god del organisatoriske forskjellar mellom desse tre landa både i forhold til kva slags tyding fiskeri har, og korleis ein driv forvaltning av ressursane. Det eg i dette kapitlet i hovudsak skal konsentrere meg om, er å skildre dei kulturelle trekk – det felles verdi- og kunnskapssett som kjenneteiknar fiskerisamfunnet og forvaltarsamfunnet i fiskerifeltet.

Kva er eit miljøvenleg fiske?

For å forstå utgangspunktet for dette caset er det naudsynt å få eit viss overblikk over kva slags generelle utfordringar har ein i fiskeriforvaltninga og kva miljøutfordringar som pregar feltet. Fiskeri er ein komplisert aktivitet. Det er ein næringsveg som krev at ein går med overskot og reduserer kostnadane til eit minimum. Det er ei primærnæring som har det særtrekk at det skal hente ut ressursar frå havet som er allemannseige. Det er også naudsynt å forstå at fiskeri i seg sjølv er ei form for utnytting av naturlege ressursar, det handlar i seg sjølv ikkje om å vern, men primært om bruk. Det er primært spørsmål om å skaffe mat til folk og sekundært eit levebrød for fiska-

rar og fiskeriavhengige lokalsamfunn. Derfor er det her, som i alle typar produksjon og forbruk, ei føresetnad at ein *har aktivitet* som kanskje er eit mindre miljøvenleg alternativ enn total passivitet. Med det meiner eg at det sannsynlegvis er meir miljøvenleg å halde fiskarane på land. Dette vert ein ekstremversjon av fortolkinga av kva som er best for vern av ressursane i havet. Eg føreset derfor at ein har og skal ha eit fiskeri, og at vern og bevaring berre er eitt aspekt ved forvaltning av ressursane. Kor viktig dette aspektet er, kjem an på auge som ser. Perspektiva på dette vil vere prega av kva slags verdiar og nytte ein har av næringa. Derfor må ein sjå etter kva slags perspektiv som rår hjå dei ulike aktørane i fiskerisektoren. Ein kan tenke seg at staten som ansvarleg aktør er prega av eit langsiktig økonomisk rasjonelt perspektiv der eksportinntekter og låge kostnader er det viktigaste. Ein kan også tenke seg at forskarsamfunnet har eit litt anna perspektiv er optimal avkastning og vekst i fiskebestandar står sentralt. Fiskerisamfunna vil vel kanskje vere opptatt av å bevare busetting og halde sysselsettinga oppe, meir enn at fiskeriet generelt er effektivt – i rein økonomisk forstand.

Miljø- og naturomsyn i fiskerisektoren rører sjølvsagt ved alle desse felta og kan seiast å ha det ved seg at miljøvern ikkje er målet for aktiviteten, men eit sentralt aspekt ved den. Dette gjelde både fisket i seg sjølv, men og forvaltning av fiskeriressursane på høgare nivå. Kor viktig ein ser naturomsyn er sjølvsagt avhengig av interesser i feltet, men også det kunnskaps og verdigrunnlaget ein har.

Fiskerinæringa har i fleire tiår har internasjonale forhandlingar og rettar for å regulere fiske på ein måte som kan forståast som berekraftig⁴⁸. Forvaltninga av fiskebestandane i det nordlige Atlanterhavet er i dag basert på internasjonalt samarbeid gjennom bilaterale og multilaterale avtalar og gjennom regionale fiskeriorganisasjonar. Det internasjonale rådet for havforskning

⁴⁸ Havrettskonvensjonen av 1982 er i hovudsak ei sikring av retten til eige territorielt farvatn, men også ei sikring av vern og forvaltning av ressursane i havet. I paragraf 192 (kap. 7) Om generelle pliktar står det mellom anna at "States have the obligation to protect and preserve the marine environment" (UN 1982).

(ICES) gir fiskeristyresmaktene råd om forvaltinga av fiskebestandane, mellom anna knytt til råd om utnytting og andre reguleringar av fisket. Med utgangspunkt i denne rådgivinga vert det årleg drøfta kvoter og regulerings-tiltak for dei ulike fiskebestandane med dei aktuelle partane.

Nasjonalt er fiskeri både knytt til ressursforvalting og til miljøvern i fiske og fangst. I Stortingsproposisjonen (nr.1 2004/2005) frå fiskeri og kystdepartementet heiter mellom anna at:

Det er et mål å sikre at fiskeriene drives i tråd med prinsippene om bærekraftig utvikling og bærekraftig produksjon og forbruk, herunder implementere føre-var-prinsippet og økosystembasert forvaltning. (Fiskeri- og kystdepartementet St.prp. nr. 1 (2004–2005) kap. 5.1)

Økosystembasert ressursforvalting er noko nytt i fiskeria, og har, som ein her ser ovafor, vorte eit mål for styresmaktene⁴⁹. Ulike ressursforvaltingsregime har imidlertid forskjellige føresetnader. Det som lenge synast å prege samfunnsforskning på fiskeriforvaltninga, er den klassiske studien av allmenningens tragedie som Garrett Hardin gjorde på midten av det føre århundret. Fordi ressursane er allmenne og alle i prinsippet har tilgang på dei, og fordi den enkelte aktør søker å tilfredsstille sin egen nytte, vil ressursane etterkvart bli overutnytta og ende i tragedie. Forklaringane på overutnytting av ressursane varierar, mellom anna ut frå kva føresetnader ein har i teori og analyse. Common Property teoriar har vorte kritisert mellom anna for å bruke økonomisk tenkesett (Brox 2003). Dei mest økonomiske retninga innan denne tradisjonen hevdar - i følgje Brox – at:

”Det er et logisk resonnement som viser at ressurser som eies i fellesskap (som beiter eller fiskestammer), med nødvendighet må bli ødelagt, overbeitet eller utfisket. Resonnementet forutsetter at deltakerne har en absolutt ubegrenset ”appetitt”, at altså fiskerne aldri

⁴⁹ Det kan sjå ut som om kunnskapsgrunnlaget i denne forvaltinga har endra seg i perioder, og dette er i seg sjølv eit interessant felt å studere.

kan få nok fisk, og den gjelde nota bene ikke for regulerte allmenninger, der et begrenset antall folk med bruksrett lager håndhevbare regler for ressursutnyttelsen” (Brox 2003 s. 39)

Det finst retningar innan studiar av fiskeriforvaltning som søker å opne for muligheiten for meir kollektivt orienterte aktørar og institusjonalisering av samarbeid mellom aktørane i fiskeria (Sandberg 2003, Jentoft 1989, Jentoft og Mikalsen 1998). Det siste er også noko om i høg grad preget co-management teoriane innan fiskerirelatert samfunnsforskning. I desse modellane er deltaking frå fiskarane sjølv eit sentralt element både i forskning å i styringsmodellane. Her seier ein altså at sjølv om den enkelte ikkje maktar å ta fellesskapet sin ståstad aleine, kan eit mindre fellesskap som til dømes lokalsamfunn eller fiskerikooperativer regulere bruken av fellesressursane sjølve, men innan viss statlege og lovmessige rammer. Poenget hjå mange av dei som arbeider innan dette feltet er at fiskarar og offentleg forvaltningsapparat saman kan kome fram til dei beste måtane å forvalte fellesressursar på. For å oppretthalde god kunnskap om havet og ressursuttak bør forskarar og forvaltarar kjenne den kunnskap og erfaring som firskarane har. Og for å kunne iverksette tiltak bør fiskarane ha både styringsrett og eit visst ansvar sjølve (Jentoft og Mikalsen 1998).

I dette kapitlet nyttast omgrepet 'forvaltning' (av natur, miljø og marineressursar) vel så mykje som 'vern'. Forvaltning av naturen er på mange vis eit meir brukande perspektiv enn vern når det er snakk om primærnæringar. Her er uttak av ressursar i form av mat sett på som naudsynt, slik at vern ikkje er aktuelt på lang sikt. Forvaltningstanken gir menneskesamfunnet ansvar for ei heilskapeleg forståing og styring av økosystema. Med bakgrunn i desse føresetnadane, er det blitt utført intervju av sentrale aktørar i fiskeri og fiskeriforvaltning i tre nordiske landa.

I boka "Lastet til ripa" gjer Jentoft og Mikalsen (2001) greie for kva prinsipp som i dag vert knytt til berekraftig forvaltning av fiskeria. Dei har sett på FN sin utvikling av *kodeks* for ansvarleg fiske. I dette kjem det mellom anna fram at definisjonen på ansvarleg fiske er "Berekraftig utnyttelse av fiskeressursene i harmoni med miljøet; en bruk av fangs- og oppdrettsmetoder

som ikke skader miljøet, ressursene eller kvaliteten på disse.”(FAO 1995 i Jentoft og Mikalsen 2001 s.134). Kodeksen er både knytt til forvaltning og miljøvern, og dette kjem til uttrykk på minst fem vis, hevdar Jentoft og Mikalsen (Ibid.). For å seie noko generelt om miljøvenleg fiskeri vil presentere desse fem prinsippa. For det første er det snakk om regulering av heile økosystem, for det andre legger ein vekt på føre-var prinsippet, og for det tredje er vern av biologisk mangfald ein sentral målsetting. Eit fjerde poeng for miljøvenleg og berekraftig fiskeri er viktigheita av utvida kunnskapsgrunnlag og lokale interesse. Og til sist leggest det vekt på utvida deltaking og større openheit i vedtaksprosessar (ibid. s.135-136). At det er utarbeida ein eigen etisk/politisk kodeks for ansvarleg fiske er interessant i seg sjølv og viser at etikk gjennom omgrepet ansvar har fått ein plass også på dette feltet.

METODE

Intervjua som dette kapitlet baserer sin empiri på, er gjort med fiskarar, administratorar i fiskerisektoren, politikarar på nasjonalt nivå, forskarar innafor fiskeri og marin ressursforvaltning, leiarar eller sentrale deltakarar i fiskerierorganisasjonar og medlemmer i miljø- og naturvernorganisasjonar. Det er samanlagt 67 intervju utført i Norge, Danmark og Island og i kvart land er om lag 20-25 personar intervjuja. Kvart enkelt intervju varte om lag ei time. Eg har ikkje søkt etter statistisk representativitet i utvalet av informantar, til det er nokre av gruppene enten for små eller er representert berre frå ein nasjon slik at ein ikkje kan seie at dette er typisk for denne gruppa. Dette siste gjeld spesielt for miljøvernarane og organisasjonsleiarane.

I intervjua søkte vi gripe forskjellar og likskap i oppfatningar om natur, ressursforvaltning og livet i havet ut frå sju kjernesporsmål i ein intervjuguide⁵⁰. Informantane vart presenterte for nokre fråsegn og påstandar som dei skulle reflektere over. Slik kan ein seie at intervjua var delstrukturerte, med eit sett av nøkkelsporsmål som i seg sjølv kunne diskuteras og om var kop-

⁵⁰ ”Vi” er i denne samanhengen forskargruppa som utvikla prosjektet og intervjuguiden

la frå praktisk politikk. Spørsmåla kan kanskje virke omfattande, men poenget var å få til ein samtale på eit etisk nivå, koplå frå praktiske problemstillingar. Basisen for den etiske tilnærminga er knytt til diskusjonar kring spørsmål om kva slags verdiar, prinsipp eller reglar som styrer forholdet menneske - natur og menneske - menneske i fiskeriet. Kva slags retter vil ein tillegge livet i havet, kva slags plikter ser ein for seg at menneske har i forhold til dei marine ressursane og på kva slags vis kan dette oversettast til praksis? I tillegg er det spørsmål kytt til dei problema informantane såg i fiskeriforvaltninga i dag og kva slags løysingar dei såg på problema. Med andre ord innebar det å få informantane til å ta ei samla verdivurdering av forholda før og nå.

Etikk er her operasjonalisert og definert som det som dreier seg om oppfatningar og verdivurderingar koplå til pliktar, ansvar, rettar (overfor ein sjølv, andre personar og naturen). Til dømes er omgrep som 'respekt', reglar om 'varemd', 'dygder', 'plikt', 'berekraft', 'omsorg' og liknande, omgrep med moralsk ladning. Desse "nøkkelomgrepa" kan også indikere kva slags etisk basis ein reflekterer ut frå, men må sjølvst utdjupast fordi dei ikkje er definert i seg sjølve. Ein vesentleg del av poenget her er at desse omgrepa også kan brukast til sjå rangere nokre verdiar og prinsipp i forhold til kvarandre. Slik kan ein seie at ein også ser etter styrkeforhald mellom ulike verdiar og haldningar.

For å få klarleik i kva intervjumateriale kunne fortelje, leste eg det gjennom fleire gonger. Først satt eg med eit tjuetals kategoriar som kunne kallast prinsipp og verdiar relatert til etikk i fiskeriet. Etter kvart som eg igjen såg gjennom desse kategoriane danna det seg eit mønster av typologiar som eg meiner er illustrerande for kva som rører seg i denne gruppa eller gruppene i samfunnet. Desse kunne så koplå til etisk teori og miljøvernideologiar som igjen kunne brukast til å skilje gruppene frå kvarande.

NOKRE ANALYTISKE OMGREP

Datamateriale er analysert med utgangspunkt i verdivurderingar frå intervju og systematisert ut frå teoretiske kategoriar henta frå generell etikk og miljøetikken. Eg valte med andre ord og omgrep som kunne hjelpe til systematisere dei haldningane eg fann uttrykt i materiale. Teoriane innan etikk og miljøetikk er nærare presentert i kapittel 3. I tillegg er reduksjonisme i kontrast til holisme gode omgrep å bruke for å systematisere materialet i dette caset.

Etikk er med enkle ord teoriar omkring korleis ein grunngir det som er rett og godt. For fiskeria er det snakk om vurdering av det rette og det gode både i forhold til naturen – her havet – og i forhold til mennesket gjennom at fiskeri er matproduksjon. Slik er etikk i fiskeria nært relatert til menneskeleg velferd, både for denne nolevande og dei neste generasjonane. Etikk i fiskeria kan også sjåast i relasjon til dei som er avhengig av denne næringa gjennom arbeid, kultur og tradisjon.

Utilitarisme, deontologi og nærleiksetikk

Dei teoriane eg her tar tak i er ikkje opphavleg relatert til forholdet mellom menneske og naturen omkring det, etiske teoriar er tradisjonelt om forholdet mellom menneska⁵¹. Når ein skal sjå på aktørane sine relasjonar til marint liv er det naudsynt å oversetje noko av dette til samanhengen menneskenatur. Hovudteoriane i etikk er her delt inni tre paradigme. Det er deontologi, konsekvensetikk, og det som gjerne vert kalla nærleiksetikk. I ein analyse av etikk i fiskeriforvaltningar vert det interessant å sjå på korleis aktørane koplar miljø og natur til sine etiske refleksjonar.⁵²

Konsekvensetikken og utilitarismen seier at ei god handling berre avheng av verdien av konsekvensen av handlinga. Utilitaristisk etikk sin mest kjende

⁵¹ Sjølv om dei også er nærare presentert i kapittel 3 vil vi likevel gi ei kort gjennomgang her.

⁵² Eg vil bruke omgrepa ”etikk” og ”moral” om ein annan i denne samanhengen

eksponent er John Stuart Mill og Jeremy Bentham (Ryan 1987). Dei hevder at moral er det som leder til lykke eller vellyst. Prinsippet som denne tradisjonen bygger på er kort sagt: ”Mest lykke for flest mogleg”.

Deontologi seier at å gjere det rette er å gjera eins plikt, å gjera det som er kravd av ein.⁵³ Plikta er imidlertid ikkje gitt utanfrå, men må kome frå eins eige rasjonelle sinnelag. Ein skal handle rasjonelt og i lys av reglar som verken er grunna i kroppslege behov eller nytteeffektar. Ut frå fornufta skal ein altså tenke seg situasjonar av om alle handla slik du ville. Kant hevdar at dette er det overordna prinsipp både i politikk og etikk. Etikken seier ein at dette gjer at ein både kan halda på sin integritet overfor ein sjølv, og gjere eins plikt overfor andre.

Sett i forhold til den føregåande konsekvensbaserte etikken, har deontologiske teoriar det til felles at dei ikkje ser på nytten av handlinga, men om handlinga i seg sjølv er rett. Slik kan ein seie at mens utilitarismen er opptatt av etikk basert på ideen om det gode resultat, er deontologien opptatt av den rette handlinga.

Hovudproblemet med begge desse teoriane er at dei er så generelle og abstrakte, at dei vert vanskeleg å oversette dei i det praktiske liv. Ei handling kan grunnjevast i begge tradisjonane, eller at ein teori kan gje grunnlag for ulike handlingar. Desse etiske retningane har både element i seg som finst i tradisjonell allmenmoral, men den type rasjonalitet som ligg i botn her er meir i slekt med vitenskapsbasert tenking. Spesielt gjeld dette utilitarismen og avleggarar til den knytt til nyttekalkuleringar (Wynne 1996).

Behovet for ein etikk som er meir spesifikk og gir retningsliner innafor ein kontekst vert klart til stades i praktisk etisk teori. Den meir moderne eller postmoderne etiske teorien som vert kalla nærleiksetikk gjer svar på nokre av dei problema som dei tradisjonelle teoriane ikkje makter. Nærleiksetik-

⁵³ Den mest kjende representanten for den deontologiske tradisjonen er Immanuel Kant (Kant 1785/1998).

ken er opptatt av dei meir spontane moralske reaksjonane hjå menneske når ein ser andre sin lidning eller sårbarheit (Vetlesen 1998, Eide 2005). Den er kontekstuell og kjenslebasert i motsetnad til dei føregåande formane for etikk. Grunnen til at eg har vald å trekke denne retninga inn her er mellom anna spørsmålet om empati hjå enkeltindivid utover menneskeslekta – til dyr og plantar også kan være relevant. Ansvarsetikken er på sett og vis ein type nærleiksetikk, men føreset at ein kan bruke sin førestillingsevne til å gå utover dei nære relasjonar, og tenke og handle i forhold til eit større heile. Hans Jonas som har skildra og utvikla teori om denne etikken meiner at miljøomsyn krev at mennesket kan sjå for seg (førestille) fellesskap som både kan innbefatte natur, men også menneske langt utanfor vår erfaring (Fidjestøl 2004).

For å kunne anvende teoriane i ein analyse av haldningar til ressursforvaltning trengs ei oversetjing og forenkling. Eg vel derfor å definere deontologi som den type grunngeving som ikkje bryr seg med konsekvensar, men som legg vekt på absolutte plikter og rettar uavhengig av kva resultatet måtte verta. I relasjon til miljøetikk vil denne tradisjonen gje grunnlag for å seie at ein har nokre absolutte plikter overfor naturen og havet. Å gjera rett overfor miljøet og gjeve naturen ikkje-instrumentell verdi ligg innafor denne tradisjonen. Ein ser det derfor slik at "Føre-var-prinsippet" ligg innafor ein form for deontologisk tenkjemåte, fordi ein ikkje veit og ikkje kan veta alle konsekvensar av handling.

Konsekvensetikken kan best overførast til forholdet mellom menneske og natur ut frå den nytte naturen gjer menneske, men også med grunngeving i verdien naturen har i seg sjølv. Om menneske ser verdien i å ha natur, også ein rein natur som ikkje er tukla med av menneske, kan dette også seiast å vere eit argument som ligg innafor utilitaristisk tradisjon. Lettast er det imidlertid å sjå at argumentet om å bevare ressursar til nytte for neste generasjon er utilitaristisk. Velferd for flest mogleg må jo også gjelde dei som ikkje lever i dag. Argument som at biologisk mangfald er godt for å bevare eit robust økosystem er imidlertid også konsekvensorientert sjølv om ein ikkje trekk inn verdien dette har for menneske. Denne diskusjonen skal eg kome tilbake til i debatten om antroposentriske ideologiar i miljøetikken.

Det tredje perspektivet er som sagt ikkje basert på prinsipp og abstraksjonar som dei to andre teoriane, men ser moralsk ansvar i situasjonar og som absolutt i forhold til den konkrete "andre". Å argumentere for at kval og sel må vernast ut frå deira appell til oss som enkelt individ, er i tråd med eit slikt perspektiv. Auge til selen og evna som kvalen har til å kommunisere gir gjerne dette umiddelege trong for å hjelpe når desse vesena er i naud. Det same gjeld oljeskade fuglar som ein ikkje sjeldan kan sjå på TV. Denne etiske tankegangen er ikkje vanleg å overføre til miljøetikk, men kan likevel brukast til å forstå ein del motiv ein ser i felten. Problemet er likevel at det ikkje er så vanleg å bruke den i tradisjonell etisk refleksjon og argumentasjon fordi den ikkje er bygd på moderne rasjonalitet slik dei andre to teoriarne er. Å snakke om appellen til empatiske kjensler er kanskje ikkje like legitim i alle krinsar. Ein kan nok forvente at dette ikkje er utbreidd å snakke om hjå dei mest aktørane i casestudien, sjølv om aktørane kan handle ut frå desse motiv i praksis.

Djup-økologi og antroposentrisme

Djupøkologi og antroposentrisk miljøideologi kan sjåast som ytterpunkt i eit kontinuum i perspektiv på forholdet mellom natur å menneske. Medan den første ser mennesket som ei del av det økologiske system ser den andre menneske som overståande (Milbraith 1989, Redclift og Woodgate 1995, Gottlieb 1996, Dunlap & Catton 1994). Den tradisjonen som vert kalla økosentrisme ser mennesket berre som ein del av eit heile, utan at ein art (korje menneske eller andre) kan settast i sentrum.

Om ein har den overordna ideen at naturen berre er ein ressursbase som eksisterar for mennesket å utnytte, er dette eit antroposentrisk argument. Det overordna spørsmålet innafor antroposentrisk etikk er; "Kva er godt for menneska?" Å snakke om naturen eller miljøet ut frå omgrepet ressurs er i seg sjølv ein antroposentrisk ståstad. Men det omfattar ikkje alt, for også i eit antroposentrisk perspektiv kan naturen gjevast ein verdi som ikkje er instrumentell, men ut frå enten estetisk eller til dømes nostalgisk verdi.

Det kan vere vanskeleg å sjå at ikkje alt på eit eller anna vis må sjåast i eit antroposentrisk lys i og med at det er mennesket som vurderer alt som vedgår etikk. Mot det kan det seiast at antroposentrisme i sin ekstreme versjon vil hevde at universet og naturen er til for oss menneske, noko som for dei fleste av oss vil oppfattast som tøvete (Attfield 1999).

I dette kapitlet ser eg etter verdivurderingar på eit spenn frå ”vi er berre ein del av og har likeverd med” naturen til ”naturen er til for oss å utnytte som det passar menneske”. Bio-etikk kan seiast å befinne seg i ein mellomposisjon, ut frå ein såkalla biosentrisme som seier at nokre artar har tilnærma jamstilt likeverd med menneske mens plantar til dømes ikkje har noko slik verdi.

Holisme og reduksjonisme i miljøetikken

Skiljet mellom eit holistisk og reduksjonisme syn på naturen og menneska i relasjon til naturen har klare slektskap til det skiljet som er nemnt ovanfor, men er likevel ikkje heilt det same. Med holisme meiner eg idear om at ein må forstå heilskapen for å forstå delane, og for å forstå eit fenomen i det heile. Jo fleire element ein maktar å sjå saman, jo betre. Dette argumentet er basert på ein tanke om at alt er kopla saman i ein heilskap og at ein vil miste ei viktig forståing om ein koplar delane frå kvarandre. Det er og vanleg å seie at ein, i denne måten å tenke på, ser heilskapen som noko meir ein summen av delane. Det motsette syn vert da det reduksjonistiske, som føreset at ein - for å forstå eit fenomen - må dele dette opp i så små delar som mogleg. Jo lenger ”ned” ein kan trenge i materien jo betre kan ein forstå kva eit fenomen eigentleg består av. Vestleg medisin er eit protoeksempel på denne måten å tenke på. Reduksjonismen seier at ein kan forklare eit heilt system, etter ein studie av dei ulike delane systemet består av.

Eit mekanisk natursyn assosierast gjerne med reduksjonisme og inneberer at alle naturlege einingar forståast som mekanisme bygd om av enkeltdelar. Naturen kan dermed forståast fullt ut gjennom kunnskap om enkeltdelane og summen av desse. Ein implikasjon av denne forståinga av naturen er den

framstår som deterministisk og forutsigeleg ved fult kjennskap til enkeltde-
la.⁵⁴

Ei meir organisk orientert naturoppfatning er dermed kopla til holismen. Her meiner ein altså at ein umuleg kan forstå naturen utan å sjå på heilskapen og samanhengen mellom delane. Mange meiner at denne retninga har hatt stor tyding for den moderne økologien, som nettopp har fokus på interaksjon mellom delar, artar og miljøet som omgir dei.

Analytisk tilnærming

I analysen av dette datamateriale søkte eg å få tak i informantane sine etiske perspektiv utan å la meg overstyre av teoretiske kategoriar. Trass i at nokre av spørsmåla var knytt til abstrakte idear om miljøetik, var det først etter fleire rundar med forsøk på ei systematisk tilnærming at analogi til miljøetiske kategoriar kom til syne. Nokre av spørsmålsformuleringane gav klare analytiske spor – spesielt der ein ba informantane ta stilling til påstandar, andre gonger var i det i informantane sine fråseg og refleksjonar at interessant informasjon kom til syne. Gjennom informantane sine argumentasjonsmåtar og ulike omgrep som dei valde å understreke grunngevingane sine med, kunne eg sjå kva kategoriar som hadde noko for seg. Heil konkret gikk eg til verks gjennom at verdilada omgrep vart notert i marginen ved i dei utskrivne intervju. Ord som ”havet”, ”biomassen”, ”effektivitet”, ”produksjon”, ”profitt”, ”hausting av naturen sine gode”, ”omsorg”, ”ansvar”, ”respekt” og så bortetter, kom til syne. Og gjennom desse kunne eg starte å finne mønster i tankegang og etisk fundament. Slik eg ser det, er til dømes ”omsorg” eit omgrep som gir ei anna moralsk verdiladning enn t.d. ”effektiv miljøforvaltning”. Det første kunne bli plassert enten innan ein type plikt-etisk eller nærleiksetisk tradisjon. ”Effektiv forvaltning” er heilt klart ikkje passende verdi i nærleiksetikk, men ville kunne sjåast innafor konsekvens-

⁵⁴ Ein assosierar gjerne denne tankegangen til Rene Decartes som reknast som ideologisk far til den moderne naturvitskapen.

etikken. Det siste vil også koplatt til meir instrumentelle verdsett. Slik gikk eg fram til eit mønster danna seg.

Avstanden mellom teoretiske omgrep på eit relativt høgt abstraksjonsnivå og konkrete fråsegn om forholda i fiskeria, gjer det imidlertid naudsynt å presentere datamateriale i fleire trinn. Det neste avsnittet er ein rein gjennomgang av hovudliner frå intervjuet. Seinare vil eg kople det nærare til teoriane.

PRESENTASJON AV INTERVJUET

Presentasjonen av datamateriale er bygd opp på grunnlag av dei tema som intervjuguiden var strukturert etter. I første omgang er dette ei oppsummering av intervjuet og er gjort med utgangspunkt i eit utval av sitat. Sitata er meint som illustrasjonar både på likskapar og på mangfaldet av verdivurderingar som kom til uttrykk i svar på spørsmål. Spørsmåla vart stilt som påstandar som informantane skulle ta stilling til eller meir opne vurderings-spørsmål. Informantane vert i denne presentasjonen, som i den seinare analysen, hovudsakleg gruppert frå yrkes og institusjonstilhøyre. Dei vurderast her som representantar for ei gruppe og ikkje for seg sjølve som individ.

Heilskapeleg syn på fiskeri og miljø

Utgangspunktet for dette avsnittet er det første spørsmålet i intervjuguiden. Dette vart presentert i form av to påstandar som informantane skulle ta stilling til.

Vårt menneskelige haustingsbruk av de marine økosystema henger nøye saman med kva slags grunnleggande syn vi har på desse økosystema. Med kven av de to følgjande, veldig generelle påstandane vil du være mest samd?

- Havet er et reservoar av ressursar og muligheter som bare venter på å bli utnytta av oss menneske - og beherska gjennom kunnskap og tekniske hjelpemidlar, slik at de kan bidra til å tilfredstille våre behov.

- Havet er et komplekst økologisk samfunn som vi menneske er ein del av gjennom våre ulike sjøretta aktivitetar og som har eit nett av komplekse samanhenger som vi ikkje kan ignorere.
-

Dei perspektiva som vart presentert i intervjuet er, som ein kan sjå, ei polarisering av ideane som eg presenterte i avsnittet ovafor. Den første påstanden er meir antroposentrisk og nytteorientert enn den andre. Eg vil her skildre noko av dei svarene som utkrystalliserte seg i vårt data materiale.

Til saman var det berre fire (av 67) som sa seg samde i den første påstanden, dei tilhørte både forskar og fiskargruppa. Resten delte seg i to jamstore delar, kor den eine halvparten sa seg samde i den siste og den andre halvparten meinte at ein måtte sjå begge i samheng. Den siste gruppa var ikkje villing til å seie at det eine var meir rett enn det andre, og dei understreka at dei ikkje så nokon konflikt mellom påstandane. I den gruppa som meina den siste påstanden likna mest på deira ståstad var det mest fiskarar.

To norske fiskarar som vart intervjuet saman uttrykte seg slik:

- ” Havet er eit komplisert system - der alt er avhengig av alt. Dette må tas vare på og forvalta på riktig måte, der ein forholder seg til alle bestanddelar i økosystemet.”

”Havet er bestemt ikkje eit reservoar ein kan ause av. Det er viktigare enn noensinne at vi no begynner å ta betre vare på havet. Mennesket kan ikkje leve utan havet.”

Ein dansk fisker sa:

”Eg syns nok mest om nr. to, fordi at sett i relasjon til min oppvekst og den tradisjon eg er vaksen opp i, så er eg nøydt til å respektere naturen. eg er oppvaksen i ein generasjon med fiskarar som hele tida har måtte ta rettane til kva naturen har kunne prestere og levere.. og der etter ta dette til etterretning. Det som skjer i dag, er at det er nokre politikarar som går hen og blander seg i naturen og strekker

naturen lenger enn den sjølv er i stand til. Det er de langt frå så gode til, som det vi fiskarar er. Vi har ein helt lang livserfaring bak oss i å gjøre nettopp dette. Vi som lever av naturen, har kunnskap om korleis ein skal hauste av naturen utan å skade den.... Fiskeri har alltid vært økologi, sett med mine augne. Økologi er noko ein utnytter, naturen er noko ein bruker og utnytter på ein fornuftig måte.

Dei fleste fiskarane, om ein skal ta denne gruppa først, understreka respekt for Havet, som ein eigen heilskap. Dei skildra havet som eitt organisk system. Og sjølv om dei ikkje alltid nytta økologiomgrepet var det i stor grad i tråd med denne tankegangen. Omsorg og sut for havet gav dei også uttrykk for gjennom at dei meinte det var sårbart og måtte haldes i balanse. Som fiskaren ovafor var det og mange her som understreka deira oppdraging og dei verdiane dei var opplært til å bringe vidare i sin aktivitet. Her var nærleik til - og respekt for havet sentralt. Ein finner uttrykk for desse haldningane i heile materiale, uavhengig av nasjon og storleik på fartøy.

Politikarar og miljøvernarar er dei gruppene som i størst grad liknar på fiskarane i måten å sjå på ressursane i havet. Forskarar og administratorar var dei som var mest ulik i sine syn. Her må likevel understrekast at ein ikkje finn eintydige samanhengar her, men eit mønster som tyder på ein viss forskjell.

Eit ”typisk” svar frå ein i fiskeriadministrasjonen var følgjande:

”Eg trur faktisk eg er litt samd i den første påstanden...om at ressursane er til for å utnyttast, og at menneska gjennom sine reguleringar kan få ein bærekraftig utvikling.. og eg ser ikkje så store motsetningar. .. mellom påstand ein og to.. men vi er klar over at det er stor kompleksitet.. så er det klart at ressursane der ute ligger klar til å utnyttast.”

Forskarane har vel ein tendens til å seie seg samde i begge sjølv om det her var ein del som utelukkande og meinte det siste. Likevel kunne mange av dei ikkje helt akseptere det økologiske synet:

”Omgrepet økosystem blir tillagt trivielle og feilaktige syn - så eg er ikkje tilhenger av å bruke det omgrepet.....men uttrykket biologisk samfunn høyrast betre ut. Eg er tilhenger av den utvikling vi har nå....i forhold til korleis det var før at ein trudde at ressursane var ubegrensa og at ein bare kunne kjøre på som i (første påstand) Men no er nok tida komen til å bruke forsiktighet og ligge an til å rette oss til den andre ... det synes eg må være rett.”

Det var altså ikkje dei store forskjellane mellom gruppene i måten dei svara på dette spørsmålet, men ein kunne sjå ein liten tendens til ulikskap i grunn-syn. Hovudskiljet låg mellom fiskarane og politikarane på den eine sida og administratorane og forskarane på den andre. Dette kunne eg etterkvart sjå meir til ettersom eg systematiserte svara frå intervjuet.

Situasjonen i dag for fiskeria

Det neste spørsmålet omhandla tilstanden for ressurs-situasjonen i havet, og kva som kan vere årsaka til mulige problem i fiskeriforvaltninga. Føremålet med dette spørsmålet var å få tak i aktørane sin problemforståing. Dette såg vi som eit viktig utgangspunkt for å forstå dei gjennomgåande etiske haldningane hjå informantane. Spørsmålet lød som følgjande:

Den noverande tilstand i havet gir grunn til bekymring og ein rekke bestandar er sterkt nedfiska. Situasjonen for fiskeria i verda er godt dokumentert:

- Heile 70% av fiskebestandane er overfiska - fleire av dei er totalt nedfiska
- Vi har et tap av 20 millionar tonn fisk kvart år på grunn av utkast frå fangstleddet
- Vi har ei utarming av dei marine økosystema gjennom uheldig menneskapt miljøpåverknad.
- Situasjonen i fiske i dag kjenneteiknast av store svingingar og stor usikkerheit

Etter din oppfatning, kva er den viktigaste grunnen til at vi er hamna i denne situasjonen?

Det første eg la merke til i analysen av svara på dette spørsmålet var at ikkje alle sa seg samde i fråsegna om korleis stoda er i dag. At heile 70% av bestanden er overfiska og storleiken på utkast var nokre av informantane skeptiske til. Andre grupper tok dette som ”god fisk”, og lot vere å kommentere tala, men søkte å sjå på årsaka til dei påståtte problema.

Fiskarane aksepterte overraskande nok talla og problemet med overfiske og utkast. Deira svar på kvifor ein har kome opp i dette problemet var teknologien sin ”suksess” ein av årsaka. Som ein fiskar sa det: *Teknologien har overgått naturen*

Ein anna sa det slik:

”For det første så har vi no hatt ei teknologisk utvikling på fiskerisida som er sånn at ein no nesten kan ta fisken uansett ..og så fisker vi no på næringen til de høgare fiskearta sånn at veksten ikkje blir så stor som den skulle vært.. så øydelegger vi vel ein del...kanskje enno litt lite forska på...fauna på havbotnen og kva den har å bety for re-produksjon...og alt...så”

Ein av fiskarane uttrykte at;

”Kvotesystemet har ein psykologisk verknad i fiskerimiljøa. Det er stor prestisje i det å fiske opp kvota. Det er aldri spørsmål lengre om ein har fiska godt/tent godt eller er fornøgd med sesongen - berre: - Har du tatt kvota?”

Ein kunne også sjå ein tendens til å endre svar undervegs, mens dei svara på spørsmålet. Det første dei tenkte på som årsak til problema i fiskerisektoren var som oftast manglande kunnskap og grådigskap hjå fiskarane sjølve. Etterkvart som dei svara trekte dei inn eit større perspektiv og la tyngda på at det var politiske, økonomiske og teknologiske systema som styra fiskeria i feil retning.

”Myndigheta regulerer dårlig - og marknaden har for stor makt. ”

At marknaden rådde i for stor grad var det fleire fiskarar som hevda. Men også forskarane fikk sin del av ansvaret

”Forskarane er ikkje dyktige nok. Har sett mange slurvete handteringar/ neglisjeringar av rapporteringar og prøvetaking , dei har dårleg rykte i fiskarmiljøet.”

At også fiskarane sjølv har kompetanse på området som vart lite nytta i forvaltinga vart mellom anna understreka av ein dansk fiskar:

”Så det verste vi har i dag, det er desse kvotene som er politisk oppbygd.. utan noen innflytelse frå dei menneska som bruker havet.”

Dei som arbeida i fiskeradministrasjonen var meir skeptisk til den statuskildringa som låg i spørsmåla. Ingen nekta likevel på at det var problem i forvaltning, men meinte i hovudsak at dette skyldast overkapasitet, utkast og manglande kontroll. Dei uttrykte liten tillit til fiskarane sin evne til å kunne ta ansvar. Det var ikkje her systemet i seg sjølv, men manglande muligheit til å kontrollere fiskarane. Internasjonale kontroll og samarbeidsorgan vart også nemnt som løysing på problema.

”For det første, må ein sjå på de påstandane som står her. eg synes ikkje desse er helt riktige.....når ein seier at 70% av fiskebestandane er overfisket så er det ikkje riktig. Det seiast at mellom 60 og 70% av fiskebestandane over hele verden er overfisket eller fullt utnyttat - og det er eit mål i seg sjølv å utnyttat fiskebestandane til fulle. eg synes at det som står her er påstandar som ikkje er riktige, men også dette her med at når ein setter opp fiskeriproblematikken så tar ein alltid det globale..... Årsakene vil eg si er : Mangel på fiskeriforvaltning, mangel på vitenskapelig grunnlag, og det store - som vi har snakket om her i Island og som er noko av det verste, det er dette med subsidier til fiskarane. Det er subsidiane som har ført til uansvarlig fiske i verda – i stor grad.”

Administratorane uttrykka også tankar om at fiskarane ikkje respekterer dei reguleringsordningane som finst:

”Eg trur nok at ein av grunnene er at det, i alle fall i deler av fiskeflåten, er alt for lite respekt for lover og regler og reguleringar. Da tenker eg først og fremst på respekten for minstemålsregler og respekten for utkastregler...det virkar som om kynismen aukar i næringen – og profittomsyna er viktigare enn alt anna. Dette er etter mi meining årsaka til dagens negative situasjon.”

Mange av disse sitata illustrerer også tendensen til å skylde på kvarandre. Politikarane hadde ein meir blanda oppfatning av om skildringane av status var riktig. Dei var likevel meir samorda i sitt syn på kor problema låg:

”Mangel på kunnskap, mangel på internasjonale bestemningar, mangel på overvaking, mangel på internasjonale kontrollorgan har medført overfiske, og tildels eit rovfiske”.

Forskarane godtok i større grad tala og framstillingane som vart presentert. Dei mest vanlege årsaksforklaringane som vart gitt var følgjande. For det første understrek dei at det både kan vere menneskeleg aktivitet og naturlege svingingar som gjorde at bestandane var små til tider. Dei var også opp-tatt av at andre grupper i forvaltninga - politikarane og forvaltarane - ikkje høyrde nok på forskarane sine overslag når det gjaldt totalkvoter. Kvotene vart alltid høgare enn det forskarane foreslo. Dei såg også utkast som eit stort problem, men ønska å understreke kompleksiteten i årsaksforholda. Likevel kan det sjå ut som også forskarane meina at det var aktørane nærast fangsten som det var viktigast å temje:

”Det eg synes er den viktigaste grunnen - er at vi ikkje har kontroll nok med kva som tas ut av havet og korleis dette blir tatt ut av havet. Dette er årsaka til at vi ikkje har kontroll med ressurs-situasjonen i verden.....og da trenger vi ikkje å skylde på Europa, Island eller Russland - vi har like mye oss sjølv å takke.

Dei støtta seg også til kvarandre:

”Fleire og fleire forskarar seier at ein må ha betre kontroll med sjølve fisket på felta - og i enkelte land har ein faktisk kontrollørar ombord i kvar enkelt trålarog ut i frå det ein vet føregår på trålarane, så trur eg at det er einaste måten å gjøre det på. No snakkar eg ikkje bare om utkast, men også overfiske, misrapportering av kor store mengder som landast, stokking av kva fiskesortar som fanges.....det er langt frå bare utkast som er problematisk, det er ein lang rekke metodar som nyttast for å jukse med statistikken.”

Ein kan her sjå at kontroll av fiskarane og fiske er eit virkemiddel som går igjen i ulike typar variantar. Skepsisen til fiskarane og det som skjer i feltet kjem tydeleg fram i desse svara. Men skepsisen til forskingsresultata er også tydelege her, men dei finner ein ikkje hjå fiskarane, men hjå administratorane. Det at dei sistnemnde var meir skeptisk enn forskarane når det gjaldt framstillinga av stoda, kan ha fleire årsaker administratorane kan kjenne at dei har nok kunnskap til å vere kritisk, og samstundes føle at det høge tala på sett og vis kunne skyldas deira forvaltningsapparat. At forskarane og fiskarane i hovudsak godtok skildringa har nok forskjellige årsaker forskarane har vel kanskje eit eigar – eller lojalitetsforhold til forskingsresultat, mens fiskarane kanskje ikkje føler seg kompetente nok til å kommentere det.

Svara på spørsmål om problema, årsaka og løysinga gav meg eit interessant bilete av at dei fleste gruppene i forvaltningssystemet har ei utprega mistillit til fiskarane som ansvarlege aktørar. Fiskarane sjølve såg problema i fiskeriet ut frå at reguleringar høge prisar på fartøy og utstyr tvinga fiskarane til å drive hardare enn dei egentleg ville.

Få aktørar i fiskeria trekte inn eksterne forklaringar på kvifor ein såg at ressursane i havet var redusert. Ingen nemnte oppdrett, og veldig få trekte inn forureining, eller til dømes oljeverksemd.

Mannen og havet

Eit tema som gikk igjen i intervjuet var informantane sitt syn på forholdet mellom menneske og natur og å kople dette til moralske omsyn. Spørsmålet som vart stilt var følgjande:

Etter di meining, vil det vere korrekt at dei moralske omsyn som ligg til grunn for forholdet mellom oss menneske, også kan gjerast gjeldande for dei marine økosystema, med andre ord at vi mennesker skulle ha ein slags moralsk plikt til å dra omsorg for disse?

Spørsmålet som vart stilt gjaldt altså om dei kunne sjå at dei moralske prinsippa og verdiar som gjelder mellom menneske også kunne omsettast i forhold til naturen og livet i havet. I sine svar på dette spørsmålet var det interessant om dei også i det heile tatt godtok tanken om at livet i havet hadde ein moralsk verdi, og om dei i det heile såg at forvaltninga av det marine livet som etisk relevant. Dei fleste gjorde det, og til og med understreka at dette hadde med moral å gjere. Dei snakka om havet som ei eining og at den moralske plikta var overfor denne eininga. Ein dansk fisker uttrykte seg slik:

”Det er morosamt at du spør meg om dette, fordi eg er oppvaksen med ein moralsk plikt overfor havet, overfor sjøen. Eg er oppdratt på den måte at eg aldri skal ta meir opp frå havet enn det eg har bruk for. Fordi ein skal også leve av havet neste år. Sånn sett er det helt klart, at om alle menneske i samfunnet hadde ein moralsk plikt overfor at ein ikkje skulle ta meir enn ein hadde bruk for, så ville det vært helt ideelt. Da ville det blitt mykje meir til mange andre. Dette er jo eit problem i hele samfunnet, at ein skal karre til seg så mye som mulig.”

Fiskarane påpeka dette spesielt, mens andre grupper svara som om dette var ein ny tanke. Noko få, spesielt forvaltarar, eller administratorar, understreka at dette moral berre hadde med mellommenneskelege relasjonar å gjere og

kunne ikkje overførast til forholdet mellom menneske og natur. Men sjølv om dei aller fleste såg moral som relevant var ikkje at samde i fråsegna i spørsmålet og argumenta var ulike.

Fiskarane meinte at plikt og omsorg var prinsipp og verdiar som også var gjeldane i deira forhold til havet. Ein norsk fisker sa:

”Alfa og Omega er å dra omsorg for disse. Vi har helt klart moralske plikter overfor havet. Alle artene har rett til å bestå vidare. Ikkje berre bestå - men også i eit tall som gjør at vi kan hauste av dei.”

Likevel synst dei ikkje tanken om ansvar for den enkelte fisk var treffande. Nokre av dei nemnte at dette kunne vere relevant når det kom til korleis dei tok livet av fisken, men utover det kunne ikkje dei sjå nokre likskapar mellom forholdet mellom enkeltmenneske og forholdet til naturen. Dei understreka at alle artar hedde ein rett til eksistens, men i naturen var det ingen som hadde meir rett enn andre. Her sikta dei spesielt til havpattedyr som kval og sel.

Svara gir klart inntrykk av plikt og omsorgskjensle overfor havet som sådan. Fiskarane tolka altså ikkje dette spørsmålet som eit spørsmål om ein skal forholde seg til dyr og fiskar som enkeltindivid, liksom vi gjer mellom menneske. Dei tolka spørsmålet ut frå tanken om at vi må forvalte naturen omsorgsfullt fordi vi har ei plikt overfor menneske og komande generasjonar. Dei som oppfatta spørsmålet som om ein skulle behandle fisk som menneske var svara annleis, slik som hjå denne fiskaren:

”Eg har sjølvsagt ingen moralske skruplar med å drepe fisk, eg gjør det jo omtrent kvar dag. Når det gjelder trålarane, så er fisken stort sett død når den tas ombord. Da eg fisket med juksa, var fisken sprell levende på dekk. Avlivinga av fisken skulle skje på ein måte slik at kvaliteten på fisken ble best mulig. Mest mulig blod skulle ut av fisken. Om det var meir eller mindre ubehagelig for fisken trur eg ikkje eg har eller hadde i tankane. Forskjellen på det fisket eg driver i dag og dette pilkefisket, er at da eg fikk små fisk så slapp eg desse

tilbake i havet utan å drepe dei. Fordi den heller kunne komme tilbake som ein stor feit fisk. Alle føretrekker stor fisk. Kvifor drepe de små? Men eg klarer ikkje å sjå noko moral i dette. Dessverre. Fisk er fisk, og her er det snakk om lønn eller økonomi.”

Småbåtfiskaren uttrykker det slåande likt:

”Vi klarer ikkje å sjå noko moral her. Kva skulle det være? ein fisk er ein fisk, og ferdig med det. ... Vi slepp sjølvsagt ut små fisk.. ,men det er fordi eg ønskjer at eg skal kunne fange den når den er blitt større. Vi tenker først og fremst på pengar når vi fisker.”

Mange i dei andre gruppene oppfatta tydeleg spørsmålet likeins, men fleire understreka her at dei ikkje såg moral i relasjonen til havet i det heile. Moral er noko ein berre finn menneske imellom:

Ein administrator reagerte slik:

”Nei, det der syns eg er eit tåpelig spørsmål, for å si det rett ut. eg har, i den perioden eg var fiskerirådgivar ved ambassaden i London, prøvde eg å forklare ein del miljøvernorganisasjonar blant anna; kvifor vi den gongen fanga kval. eg forklarte at vi var veldig opptatt at det skulle skje innanfor eit forsvarlig system, og innan eit forsvarlig nivå. Da så dei på meg, og sa at det var ikkje snakk om å fange kval innanfor eit akseptabelt biologisk ramme. Det vi skulle gjøre, var å lære oss å kommunisere med kvalen. Da gav eg opp. Kval er ikkje menneske. Sel er ikkje menneske. De er ressursar... som vi skal og har rett til å nytte oss av på same måte som fisk.. å kva det måtte være. No begynner sånn smått miljøvernorganisasjonane å komme etter. Dei er begynt å snakke om økosystemet..”

Ein forskar sa det på denne måten:

”Det der må du gjenta. Dette var eit veldig vanskelig spørsmål. Eg er ikkje sikker på om eg forstår det eingong. Men, vi må jo ha ein moral i måten vi skal behandle dyr på. Vi skal ikkje plage eller pine de på nokon måte.. unødvendig. Vi skal sørge for at dei har reint vatn, og ikkje drive med forureining sånn at de pines sakte i hel. Det er klart. ..men eg klarer ikkje helt å svare direkte på spørsmålet ditt.”

Her var det altså stor semje om at ein ikkje kunne ta individuelle omsyn til fisk og dyr slik ein gjer med menneske. Her såg ein også fiskarar si henvisning til oppseiding og vidareføring av tradisjonelle syn på havet og fisket. Det rette vert i den samanhengen knytt til tradisjon. Elles hadde fiskarane ein tendens til å trekke inn større moralske problemstillingar inn i dette, slik som omsorg for havet og ansvar for ressursane i havet. Eg kjem nærare inn på dette i gjennomgangen av dei andre spørsmåla.

”Vi treng ørna for vår sjel”

Rettsspørsmål er sentrale i miljøforvaltning og i etikken. Dyrs rettar har lenge vore eit viktig spørsmål i miljøetikkk, men har – sett bort frå kvalfangstproblematikk- i mindre grad vore eit tema i relasjon til det marine liv. Med det neste spørsmålet ville vi søke å få tak i om informantane såg nokre artar som særleg trengte vern og kunne ha egne rettar. Det var formulert slik:

”Innafor ramma av marine verneområder eller artsspesifikke vernevedtak er nokre artar: nøkkelartar, sjeldne eller truede artar, gitt spesiell beskyttelse. Etter din meining, kan slikt vern grunngjevast i at slike artar har spesielle rettar, er det eit uttrykk for sosialt omforente plikter som vi som samfunnsmedlemmer har overfor slike artar?”

Med dette spørsmålet søkte vi å kartlegge syn på rettar hjå marine dyr. I tillegg å få tak i skiljet mellom dei som meiner at levende ikkje-menneskelege vesen har rettar og dei som meiner at menneske berre har ei plikt i å ivareta ressursar for eigen del. Her er det spesielle artar det er snakk

om. Det kan det vere ulike grunner for, til dømes at nokre artar trenger å passers på, mat til neste generasjon, eller av estetiske årsaker.

På spørsmålet om vern og grunngiving for dette finner ein mange like svar: "alle artar har ein rett til eksistens" er det vanligaste. Ingen spesielle artar har særreignar rett, er også vanlig å seie, men dette trenger ikkje å vere det motsette til det første.

At ulike artar har ulik rett kan grunngjevast på mange vis, ein Islandske fiskar sa det slik :

"Alle artar trengs i naturen. Mennesket trenger kvalen fordi den gir oss mat. Ørna er freda og mange er irritert over det, men vi trenger ørna for vår sjel"

Fiskarane var opptekne av at ingen hadde spesielle rett, men understreka samstundes at menneske hadde plikt. Her er nokre døme på det.

"Men, det er klart at det er vi menneske som sitter med det totale ansvaret, det er vi som bestemmer kva som eventuelt skal skje i og med naturen. Vi vet bare ikkje alltid korleis det skal gjørast, dessverre"

Ein annan fisker sa det slik:

" Alle artar har like rett og vi har plikt til å ta vare på alle."

Å kople rett mot plikt var typisk for fiskarane, men utan at nokre artar vart gitt fleire eller andre rett enn andre:

"Vi har forpliktelser overfor alle artar. Sjøpattedyr framstilles ofte med menneskelige trekk - og påberopes spesielle rett. Det har dei ikkje ..."

Dette finn ein også igjen hjå administratorane:

”Ingen arter har spesielle rettar. Den einaste arten på kloden som har spesielle rettar, det er mennesket Ingen art har nokon sær rettar, bortsett det å få lov til å overleve som art. Det er den retten vi gir dei. Den er vi pliktig til å gi dei, etter min oppfatning.”

Forskarane skil seg meir ut i denne omgangen fordi dei umiddelbart inntok ein relativt sterk antroposentrisk posisjon. Her er eit døme på dette;

”Ut i frå min tankegang så kan det berre være det siste. Den første - som tilseier at nokre har slike spesielle rettar ... meiner eg er noko tull! Vi ynskjer å bevare det rike mangfaldet som naturen har. Fordi det gir oss menneske noko verdifullt. Ikkje noko anna. Vi ser vel ikkje nokon særlig vits i å bevare alle de virus som florerer her på jorda .. gjør vi vel?”

Her har vi døme på ei klart instrumentelt og antroposentrisk perspektiv, dette finn ein igjen hjå fleire av forskarane.

”Det er helt klart at dei ikkje har spesielle rettar – det er eine og aleine plikten overfor dei kommande generasjonar av menneske som kjem inn her”

Ein annan forskar oppfatta tydeleg moral på eit spesielt vis:

”Moralske plikter dreier seg om det menneskelige plan. Nokre menneske har eit syn på sjøpattedyr, du kan jo kalle det for moral, men det er ikkje nødvendigvis den rette namnet, du kan også kalle det for hysteri.... Likevel ...Eg er absolutt ikkje tilhenger av utrydding av nokon art - vern bør gis når eksistensen er trua.”

Å skilje mellom mellommenneskelege relasjonar og menneske- natur relasjonen var sentralt for fleire. Ein av forskarane ville heller ikkje godta omgrepet ”rett” i relasjon til naturen:

”Rar spørsmålsstilling ... for meg høres det pussig ut når ein omtaler marine arter på same måte som ein omtaler menneske, eg kan ikkje sjå at nokre arter skal kunne ha rettar på linje med menneskelige rettar.... . Artsmangfald er enormt viktig - men ”rettar” verkar malplassert, det er bare menneske som kan hevde rettar.”

Likevel sjølv om rettar ikkje var noko dei mente ein kunne hevde i naturen var det likevel ikkje slik at ikkje mennesket hadde plikter overfor den same naturen.

Eg syns ikkje arter har spesielle rettar, eg syns ikkje det er noko hjelp i å tenke på den måten. Likevel syns eg at mennesket har moralske plikter med omsyn til å bevare artene - men det er ikkje så mye for artens skyld som for økosystemets skyld...

På sett og vis er dette eit holistisk perspektiv på naturen der ein ikkje vil redusere økosystemet til artar eller individ. I den samanheng er det kanskje rettare å seie at dei har eit systemperspektiv på naturen, eit system som ikkje bør kome i ubalanse for sin eigen del, og fordi mennesket er ein del av dette økosystemet.

I forhold til dette spørsmålet kan ein ikkje sjå krystallklare forskjellar mellom dei ulike gruppene i intervjumateriale, og felles for alle er skepsis til å gi havpattedyr særlege rettar og vern. Men tendensen er likevel at moral og moralske omgrep (som til dømes ”rett”), vert mottatt med større skepsis hjå forvaltarar og forskarar enn hjå fiskarane. Ein kan også her sjå ein tendens til at fiskarane ser seg sjølv meir som ein del av eit heilskapeleg system, mens dei andre oftare er meir tydeleg antroposentrisk.

Berekraftig fiskeri

Ein viktig del av kartlegging av miljøetikken innan fiskeri gikk ut på å finne ut korleis aktørane sjølve ville definere sentral styringsnormer og verdiar. Både å finne fortolking av bærekraftig fiskeri og søke å få tak i korleis dei

ynskte at dette skulle sjå ut var eit føremål her. Eit neste spørsmål var om korleis det ville definere berekraftig fiskeri i praksis.

Spørsmålet var formulert slik:

Sida Stockholm-konferansen (juni 1972) og Rio-konferansen (1992), har «berekraftig utvikling» blitt både ei målsetting og til og med ein endringsstrategi på ei rekke felt.

Etter di meining, kva vil uttrykket «berekraftige fiskeri» i røynda innebere ?

Til dette spørsmålet var svara slåande likt formulert over landegrenser og på tvers av gruppetilhøyret :

Svaret var slik ein islandsk reiar formulerte det:

”For meg betyr bærekraftige fiskeri noko så enkelt at vi skal oppføre oss, vi som er innan fiskeriet, på ein slik måte at våre etterkommarar i generasjon etter generasjon skal kunne fiske. Fisket må drives på ein slik måte at det ikkje truer bestandane. Fiskeriet må utvikle seg i ei retning der det er i stand til å ta opp i seg naturlige svingingar i økosystemet.”

Korte formuleringar som denne:

”Det vil si det at du ikkje tar meir ut av havet enn det havet klarer å produsere. Kort og godt.”

Eller slik:

”...bæredyktigleik er rett og slett det politiske og vitskapelige ansvar for å holde bestandane på forsvarlig nivå”

Berekraftige fiskeri tydde for dei fleste at fiske skulle haldast stabil, og argumentet for dette var for å våre etterkommarar. Berekraftig fiskeri handla både om mat og om å kunne drive næringsverksemd av fisken i havet på lang sikt. Berekraftig fiskeri tydde med andre ord eit langsiktig perspektiv på forvaltninga.

Sjølv om svaret var nokså unisont, skilte det seg ut nokre annleis perspektiv på berekraftige fiskeri enn berre å ha ein stabil biologisk ressurs å ta av, og det var eit sosialt og økonomisk aspekt ved berekraftigheit. Spesielt vart dette understreket på Island slik ein leiar i ein fiskeriorganisasjon uttrykte at:

“I would like to point out that within a sustainable fisheries system - we have to include the social factor. A system that destroys coastal communities or destroys small boat sectors or individual fishermen - is not a sustainable fishery system. The biological and the social factors have to be included.”

Ein Islandsk (samfunns)forskar uttrykte:

”Eg meiner omgrepet inneberer å halde fiskebestandane på eit forholdsvis høgt nivå, slik at de gir mest mulig avkastning - biologisk og økonomisk. I tillegg inneber det å ivareta den sosiale, menneskelage sida av fiskeriet - som eg sa tideigare og eg trur ikkje at desse to sidene utgjør nokon konflikt.”

Ein norsk politiskar sa det slik:

”Berekraftige fiskeri, etter mitt syn, det er eit opplegg der vi får eit samspill mellom forskning og fiskaren. Der ein i fellesskap kjem fram til ei utvikling innafor fiskeria som tar omsyn til bestanden. Som tar omsyn til at vi skal ha eit fiske basert på at vi skal ta vare på befolkninga langs kysten”

Mens ein anna også norsk politikar understreket at :

”Vi kan ikkje blande dette med omgrep som har med busetting, kystflåte, havflåte osv. dette er usaklige argumenter som skaper forvirring om omgrepet og avsporing frå målsettinga om å ha eit lang-siktig uttak.”

Den mest omfattande fortolkinga av omgrepet kom frå ein miljøvernar:

”Berekraftige fiskeri kan inndelast i fleire nivå:

nivå ein: Å utnytte de bestandane ein fisker på ein slik måte at ein opprettheld ein stor, utnytteleg bestand på lang sikt.

nivå to: Ikkje berre ta vare på utnyttelege bestandar, men også økosystemet sin rikdom og mangfaldt - både med omsyn til talla på arter og styrken i bestandane - på lang sikt.

nivå tre: Handlar om innsatsfaktorane: I det lange løp, er det umogeleg å drive ei fiskerinæring som er så avhengig av fossilt brensel - for det kjem til å ta slut.ein kan ikkje kalle ein fiskerinæring som er avhengig av eit stadig større forbruk av ikkje-fornybare ressursar - for berekraftig.

Nivå fire: Lokale sosiale strukturer er avgjerande for korleis ressursane utnyttast... det må derfor vere ein sosial berekraft, at dei sosiale strukturane i samfunn som er bygd på fiskeria - oppretthaldes.

Det er ei slåande breidde i semja om korleis ”berekraftig fiskeri” skal forståast; eit stabilt fiske over lang tid. Variasjonane går langs graden av kopling mellom ulike aspekt som skal inkluderast i omgrepet; om berre biologisk faktorar skal spele ein rolle, eller også om ein skal tenke økonomisk og sosialt.

Her var det større forskjellar mellom nasjonar enn mellom aktørgrupper. Spesielt peika Island seg ut her. Mange i det islandske materiale var opptatt av at sosiale omsyn måtte trekkast inn i perspektiv om berekraftig utvikling. Innan islandsk fiskeriforvaltning har det vore mange debattar (Monrad 1997), og to særtrekk ved det islandske systemet, gjer det meir forståeleg at dei meir sosiale aspekta ved berekraftig utvikling kjem opp. For det første

har dei hatt ei erfaring med at systemet med omsettelege kvotar har fått store sosiale ringverknader for islandsk fiskeri ved at tilgang til fiskeria og eigedom har vorte innskrenka til færre aktørar. Dette har også hatt tyding for nokre små lokalsamfunn på Island. I tillegg har dei eit mykje nærare samarbeid mellom fiskarar og forskarar og dermed er kanskje dette perspektivet meir relevant å trekke inn for både partar.

FISKERI, KUNNSKAP OG ETIKK - ANALYSE

Ei sentralt føremål med dette caset var å få informasjon om korleis ulike aktørar i fiskeri og fiskeriforvaltninga såg på det marine miljøet, og kva slags moralske prinsipp dei oppfattar er gjeldande for feltet.

Som ei oppsummering kan ein seie følgjande:

Dei aller fleste informantane understrekar plikta ein har i forhold til ressursane i havet, denne plikta er i all hovudsak retta mot menneskelege interesse, ikkje for naturen i seg sjølv. Deira ansvar var knytt til å syte for at det var henta opp nok mat for å fø denne og dei neste generasjonane menneske. Enkelt individ av dyr er ikkje mål for moralsk åtferd slik enkeltmenneske er. Ingen av informantane såg nokon grunn til å gi sjøpattedyr ein spesiell status eller rett, utover den retten alle dyr og artar har til eksistens. Det at sel og kval spesielt vert understreka har nok fleire forklaringar, det eine er at aktørar i fiskerisektoren, og da spesielt fiskarane sjølve, ser på dei store havpattedyra som konkurrentar om dei same ressursane. Det andre er at mange innan fiskerinæringa nok har følt seg angripe frå dyrevernarar, spesielt grupper som argumenterer for at kval og sel har ein høgare status enn andre levande vesen i havet. Dei fleste tar også avstand frå dei grupper som dei kallar miljø- og dyrevernarar, og gir ingen støtte til desse gruppene sin sak. Dette vart også stadfesta i intervjuundersøkingane i de andre Europeiske landa.

Eit anna trekk som er viktig å sette lys på her er ulikskapen i kunnskapsgrunnlag og gjensidig skepsis og mistillit gruppene imellom. Forskarar og forvaltarar meiner at eit sentralt problem i forvaltninga er manglande kontroll over fiskarane og fiske. Fiskarane på si side uttrykker manglande tillit til

forskarar som ekspertar. Dei uttrykker også klart at deira kunnskap ikkje vert brukt nok.

Koplinga til kunnskapsformar er ikkje gjort på grunnlag av direkte spørsmål om dette, men på måten dei har svart på – deira fortolkingsramme - og føresetnader om fagleg forankring i dei ulike delfelta i fiskeria. Forskjellen i kunnskapsgrunnlag gir seg også uttrykk i måten det marine økosystemet vert omtalt. Mens fleire av forskarane snakka om biomasse var ”havet” eller sjøen det som fiskarane brukte. Særleg interessant er bruken av omgrepet ”Havet” som et einaste moralske fokus som skil seg ut. ”Havet” vert sett som ei eining som hadde tydeleg status som moralsk objekt. Spesielt fiskarane gav uttrykk for at deira respekt og audmjuke haldning overfor havet var sentral i måte å svare på.

I følgje svara om forholdet til det marine miljøet kan ein dele dette inn i tre typar:

A) Fiskeri er moralsk relevant fordi det handlar om å skaffe mat til folk, arter som ikkje rører ved matproduksjon har dermed ingen verdi.

B) Fiskeri er moralsk relevant fordi det handlar om å skaffe mat og samstundes bevare ein verdi utover det nyttige. Alle arter har ein rett til eksistens og vårt forhold til naturen har sin eigen moralske grunngeving

C) Fiskeri er moralsk relevant fordi det rører ved naturen utover det vi har rett til som ein likeverdige part i det store bilete.

Som ein ser har A) eit tilnærma reint antroposentrisk og nytteorientert perspektiv, mens C) finst på den motsette sida som økosentrisk utan menneskeleg nytteberekningar. Det er svært få aktørar å finne i denne kategorien, men mange har moralske syn som adopterer noko av begge. Dette finn ein i perspektiv B) som er det perspektivet dei fleste ser ut til å støtte. Problemet ved dei to ytterpunktane A) og C) er at så få kjenner seg igjen i det, og at det ikkje tar med ein tredje mellomposisjon som faktisk er meir enn ein kombinasjon av desse to. Det særigne med perspektiv B) at det viser muligheit til å ha fleire verdiar og prinsipp i tankane samstundes.

Sentrale verdiar og prinsipp som kom fram i intervjuet kan både skildrast som deontologisk og utilitaristiske, men – som forventet – kom få fråsegn som kan vere uttrykk for det eg her har kalla nærleiksorientert etikk. Det einaste måtte vere dei islandske fiskarane sine uttrykk for haldningar til ørna. ”Vi treng ørna for våre sjel” – var det ein som sa. Eg trur kanskje dette kunne sjåast som meir kulturelt – bortimot religiøs haldning til ørna, meir enn nærleiksbasert omsorg. Men sjølv om informantane ikkje artikulerte denne siste type moralske haldning – den er vanskeleg å snakke om i generelle termar, kan ein ikkje utelukke at dei handlar på vegne av slike motiv overfor dyr i naud. Likevel kan ein sjå bruk av ei nærleiksbasert tilnærming til ”Havet” som sådan – om ikkje til individ (fisk og dyr) som lever der. Dette kan ha likskap med det Hans Jonas (Fidjestøl 2004) appellerar til å sin ansvarsetikk. Her er det snakk om ei førestilling om eit samfunn ein har omsorg og ansvar for.

Når det gjeld forskjellar i gruppene sine etiske haldningar til fiskeri. Materialet peiker ut nokre relevante forskjellar mellom aktørane i fiskeriforvaltninga. Ein ser ikkje eit eintydig mønster, men *tendensar* her som eg gjerne vil peike på. Det ser ut som at administratorar og forskarar med naturvitskapelege perspektiv i rygg(marg)en har eit meir reduksjonistisk og utilitaristisk perspektiv på fiskeri enn det fiskarane og til dels politikarane har. Det er også prega av ein skepsis til fiskarane som dei meiner burde kontrollerast og reduserast.

Fiskarane snakkar ut frå meir samansette perspektiv, enn dei andre gruppene. Dei har med seg tradisjonelle syn på havet, fiske og fisken som dei er oppvaksne med. Samstundes koplar dei dette til meir moderne haldningar til sitt virke, kor auka lønsemd og nye reguleringsordningar prega tilvære i deira daglege gjeremål. Deira svar bærer preg av plikt og omsorg overfor naturen, samstundes som dei snakkar om utnytting av den, og om å fylle kvota. Dei ser seg sjølv som ein del av naturen, der mellom anna selen er ein konkurrent, samstundes som dei gjer uttrykk for at menneska har eit særskilt ansvar for å ta vare på mangfaldet i naturen. Dei har med andre ord både eit tilnærma holistisk perspektiv og eit syn som er prega av det filosofane kallar

”djupøkologi”. Men sjølv om dei ser seg sjølv om ein del av eit system/samfunn, gir dei mennesket eit ein høgare status og større ansvar enn andre arter i naturen. Her møtest det tradisjonelle, det moderne og det post-moderne syn på naturmiljøet utan at dette har vore ein medveten prosess hjå fiskarane. Forskjellen i relasjonen til fiskeri og til det marine økosystemet eller havet viste seg også i måten ein snakka på. Ein kan, ut frå intervjuet, skildre fiskarane sin kunnskap og relasjon som kontekstuelet grunngett og til ein viss grad kjenslebasert. Mykje som ligg i fråsegna er bygd på implisitt argument. I tillegg kunne ein sjå ein tradisjonstilknytt skepsis til teknologi og regulering. Denne motstand mot det nye grunngevest på mange vis, men sentralt er at det forstyrrar den tradisjonelle balansen. I denne samanhengen er det også viktig å ta med at fiskeri langt inn i ”den moderne tidsalder” var relatert til hell (hall), lykke og overtru. Forholdet til fiskeriforvaltning og teknologi er også basert på ein livsform, ikkje berre til teknologi og vit-skapsbasert kunnskap.

Det er mykje i materiale som indikerer at det finst ein viss kulturell forskjell, spesielt går denne forskjellen mellom fiskarane på den eine sida, og forskarar og administratorar på den andre. Politkarane kan seiast å ligge nærare fiskarane i perspektiv enn dei andre gruppene. I sum kan ein sei at administratorane og forskarane var mest reduksjonistisk, nytte- og konsekvensorientert og skeptisk til andre i feltet - spesielt fiskarane. Politkarane viste, som ein kanskje kunne forvente, eit meir holistisk syn. Fiskarane hadde også det, i tillegg gav dei utrykk for respekt og nærleik til naturen som her dreia seg om havet. Dei var i desse intervjuet meir ekspressiv omkring moralsk medvit enn dei andre. Det virka med andre ord som det fall dei meir naturleg å sjå moralen i fiskeriforvaltninga.

Fiskarane sitt sterke syn på kval og selfangst kan forståast på mange vis, sjølv om det kan vere vanskeleg for nokre å sjå at dei som lever så nær naturen kan vere så lite villig til å gå med på vern av desse dyre. Her er det nok viktig å ta med at dei store havpattedyra er predatorar og konkurrentar til fiskarane. I deira perspektiv er dei enten mat, eller så stel dei vår mat. Sjølv om ingen ynskjer at dei skulle bli utrydda, er det heller ingen i vårt

materiale som forstår at det skulle vere noko grunn til ikkje å drepe dei om dei ikkje er trua som art.

Det er frå mange hald etterlyst eit breiare perspektiv i fiskeriforvaltninga, eit perspektiv som går utover reine biologiske artsutrekningar og fiskeriøkonomiske perspektiv. Desse siste perspektiva har satt seg som grunnforståing innafor mykje av forvaltninga. Ottar Brox har påpekt dette i fleire samanhenger og viste allereie i boka "Hva skjer i Nord-Norge" (1966) til konflikten mellom teknokratiet og småbåtfiskarane i Nord-Norge. Teknokratane meinte at fiskerinæringa måtte effektiviserast og industrialiserast og mengda sjarkfiskarar måtte reduserast, og såg med manglande forståing på fiskarar som ikkje ville gjennom denne naudsynte moderniseringa. Han seier mellom anna:

Det ser ikke ut til å streife ekspertene at det må være et uholdbart og i alle tilfelle analytisk ufruktbart utgangspunkt at en hel folkegruppe forutsettes å handle stikk i strid med sine egne interesser.....Når for eksempel nordnorske fiskebønder går imot trålere, så er det ikke ut fra konservativisme, fordommer eller "negative innstillinger", men ut fra ønsket om å ha det så bra som mulig" (Brox 1966, s39).

Konflikten mellom kystfiskarar og havgåande trålarar handla imidlertid ikkje berre om interesseforskjellar, men også om konflikhtar mellom det moderne og det tradisjonelle, og mellom ekspertise og lekkunnskap. I dag ville mange, inkludert miljøvernarar og ein del havforskarar, støtta fiskarane sin motstand mot trålen sin frammarsj i sektoren på grunnlag av overfiske og svekking av ressursgrunnlag. Og kanskje var også skepsisen den gongen motivert ut frå frykt for forrykking balansen i havet.

Den tradisjonelle haldninga som kan seiast å ligge nær eit meir økosentrisk perspektiv og som vi finn hjå fiskarane kan gjere det lettare å gjennomføre ei ny tilnærming til fiskeriforvaltninga.⁵⁵

⁵⁵ Den store utfordringa kan imidlertid vere å få administratorar og forskarar med å eit meir holistisk og økosentrisk perspektiv, eller i det minste til å forstå korleis fiskarane tenker om det marine miljøet som dei omtalar som Havet

At det har vore, og er, ei relativt stor avstand mellom fiskarane og dei andre meir "sentrale" aktørane i norsk fiskeriforvaltning har vore påpeikt av fleire (Nilsen 2002, Jentoft og Mikalsen 2001). Allereie i 1965 gjorde Knut Dahl Jakobsen ein samanlikning av landbruket og fiskeri med omsyn til forvaltingsapparat forholdet til aktørane på grasrota – det som han kalla klientane. Her seier han mellom anna: "Fiskerisektoren mangler ikke bare en velutbygd offentlig etat, men etaten er også gjennomgående preget av mindre klientorientering i forhold til fiskerne, helt åpenbart fordi den er tvunget til å balansere mellom motstående interesser, grupper av tilvirkere, eksportører, grossister og aktive fiskere" (Sagdahl og Mikalsen (red.)1982).

AVSLUTNINGSKOMMENTAR

Denne analysen av kunnskap og etiske haldningar i fiskerisektoren har brukt andre teoretiske tilnærmingar enn kapitlet føre som omhandla miljø i kvardagslivet. Likevel har det handla om mange av dei same tema og kan tydeleggjere enda klarare kva utfordringar som ligg i miljøpolitikk og ressursforvaltning. Spesielt handlar det om forholdet til det å omsette miljøomsyn til praksis. Miljøpolitikk handlar om praktisk miljøomsyn og auka forståing av korleis sentrale aktørar i fiskerinæringa tenker er viktig for å få til god praksis. Dette er et sentralt poeng i dette kapitlet, som også vert understreka av andre i tilknytning til fiskeriforvaltning og miljøomsyn. Regulering handlar heller ikkje berre om å kontrollere umoralske fiskarar, hevdar Jentoft og Mikalsen (2001). Reguleringspolitikk er eit demokratisk produkt og bør ha oppslutning og legitimitet hjå dei det vedgår (ibid.). Samstundes hevder fiskarar ofte at dei ikkje er vorte høyrte, og at politikken i liten grad har tatt omsyn deira synspunkt. Jentoft og Mikalsen syner at reguleringar grip inn i fiskarane sin kvardag på måtar som vanskeleggjer den praktiske avviklinga av fisket. Mange utøvarar opplever av den grunn at reguleringar er både "idiotiske" og "upraktiske", og dette svekkar legitimiteten i reguleringane (Ibid. s. 150). At fiskeriforvaltninga og politikk har vore prega av denne type legitimitetsproblem, vert understreka av fleire sentrale forskarar innan dette

feltet. Dei tidlegare nemnte co-management modellane søker å vise at medforvaltning vil styrke både legitimitet og betre berekraft (Sagdahl 1992).

Dette er ein oppgåve for politikken, men også politiske institusjonar har utfordringar med omsyn til integrering av miljøomsyn i sitt felt. Det neste kapitlet tar for seg korleis miljøpolitikk vert søkt integrert i ein fylkeskommune.

Regional miljøpolitikk

- frå skolering til vedtak

INNLEIING

Vi har til no sett på korleis miljøvern og miljøomsyn har blitt fortolka og handtert i kvardagsliv og fiskeri. Dei føregåande casestudiane syner mellom anna to trekk. For det første at lokal kunnskap er naudsynt for å kunne ta miljøomsyn. Samstundes syner casestudia at informantane etterlyser eit miljøansvar hjå større styringssystem i samfunnet, nokre som kan lytte og tilretteleggje. Miljøomsyn er i høg grad politikk, og politikk handlar mellom anna å få ulike verdar og interesse til å møtast, for å kunne styre samfunnet i ønska retning. Men også aktørane i politikken treng rammer rundt sitt virke. Både kunnskap, vilje og praktiske vilkår er styrande for deira val og handlingsrammer.

Når eit nytt felt vert definert inn som eit relevant felt for politikken, er problemdefinisjonen svært sentral for korleis feltet vert handtert. Slike definisjonar gir vilkår for kva som oppfattast som problem, kor årsaka ligg og kva slags løysingar som er mogelege overfor problemet. I dette kapitlet skal eg sjå nærare på eit forsøk på å integrere miljøvern som eit - for dette politiske

nivået – nytt felt. Casestudien⁵⁶ er henta frå Nordland fylkeskommune og handlar om det å få miljøvern på den politiske dagsorden og utfordringar når målsetting om miljøvern skal settast i verk som politiske vedtak. Nordland fylkeskommune satte i 1993 i gang eit prosjekt som gikk ut på å ein skolering av leiinga i fylkeskommunen mot ein meir miljøvenleg politikk og drift av fylkeskommunen. Presentasjonen og data har utgangspunkt i eit evalueringsprosjekt eg utførte saman med Åge Mariussen i regi av Nordlandsforskning (Skorstad og Mariussen 1994). Denne evalueringa var av eit forsøk på å skolere politikarar og administrative leiarar i Nordland fylke i miljøpolitikk – eit ”forum for miljø og utvikling”. Eg vil i kapitlet gi eit samandrag av både prosjektet i Nordland og den evalueringa vi i si tid gjorde. Vidare vil kapitlet innehalde ei oppfølging av denne evalueringa for å sjå om satsinga på miljøpolitikk hadde noko for seg i praktisk politikk. Denne oppfølginga er ein gjennomgang av saker og vedtak som vart gjort av fylkestinget og fylkesrådet i perioden 1999-2001, og fylkesplanar og strateginotat som har kome etter prosjektet vart avslutta i 1994. Eg har ikkje intervjuet fleire deltakarakar etter at Forum for miljø og utvikling vart avvikla i 1994. Ein kan likevel finne fram til noko av det som skjedde etter at forumet vart avvikla ved å gjere ein studie av ulike offentlege dokument, sakspapir og Fylkeskommunen sine internettsider.

Utgangspunktet for å studere forsøksprosjektet ”Forum for miljø og utvikling” som skulle vere eit skoleringsprogram for leiarar i fylkespolitikken, var at dette gav høve til å følgje ei mogeleg utvikling frå kunnskap via medvit og til ei eventuell handling.

Miljøpolitikk og forvaltning

Naturvern vart første gong statleg verksemd med naturvernloven i 1910. Administrasjonen vart lagt til kyrkje- og undervisningsdepartementet og

⁵⁶ Delar av denne studien er tidlegare publisert som arbeidsnotat frå Nordlandsforskning – sjå Skorstad og Mariussen 1994

vart verande der til i 1965. Da skjedde det ei reorganisering, og det som tidlegare hadde vore knytt til klassisk naturvern vart no knytt til regional politikk og planlegging. I 1965 vart naturvernsakene overført til Kommunal og Arbeidsdepartementet (Høyer og Selstad 1991).

Organiseringa av norsk miljøpolitikk har endra seg vesentleg dei siste 20-30 åra⁵⁷. Opprettinga av miljøverndepartementet i 1972 fikk miljøvern formell status i Norge og var det første landet i verda som hadde eget miljøverndepartement. På det utøvande forvaltningsnivå er Statens forureiningstilsyn (SFT) eit døme på statleg organisert miljøforvaltning. SFT vart i 1974 etablert som eit eige organ for å handtere forureining frå bedrifter. Ti år etter at miljøverndepartementet vart oppretta; i 1982, fikk ein miljøvernavdelingar hjå fylkesmannen sitt kontor, som er staten si forlenga arm i den regionale forvaltninga. På fylkesnivå har fylkesmannen si miljøvernavdeling hatt det administrative ansvaret for miljøvernsaker sida. På slutten av 1980-tallet vart det reist forslag om å få eit eige hovudutval for miljøvern i kommunane. I 1987 kom oppstarten av det såkalla Mik-programmet (Miljøvern i kommunane) med formål om å etablere, drive og evaluere forsøk med utvida lokal miljøforvaltning i kommunane (Jansen 1991, Høyer og Selstad 1991, Aarsæther mfl. 1991) Det var i perioden 1988 til 1991 omlag 90 kommunar som var med i forsøket, etter det var prosjektet gjort om til ein reform som omfatta alle kommunar (Hovik og Johnsen 1994).

Konkret vart Miljøvern i kommunane gjennomført med at Miljøverndepartementet gav øymerka tilskot som skulle dekke heil eller deltidstilling som miljøvernleiar eller konsulent. På same tid skulle ein legge ansvaret for miljøvernarbeid under eitt politisk organ. Kommunane vart òg oppfordra til å lage ein miljøplan. Det nye med MIK er ikkje at kommunane har miljøforvaltningsoppgåver, men at dei no fikk eit spesifikt miljøvernansvar (Hovik og Johnsen 1994).

⁵⁷ Det har i denne perioden skjedd eit juridisk reformarbeid. Det er derfor heller ikkje lett å og ei god skildring av organiseringa fordi det heile tida skjer omorganiseringar.

I NOU 2000:22 vart miljøforvaltninga knytt opp mot reformer i kommune- og regionalforvaltning. Eit av mange signal på at fylkeskommunen kom til å få det regionale ansvaret for miljø og ressursforvaltning. Det vart forsterka av Stoltenberg-regjeringa som eksplisitt uttykte mål om å overføre miljøsa-ker i større grad frå stat til fylke og kommunalforvaltning. Her vart det mellom anna sagt:

”For bedre å integrere miljøvernensynet i øvrige areal- og ressursbaserte samfunnssektorer, vil regjeringen overføre fylkesmannens ansvar for miljø, med unntak av klagebehandling og lovlighetskontroll, til den nye fylkeskommunen og styrke fylkesplanen som regionens plan- og samordningsinstrument”. (NOU 2000:22 pkt.1.2 (mi utheving))

Stoltenberg-regjeringa vurderte det som sentralt å redusere dobbeltbyråkrati og hindre kompetansestrid på regionalt nivå. Samstundes argumenterte dei for at fylkeskommunen sin regionale organisering ville fremme ein heilska-peleg og økologisk bærekraftig utvikling i alle landets fylker. Dette vart det som kjend ikkje noko av pga. regjeringsskifte, og i stortingsmelding nr. 19 2001/02 var signal meir retta mot primærkommunane og i mindre grad mot fylkeskommunen. Her vart det snudd tvert om, og understreka at ein ikkje ønska ein ”overkommune”. I St.meld. nr. 19 (2001-2002) heiter det:

*”Gjennomgangen er også gjort i lys av Stortingets forutsetning ved behandlingen av St.meld. nr. 31 (2000-2001) om at miljø- og landbruksopp-gaver skal desentraliseres til kommunene. Regjeringens utgangspunkt er at alle oppgaver som krever lokalpolitisk skjønn, skal overføres til kommune-ne. Dette er i tråd med prinsippene for oppgavefordelingen om at lokale folkevalgte organ bør ha ansvaret for oppgaver som krever lokalpolitisk skjønn, og at oppgaver bør legges på lavest mulig effektive nivå. De gjenværende oppgaver på regionalt nivå vil i hovedsak være typiske statlige oppgaver. **Regjeringen mener derfor at dette er oppgaver som ikke bør overføres til fylkeskommunen**”* (pkt 4.3.1. mi utheving)

Lenge var rammene likevel der for at fylkeskommunen kunne og skulle sette i verk politikk og planar som rørte med miljøvern. Kva som var den ut-

løysande faktor som fikk Nordland fylkeskommune til å stase på miljøvern heilt til det punkt at dei ynskja å kalle seg sjølv "Miljøfylket Nordland" skal ikkje eg fastslå her, men prosessen kan tyde på at det var ein kombinasjon av at ytre rammer vart endra, slik eg har nemnt i avsnittet ovanfor, politiske/ideologiske bølger, miljøengasjerte administratorar og strategi (sjå Selstad 1992).

Fylkeskommunen som miljøpolitisk aktør

I dei fleste fylke blir miljø- og utviklingspolitikken ivaretatt gjennom ein institusjonalisert arbeidsdeling, der fylkeskommunen har ansvaret for næringsplanlegging og iverksetting, til dømes av næringspolitikk. Ansvaret for miljøvern på fylkesnivå har sida 1982 ligge hjå Fylkesmannen. Alle fylkesmennene har ein miljøvernavdeling, som arbeider med naturvern, friluftsliv, forureining, vilt, ferskvassfisk og vassdragsforvaltning. Fylkeskommunen har på si side ansvaret for den regionale planlegginga, der miljøomsyn er sentralt. Sjølv om ikkje hovudansvaret er lagt her har alle fylkeskommunar etterkvart fått ein eigen plan- og miljøvernavdeling. Dobbeltbyråkrati er altså ikkje unngått. Fylkeskommunen sitt miljøvernarbeid knytt seg særleg til fylkesplanlegging og til planbehandling og rettleiingsansvar overfor kommunane. Fylkeskommunen si miljøvernoppgåve har vore å samordne viktige miljøverntiltak i fylkeskommunen. Aktuelle innsatsområdar er avfallshandtering, vassbruksplanlegging, biologisk mangfald, friluftsliv, og dessutan informasjon og haldningsskapande tiltak.

Fylkesplanlegginga er eit sentralt styringsreiskap på regionalt nivå. Den legg til rette for samordning mellom det nasjonale og det lokale nivået. Staten (her regjeringa og Miljøverndepartementet) legg føringane for den regionale politikken, og peiker særleg på behovet for ein heilskapeleg arealpolitikk, der arealbruken blir sett i samanheng med trafikkavvikling, gode miljøløysingar og trygge lokalsamfunn og bustadmiljø.

I hovudmålsetjinga som ein finn i Nordland fylkeskommune sin fylkesplan heiter det mellom anna:

”Det langsiktige forvalteransvaret skal prege utviklingen i fylket med hensyn til miljø, økonomi og samfunnets verdifundament.” Under ”Strategiske innsatsområder for Nordland i planperioden” seier en følgende: ”Innsatsområdet bærekraftig utvikling skulle integreres og ivaretas av alle arbeidsgruppene.” (Fylkesplan for Nordland fylkeskommune 2000-2003)

Det er spesielt når det gjelder planlegging at fylkeskommunen nytta dette høve til å integrere miljøpolitikk, i til dømes arealplanlegging og i generell bruk av plan- og bygningsloven. For å forstå historia om det som skjedde i Nordland fylkeskommune den første halvdel av 1990-talet, vil eg først sjå på meir generelle forståingar om forholdet mellom miljø, makt og politikk.

MILJØ OG MAKT I POLITIKKEN – EIT TEORETISK INNBLIKK

Miljøvern er nesten som eit klassisk tema å rekne innfor skildringar av makt i samfunnet. Ibsen tok opp dette tema i skodespillet ”En folkefiende” om makt og forureining allereie i 1882. Og Matthew Crenson viste korleis miljø kunne vere ikkje-politikk i sin studie av makt og forureining i 1971. Den siste var også sentral hjå Steven Lukes i ”Power – a Radical View” frå 1974. Her syntte han at nettopp denne typen makt - det ikkje politiske - hadde ein sær eigen dimensjon over seg. Flyvbjerg si avhandling ”Rasjonalitet og makt” (1991) hadde også miljø og planlegging som empirisk felt. Han brukte mellom anna Habermas og Foucault til å forstå kva som skjedde i Aalborg i planlegging av eit prosjekt som skulle redusere biltrafikken i byen. Det var sterke maktinteresser i Aalborg som ikkje ynskja å redusere biltrafikken. Prosjektet vart eit døme på at det var makta som rådde og prosjektet oppnådde ikkje dei mål som vart satt. Flyvbjerg sine konklusjonar var at makta styrer rasjonalitet og ikkje omvendt. Han hevdar i sin konklusjon mellom anna at det er makta som definerer røyndomen og at rasjonaliteten er kontekstavhengig og at denne igjen er fanget av makta (Flyvbjerg 1991,s. 424).

Fleire har analysert norsk miljøvernpolitikk i relasjon til verdiar, kunnskap og makt. Både forskingsprogrammet ”Miljø, makt og styring” og Makt- og

demokratiutreiinga har i dei seinare åra arbeida med desse problemstillingane. Ein klassiske studie av norsk miljøvernpolitikk er Alf-Inge Jansen si dr. grads avhandling "Makt og Miljø – om omforminga av natur- og miljøvernpolitikken i Norge"(1989). Jansen analyserer organiseringa av natur og miljøvernsektoren si organisering og sakhandsaming i ei sak; opprettinga av miljøverndepartementet. Sentralt i denne studien er analysen av ulike ideologiar i natur- og miljøvernpolitikken og korleis ein ideologi fikk hegemoni framfor dei andre i opprettinga av miljøverndepartementet.

Jansen (1989) gjorde eit skilje mellom tre typar ideologiar i miljøørsla, som han drøfter opp i forhold til tre ulike miljøpolitiske strategiar. Drøftinga omfattar "Klassisk naturvern", "Vekst med vern"- ideologiar og "Økologiske ideologiar".

Klassisk naturvern har tradisjonelt vore retta mot eintydige krav til politiske vedtak, nemleg vern eller freding. Denne naturvernholdninga er ikkje klart forankra i politisk ideologi, men meir ekspertise eller teknokratisk ideologi, som Jansen kallar det. Vekst med vern ideologien har derimot forankring i politiske ideologiar som klassisk liberalisme og sosialdemokratiske verdiar. Her står økonomisk vekst sentralt. Forureinings - og miljøvernproblema kan her løysast innafor ramma av den industrielle samfunnsstruktur. Ideologien godkjenner ei rekke interesser og løysingar på samfunnsoppgåver utan at det er klare grenser for ulike interesser si innverknad.

Økologiske ideologiar er klart forskjellige frå dei ovafor. Desse ideologiane ser ikkje på menneskesamfunnet som noko som har ein unik plass i det økologiske system, men meiner at mennesket som art må tilpassa seg naturen og miljøet slik andre arter i det økologiske system må gjere. Dette inneber at desse ideologiane meir eller mindre krev at samfunnet, og spesielt det økonomiske og politiske liv, må tilpasse seg naturen og ikkje omvendt. Konsekvensen av å innrømme at menneskeskapte system forringer og øydelegg miljøet er at desse systema må bli endra (Jansen 1989).

Jansen seier dette i forhold til deira relasjon til praktisk politikk:

"En natur- og miljøvernpolitikk som var forankret i Økologiske ideologier ville ha store konsekvenser for den økonomiske vekst og dermed for statens økonomiske grunnlag. En slik natur- og miljøvernpolitikk ble antatt - så lenge en gikk ut fra at velgernes preferanser i hovedsak var knyttet til fortsatt vekst og økonomisk velstand og en videre utbygging av velferdsstaten - å hindre politikerne både i å vinne flertall og politisk makt og i å realisere de politiske løfter som var gitt (med de konsekvenser det ville ha for muligheten til beholde makten). En natur- og miljøvernpolitikk forankret i Vekst med vern - ideologien kunne derimot forenes med de krav som fra systemsituasjonen ble stilt til dem som ønsket å oppnå den politiske makt og økonomiske grunnlag til å realisere de løfter som var gitt og den politikk en som var lovet. I praktisk politikk sørget man med denne ideologi for å tilpasse natur- og miljøvernpolitikken til vårt økonomiske system"(Jansen 1989:268-9).

Ein konklusjon i Jansen sitt arbeid var at Vekst med vern ideologien kom til å dominere norsk offentlig miljøpolitikk. Den einaste sentrale aktøren som i oppstartingsprosessen til miljøverndepartementet motsette seg dette var Norges Naturvernforbund som hevda at økonomien måtte tilpasse seg miljøvernet og ikkje omvendt (Jansen 1989:270).

MILJØPOLITIKK OG BEREKRAFTIG UTVIKLING

Opprettinga av miljøverndepartementet, som var caset for Jansen sin analyse, skjedde nesten to tiår før omgrepet "berekraftig utvikling" kom på den politiske dagsorden. Det er likevel mange likskapar mellom det prinsippet og vekst-med-vern ideologien. Da Nordland fylkeskommune skulle ha ein miljøpolitisk profil, valte dei "berekraftig utvikling" som miljøideologisk ramme for si satsing. Omgrepet vert brukt i ei rekke dokument og uttalingar frå Nordland og tyder på at ideen har fått legitimitet og gjennomslag hjå aktørane i fylkeskommunen. Men kva slags miljøvern ligg eigentleg i omgrepet?

Sida Brundtlandkommisjonen sin rapport "Vår felles framtid" (1987), har omgrepet "berekraftig utvikling" vore eit kjernestrids punkt i forsøket på å

sameine idear knytt til miljøvern på den eine sida og utvikling på den andre. Utfordringa i møte med både dei som arbeider med etikk på dette feltet, og dei som utøvar politikk har ligge i å frambringe ein passande formulering og implementering av ein berekraftig utviklingspraksis.

Berekraftig utvikling er eit prinsipp kor miljø og utvikling heng uløyseleg saman. Samtidig viser det at det eine ikkje nødvendigvis står i vegen for det andre. Det er med andre ord ikkje slik at miljøvernomsyn tyder stagnasjon, og utvikling inneber at man ikkje kan ta miljøomsyn. Det er innafør denne miljøvernideologien at Nordland fylkeskommune tidleg på 1990-tallet søkte å integrere miljøvern inn sin regionalpolitikk. Motivasjonen var altså at miljøvern nor var mulig å integrere. Samstundes har dei aukande miljøproblema både globalt og lokalt etter kvart vart meir påtrengande å bringe miljøaspektet inn den politiske aktiviteten.

I dei tolkingane av omgrepet som kom etter Brundtlandkommisjonen sin rapport, er det einaste som vert klart at omgrepet er svært uklart. Oluf Langhelle er sin av dei som har søkt å kome ”berekraftig utvikling” under huden. Han seier mellom anna:

”Med bærekraftig utvikling som slagord forsøker Verdenskommisjonen å integrere hensynet til både miljø og utvikling og å sette søkelyset på samspillet mellom dem. Dermed bringes både utviklingsdebatten og miljødebatten videre innenfor en noe annerledes ramme enn tidligere, men drar også med seg den samme ideologiske spennvidde. Ethvert syn på bærekraftig utvikling har dermed ideologiske føringer, noe som er grunnen til det mangfold av definisjoner av bærekraftig utvikling som foreligger i dag”. (Langhelle 1998:88).

Berekraftig utvikling har legitimert og grunnlagt vedtak og tiltak i politikk verda over. Omgrepet og det politiske grepet som ligg i berekraftig utvikling har vorte referert til av aktørar på alle forvaltningsnivå. Oppfølgingstiltaket: Rio konferansen hadde som mål å få miljø på dagsorden i det 21. hundreåret – gjennom Agenda 21.

Agenda 21

”Agenda 21” var eit reelt forsøk på å spesifisere kva slags vedtak og praksisar som var naudsynt over heile verda for å forsona økonomisk og sosial utvikling med miljøomsyn - altså ein berekraftig utvikling. Den viser korleis miljøproblem heng saman med sosiale og økonomiske problem slik som helse, fattigdom, forbruk og befolkningsvekst. Agenda 21 tar for seg forslag som vern og forvaltning av ressursar og understrekar viktigheita av å involvere folk, spesielt utsette grupper og berørte partar. I Agenda 21 vert det slått fast at ei berekraftig utvikling primært er eit ansvar for dei enkelte land og deira styresmakter. Eit slikt arbeid krev lokale og nasjonale strategiar, planar og politisk innsats. Dei enkelte land sin innsats skal i tillegg koordinerast og forbindast med kvarandre gjennom internasjonalt samarbeid, til dømes via FN-systemet. Auka engasjering i det breie lag av befolkninga er eit sentralt poeng, samt å involvere interesseorganisasjonar og andre brukargrupper (ProSus 1996)

I kapittel 28 i rapporten frå Rio-konferansen vert viktigheita av å dra inn lokale aktørar og styresmaktar framheva. Her vert Lokal Agenda 21 foreslått som ein strategi for lokal implementering av berekraftig utvikling. Lokal myndigheiter vert oppfordra til å samarbeide med ikkje- offentlege aktørar for å finne gode lokale løysingar på både globale og lokale miljøproblem.

I rapporten står det mellom anna om grunnlag for handling:

“Because so many of the problems and solutions being addressed by Agenda 21 have their roots in local activities, the participation and cooperation of local authorities will be a determining factor in fulfilling its objectives. Local authorities construct, operate and maintain economic, social and environmental infrastructure, oversee planning processes, establish local environmental policies and regulations, and assist in implementing national and sub-national environmental policies. As the level of governance closest to the people, they play a vital role in educating, mobilizing and responding to the public to promote sustainable development”
(UN 1992: pkt. 28.1)

Effektivitet og demokrati sjåast altså som sentralt og naudsynt for å få til miljøtiltak ut frå Lokal Agenda 21. Mobilisering av grasrota vert med dette kapitlet eit ansvar for dei lokale styresmakter – gjennom nærare samarbeid med frivillig og sivil sektor.

Føre – var – prinsippet

Føre-var prinsippet var også sentralt i Forum for miljø og utvikling som Nordland fylkeskommune satt i gang. I Stortingsmelding nr. 58 (1997) heiter det følgjande:

”Vi må være føre var. Sammenhengene i naturmiljøet og i økonomien er så kompliserte at det i praksis ikke er mulig å ha fullstendig kunnskap om alle virkninger. F.eks. kreves det svært omfattende kunnskap for å fastsette nivåer for hva som er kritiske belastninger av økosystemer. Prinsippet om å være føre var innebærer at dersom det er fare for alvorlig eller uomstøtelig skade, skal ikke mangel på full vitenskapelig sikkerhet bli brukt som grunn til å gjennomføre et naturinngrep eller utsette miljøvernpolitiske tiltak. Mulige skadevirkninger må tillegges betydelig vekt når mål fastsettes” (pkt.1.4 St meld nr 58 (1996 - 97))

Føre- var - prinsippet har vorte sett som eit sentralt grunnlag for politiske vedtak med omsyn til kunnskap og miljø. Altså eit sentralt prinsipp som både offentlege styresmakter og private aktørar blir oppfordra til å handle etter. Etter Rio-konferansen ligg føre var tenkinga som eit styrande prinsipp eller eit ideal – om ein vil.

Prinsippet og vedtaka om søke ei berekraftig utvikling skapte på 1990-talet ei politisk semje om at miljøvern både var naudsynt og mulig. Som styringsverktøy var dette samanfallande med ønsket om *desentralisering* av vedtak og tiltak i samfunnet. At Nordland fylkeskommune satt i gang eit prosjekt for å implementere miljøomsyn må sjåast i denne samanhengen.

”MILJØSKULEN” I NORDLAND FYLKESKOMMUNE

Prosjektet "Forum for miljø og utvikling" vart starta våren 1993 i Nordland fylkeskommune, og hadde som formål å styrke fylkeskommunen sin miljøprofil gjennom utvikling og integrering av miljøpremiss i ulike områder for politikken i fylket. Ideen for dette tiltaket var mellom anna henta frå ”politikarskulen i Tingvoll” – ein kommune som hadde sett i gang opplæring av politikarar i miljøvernpolitikk . Tiltaket hadde gjort stor suksess og fikk utbreiing langt utover eigen kommune (Opdahl 1993)

Vedtaket for oppstart av dette forumet vart gjort i fylkesutvalet som ei oppfølging av miljømåla i fylkesplanen for 1992 - 1996. Denne fylkesplanen hadde lagt sterke føringar for å "vitalisere" den regionale miljøpolitikken. Her heita det mellom anna:

- 1) Det skulle leggast vekt på å *førebygge* miljøproblema framfor å reparere dei
- 2) Miljøomsyn skulle *integrerast* som eit overordna premiss for fylkeskommunens tenesteyting og regionalpolitikk. (Fylkesplan for Nordland 1992-96 mi framheving))

Strategien var å forankre miljøpolitikk i den politiske og administrative leiing gjennom læring. Denne læringa skulle vere eit resultat av samlingar med foredrag, gruppearbeid og diskusjon; eit "miljøforum". Det vart lagt vekt på at dette skulle vere eit debattforum med fridomsgrader utover den vanlege politiske møtstruktur. Samlingane gikk over ein tidperiode på eit drygt år, frå mai 1993 til september 1994.

Eit forum for miljø og utvikling

Fylkeskommunen sitt program hadde eit mål om å auke kunnskapen om miljøvern hjå politikarar og administrative leiarar. Programmet hadde også eit uttalt formål om å skape eit betre samarbeidsklima med tanke på miljøpolitisk handling. Hovudmålsettinga for programmet var "konkret handling" for "vår felles framtid". Som dei fleste andre formuleringar om mål var også

denne noko vag og upresis. Den vart imidlertid konkretisert som *synleggjer- ing av fakta* og *avklaring av handlingsveggar*. Med eit slikt utgangspunkt vert det sentrale spørsmålet på kva slags måte deltakarane forsto miljøproblema, og forholdet mellom miljøproblem og anna politikk etter at dei har deltatt på nokre samlingar som hadde følgjande tema på dagsorden.

**Forum for miljø og utvikling tema og aktivitet
(figur 1)**

Rekkeføl- gje	Tema for samlingane	Aktivitet
1. samling:	Miljø- og naturutfordringar; i går, i dag og i morgon	Innlegg, debatt og gruppearbeid
2. samling:	Næringsutvikling og miljøomsyn; konflikt eller mulegheiter?	Innlegg, debatt og gruppearbeid
3. samling:	Miljøomsyn i tenesteproduksjonen til Fylkeskommunen	Besøk i eiga verksemd, innlegg og debatt
4. samling:	Miljøutfordringar og handlingsveggar i Nordland	Omvisning i bedrifter og verksemder som tok miljøomsyn, innlegg og debatt
5. samling:	Samferdsel og miljø	Innlegg – fagleg og politisk, debatt og gruppearbeid
6. samling:	Berekraftig samhandling i Barantsregionen	Faglege og politiske innlegg, og debatt

Dei fleste av samlingane var knytt til fylkestingsmøte og forumet hadde i stor grad preg av vere eit samtaleforum. I nokre av samlingane var det også ein del besøk rundt i fylke kor ein kunne sjå døme på at forvaltarar og næringsliv tok miljøomsyn ut frå nye krav til bærekraftig utvikling og føre- var- prinsippet. Det var mellom anna besøk på eit sjukehus som søkte å drive reirkulering, eit økologisk landbrukssenter og ein båtslipp som hadde tatt omsyn til nye miljøkriterier i sitt virke. I fleire av samlingane var det innlegg frå forskarar, naturvernorganisasjonar, næringsliv og politikk. Innlegga

var knytt til globale og lokale utfordringar, og til problem knytt til ulike utfordringar i by og distrikt.

Tema syner at ein hadde ei brei tilnærming til miljøvernpolitikk og utviklingsproblematikk i fylkeskommunen sitt forum for miljø og utvikling. Bredda i tilnærming kan forståast på fleire måtar, og eit uttalt føremål var å auke forståinga av at miljøpolitikk høyrte heime i den allsidige lista over oppgåvene til fylkeskommunen. På den andre sida kan ei så brei tilnærming føre med seg ein manglande djupn i forståinga av dei ulike miljøpolitiske oppgåvene. Dette kan ha den konsekvensen at alvorlege konflikhtar med andre politiske oppgåver ikkje kjem til syne før det blir sete ut i live som praktisk politikk. Bredda i tematikk kan likevel seiast å vere spesielt føremålstenleg for opplæring av politikarar, for at dei skal ivareta den såkalla "generalistrolla".

Emna har ikkje ein utprega teknisk eller naturvitskapeleg tilknytning. Ein valde ein meir praktisk og samfunnsorientert fortolking av miljø og utvikling. I kontrast til "Politikarskulen i Tingvoll" sitt program tok ein her sikte på å drøfte miljøvern som politikk og ikkje teknikk. "Tingvollskulen" som hadde vorte gjennomført i ulike kommunar ei stund før prosjektet i Nordland, var eit opplegg for kommunepolitikarar og hadde ei relativt sterk naturvitskapeleg forankring.

Kombinasjon av nærleik og globale problem var føremålsteneleg for målsetjingane som forumet hadde. Mellom anna fordi det tydeliggjorde samanhenger og konflikhtar mellom teori og praksis i miljøpolitikk. Med tanke på den såkalla "Agenda 21" frå Rio-konferansen, er dette også i tråd med målsetjingar både nasjonalt som regionalt. Forumet hadde samlingane på ulike stader og med ulikt innhald. Det vart lagt inn omvisning på institusjonar og bedrifter som søkte å ta miljøomsyn for å sjå korleis dette hadde tyding i praksis. Mange av deltakarane gav klart uttrykk for at dei synst slike praktiske døme var inspirerande for deira miljøpolitiske arbeid i fylkeskommunen. Eit sentralt problem i gjennomføringa av programmet var å finne tidspunkt slik at målgruppa for skuleringa skulle delta. Prioritering av oppgåver og tid til slike prosjekt er eit problem i dei fleste organisasjonar. Vurderinga

av deltakinga er likevel sentral med omsyn til interessa for programmet og emna som vart tatt opp - også i forhold til å oppnå dei måla ein hadde sat seg.

Når det gjeld deltaking på samlingane var både politikarar og administratarar representert. Fylkesmannen si miljøvernavdeling hadde stort sett med ein representant på kvar samling. Oppslutninga frå dei politiske rekker kan ein nok seie var bra, hovudproblemet var å få leiarane i administrasjonen til å avsjå tid. Kva dette hadde å seie resultata av forumet, er usikkert, men låg deltaking kan på lang sikt vere eit hinder når ein søker å institusjonalisere miljøproblematikk i den fylkeskommunale politikken. Politikarane er berre valt for fire år i gongen. Kontinuiteten vil ofte avhenge av rutinar og prosedyrar som den administrative delen av fylkeskommunen ivaretar.

Miljøpolitikk i Nordland fylkeskommune

Føremålet med prosjektet ut frå programnotatet frå fylkeskommunen var:

*"Ved å tilrettelegge et faglig høyt og regional tilpassa innhold vil en oppnå hovedmålsettingen om at: **Kunnskap om muligheter gir konkret handling for vår felles framtid**". (Nordland fylkeskommune sitt handlingsprogram 1993)*

Fylkeskommunen såg altså for seg at kunnskapsauken etter kvart skulle slå ut i praktisk miljøpolitisk handling. I første omgang skulle dette føre til ein forståing av miljøvernpolitikk som var i samsvar med dei intensjonane som forumet hadde. Desse intensjonane var nært knytt til vedtak i Miljøkonferansen i Rio, kalla "Agenda 21". Mange av dei miljøproblema og tilrådde løysingar som Agenda 21 tok opp, vendte seg til lokale styresmakter. I den norske oppfølginga av dette seier Stortingsmelding nr.13 1992/93:

"Dette gjør de lokale myndigheter - fylkeskommunene og kommunene til en avgjørende faktor når miljømålene skal oppfylles."

Dette føremålet skulle fylkeskommunen iverksette gjennom ein tredelt prosess: Ein skulle i første omgang gi politikarane og dei administrative leiara-

ne *auka kunnskap* om regionale og globale miljøproblema (klargjere fakta), ein ynskja så å gjere samanhengen mellom samfunnsutviklinga og dei medfølgjande miljøproblema synlege, samt peike på nokre av dei vegval ein har (*diskutere mulegheiter*) og som tredje punkt ynskja dei å skape eit betre regionalpolitisk samarbeidsklima, internt og eksternt (få *konkret handling*). Tanken var at deltakarane i forumet skulle søke semje om miljøpolitisk handtering, noko som igjen innebar felles forståinga av miljøproblematikk (Opdahl 1993).

ERFARINGAR MED FORUMET

Vurderinga av dei erfaringane miljøskulen gav, er basert på deltaking og intervju med nokre av deltakarane. Utvalet av fylkespolitiakarane vart gjort mellom anna ut frå ønske om få politisk breidde. Dei fem største partia i fylket er representert i materiale. Intervjua hadde form av samtale med opne spørsmål. Dei fleste spørsmåla handla om oppfatning og syn på miljøvernpolitikk generelt og fylkeskommunen si oppgåve på dette område spesielt. Samtalane vart også knytt til meiningar og opplevingar av forumet og innhaldet i omgrep som miljø og utvikling. Ut frå samtalane har eg trekt ut nokre sentrale punkt som kan knytast til ei vurdering av "Forum for miljø og utvikling" i forhold til dei mål og ideane ein hadde.

Hovudtrekka som kom fram i intervjua var at forståinga av miljøpolitikk gikk i retning av at det var eit politisk område som måtte flettast inn i andre områder. Eg skal her summere noko av det informantane sa om miljøpolitikk og samarbeid på fylkesplan. Det som er framheva med *kursivskrift* er direkte sitat frå intervjua.

Berekraftig utvikling

Eit sentralt spørsmål i evalueringa av "Forum for miljø og utvikling" er kva slags forståing deltakarane har av kva miljøpolitikk var.

I intervjua av politistarane fann eg at deltakarane hadde innarbeida ei felles forståing av miljøvernpolitikk gjennom målsettinga om å få til ei "berekraf-

tig utvikling". Berre nokre få gikk imidlertid nærare inn på kva dette omgrepet inneheld og kva denne målsettinga inneber. Det såg imidlertid ut til å ha samanheng med deltaking på samlingane; til fleire kurs dei deltok på, til fleire ord kunne dei sette på innhaldet i omgrepet. Det trengte ikkje vere nokon klar indikasjon på læring, men ein kan likevel meine at det sannsynlegvis er ein samanheng her. For å illustrere noko av det som kom fram i samband med kva dei la i miljøpolitikk kan eg nemne nokre fråsegn.

Ein av politikarane uttrykte følgjande;

”Miljøvernpolitikk handlar om at jorda skal overleve oss - også.”

Ein annan sa det slik nå eg spurte kva han la i omgrepet ”miljøpolitikk”:

”At vi i praksis, i budsjett og handlingsplanene, gjør de nødvendige håndgrep for å få til en bærekraftig utvikling. At utviklinga i nordlandssamfunnet ikke overstiger naturens tåleevne.”

Informantane uttrykte ofte at miljøpolitikk og berekraftig utvikling var to sider av sama sak og at:

”Berekraftig utvikling handlar om at vi ikkje skal ta meir ut av naturen enn det som kan komme igjen.”

Det var eit gjennomgåande at dei skildra berekraftig utvikling noko ullent. Slike uklarheitlar rundt omgrepet "berekraftig utvikling" var ikkje overraskande. Det viktige var kanskje ikkje kva innhald omgrepet får, men kva ein avgrensar det frå. Ein miljøpolitikk som diskuterast med utgangspunkt i omgrepet "berekraftig utvikling" vart klart avgrensa frå "gamle" reparasjonspolitikken – vart det slått fast.

”...Og det er meir knytt til produksjon og forbruksmønster enn mot klassiske reparasjonstiltak på industri, og også reine vernespørsmål for så vidt. For det er ein fase vi er ferd med å forlate...”

Distinksjonen mellom reparasjon og førebygging såg ut til å ha slått igjennom. Mange synast å meine et no måtte:

".. gå inn på et førebuande og førebyggande stadium"

Dermed er også grunnlaget lagt for det neste resonnementet: dersom miljøpolitikk inneber at ei må gå inn på eit førebuande stadium, må politikken bli integrert i andre formar for politikk, så som samferdselspolitikk, næringspolitikk osv. Det å innføre eit "vogge til grav" - prinsipp i områder som jordbruk, næringsutvikling, fiskeri og samferdsel vart også understreka.

Miljøvernpolitikk som ein del av all politikk

Mange av dei som vart intervjuva var opptatt av å understreke punktet om at miljøvernpolitikk ikkje kunne sjåast isolert, men som ein del av ein heilskapleg politikk og - med det - andre politikk område. Det sentrale var at det måtte kome inn under alle politikk områder. Som ein av politikarane sa:

"Det har etterkvart gått opp for meg at miljøpolitikk må sjåast som ein integrert del av all aktivitet i fylkeskommunen."

Ein annan understreka:

" Om vi skal få til noe på miljøvernside så må vi inn på alle områder i politikken, og det må være sektorovergripande. Spesielt når vi held på med handlingsplanar i ulike variantar, da er det viktig å ha i bakhovudet og få ned på papiret at det også handle om miljøvern. Slik at vert ein del av det daglegdagse tanken..."

Integrering av miljøpolitikk i dei fleste politiske prosessar vart derfor sett på som svært sentralt. Fleire nemnde dette som ein kontrast til tidlegare målsettingar i til dømes fylkesplanar med å ha eit eige kapittel om miljøvern. Problemet var ofte at miljøvern vart problematisert utan å sjå samanhengen til andre tema i planane.

Mange var også opptatt av at ein ikkje kunne seie at ein dreiv med miljøvenleg politikk før ein kopla det til vedtak og såg det i budsjetta.

”Det må inn i våre planer også at det skal være sektorovergripande. Det må også inn i budsjetta. Budsjett er ikkje anna enn handling uttrykt i tall!”

Læring i eit miljøforum

Forumet skulle vere både eit læringsopplegg og ein diskusjonsarena. I intervjuet spurte eg om dei opplevde å ha lært noko gjennom samlingane, og dei fleste sa dei hadde gjort det.

”Ja, for min egen del synst eg å ha lært noko nytt. .. det har kanskje ikkje endra så mykje på holdningane, berre at ein har vakna frå tidligare å ha slumra når det gjeld miljøpolitikk.”

Likevel var det ikkje alltid semje om at opplegget var like høveleg:

”..men det er ikkje sikkert at det å sitte på skolebenken ein dag annakvar månad er den beste måten å lære på - Det er jo best å lære i praktisk politikk også.”

”Det blir litt for mange arrangement der hyggelege menneske har kome saman og nokre har presentert korleis dei liker å jobbe med dette her, mens sjølve implementeringa av miljøpolitikk i nordlands-samfunnet manglar. ”

At dei som deltok lærte noko nytt var det liten tvil om, kva fylgjer læringa kunne få vart det også reflektert over:

”Å overføre eventuell ny kunnskap og erfaringar til andre i praktisk politikk er ikkje enkelt. Men eg oppfattar det slik i vores gruppe at det er ein gryande bevisstheit om miljøpolitikk og dette er ein prosess som vi sjølv må sette i gang . Ein vil heller ikkje sjå endring frå i dag til i morra. Dette er ein gradvis utvikling. Og om vi er flink til

å sette miljø på dagsorden i sambande med saker vi har oppe til behandling både i fylkesutval og i fylkestinget, og får miljøkonsekvensar med i saksutredningane, så dreg vi prosessen i gang. Og dette kan verte ein snøball som berre rullar vidare, av seg sjølv til slutt.”

At dette har vore eit diskusjonsforum uttrykte fleire som føremålsteneleg.

”I miljøforumet har vi utveksla problemstillinga og utfordringar saman”.

”... Men dei samlingane som eg har deltatt på, har vore gode og informative, og ein fin arena for at ulike grupper kan møtast.”

Dialogbasert miljøpolitikk

"Forum for miljø og utvikling" var tenkt som eit dialogbasert organ som skulle fremje auka forståing for miljøpolitisk innhald og politiske løysningar. Det vart understreka av politikarar som deltok på samlingane. I tillegg er forumet uttrykt som eit glimrande høve til å dra i gang ein miljøpolitisk diskusjon. Det skulle ikkje vere ein arena for maktspel, men heller ikkje ein arena for "koseprat". Forumet hadde ei instrumentell målsetting; resultatane skulle omsettast i praktisk handsaming, men likevel ikkje mangle ein form for kommunikasjon som kan styrke deltakinga i fylkespolitikken.

Miljøpolitikk på fylkesplan har tidlegare berre vore eit område for fylkesmannen si miljøvernavdeling. På grunn av at arbeidsmetodar, organisering og avgjerdsprosess var relativt ulike i dei to forvaltningsorgana, vart det uttrykt ein del frustrasjon og konflikt i forholdet mellom fylkesmannen og fylkeskommunen. Det var også et sentralt område som politikarane var opptekne av:

”Fylkeskommunen arbeider ut frå ein open prosess mot brukarane, f.eks. grunneigarar, kommunar og næringsdrivande. Fylkesmannen jobbar ut frå ein meir lukka prosess og presenterer i større grad ferdige planar, utan at dei berørte partane er aktive deltakarar.”

Kritikken mot tendensen hjå statsforvaltninga til å overkøyer lokale vedtak var ein side av det, som vart nemnt.

Fleire politikarar var imidlertid opptekne av at dialogen mellom fylkeskommunen og fylkesmannen hadde betra seg i løpet av den tidsperioden kor forum for miljø og utvikling på gikk. Som ein av dei sa:

”Vi snakkar på ein annan måte no, vi har slutta å slå kvarandre i hovudet”.

At forumet hadde styrkja samarbeidet mellom fylkesmannen og fylkeskommunen var det tydeleg brei semje om, også frå fylkesmannen si side. Miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen meinte likevel at kontaktflata ikkje har vorte breiare, berre djupare. Ein vart betre kjend med dei ein kjende frå før, vart det hevda.

Ein demokratisk miljøpolitikk?

Eit grunnleggjande dilemma når politikarar skal skolerast er at det ligg ein fare for at dei da også fjernar seg frå det partiprogram som dei er valt inn på, og det folket dei representerer. Ein slik form for politikk kan derfor være problematisk for de som oppfattar sitt politiske mandat som bunde. Dette vart diskutert i utviklinga av forumet. Samstundes var politikarane opptatt av at fylkeskommunen var eit demokratisk organ med representantar direkte vald av folket i Nordland. Det demokratiske aspektet var understreka som viktig med omsyn til legitimiteten av miljøpolitikken.

”Miljøverntanken er nok best tent med å ligge under et demokratisk system” - vart det sagt.

Ei anna side ved det som har med demokrati å gjere var valet mellom læring og *belæring*. Som representantar for folket i Nordland var det tydeleg eit viktig prinsipp om ikkje å vere belærande, og dermed framstå som betrevitarar. Mange var opptekne av at befolkninga og kommunen skulle vere med i prosessane der ein søkte å integrere miljøpolitikk. Den grunnleggjande for-

ståinga hjå dei representerte var altså sentral for å få legitimitet rundt ein ny form for miljøvernpolitikk. At det hadde vore eit ynskje med enda betre miljøvernkunnskapar i Nordlandssamfunnet generelt vart trekt fram. Dette kunne betre forholdet mellom rolla som representant for innbyggjarane i Nordland og den belærande "betrevitaren". Legitimitet i vedtak skulle styrkast gjennom gjensidig kommunikasjon. Alt i alt ser det altså ut til at ei forståing av ein integrert miljøvernpolitikk gjennom kommunikasjon slo igjennom hjå politikarane i fylkesutvalet. Kva meir er: dette ser ut til å vere noko som gjeld uavhengig av partitilhøyring.

Det var tydeleg at deltakarane var medviten på sin rolle og satte i klar kontrast til fylkesmassen sitt ekspertorgan – som dei meinte hadde tendensar til å fjerne seg frå folk flest sine perspektiv. Demokrati og miljøvern hang tett saman – vart det hevda.

Politiske vedtak

Det overordna formålet med "forum for miljø og utvikling" var å få til ein praktisk politikk som ivaretar ideen om ein berekraftig utvikling. Prosjektet sin stegvise framgang der ein først skal auke kunnskapen, så finne vegval og til slutt faktisk gjere noko om er i tråd med dette, gjer forumet vanskeleg å evaluere. Problemet var mellom anna grunna i at vegen frå teori til praksis er kronglete, spesielt knytt til eit årsak - verknad perspektiv. Er dei politiske vedtaka eit resultat av dette forumet eller er det andre årsaker til at ein gjer som ein gjer?

Etter at prosjektet kom i gang vart det gjort to sentrale vedtak som kan knytast til dei formål som forumet har hatt. Ein kan ikkje seie at dei er direkte eller indirekte konsekvensar av skuleringsprogrammet, men dei er likevel vesentlege i miljøpolitikken i fylket. Det eine er eit vedtak om å løyve meir pengar til miljøsatsing i langtidsbudsjettet i fylket, og det andre er eit vedtak om å innføre miljøkriterier for løyving av midlar i næringsutviklingsfondet.

I juni 1994 vart det løyva 1 million til satsing på miljø innanfor område som vart att opp i forumet (Nordland fylkeskommune 1994). Som informantane

understreka var oppfølging av forumet for miljø og utvikling vesentleg for institusjonalisering av miljøomsyn i fylkespolitikken. Det var første gong fylkeskommunen løyva ein eigen pott til satsing på miljøpolitikk.

Det andre var at fylkestinget gjorde eit prinsipielt vedtak om å gjere bruk av miljøkriterier ved tildeling av midlar frå næringsutviklingsfondet. Næringsutvikling er eit sentralt politikkområde for fylkeskommunen, og opnar dermed eit høve til å drive miljøpolitikk og styre samfunnet inn i eit berekraftig spor. Frå fylkesrådmannen blir det understreka at arbeidet med miljøkriterier bør gjevast særskilt merksemd i rullering av fylkesplanen og utarbeiding av strategisk næringsplan.

SUKSESS ELLER FLOPP? - KONKLUSJONAR FRÅ EVALUERINGA

For å trekke ut nokre konklusjonar av denne evalueringa må ein sjå tilbake på målsettinga for fylkeskommune sitt forsøk på å "møte morgondagens miljøutfordringar" gjennom eit forum for miljø og utvikling⁵⁸.

Som nemnt tidlegare hadde forumet eit tredelt føremål:

- belyse fakta
- synleggjering av samanhengen mellom samfunnsutvikling og miljøproblema
- få til konkret handling.

Suksess som "politikarskule"

Konklusjonen av evalueringa tilsa at tiltaket hadde ført til ei bevisstgjerung om miljøpolitikk, og ei auka forståing av at bærekraftig utvikling betyr integrering av miljøpremissar i ulike typar politikk for fylket" (Skorstad og Mariussen 1994). Vi som evaluerarar meinte derfor at forumet fram til da hadde

⁵⁸ Viser her til arbeidsnotatet "Frå politikarskule til integrering av miljøpolitikk" – Skorstad og Mariussen 1994

lykkast ut frå programmet. Med andre ord er skuleringa ein suksess som politikarskule. Politikarane har akseptert og støtta ideen om integrasjon av miljøpolitikk. Det kan sjå ut som ein har fått fleire miljøpolitikarar i Nordland. Ein viktig føresetnad for denne suksessen er utvilsamt at forumet har fokusert på å belyse "fakta og samanhenger", altså ein diskusjon om premisar for miljøpolitikk på ulike områder.

I evalueringa sa vi også at; *"Relasjonen mellom fylkeskommune og fylkesmannen med omsyn til funksjonsfordeling kan nok framleis skildrast som anstrengt. Likevel hadde forumet vorte ein arena for samarbeid og kommunikasjon mellom dei ulike forvaltningsorgana der ein kan sjå tendensar til at dei har kome litt nærare kvarandre i forståing og problemoppfatning.... Med den nye forståinga av miljøvernpolitikk har fylkeskommunen imidlertid lagt ein strategi som ivaretar miljøomsyn utan samstundes å trække fylkesmannen si miljøvernavdeling på føtene."* (Skorstad og Mariussen 1994:24)

Og trass i at fylkeskommunen hadde drive hardt på næringsutvikling og utbygging av naturressursar (t.d. vassdrag), var vurderinga at denne politiske institusjonen hadde ein struktur som inneber høve til ein meir dynamisk og integrerande politikkkutforming, enn reine statlege kontrollorgan. Det viser seg at miljøvern ikkje egner seg som eit avgrensa felt eller sektor, men må sjåast i forhold til andre politikkområder og målsetjingar; dette gjeld både samferdsel, næringsliv, skule og helse, for å ta nokre av fylkeskommunen sine oppgåver.

"Frå kunnskap til handling"

I sin heilskap hadde forumet eit formål om ein prosess som skal gå frå kunnskap til handling. Det vil i første omgang få utslag i praksis ved at det kjem konkrete politiske vedtak ut av denne prosessen. Evalueringa konkluderte med at føresetnadene for dette såg ut til å vere gode. Politikarane hadde akseptert tanken på integrasjon av miljøpremissar i ulike politikkområde - dei har dermed ein felles referansebotn for vidare debatt kring dette emneområdet (Skorstad og Mariussen 1994).

To politiske vedtak var ein indikasjon på at kunnskapen, om ikkje anna hjå politikarane, har slått ut i handling. Det ein var å innvilge fleire midlar til miljøsatsing, og det andre var å stille miljøkriterier for tildeling av midlar til næringsutvikling kan seiast å vere ein svært god start (Ibid.).

Forholdet mellom kunnskap og handling er ingen enkel årsak - verknad samanheng, men inneber kompliserte samanheng som mellom anna impliserer referanseramme og omgjevningane til aktørane og organisasjonen. Som ein seier i pedagogikken "læring avheng både av arv og miljø". Faren låg i at "Forum for miljø og utvikling" var eit tidsavgrensa tiltak, eit "prosjekt". Mange vil stille seg kritisk til slike "prosjekt", fordi dei kan bli avgrensa "blaff", som ikkje peiker ut over seg sjølv. Slike prosjekt kan lett ende med at når prosjektpengane ikkje lenger er der - vil kompetansen som er bygd opp forsvinne for alle vinder, berre rapporten står igjen og samlar støv i hylla (Ibid.).

I Evalueringsrapporten heiter det:

"Det sentrale med dette forumet er ikkje at den er tidsavgrensa og heller ikkje at den skulle ende som rapport. Det som skal bestå etter denne skule- ringa er ikkje samla i ein prosjektleiar og ein rapport, men spreitt, meir eller mindre "tynt utover" - på mange politikarar og administratorar. Dette "resultatet" eller restane etter prosjektet skal først og fremst vere ei semje om ein ny definisjon av samanhengen mellom miljøpolitikk og utvikling på alle politikkområdar. Men semje kan også lett fordampe, dersom det ikkje blir tatt i bruk og vidareutvikla" (Skorstad og Mariussen 1994: 25)

Det overordna målet for tiltaka var "konkret handling" for "felles framtid". Da forumet var over, hadde denne læringsprosessen først og fremst medvirka til ein ny måte å forstå miljøpolitikk på. Men denne nye forståinga, eller definisjonen av miljøpolitikk, som ser ut til å ha fått eit breitt gjennomslag hjå politikarane, vil ofte konkurrere med andre perspektiv på kva politikk skal dreie seg om. Den vil settast på prøve i faktiske situasjonar der politikarane må prioritere mellom ulike omsyn (Skorstad og Mariussen 1994).

Deltakinga frå leiinga i administrasjonen ville kanskje kunne spele ei rolle på lang sikt. Prosjektet hadde ei sårbar side gjennom at deltakinga frå desse var relativt låg. Nordland fylke har mange politikarar med lang erfaring - i form av at dei har mange periodar i fylkespolitikken. På sikt skjer det likevel ei utskifting. Etatssjefane og leiinga i den fylkeskommunale administrasjonen er derimot meir stabile. Den langsiktige verknaden av tiltaka kan derfor komme til å vere avhengig av i kor stor grad også etatssjefane har akseptert og forstått ideane som politikarane gir uttrykk for. Administrasjonen representerer på mange måtar ein større kontinuitet i systemet enn politikarane. Dessutan er administrasjonen svært sentrale når teoriane skal omsettast i praktisk handling.

KVA SKJEDDE SÅ? - SAKER OG VEDTAK

Fylkesplanarbeidet er også ein viktig prosess der resultatane av forum for miljø og utvikling kan setjast ut i livet. Fylkesplanane blir dermed eit dokument der ein kan sjå relativt klart kor godt integrert miljøpolitikken er i dei ulike politikkområda i fylket.

Miljøpolitisk styringsgruppe i Nordland fylkeskommune vart oppretta i Fylkesutvalssak (FU-sak) 14/96 med følgjande vedtakstekst:

«For å videreføre arbeidet med å integrere miljøpremissar på alle ansvarsområder for fylkeskommunen og ellers fremme aktuelle miljøpolitiske saker (j.fr. fylkestingssak 45/95) oppretter fylkesutvalget en styringsgruppe på tre personer. I tillegg inviteres også lederen for fylkesmannens miljøvernavdeling til å delta i styringsgruppen. Den miljøpolitiske styringsgruppen skal bl.a. medvirke til:

- a) Videreføring av fylkeskommunens arbeide med å integrere miljøpremissar på alle ansvarsområder for fylkeskommunen og integreringen av regionalpolitiske miljømål, miljøstrategier og handlinger i fylkesplanen.*
- b) Planlegging og gjennomføring av ett årlig tema om miljø i fylkestinget.*
- c) Videreutvikle samarbeidet mellom Nordland fylkeskommune og Fylkesmannens miljøvernavdeling.*
- d) Overvåke regionale og sektorovergripende miljøproblemer og miljømuligheter og ta initiativ i viktige regionalpolitiske spørsmål for fylket.*
- e) Oppfølging av Regional Agenda 21 planen for Nordland (vedtak 73/98).*

f) Styringsgruppen kan ta initiativ til og foreslå tiltak, kartlegging og prioritering av enkelte satsingsområder på miljøsidan - herunder næringsmessige vurderinger.

2. Spesialkonsulent – LA 21 er koordinator for styringsgruppen.

II. Miljøpolitisk styringsgruppe delegeres disposisjonsretten over udisponerte midler fra miljømillionen.”

Fylkestinget vedtok i 1997 (sak 8/97) at det på bakgrunn av ”Miljørapport for Nordland 1996” skulle arbeidast ut ein langsiktig handlingsplan for miljø og utvikling. Arbeidet vart lagt opp i tråd med forslag frå ”Rio-konferansen” om Agenda 21. Spesielt viktig er eit dokument Nordland fylkeskommune gav ut i 1998 under tittelen ”**Regional Agenda 21** for Nordland” som vart vedtatt i Fylkestinget i juni 1998 (sak 73/98). Med ein slik regional versjon av lokal Agenda gjorde ”fylkeskommunen det første veivalget for hvordan nordlendingene i fellesskap kan bidra til en utvikling, som kan sikre dagens behov, uten at dette reduserer fremtidige generasjoners muligheter til å tilfredsstille sine behov.” (Utreiingsdokument til Sak nr 3/01)

Vedtaket til denne saka lød som følgjande:

”Fylkestinget tar rapporten om miljøsatsingen i Nordland 1999-2000 til orientering. Rapporten viser at miljøsatsingen gjennomføres i tråd med den vedtatte regionale Agenda 21-planen. Nordland fylkes videre miljøpolitiske satsing må også være å sikre en bærekraftig utvikling av havets ressurser. Viktige innsatsområder er: - kysten som transportkorridor og - konsekvenser av en evt. utvinning av olje og gass. Organiseringen av fylkets miljøsatsing evalueres i henhold til de nye områdene”(ibid)

I samarbeid med andre offentlege instansar vart det satsa på prosjekt knytt til miljøeffektiv bustadbygging i eit par byar i fylket. To bustadfelt skulle byggast ut med tanke på ENØK, inneklima, avfallshandtering og arealbruk. Argumentet i sakshandsaminga av rapport frå dette prosjektet var mellom anna at: ”En slik satsing kan styrke Nordlands profil som foregangsfylke. Miljøfylket Nordland bør fortsette å ta ansvar. Næringsarbeidet må skje i

tett samarbeid med bransjeorganisasjoner, bedrifter og kompetansemiljøer, samt interesserte kommuner” (sak nr. 266/2000). I vedtaket står det at ”Prosjektet gir et verdifullt bidrag til fylkets miljøarbeid.”(op. sit.)

I eit prosjekt om å få etablert eit kompetansesenter for kompostering og kompostbruk var grunngevinga følgjande: ”*Intensjonene i den vedtatt Regional Agenda 21-planen for Nordland, som for eksempel elementer om bærekraftig utvikling og formidling av lokale eksempler på bærekraftig praksis, har en viktig innfallsvinkel i prosjektet*” (Fylkesrådssak nr 72/2000). I ein seinare vurdering til vedtak omkring same prosjektet heiter det at: ”Gjennom utvikling av miljøvennlig produksjon og produkt, bidrar prosjektet til å styrke miljøprofilen som et konkurransefortrinn for Nordland” (Fylkesrådssak nr. 99/2000). Prosjektet vart støtta øyremerka midlar til miljøarbeid. Det vart også eit ENØK-tiltak i fylkeskommunen (Fylkesrådssak 205/2000).

Her har vi sett døme på at fylkeskommunane valde å satse på miljøvern og miljøvenlege tiltak i etterkant av forumet. Men var dette eintydig eller kan ein gjennom å gå nærare inn på fylket sin politikk sjå teikn på politikk som gikk i andre retningar?

Frå berekraftig utvikling til ”berre kraftig utvikling?”

Fylkeskommunen hadde frå tidlegare ofte vert skildra som sterkt fokusert på næringsutvikling, og mindre innstilt på vern og forvaltning. Endra politikk mot meir miljøvenlege strategiar kravde ei relativt tydeleg omstilling. Fleire studiar av norsk og internasjonal miljøpolitikk vier at det sjeldan vert radikale forandringar, men meir i tråd med det som etterkvar vert kalla ”økologisk modernisering”(Huber 2002, Dryzek 1997, Langhelle 1998). Eg synte ovafor at Nordland fylkeskommune gjorde fleire vedtak som var klare teikn på at dei tok sitt miljøpolitiske ansvar alvorleg. Det vart i perioden imidlertid også gjort ein del vedtak som kan seiast å vere i konflikt med miljøsatsinga. Samstundes var dei også prega av meir eller mindre ulne vedtak, der det kan synast som ein vil ha både i pose og sekk. Nokre vedtak er, med

medvit eller ikkje, litt uklare med omsyn til miljøvern. Ein ser mellom anna døme på at berekraftprinsippet vert brukt *mot* vern:

Vedtak sak nr. 17/00

”Ressursutnyttelse basert på prinsippet om bærekraftighet vil kunne forenes med en rekke verneformål. Vern gjennom bruk er derfor en langt mer realistisk innfallsvinkel for å ta vare på naturen. Fylkestinget kan ikke akseptere at de fleste av de 70 foreslåtte verneområdene i kystverneplanen, skal vernes etter strengeste verneform; naturreservat, og som innebærer de største restriksjonene på bruk.” (FT sak 17/00)

I same vedtak heiter det at :

”... Fylkestinget ber om at det derfor i minst mulig grad settes begrensninger på utnyttelsen av sjøarealer som kan egne seg til havbruk. Fylkestinget viser til utredningen Norges muligheter for verdiskaping innen havbruk og ber om at denne mulige verdiskapingen blir vektlagt/tatt hensyn til ved Stortingskomiteens innstilling til Stortinget.” - og viser vidare til at: ”Fylkestingets prinsipielle holdning er at vedtak om bruk og vern, er et område for lokalt/regionalt selvstyre, og det bør derfor i større grad gis rom for lokal innflytelse” (op.cit).

Her ser ein klart at ressursforvaltning gjennom bruk og vern har sterkt gjennomslag. At verneinteresser vert nedprioritert framfor bruksinteresser kan legitimerast innafor den ramma som prinsippet om berekraftig utvikling gir. Samstundes ser ein at Regional Agenda –prinsippet om lokal forankring slo gjennom.

*”Regjeringens fiskeripolitikk:
Nordland fylkesting ser med stor bekymring på den ressurs- og reguleringspolitikk landets regjerende myndighet har iverksatt.
På tvers av, og på tross av innspill og opprop fra kystkommuner, politiske partier og organisasjoner, har Stortinget nylig innført Strukturordningen, hvor hovedinnholdet er omsettelige kvoter og kondemnering av fartøy under 15 meter.*

Resultatet er kjent. Stadig flere fiskere og kystfolk ser i dag at bestandene overfiskes. Samtidig konsentreres retten til å fiske på stadig færre hender, med den følge at levegrunnlag for folk og lokalsamfunn på kysten gradvis forsvinner.

Nordland fylkesting tar avstand fra denne utviklingen, og vil som et ledd i arbeidet med å etablere en mer bærekraftig og helhetlig fiskeripolitikk uttale følgende:

”Fiskebestandene i havet skal også i fremtiden danne livsgrunnlag for folk og lokalsamfunn på kysten. Kommende generasjoners mulighet til å finne levelige vilkår i kystsamfunnene er vårt felles ansvar....

I likhet med Agenda 21, som ble vedtatt på FN's toppmøte i Rio i 1992, ser Nordland fylkesting det som viktig at nærhetsprinsippet i forvaltning av kystsoner og fornybare ressurser følges opp, og at overordnet fiskeripolitisk ansvar og regulering i større grad lokaliseres til regionale nivåer.

Nordland fylkesting forutsetter at mangfoldet i kystkulturen også i fremtiden må fortsette å være bærebjelken i den fiskeripolitiske tilretteleggingen av våre lokalsamfunn.” ”Uttalelser 23.02.2004” (fra SP, DnA og SV):

I dei overstående tilfella gjer ein bruk av Agenda 21 for å ivareta lokale synspunkt og interesse, ingen av desse kan imidlertid seiast å vere i strid med miljøomsyn. Ein ser med andre ord berekraftigheit som sentralt i argumentasjonen, sjølv om det ikkje er eintydig. At næringsliv og distriktsutvikling spesielt kan kome i strid med virkemiddel i miljøvern, kan ein sjå ut frå fleire saker og vedtak både i fylkesrådet og fylkestinget. Avgifter på drivstoff er eitt døme. I samanheng med det kom fylkesrådet med følgjande fråsegn:

”Fylkesrådet i Nordland Fylkeskommune er bekymret over de stadig økende prisene på drivstoff. Konkurransen på disse markedene er hard. Fordelen ved å være nær markedet øker, i Nordlands disfavør... Det er vanskelig å se at miljøet vil tjene på at avgiftene øker. Det er det samme drivstoffet som er tilgjengelig i dag og bare prisen som endres. Prisen er derfor ikke et incitament til å velge mindre forurensende drivstofftyper når slike alternativ ikke er til stede. Miljøet kan dermed bare tjene på at transportoppdragene faller bort eller minker”(sak B1/2000).

Her bruker fylkeskommunen argument om at eit konkurransekraftig næringsliv er viktigare enn eit bærekraftig næringsliv. Saken syner at når ein ikkje makter å kombinere miljø og næring, er det omsynet til næringa som vinn.

Rovdyrforvaltning er eit anna døme på eit konfliktfylt område i politikken. Her kjem både styrking av jordbruk og reinsdrift i strid med vern av dei store rovdyra. Utdrag frå Fylkesråden si innstilling til vedtak:

- ”1. Fylkesrådet er sterkt bekymret over utviklingen av rovdyrtapene i sau - og reindriftnæringen.*
- 2. Fylkesrådet ber om at et lavere bestandsmål for jerv vurderes - jfr. betraktningen ang. Nordlands andel av en levedyktig bestand. Fylkesrådet ber om at grenseproblematikken får en plass i planen.*
- 3. Fylkesrådet ber om at det tas initiativ til å få kartlagt tapsårsakene i områder med få kadaverfunn, slik at brukerne ikke blir skadelidende dersom tapene skyldes rovdyr.*
- 4. Med bakgrunn i de siste års tapsutvikling og for gjennomføring av forvaltningsplanen mener Fylkesrådet at den økonomiske innsatsen i rovdyrforvaltningen må økes betraktelig og forebyggende tiltak må styrkes. (Sak nr 139/2000)*

Både primærnæring (rein og sauehald) og industri var områder kor verneinteresser tendera til å tape. Fylkestinget gikk også i forsvar for prosessindustrien og mot miljøavgifter (t.d. CO₂- og el-avgift) for å satse på mindre ”kostbare” løysingar (for industrien).

Eit samstemmig fråsegn frå fylkestinget syner dette:

*”Dersom dagens særnorske avgifter på elektrisitet og CO₂ skal innføres også for industrien, kan dette føre til nedlegging av så godt som all prosessindustri. Med ringvirkningene vil dette føre til nedlegging av så godt som all prosessindustri. Med ringvirkningene vil dette bli en katastrofe for mange industrikommuner i distrikts-Norge og et stort tap for Norsk eksport. Den norske miljøpolitikken og det norske avgiftssystemet er i liten grad harmonisert med tilsvarende innen EU. Nordland fylkesting krever at Regjeringen behandler og arbeider videre med regelverket **til beste***

for norsk konkurransevne og den enkelte bedrift, og at det i arbeidet med regelverket etableres et nært samarbeid mellom bedriftene og myndighetene” (mi utheving). ”(op.cit..)

Dette fortel oss spesielt at det er vanskeleg for politikarane å velje miljøvern når det kjem som motsats til anna verdiar. Noko liknande kan vi sjå i det neste vedtaket som kom på det same fylkestingsmøte. Først slår dei fast at :

”(1)Fylkestinget slutter seg til prinsippene i NOU 2001:2, der den demokratiske retten til kunnskap om miljømessige følger av offentlige og private virksomheter foreslås lovfestet.”

Men samstundes, og som punkt to heiter det:

” 2.Ved utarbeidelse av lovtekst og forskrifter, må det legges stor vekt på at regelverket ikke pålegger den enkelte virksomhet unødige bruk av økonomiske og administrative ressurser.”

Kva som her meinast med **”unødige ressurser”** kjem ikkje fram i vedtaket, og kan på sett og vis legitimere uviljen mot å betale for eiga forureining.

Dette syner altså at det, trass i viljen til å støtte tiltak for å betre miljøet, ofte kjem fram ei vegring for å overkjøre anna ”gode” mål i regionalpolitikken. Og i hovudtrekk er det næringssetting og miljøsetting som oftast kjem i klinsj. Det kan også sjå ut som det vert lett å ”gløyme” miljøsettinga når det vert snakk om arbeidsplassar og regional utvikling.

Debatten kring Olje- og gassutvinning utafor Lofoten var også eit døme på politikarane sitt ønske om å få i pose og sekk:

”Fylkestinget vil understreke betydningen av en god dialog mellom fiskeri- og petroleumsnæringen og at en videre utvikling nordover baserer seg på de krav som er stillet i ULB. Sameksistens og samvirke mellom petroleum og fisk er sentrale stikkord i den sammenheng.” (Høringsuttalelse 13.10 2003 – Utredningen av konsekvenser av helårig petroleumsvirksomhet i området Lofoten - Barentshavet (”ULB”))

Trass i desse problema held fylkeskommunen i Nordland fast i deira sjølvforståing som eit miljøfylke. På sett og vis greidde dei også å halde fast i ein del av dei prinsippa som vart innført gjennom miljøforumet. Berekraftig utvikling og regional agenda-prisnippa om lokal forankring vart eit gjennomgangstema for fylket sin politikk gjennom heile perioden sida forumet. Det har i tillegg prega sjølvforståinga til fylkeskommunen gjennom planar og profilering.

Fylkesplanar og profilering

Det overordna målet knytt til miljøvern for Nordland fylkeskommune på 1990-talet var ”Berekraftig utvikling”, trass i at omgrepet er omstridt og vagt. Vidare valte dei ein strategi som gikk ut på å integrere miljøvern og ikkje gjere det til ein eigen sektor i organisasjonen. Etter at Forum for miljø og utvikling vart gjennomført har to Fylkesplanar vorte lagt og trykt opp; Fylkesplan for Nordland 1996-1999 og Fylkesplan for Nordland 2000-2003. Gjennom fylkesplanar og anna presentasjonsmateriale frå fylkeskommunen kan ein tydeleg sjå kva slags bilete han ynskjer å gi av seg sjølv. Nordland fylkeskommune har gjennom fleire fylkesplanperiodar våga stort og sikta høgt i si profilering seg sjølv som miljøvenleg. Spørsmålet er kva status fylkesplanane har. Dei er nemlig ikkje juridisk eller politisk bindande, men retningsgivande for region- og kommunepolitikken. Eg har tatt for meg fylkesplanar og foldarar som særleg viser til miljøsatsinga i Nordland fylkeskommune.

I ”Fylkesplan for Nordland perioden 1992 – 1995” (Nordland Fylkeskommune 1991) vart satsinga på miljø og berekraftig utvikling særleg tydeleg. I planen var det framheva at ein ville vekk frå tradisjonell veksttanke og mot ein miljømessig berekraftig økonomi (s.9). Fylkeskommunen skulle ha ein gjennomgåande strategi for å førebyggje i staden for å reparere, og omsynet til langsiktig bereevne i natur og miljø skulle vere innarbeidast som overordna premiss (s. 15). Fylkesplanen som kom i neste periode (1996-1999), var utvikla etter at forumet var ferdig og understreka at ein ville utvikle hovudstrategiar frå den førre fylkesplanen. ”Naturressursene skal brukes til å

fremme næringsutvikling, trivsel og en økonomisk bærekraftig utvikling” (s. 13, NFK⁵⁹ 1995) Tema miljø vert nemnt under satsingsområdar som næringsutvikling, turisme, kultur, skole, samferdsel og velferd. I tillegg har temaet fått særleg omtale i eit eige avsnitt ”Miljøutfordringen- mot en bærekraftig utvikling”(s. 47) Dei har også brukt same ordlyd som i den førre planen om førebygging og langsiktig bereevne for natur og miljø (s.47).

I 1998 presenterte Fylket sin plan for ein regional agenda som ein eigen versjon av lokal agenda frå Rio-konferansen. Utgangspunktet for denne var som dei sjølv seier i ein presentasjon:

”Nordland - et fylke i verden

Fylkestinget la frem sin visjon i sin "Regionale Agenda plan" i 1998: - Nordland skal bli et av de fremste miljøfylkene i Europa ut fra prinsippet om en bærekraftig utvikling. Bærekraftig utvikling er utvikling som dekker dagens behov - uten å ødelegge for fremtidige generasjoners mulighet til å dekke sine.(NFK 1998)

For å skape ein brei, offentleg debatt kring desse spørsmåla, vart det i 1997 gjennomført ein utvida høyringsrunde- ein folkehøyring- før handsaminga i Fylkestinget i juni 1998. Det var første gong i Norge at ein hadde slik brei Regional Agenda 21- prosess, og i tillegg var det også første gongen ein gjennomførte ein slik stor og utvida folkehøyring (Hansen m.fl. 1998) .

Dokumentet ”Fylkesplan for Nordland 2000-2004” fører tankane om integrering vidare og kanskje tydelegare. Også i Fylkesplanen for Nordland 2004-2007 hevder ein ynskje om å vere eit av dei fremste miljøfylka i Europa. Samstundes fører ein tanken om bærekraftig forvaltning vidare og seier følgjande:

⁵⁹ Forkorting for Nordland Fylkeskommune

”Det skal arbeides for en helhetlig og bærekraftig forvaltning av naturressursene i Nordland der næringslivet og befolkningens behov skal være i fokus. Regionale og lokale myndigheter må få større innflytelse over forvaltningen av naturressurser” (NFK 2003 s.20).

Planane bærer imidlertid preg av at næringslivet være i fokus i ein slik ”heilskapleg og bærekraftig forvaltning”. Det er med andre ord ikkje satsa innafør eit økosentrisk perspektiv i miljøpolitikken, snarare tvert om. Det å ha næringslivet i fokus kan innebere ei kraftig avgrensing i handlingsrom for miljøpolitikken der marknaden og sysselsettingsmål vert premissleverandørar. Dette kan tyde på store utfordringar i handsaming av konflikterande interesser og verdiar, mellom til dømes sysselsetting og vern. Det kan imidlertid også tyde på ei klar satsing på ”økologisk modernisering⁶⁰” (Mathisen 2003).

Samstundes søker Nordland fylkeskommune å gjere seg synleg gjennom ei høg profilering som miljøfylke. Satsinga på ein slik profil kan forståast på mange vis, både som ein trong til vere eit førebilete, både overfor seg sølv og andre. Hege Hofstad (2002) har i studien av LA 21 i kommunane sett liknande fenomen. Ho forstår det som eit ønske om å vere eit førebilete, men også at forventningane har ein disiplinerande kraft.

”Samtidig kan slike forventninger og ambisjoner være stimulerende fordi de gir noe å strekke seg etter som kan inspirere til nytenking... Et ønske om å være et forbilde kan derfor fungere som en drivkraft i LA21-arbeidet (Hofstad 2002 s. 63).

Det kan med andre ord tenkast at ”bordet fangar”, og at fylkeskommunen med sin høge miljøpolitiske profil har forplikta seg sjølv til å ta meir miljøomsyn enn dei elles ville.

⁶⁰ Sjå også samanlikning av bærekraftig utvikling og økologisk modernisering kapittel 2

POLITIKK, ETIKK OG MAKT

Tanken om å integrere miljøvern inn i andre politikkområder er eit utfordrande prosjekt. Det kan tolkast som eit grep for å ta eit politisk, men også eit moralsk ansvar for aukande miljøproblem både regionalt og globalt. Det etiske ansvaret er ikkje lett å skilje ut når ser på det politiske nivået. Politiske prosessar dreier seg ofte om val mellom - og iverksetting av - ulike verdiar og ideal. Politikk kan seiast å være ein prosess kor ein søker å skape “det gode samfunn” gjennom kollektive avgjerder⁶¹. Om vi seier at et sentralt tema i etikken er spørsmålet “det gode liv”, ser vi den klare samanhengen mellom etikk og politikk. Mange filosofar og samfunnsvitarar som opp gjennom historia har arbeidd med etiske spørsmål, har også vore av de fremste innan statsvitskap og politisk filosofi⁶². Etikk rører ikkje berre ved val i kvardagslivet og kor langt vi skal gå i situasjonar der konkrete andre treng hjelp. Drøftingar om det verdigrunlaget vi bygg samfunnet vårt på, er i stor grad ein etisk debatt. Etikk er dermed knytt til spørsmålet om kva slags verdiar vi ynskjer å prioritere, og kva retning vi vil at samfunnsutviklinga skal ta. Samstundes er politiske prosessar og avgjerder basert på instrumentelle føremål og interessekonfliktar. Politikarar må ofte manøvrere mellom interessegrupper og overordna omsyn. Maktaspektet i politiske prosessar vert derfor viktig.

Ein ser ikkje at ord som moral, etikk eller miljøetikk vert nemnt i dokument frå fylkeskommunen. Det er da heller ikkje vanleg og kanskje heller ikkje ynskjeleg å gjere det. Sjølv om politikarar er klare på at det er verdiar og spørsmål om det gode liv som ligg til grunn i politikken, er dei politikarar og representantar for sine veljarar. Såleis handlar deira oppgåver om å forvalte interesser og sette i gang tiltak i tråd med dei.

I den intervjurunden som omhandla kva dei la i ”miljøvern” og korleis dei såg dette relevant for si verksemd, svara dei at det handla om berekraftig utvikling og om å ta omsyn til neste generasjon sine behov og velferd. Eit

⁶¹ Som kan reknast som ei Aristotelisk forståing av politikkområdet (Wyller 1996).

⁶² Dette gjeld mange, helt frå Platon i antikken, via Kant, til dagens Habermas.

slik omsyn har klare etiske overtonar. Samstundes vert politikarane i praktisk politikk tydelig konfrontert med interessa som dei er satt til å ivareta og representere.

Kunnskap, vilje og mulegheiter

Prosjektet Forum for miljø og utvikling såg for seg ein prosess som gikk meir eller mindre direkte frå kunnskap til handling. At denne prosessen ikkje er så enkel, handlar mellom anna om at sentrale verdiar og interesser kjem i konflikt med kvarandre. Ein slik konflikten kan ha form av eit etisk dilemma, eller strid mellom ein etisk verdi og meir instrumentell nytte. Om eit val vert gjort på grunnlag av at ein moralsk verdi blir satt over ein annan, kan det sjåast som meir moralsk legitimt, enn om valet er grunna i at ein har sett bort frå moralen og gitt andre omsyn vinne. Døme på det er om ein lar profitt gå føre etikk. Det er ikkje alltid så klart å sjå dette skilje i praktiske vedtak. Teoretisk sett har vi eit etisk dilemma når moralske gode eller prinsipp står i mot kvarandre i handlingsval, og ein ikkje kan få både samstundes. Valet står mellom to eller fleire moralske gode eller onder. Strid mellom etikk og instrumentell nytte finn vi når vi ikkje har ressursar eller ynskjer å bruke ressursar for å oppnå eit moralsk gode. Når moralske handlingar er for tidkrevjande eller det kostar for mykje finn vi ein slik konflikt. Dette er ikkje eit "ekte" moralsk dilemma. I praksis finn ein likevel situasjonar der det i augneblikket kan sjå ut som om det er rein nytte (økonomisk) som strider med moralen, mens det på lang sikt er snakk om til dømes moralske gode som velferd eller arbeidsplassar.

Ein kan sjå av dokumenta i dette kapitlet at næringsinteresser gjerne vert definert som velferdsgode på sikt. Problemstillinga kan til dømes vere at om ei forureinande verksemd ikkje får støtte, må ein legge ned verksemda og dermed tape arbeidsplassar. Med slike konflikhtar vert miljøet sett opp mot distriktpolitikk og arbeidsplassar som eit gode for folk. Dermed står ein med eit etisk dilemma mellom mjuke verdiar (som miljø) og dei goda som kan seiast å vere både nyttig og moralsk høgverdig (til dømes regional utvikling og distriktsutbygging). Forholdet mellom interesser og verdiar er komplekst. Ein kan godt dele verdiar og vere samde om desse, men likevel

ha interessekonflikter. Ikkje rart at viljen til å halde på miljøvennlege standpunkt dunster bort i slike høve.

Viljen til miljøvenleg politikk er tydeleg sterkast når ein klarer å kombinere dette med nytte og vekst, slik som satsing på rein teknologi, ENØK-tiltak og liknande. Slik sett kan ein seie at politikarane verkeleg klarer å ha fleire tankar i hovudet på ein gong, eller integrere miljøvern i andre politikk område slik målet var for miljøsatsinga i fylket. Det er kanskje det som gjer politikk forskjellig frå etikk. Slik ender ein ned på vekst-med-vern – ideologien, slik Jansen (1989) skildrar i sitt arbeid.

Frå læring til institusjonalisering

Innan sosiologi har ein også vore opptatt av at individuelt miljømedvit har klare samanhenger med sosiale normer, enten som basis for medvitet eller som følgje av dette. Sosiale normer og institusjonar knyter band mellom mennesker og fungerer som retningsgivande i praktiske handlingsval (Eder 1996). Denne tanken var også grunnfesta hjå meg i starten av dette casestudiet. Og den faglige nysgjerrigheita var knytt til kva som ville skje når, og om, miljøkunnskap vart omforma til ein type medvit hjå aktørane i prosjektet. Ville det uvikle seg normer eller institusjonelle rutinar som gjorde at kunnskapen ”festa” seg, eller vart dette berre ei ”oppvakning” for ein kort periode? Som ein kan sjå av den første evalueringa var den største utfordringa å få forankra kunnskapen i institusjonen som normer og rutinar; ein *institusjonalisering* av miljøomsynet. Det var klare teikn på at aktørane hadde oppnådd ein form for medvit på feltet slik at det ”berre” gjensto eit trinn igjen i prosessen – omsetnad til praktisk handling. Som eg har synt i gjennomgangen av saker og vedtak har ikkje medvitet gjort seg tydelig i praksis, i alle fall ikkje konsekvent, trass i at ein ser ut til å ha oppnådd ein type identitet om at ein var eit ”miljøfylke”.

Ein analyse av Nordland fylkeskommune si miljøsatsing syner at dei overordna måla er gjennomtenkt og godt profilert. Argumenta for å sette i gang arbeidet var ikkje berre at fylka sjølv avhengig av å drive ein slik politikk for sin eigen region. Alle forvaltningsnivå, frå primærkommunar og til sta-

ten var avhengig av at fylka støtta og styrka deira arbeid. Bærekraftig utvikling var eit omgrep som var høveleg i etableringsfasen, men viste seg å gi fleire utfordringar i praktisk politikk enn ein kanskje såg for seg. Dette viser seg mellom anna når ein studerer saker og vedtak i etterkant av programmet. Her kan det sjå ut som det vert vanskelegare å gjennomføre tanken om å integrere miljøvern inn i dei konkrete vedtak. Dette gjeld imidlertid ikkje når miljø er hovudformålet slik vi har sett med satsing på kompostering, miljøvenleg bustadutforming og ENØK-tiltak. Her hadde viljen og kunnskapen tydeleg slått ut i handling. Det kan likevel seiast at dei stadig måtte understreke gevinst på økonomi- og strategisida samstundes. At det kunn løne seg (reint økonomisk) å satse på miljø var sentralt i desse sakene. Verre vert det når miljø kan gå på tvers av næringsinteresser, da får ein det same problem som Jansen (1989) og Flyvbjerg (1991) understreka i sine studiar. Det er tydeleg vanskeleg å verne når områda kunne også vere satsingsområde for utvikling og økonomisk vekst. Det gjeld kystverneområde, vassdragsutbygging, rovviltforvaltning, samferdsel og industri. Teikna er dei same på regionalt nivå som på nasjonalt og lokalt nivå. Arbeidsplassar og økonomisk vekst vert ofte vinnarar i interessekampen. Her finn vi igjen somme av dei sentrale tema i økologisk modernisering – at modernisering legg premissane i politikken (Dryzek 1997, Seippel 2000).

Når miljøvennleg politikk er gjenstand for positive utviklingsprosjekt er det tydelig lettare å vere med, enn når dei same verdiane kjem som ein bremsekloss på andre tiltak. Samstundes ser ein også ut til å lykkast meir når lokal forankring og kunnskap prega tiltaka.

OPPSUMMERING OG AVSLUTNING

Forum for miljø og utvikling vart sett i gang våren 1993 i Nordland fylkeskommune og var spesielt retta mot den politiske prosess sin første fase, nemleg bygging av dagsorden. Bakgrunnen for Forumet var å styrke fylkeskommunen sin miljøprofil gjennom utvikling av miljøpremiss i ulike politikkområdar. Strategien var å forankre det i skolering gjennom samlingar bestående av foredrag, gruppearbeid og diskusjon, læringa skulle kome som eit resultat av dette.

Prosjektet var altså tenkt både som ein prosess som tok sikte på å bevisstgjere politikarar og administratorar i forhold til bygging av ein ny dagsorden, men også i forhold til den politiske debatt- og vedtaksfasen. Ein skulle så kome ut med eit resultat eller mål om handling for ei betre framtid.

Læring som følgje av denne skuleringa vart eit resultat av forumsamlingane. Evalueringa synte at spesielt politikarane tok den nye kunnskapen inn over seg. I evalueringa vart prosessen sett på som vellukka. Evaluering av prosjektet "Forum for miljø og utvikling" i Nordland fylkeskommune synte at skulering faktisk kunne føre til læring el. auka forståing. - Sjølv om "elevane" ikkje alltid var like flittige til å møte opp. Eit langsiktig opplæringsprogram som tok utgangspunkt i både "realpolitikk" og "idealpolitikk" var med å gjera nordlandspolitkarane til miljøpolitkarar i det minste for ein periode. Forumet sitt fokus på læring gjorde aktørane meir medviten på samfunnsmessige og politiske problem med dei ulike emna og dermed betre i stand til å relatere det til det dei kunne frå før. Kunnskapen vart liggjande i hovudet på aktørane og ansvarleggjorde dei.

Gjennomføringa av integreringstanken vart derimot litt meir kompleks. Integreringstanken var ein del av denne politikken, og hadde som mål å syne at miljøet er eit tema som er relevant for dei fleste sektorane i fylket. Denne tanken slo an hjå politikarane. Det gjorde også fylkeskommunen til ein instans som ved sida av fylkesmannen kunne drive miljøvenleg politikk. Generelt tyder integrering å gjøre noko til ein del av ein heilskap, eller å gjere noe til vårt eige. Å integrere miljømennar inn i ein politisk og byråkratisk institusjon vil mellom anna seie å utvikle normer og rutinar for dette. Rutinar på tema som: *Kva gjer vi, korleis gjer vi det og når gjer vi det?* Slik vert integrering også ein form for institusjonalisering!

Vi som evaluerte prosjektet foreslo institusjonalisering av dei ordningane som vart skapt under "forum for miljø og utvikling". Slik kunne fylkeskommunen gjere miljø og utvikling til ein rutinisert tanke i organisasjonen og i systemet. Da skuleringsdelen av forumet vart avslutta var denne tanken

i hovudet på nokre sentrale aktørar i fylket. Det kunne gjere det sårbart, men jo fleire aktørar som hadde lært dette jo sterkare sto ein i vidareføringa.

Ein analyse av saker og vedtak etter at forumet vart gjennomført syner at strukturane kanskje verkar meir tvingande enn politikarar og folk flest er villige til å innrømme. Planar og presentasjonar syner ein klar vilje til å støtte miljøvern, men omsynet til næringsliv og vekst gjer dette problematisk. Så lenge ein får miljøet på parti med vekst tanken, det Jansen kallar ”vekst – med – vern” slepp ein unna desse verdikonfliktane. Men når distriktpolitikk og sysselsetting kjem som eit motargument til miljøvernet, er det sjeldan miljøet vinn. Tradisjon og mjuke verdiar settast gjerne til side når det moderne og nyttige vert motsatsen. Men det er ikkje politikarane sin etiske overtyding som kjem fram i slike avgjerder, det er diskursen sjølv som legger føringane for kva utfallet vert. Etter at forum for miljø og utvikling vart avvikla skjedde det, etter dokumenta frå fylkeskommunen å dømme, ei gradvis endring i identitet og satsing på miljø og utvikling i Nordland.

Kunnskap, vilje og mulegheit

- ei syntetisering og overordna analyse

INNLEIING

Miljøverneproblema har gjennom dei 20-30 siste åra vært gjenstand for ulike politikkkutformingar, løysingsforslag og aksjonsformer. Den har, frå ulike perspektiv, vore basis for modernitetskritikk og skepsis mot auka teknologisk og industriell utvikling. Andre meiner at det er nettopp her – i teknologien at løysinga ligg. Men medan desse debattane om kven som har den ”reinaste” ideologien går, aukar mange miljøproblem med enorm fart. Ser ein nærare etter, har løysingsforslaga i miljøpolitikken eit hovudskilje mellom løysingar på kollektive eller strukturell nivå på den eine sida, og individuelt (eller lokalt) nivå på den andre (Dickens 1992). Men det er likevel ikkje slik at det er anten eller, dei fleste meiner at miljøpolitikken må bestå av begge deler samstundes. Likevel kan det sjå ut som om dei individuelle løysingsstrategiane vert eit større og viktigare satsingsfelt for miljøpolitikken i dag enn dei strukturelle grepa (Ibid.).

I dette kapitlet skal eg ta tak i den lokale sida av miljøomsyn i analysen av kunnskap, etikk og praksis i dei tre casestudiane eg har presentert. Den første delen inneheld ein analyse av hovudliner frå casestudiane trekt saman og belyst av teoriar som vart presentert i kapitla 2 og 3. Hovudfokuset vil vere miljøomsyn i forhold til kunnskap, moral og praktiske mulegheiter. Den

praktiske mulegheitsstrukturen viser til strukturelle vilkår for miljøomsyn. Eg vil vidare søke å sjå på desse tema ut frå ulike vinklingar og til slutt i forhold til maskimen om å tenke globalt og handle lokalt.

HOVUDLINER FRÅ CASE STUDIENE

Det som er felles for dei tre casestudiane er for det første at det handlar om studien av å ta miljøomsyn. I konklusjonane i føregåande kapittel vart det vist til at det var ei utfordring for aktørane å overkomme praktiske hinder for miljøomsyn i det feltet dei virka. Alle casestudia var knytt til kunnskapsgrunnlaget som aktørane festa sine vurderingar til. Felles for dei tre casestudia var sjå samanhengen mellom kunnskap, vilje og praktiske mulegheiter i miljøomsynet. Derifrå er det svært ulikt, og caseanalysane synte at måten kunnskap, vilje og praksis heng saman viste tre ulike erfaringar med å ta miljøomsyn.

Vi såg i kapittel 5 om miljøomsyn i kvardagslivet, at informantane, trass i god og relevant kunnskap og vilje, ikkje alltid såg mulegheiten - eller fann høve - til å følgje opp dette heilt konsekvent. Og sjølv om dei til dels uttrykte dårlig samvit for at dei ikkje klarte å følgje opp miljøomsyn på alle dei områda dei ynskte, opplevde dei det likevel ikkje som særleg konfliktfullt i kvardagen. Informantane var alle småbarnsmødre og var i full jobb. Dei hadde alle forteljingar om korleis tid og ressursar måtte prioriterast med omhu for å få mange og til dels motstridande verdiar og oppgåver til å gå i hop. Dei var i høg grad pragmatisk med omsyn til sine prioriteringar. Det at dei var pragmatisk betyr likevel ikkje at dei tok lett på sine val, snarare tvert om. Det betyr heller at dei såg praktisk mulegheiter som sentralt når det kom til å sette miljøomsyn ut i praksis. Slik sett kan ein på sett å vis seie at det var nær kopling mellom handling og haldning, med at dei vurderte og omdefinerte allereie eksisterande vanar innanfor deira verdi og moraloppfatningar. Deira mulegheitshorisont satte på det viset grenser for kva dei tillot seg av krav og omsyn i kvardagen. Den casebaserte analysen påpekte at dette var eit sjikt kor miljøomsyn var samanfallande med både politisk

medvit, (av)smak og praksis. Det er ikkje godt å seie kva av desse elementa som kom først.

For fiskeria kom det fram eit litt anna bilete. Her kunne ein sjå særleg to grupperingar som hadde ulikt kunnskapsgrunnlag, og forskjellig oppfatning av korleis moral hang saman med fiskeri og fiskeriforvaltning. Desse skiljelinene var tydeleg i forholdet mellom småbåtfiskarane på den eine sida, og dei forskarar og forvaltarar, som hadde eit naturvitskapeleg grunnlag for sitt syn, på den andre. Fiskarane hadde, på line med kvinnene i kvardagskapitlet, praksiskunnskap, vanar og tradisjonar dei handla ut frå og, i større grad enn kvardagskvinnene, hang sine verdsbilete på. Dei argumentera ofte ut frå kva dei var opplært til, og synst overtydd om at deira "arv" innebar eit godt samsvar med nye krav til miljøvenleg og berekraftig forvaltning av havet. Deira opplæring til fiskaryrke såg ut til å innebere ei nær kopling mellom praksis og moral, eller for å si det med andre ord det var klart *verdibasert* kunnskap som låg til grunn for deira virke.

Forskarane og forvaltarane hadde imidlertid ikkje denne nære koplinga mellom moral og kunnskap. Her låg det, motsetnad til hjå fiskarane, ein idé om *verdinøytral* kunnskap i basis. I intervjuet kom dette fram gjennom at dei umiddelbart ikkje såg det moralske i sine oppgåver og tenkesett, sjølv om dei gjennom intervjuet klarte å argumentere i tilknytning til omgrep som berekraftig utvikling osv. Sentrale trekk ved fiskeriforvaltninga går i retning av eksepertstyrt forvaltning og omfattande bruk av regulering og kontroll. Det var også prega av manglande tillit mellom aktørane og tiltru til systema. I motsetnad til kvardagslivet er lite er overlatt til aktørane sjølve å finne ut av. (I fiskerisektoren er ikkje dette likevel definert som miljøpolitikk, men som ressursforvaltning og her har ein lengre tradisjonar å bygge politikken på enn innafor miljøpolitikken.)

I studien av fylkespolitikarane og bygging av ein miljøpolitisk dagsorden såg vi at politisk medvit var ein følgje av skulering omkring teoretiske og praktiske miljøpolitiske utfordringar. Likevel kan det sjå ut om den miljøpolitiske integreringa kom til eit punkt der dette vart vanskeleg å sette ut i live av ulike grunnar. Manglande rutinisering vart etterlyst i evalueringa av pro-

sjektet, og grunngevinga var at det var naudsynt for at kunnskapen skulle leve vidare i institusjonen også når personane som deltok i forumet for miljø og utvikling ikkje var der lenger. Eit meir tydeleg resultat av forumet er fylkeskommunen si satsing på å aktivt profilere seg som eit miljøfylke. Kva slags verknad dette har på den praktiske politikken er uklart, men ein kan filosofere over at det kan verke bindande for politikarane slik at dei med tida vil auke samsvar mellom ”ytre og indre identitet”⁶³. Likevel; utviding av kunnskapsgrunnlaget i forståing av miljøpolitikk i fylkeskommunen gjorde dei sannsynlegvis meir i stand til å samarbeide med andre instansar om dette politikfeltet. Dei hadde også utvikla eit syn på miljøpolitikk som eit integrert felt av politikken, noko som innebar at miljøpolitikk måtte ligge som ei vurdering ved mange sider av politiske vedtak.

Problemet med det politiske område sin iverksetting av miljøpolitikk kom mest tydeleg til syne når det vart satt opp mot meir instrumentelle verdiar som næringsutvikling og sysselsetting. Det kunne synast som det vart praktisk umulig for dei å sette vekst til sides for ”vern” eller miljøomsyn. Her kom det mellom anna fram at valet om å satse på berekraftig utvikling la ei styrande ramme rundt politikken. Strategien hadde også mykje til felles med det som er skildra som ”økologisk modernisering” kor kjernen er trua på teknologiske og institusjonelle reformer, og på at utvikling og modernisering kan gå sin gang med større eller mindre justeringar hjå sentrale institusjonar i samfunnet (Mol og Sonnenfeld 2000).

Trass i den openbare ulikskapen mellom dei tre casestudiane, ser det likevel ut til at det er nokre trekk som utkrystalliserar seg som felles og som sentrale. Hovudspørsmålet i denne avhandlinga er: Kva kunnskapsmessige, moralske og praktiske vilkår styrer og styrker miljørelaterte handlingar i det politiske liv, næringsliv og kvardagsliv? Gjennom casestudiane har det kome fram at det er ein indre samanhengane mellom kunnskap, etikk og praksis i miljøomsynet. Og eit sentralt spørsmål i så måte er kva vilkår har

⁶³ Som den vi vil framstå som, og den måten vi faktisk handlar på.

tyding for at moralske overtydingar kan etterlevast i praksis, og eller kva praktiske vilkår kan gi liv til moralske overtydingar.

Fleire samfunnsforskarar har vist til ei tru på at medvit og/eller auka refleksivitet kan vere vegen å gå for å få samfunnsutviklinga inn på eit meir miljøvenleg spor (Dunlap m.fl.2000, Buttel 1996, Dickens 1992, Milbraith 1989, Bell 1998). Beck (2004) bruker omgrepet refleksivitet, men er redd at ein moderne refleksiviteten berre skaper usikkerheit både i forhold til kva som er sant og kva løysingar som er mulege. For Beck tyder refleksivitet slett ikkje at menneske i dag lever eit meir medveten liv. Tvert om for han signaliserar refleksivitet ikkje auka kontroll og medvit, berre auka medvit om at kontroll er umulig (Beck 2004). Giddens (1984, 1991) på si side, ser imidlertid ut til å ha større tru på si forståing av refleksivitet, men han forkastar samstundes tradisjonane sin rolle. Vi refererte også til Giddens når det gjaldt medvit. Giddens etablerer ein distinksjon mellom to typar medvit det praktiske medvit og det *diskursive medvitet* (Giddens 1984). Mens den første sikter til handlingsretta kunnskap, er den andre knytt til evna eller kapasiteten til å snakke eksplisitt og logisk samstemt om sosial handling.

Studiane av politikk utforming i fylkeskommunen, etiske haldningar i fiskeriforvaltninga og miljøomsyn i kvardagslivet har alle i seg element som dei overståande teoriane kan kaste nytt lys over.

I kapittel 3 var det teoretiske fokuset meir knytt til etikk og kunnskap generelt. I det låg det ein tanke om at desse teoriane kunne hjelpe til å forstå noko av dei funn som kom ut av casestudia. Presentasjonen tok først utgangspunkt i ulike etiske teoriar og søkte å sette desse i samband med miljøomsyn.

Felles for pliktetikk og konsekvensetikk er at dei i høg grad er bygd på universell tenking og føresetnader om fornuft. I desse tradisjonane tenker ein seg at grunngevinga for etisk standpunkt kan gjerast eksplisitt og dei tilhøyrer ein monistisk filosofi. Felles for nærleiksetikk og dygdsetikk er at dei er kontekstuell, implisitt, partikulær og pluralistisk. Pluralismen kjem til

uttrykk i fleire former, men eit sentralt poeng her er at denne etikken føreset både kjensler, praktisk erfaring og fornuft ("klokskap").

I tillegg vart det presentert nokre tema om kunnskap, mellom anna ulike kunnskapstypar. Eit grovt skilje oppsummeringsvis viser at vi kan dele kunnskapsformer inn i liknande trekk som ein finn i etikken. Mens vitenskapsbasert og teknisk kunnskap er universell, fornuftsbasert, målorientert, eksplisitt i logikk og metode, og i tillegg søker å vere nøytral/objektiv. Teknisk kunnskap kan samstundes ha element av både å vere kontekstuell og handlingsorientert – det siste med omsyn til metode og prosedyre. Praktisk og narrativ kunnskap bærer meir preg av vere kontekstuell, kjenslebasert, handlingsorientert, taus eller implisitt og partikulær. Forskjellen på desse to typar kunnskap er at medan praktisk kunnskap på sett og vis er kroppsliggjort gjennom å handle – eller gjøre, er narrativ kunnskap formidla og lagra gjennom forteljinga og forstillingar.

I kunnskapssosiologien har diskursen kring spørsmål om kunnskap er erfarings- og kontekstbasert, eller om kunnskap i hovudsak er basert på evna til å tenke generelt og abstrakt, tatt opp (Ritzer og Goodman 2004, Broady 1990, Bourdieu 1985). Her vil oppfølgingsspørsmål til ein analyse ikkje vere om kunnskap er slik eller sånn, men korleis dei ulike formane for kunnskap kan legge føringar for moralsk praksis og miljøomsyn.

Casestudiane antyder at forholdet mellom lekkunnskap og ekspertkunnskap også er relevant. Denne relasjonen har mange fasettar og gir seg uttrykk både i forholdet til moral og verdiar, og evna til å reflektere og uttrykke grunngeving. Medan lekkunnskap ofte er taus kunnskap har den samstundes ein moralsk basis som kan uttrykkast om naudsynt. Ekspertkunnskap er i motsetnad ein type kunnskap som har eksplisitt grunngeving, men sjeldan tydelege verdiorientering eller moralske grunntonar.

Analytiske dimensjonar

Ein analyse av vilkår miljøomsyn i ulike samfunnsfelt inneber fleire utfordringar. Ein av desse er mellom anna at miljøomsyn berre er eitt av fleire aspekt ved handlingar, sjeldan det einaste føremålet med handlingar. Ein

annan grunn er til dette er at det miljøet som ein tar omsyn til ikkje er innan rekkevidde for handlinga. Ofte er ”miljøet” det her er snakk om langt utanfor aktøren sin erfaringshorisont (sanseleg), slik som t.d. regnskog og ozonlag. Miljøomsyn er i tillegg svært mangfaldig og kan innebere eit utal handlingstypar, heilt avhengig av kva kontekst ein finn seg i. Dermed er det viktig å forstå handlingane ut frå både globale og ulike lokal kontekster. I tillegg har miljøomsyn både politiske, etiske, økonomisk aspekt. Samstundes er arbeidet i sin heilskap basert på tre casestudiar som igjen inneberer fleire nivå av analysar. Eg har søkt å bygge opp eit felles analyseverktøy som kan seie noko om kva studia til saman, ut frå ei syntetisering, kan belyse.

Analysen av meir overordna vilkår for miljøhandling og miljøomsyn relaterast til etikk, kunnskap og praktiske moglegheiter. Utgangspunktet er å sjå aktørane sin moralske grunngeving og relevant kunnskap knytt til miljøomsyn i lys av moralfilosofiske teoriar og sosiologisk teori. Spesielt er det relevant å analysere dette i lys av deira praksis og mulegheitshorisont. Meir eksplisitt er dette eit forsøk på å vise dialektikken mellom praksis, kunnskap og moral i miljøomsynet. Omgrep som praksis og erfaring knyter an til ei forståing av korleis folk handlar i tråd med kunnskap og medvit. Desse omgrepa viste til kva *mulegheitshorisont* – satt saman både av det subjektive mulegheitsrommet og ein meir objektiv mulegheitsstruktur (Martinussen 1999, Schefloe 2003). Det gjeld lokalisering av handling, ressursar og strukturelle ordningar så vel som praksis og vanar: det som i kvardagen kan lette eller vanskeleggjere miljøomsyn. Døme på dette kan vere så enkelt som søppelsorteringssystemet i eit lokalsamfunn, institusjonelle miljøkriterier i fylkespolitikken, men også tilpassingsmoglegheiter for berekraftig fiske for ein sjarkfiskar.

Poenget i det neste er å vise at desse ulike typane etikk og kunnskap heng saman ut frå ulike trekk som eg også har vore inne på. Dei elementa som skil etiske retningar frå kvarandre er mellom anna om dei er målorienterte eller ikkje, universelle eller kontekstbaserte, fornuftsbaserte eller kjenslebaserte, taus eller eksplisitt. I teoriar om kunnskap fann eg mykje av dei same skiljelinene som i etikken, men som i tillegg har eit skilje mellom den typen

kunnskap som hevdar nøytralitet eller objektivitet, og den typen som ikkje er det eller hevdar å vere det.

Analysen vil bli del i tre delar: Først skal eg gjere eit forsøk på å svare på problemstillinga gjennom dei delproblemstillingane som eg tidlegare i dette kapitlet og i andre har skissert. Det første spørsmålet vi skal stille her er korleis vi, ut frå casestudiane kan sjå koplinga mellom miljøomsyn og etikk. Etter ein kort reiegjering om dette skal vi gå vidare med spørsmål om kva kunnskapstypar finn ein i miljøhandlingar. Kva samanheng finn ein mellom kunnskap, etikk og praksis i miljøomsyn? Kva vilkår som har tyding for at moralske overtydingar kan etterlevast i praksis? Seinare vil eg sjå disse i relasjon til kravet om at miljøomsyn er å tenke globalt og handle lokal, og dei føresetnadane dette impliserer. Mot slutten av dette kapitlet vil eg så trekke inn spørsmålet om kva tyding dette har for politiske grep i miljøpolitikken. Vi skal la desse spørsmåla ligge og starte med ein rein systematisering av sentrale trekk frå casestudiane.

KUNNSKAPSTYPAR I MILJØOMSYNET

Alle tre casestudiane viser at det ikkje er *ein* type kunnskap som trengs for å ta miljøomsyn. Miljøkunnskap – om ein kan kalla det, kan ta eit utal formar og variantar (Jamison 2001). Med utgangspunkt i dei tupa kunnskap eg har skildra om kan ein seie at miljøomsyn både kan innehalde teoretisk, teknisk og praktisk kunnskap, og kan etter alt å døme styrkast gjennom narrativ kunnskap.

Teoretisk kunnskap er relatert både til naturvitskapleg, samfunnsvitskapleg og humanistisk grunngjeving. Både samanhenger med omsyn til årsaker og pakkar av løysingar kan definerast som dette. Døme på årsaker til drivhuseffekt og klimaendring er knytt til utslipp av CO₂ og andre drivhusgassar. Problemløysingsmodellar som til dømes ”Berekraftig utvikling”, ”før-var-prinsippet” og ”økologisk modernisering”, er bygd på rasjonelle heilskapelege modellar med teoretisk forankring. Ikkje minst kan vi seie at slagordet om å ”tenke globalt og handle lokalt” også i første omgang har basis i teore-

tisk forståing (ikkje erfaringsbasert). Å tenke globalt før ein handlar føreset ein teoretisk (universell) tilnærming til feltet.

Kvinnene i ”kvardagscaset” hadde etter egne fråsegn gode kunnskapar om teoretisk funderte samanhenger knytt til miljøproblema. Dei hadde kjennskap til miljøpolitiske utfordringar på globalt nivå, og trekte fram ulike samanhenger mellom produksjonssystem, transport og konsum på generell basis. I fiskeristudien kjem denne typen kunnskap mest til syne i den gruppa som vi har kalla teknokratane, det vil seie forskarar og forvaltarar i administrative stillingar. Disse har i stor grad mykje av den same vitskapsbaserte kunnskapen som dei tar i bruk i forståinga av ressursforvaltning og miljøvern. Også i studien av skoloring i fylkespolitikken er den teoretiske kunnskapen sentral. Forum for miljø og utvikling tok utgangspunkt i ei global fortolking av miljøproblema og politikarane fikk innføring i internasjonale mål om t.d. berekraftig utvikling, Agenda 21 og globale klimamål. Det vart også lagt vekt på ei drøfting om konfliktane som ligg mellom ulike mål i politikken t.d. mellom vekst og vern – på eit teoretisk plan.

Teknisk kunnskap er, slik eg har valt å forstå det, spesielt knytt til industri og ressursutvinning som før var ein dominerande årsak til miljøproblema, vert av mange også sett på som løysinga på mange av dei same problema (Dryzek 1997, Huber 2002, Picou & Marshall 2002). Teknisk kunnskap er her assosiert med kunnskap om måtar og metode å gjere ting på. Miljøvenleg teknologi er basert på kunnskap om produksjonsmetodar og er ei stor utfordring for industri og vitskap. Døme på det siste visar seg i bilar med mindre utslipp, vinterdekk utan piggar, nye måtar å få søppel inn i resirkulering.

Her kan vi sjå relevansen av teknisk kunnskap for miljøomsyn i kvardagslivet. Men i motsetnad til teoretisk kunnskap sit ikkje aktørane sjølve inne med denne kunnskapen – dei er berre avhengig av at den finst for å kunne vere meir miljøvenleg i kvardagslivet. I kvardagslivet kan sjølv sagt eigenkompostering og egne energispareiltak basert på teknisk kunnskap vere relevant, men ut frå det datamateriale eg sit inne med var ikkje dette brukt

av informantane. Dei metodane som vart nytta i kvardagslivet var heller basert på praktisk enn teknisk kunnskap.

Fiskeriforvaltning må seiast å vere eit felt der teknisk kunnskap kunne vore og er svært relevant i tilnærminga til eit berekraftig fiskeri. Ein stor del av dei reguleringar som finst i fiskeriforvaltning tar utgangspunkt i tekniske storleiker så som fartøytype, fiskereiskap og maskevidde. Alle disse er grunnleggjande i teknisk kunnskap, og syner korleis teknologi og metodar er relevante i for ressursgrunnlaget. Teknologisk kunnskap kan imidlertid både forståast og handverk og teknologi – slik vi nyttar omgrepet i ein meir moderne versjon. Denne typen kunnskap er dermed forskjellig ut frå ulike måtar å nærme seg teknologien på. Teknokratane har ein type kjenneskap til teknologien som nyttast i fiskeria, mens fiskarane som nyttar dei til dagleg har ein anna type kunnskap om metodane. Manglande kjenneskap til kva innverknad teknologien eigentleg har på livet i havet kan skape problem for denne sektoren, mellom anna fordi det verken er forvaltarane eller fiskarane som har utvikla dei mest moderne reiskapen. Dette vart understreka av fiskarane i intervjuet: ”Teknologien har overgått ressursane” – sa ein av fiskarane. Dette kan tyde på ein manglande kunnskapsmessig kontroll over metodane som nyttast.

I politikket var ikkje teknologien i fokus, men samstundes vart det brukt som døme på måtar å møte miljøutfordringar på. Det var mellom anna lagt inn ekskursjon på ein av fylkeskommunane sin eigen verksemd for å sjå ny reinseteknologi med sjølvsyn. Teknologi som løysingskunnskap på miljøproblema syntest også å ha gjennomslag i saker som skulle opp til behandling i fylkestinget. Likevel kan innføring av ny reinseteknologi innebere eit prioriteringsproblem når det sett mot reine økonomiske krav. Til dømes der bedrifter fikk problem med lønnssemd ved for strenge krav til utslipp. Teknologi var her som i kvardagsstudien ein type kunnskap som vart overlatt til ekspertisen, ikkje til politikarane sjølve.

Praktisk kunnskap er assosiert med erfaringskunnskap ofte lært gjennom å sjå andre gjere eller egen praktisk erfaring (Kelly 2004). Dette er typisk kunnskap der gjeremål og virke er basert på kunnskap overlevert gjennom

oppseiding over generasjonar, og gjennom at ein lærer gjennom å gjere og sjå andre gjere, eller "learning by doing" som det heiter hjå pragmatistane (ibid.). Praktisk kunnskap dei felte vi her har studert og til miljøomsyn generelt har ein sær eigen plass fordi miljøomsyn er eit relativt nytt aspekt i vårt samfunn, samstundes som ein likevel finn det i tradisjonelle yrker og virke. Å ta omsyn til naturen er ikkje nytt, men det å kalle desse handlingane miljøomsyn er nytt. Derfor må vi sjå etter handlingar og argument som samsvarar med miljøomsyn utan at det er naudsynt at dei vert kalla eller tenkt som det av informantane sjølve. Likevel kan det sjå ut som om informantane i intervjusituasjonen vart medviten om deira eigne handlingar og koplinga mellom dei og miljøomsyn. Det vart dermed ikkje naudsynt for meg som forskar å omdefinere eller redefinere handlingane som grøne – det gjorde dei sjølve. Både hjå fiskarane og kvardagskvinnene vart det vist til læring gjennom praksis. Fleire fiskarar snakka om at dei tradisjonelt hadde sette grenser for uttak av fisk sjølve, og studiar viser at mange av dei første reguleringane av fiskeria vart pressa gjennom av fiskarane sjølve. Basisen for deira reguleringskrav var deira kunnskap bygd på praksiserfaringar frå felte. Men med auka reguleringar og forbetra teknologi hevda dei at deira praksiserfaring i dag ikkje var like relevant. Kvinnene i kvardagslivskapitlet uttrykte at mykje av det dei hadde lært av sine mødre om hushaldsarbeid var knytt til å ta vare på ressursar som mat og emballasje. Dette var ikkje den gongen kalla miljøomsyn, men kunne klart falle inn under denne kategorien etter deira meining. Praksiskunnskapen festa seg i rutinar og meir kroppsliggjorte veremåtar. Den gjorde kvardagen muleg fordi den ikkje krevde konstant argumentasjon og refleksjon, men kunne samstundes grunnjevast eller endrast gjennom ny overveing.

Det vi her har kalla *narrativ kunnskap*, er altså kunnskap har kome gjennom oppleving eller forteljingar som gjer at ein kjenner til eller forstår et fenomen. I miljøsamanheng kan også dette vere knytt til kunst og litteratur, og munnlege historier om miljøproblem, katastrofe eller omsyn i praksis. Både heltehistorier og skrekkhistorier har den funksjonen at det vert eit døme på kva ein kan, bør eller ikkje bør gjere. Denne typen kunnskap er heilt sikkert svært relevant med omsyn til kva fenomen i miljøvernet som festar seg og kva som ikkje gjer det.

I kvardagsstudien vart mellom anna ei forteljing om oppleving frå svenskehandel og den overdådige og sløsing dette representerer, brukt som illustrasjon på kva som gav avsmak knytt anna bruk og kast. Også hjå fiskarane som trekte fram historier om tider med dårleg fiske og hendingar i tilknytning til det. Også førestillingar om "havet" kan koplast til denne kunnskapsforma. For fiskarane er ikkje havet berre ein arbeidsplass, men også ein idé eller eit bilete. Det representerte mykje meir enn "det marine miljøet" eller fiskebestandar. Det var på sett og vis ein ureduserbar heilskap som meir kan knytast til mytiske enn vitskapelege fenomen. Dette bilete kunne imidlertid sjå ut til å få ein annan verdi straks fisken var komen over ripa. - "Fisk er fisk – korkje meir eller mindre" - sa ein fiskar om fangsten. Også i politikken har forteljingar sin plass og har utan tvil tyding for haldningar og handlingar. Ein av fylkespolitikarane fortalde at det på hans heimsplass vart sagt at "det lukta pengar" når fabrikkpipa på staden slapp ut forureinande og illeluktande røyk. Han sa ikkje meir om det, og først mykje seinare forsto eg bodskapen i den historia. Den kan sikkert tolkast på fleire vis, men ut frå det han elles sa kunne det ha vore ein illustrasjon på kor lett ein (før) kunne omdefinere eit problem til eit naudsynt offer mot vegen til velstand. Det kan med andre ord ligge mykje kunnskap, men også moral i ei enkel forteljing.

Som det kjem fram av dei overståande koplingane mellom kunnskap og miljø, ligg det også moralske og verdimesse koplingar til desse kunnskapsformane.

Miljøomsyn - kunnskap i praksis

Miljøomsyn har det særtrekket at det ofte handlar om å ha fleire tankar i hovudet på ein gong. Det strir derfor i stor grad mot den vitskapelege dygda om å "skrelle" bort så mykje om muleg for å kunne konsentrere seg om enkelte deterministiske samanhenger. Det handlar om å ikkje vere reindyrka og reduksjonistisk, men om å forstå kompleksitet ved miljøomsyn i tenking og handling. Praktisk medvit er basert på ein kunnskap som finst, men er ikkje eksplisitt og det følgjer ikkje med klare refleksive val rundt alle gjeremål til einkvar tid. Dette er ein form for naudsynt rutinisering og institusjonaliser-

ing som er eit sentralt trekk ved all sosial integrasjon. Ekte refleksivitet krev diskursive medvit, understrek Giddens (1984).

Spørsmålet om informantane hadde kunnskap om aktuelle miljøproblem og i tilfelle kva type kunnskap må i utgangspunktet svarast på med å sjå på dei ulike felte. I fylkeskommunen si skolering av politikarar tok ein tak i globale og regionale miljøproblem og søkte å oversette dei til utfordringar for fylkeskommunen sitt domene. Utgangspunktet var altså ein teoretisk innfallsvinkel, frå det globale til det regionale så å seie. I forumet låg likevel også inn ein del institusjonsbesøk der deltakarane fikk sjå implementering av miljøvern i praksis.

For informantane i kvardagslivsstudien var praksiskunnskapen basisen for læring. Alle informantane understreka deira oppdraging eller for å bruke eit velkjent sosiologisk uttrykk primærsosialisering til hushaldsarbeid. Kunnskap om miljøproblem generelt hadde kome meir tilfeldig enn for politikarane som vart skolerte, informasjonen var stort sett plukka opp frå media sine oppslag og debattar kring emne. Dei mente sjølve at dei hadde god kunnskap om problema, fordi dei var interesserte. Dette er ikkje tilfeldig fordi eg valde ut informantar som hadde interesse for emne.

Aktørane i fiskeristudien hadde ulike kunnskap og forståing av miljøproblema, men dei aller fleste meinte at det var eit ressursproblem i fiskerieringa. Det var med andre ord ei utbredt semje om at fiskeriresursane var eller stod i fare for å bli kraftig utarma. Studien viste at forvaltarane hadde ei vitskapleg tilnærming til dette, mens fiskarane hadde som kvardagslivsfolka, fått kunnskap gjennom eigen praksis, gjennom informasjon om miljøproblema gjennom media. Kvinnene i kvardagslivsstudien trekte inn nærmiljøproblem med biltrafikk og forsøpling. For fiskarane slo det ut i observasjonar i sitt daglege virke. Nokre fiskesortar eller andre artar hadde forsvunne, andre hadde observert nye artar som dei mente kom gjennom endra vilkår i havet. Fiskarane sin praksiserfaring og historier frå eldre generasjonar låg også som viktig basis for deira kunnskap og forståing av miljøproblema. Mange av dei viste til far deira når dei snakka om ressursforvaltninga i havet.

I sum kan ein sjå eit mønster i kunnskapsgrunnlaget hjå dei gruppene vi har intervjuet og her går eit klart skilje mellom praktisk og erfaringsbasert kunnskap og meir teoretisk kunnskap om problema. Vi kan også antyde at den narrative kunnskapen og praksiskunnskapen ser ut til å vere tydeligare forankra i moralske vurderingar enn den teoretiske – noko vi også vil kome tilbake til seinare.

Det er klart at både grad av informasjon og type kunnskap ein sit med har tyding for korleis ein forstår samanhenger og dermed løysingar på problema. Innleiingsvis meinte vi at det også er viktig å sjå på oppfatningar om samanhenger mellom menneskeleg åtferd og miljøproblema

I fylkeskommunen såg vi at skolering i miljøemne innhaldsmessig kan ha minst to nivå: Det eine er at skoleringa kan ha eit teknisk/ naturvitskapeleg innhald, det kan til dømes vere knytt til det kjemiske innhaldet i ulike utslipp. Tidlegare politikarskular hadde valt denne linja. I tillegg kan slik informasjon ha eit meir heilskapleg miljø- og samfunns - innhald, altså det vere retta mot samfunnsmessige årsaker til det same miljøproblem. Det var denne tilnærminga Nordland fylkeskommunen valde. Kvinnene i kvardagslivsstudien var i intervjuet fullt fokusert på hushald og forbrukarsida av miljøproblema. Altså at dei såg samheng mellom enkelthushalda sin åtferd og nokre miljøproblem. Det kom også fram at dei såg at miljøproblema også var knytt til strukturelle vilkår i samfunnet politisk og ideologisk, men slik eg stilte spørsmåla og la opp tema vart det ikkje fokusert på dette. Det vart det imidlertid i fiskeristudien. Dei fikk direkte spørsmål om korleis dei såg samanhengen mellom miljø og ressursproblema i fiskeria og svarte derfor på mange nivå. Eit interessant poeng her var at dei fleste såg haldningar og kultur som hovudproblemet i første omgang, mens dei etterkvart i intervjuet også trekte inn strukturelle forhold som la føringar på ulike aktørar sine val. Både politiske og økonomiske forhold vart trekt inn på internasjonalt så vel som nasjonalt og lokalt nivå. Det slåande i dette materiale var likevel at dei i veldig liten grad trekte inn andre menneskelege aktivitetar som kunne vere nærliggande, slik som til dømes oljeindustri og oppdrett. Dette kunne imidlertid tenkast vart knytt til forureining generelt. I studien av fiskeriforvalt-

ning og etikk såg vi klare skiljeliner mellom fiskarane og forvaltarane, og det var stor avstand mellom disse. Det var i hovudtrekk svært liten likskap mellom deira perspektiv. Men her var det likevel eitt unntak - på Island. Island hadde nemlig tydeleg klart å få til ein dialog og eit samspill mellom fiskarar og forskarar. Nærleiken mellom desse to slo også ut i mindre skepsis hjå kvarandre og ein større felles kunnskapsmessig tilnærming til feltet. Det var i heilskap slik at både grupper hadde lært av kvarandre, vi kunne ikkje sjå at til dømes vitskapen hadde fått noko dominerande rolle i måten dei svara på.

I det heile gav informantane eit omfattande og samansatt bilete av korleis dei såg samanhengen mellom menneskeleg aktivitet og miljøproblem. Det viktigaste funnet på overordna nivå var at bileta var sterkt prega av kor aktørane opphalde seg og kva slags praktisk røynsle dei hadde med desse problema. Dette var imidlertid også prega av dei strukturelle føringane handlingane utpela seg innafor - mulegheitsstrukturen for handlingane.

Kunnskap om kva løysingar dette inneber i dagleg gjeremål (lokale løysingar på lokale og globale problem) har ulikt utspring og gir dermed forskjellig svar. I sin heilskap er det mulegheitsrommet med både dei subjektive og kunnskapsmessige føringane og dei strukturelle som rammer inn miljøomsynet.

I analysen av fylkeskommunen sin skoloring såg vi at tilnærminga til miljøproblematikken tok utgangspunkt i omgrepet "berekraftig utvikling" – det vart oversatt til eit politisk overkommeleg mål. Mellom anna fordi det var samansatt av verdisett frå både ein vekst- og ein vern – ideologi var det tilsynelatande konsensus kring denne målsetnaden. Målet var å bygge opp ein praktisk miljøvenleg politikk retta mot berekraftig utvikling på regionalt nivå. Kunnskapsgrunnlaget for å bidra til løysing på miljøutfordringane i fylket sprang imidlertid ikkje ut av politikarane og administratorane sin praktiske røynsle med slikt arbeid, men kom i hovudsak frå ei fag-fagleg tilnærming til miljøvernproblematikken. No var heller ikkje dei ansvarlege for programmet blinde for at det ville oppstå konflikter mellom verdier i praktisk miljøvernpolitikk – dette var eit sentralt tema i forumet. I samling-

ane knytt til forumet var det imidlertid også ein del besøk rundt i fylke kor ein kunne sjå døme på at forvaltarar og næringsliv tok miljøomsyn ut frå dei nye krava til berekraftig utvikling og føre-var -prinsippet. Det var mellom anna besøk på eit sjukehus som søkte å drive resirkulering, eit økologisk landbrukssenter og ein båtslipp som hadde tatt omsyn til nye miljøkriterier i sitt virke. Fleire av politikarane uttrykte klar glede over å sjå ideane i praksis. Likevel kan det sjå ut som om kunnskapsgrunnlaget ikkje gav ”styrke” (moralsk eller viljemessig) nok til å velje miljø framfor andre verdiar når det kom til stykket.

MULIGHEITAR OG PRAKSIS

I dette avsnittet skal vi ta opp tråden frå kapittel 3 kring forholdet mellom kunnskap, moral og praksis, og med casestudia i bakhovudet syne kva samanheng det kan vere mellom disse elementa i miljøomsynet. Poenget her er å syne at ulike kunnskapsformer utløyser ulike etiske eller moralske overveiningar. Og at det er forskjell mellom den kompetansen som nyttast i grunngjeving og motivasjon med omsyn til kor nært dei er kopla til moralske overtonar eller undertonar. Ulike kunnskapsformer legg med andre ord grunnlaget for ulik moral.

Her ligg det i korta at eit viktig poeng er at moderne teoretisk og teknisk kunnskap ofte ikkje har ei tydeleg og eksplisitt verdimesig overtone. At dei har moralske og verdimesige implikasjonar er ei anna sak. Det trengs likevel ikkje å vere ein del av grunngjevinga for standpunkt og handling. Dette er relevant for nokre teoretiske kunnskapstypar, men langt frå alle. Ofte – slik det er med teoretiske modellar i tilknytning til miljøomsyn - er det eit nytteorientert, instrumentelt og antroposentrisk motiv som ligg til grunn. Lik den vi ser i konsekvensetikken er det mest muleg nytte for flest muleg-innbefatte neste generasjon som ligg til grunn. For politikken som ofte sjåast ut frå instrumentelle perspektiv er dette i tråd med vanlege måtar å tenke på. Politikk kan likevel også sjåast som eit dannelsingsprosjekt – kor læring gjennom deltaking er sentralt. Forum for miljø og utvikling kan kallast eit slikt dannelsingsprosjekt – i tråd med meir deontologiske etiske teoriar – som t.d. diskursetikken legg vekt på (Habermas 1984, Apel 1990). Deltakingsaspektet kjem også tydeleg fram i Agenda 21 - tenkinga, der deltaking frå såkalla

NGO- aktørar er viktig i den politiske prosessen mot eit meir miljøvenleg samfunn. Deltaking og medverknad grunnjevast imidlertid ofte både ut frå ein instrumentell verdi (at resultata vert betre) og eit perspektiv på at deltaking er viktig i seg sjølv. Poenget her er at i slike overordna tenkemodellar som kjem i møte mellom politisk-ideologiske tenking og vitskap, er ofte både konsekvensetikk og pliktetikk gjeldande. Det handlar med andre ord både om mål og virkemiddel. Prinsippet om bærekraftig utvikling og lokal agenda er døme på dette – her har ein både instrumentelle mål (miljø og utvikling) og virkemiddel (brei deltaking – demokrati) med i tenkinga. Etikken gjer seg med andre ord gjeldane i fleire variantar.

Anneleis er det når naturvitskapen og teknologien får rå grunnen aleine. Om ikkje målet vert satt innafor ei etisk og verdimeisig ramme, kan objektivitet og metodar i seg sjølve bli mål for verksemda. Teknologien og naturvitskapen har i den moderne tid vore meir retta mot det økonomiske system sine krav om effektivitet og lønnsemd, enn mot det å ta vare på ressursar med omsyn til miljø og neste generasjon (Beck 2004). Likevel, ser vi at det finst trendar innafor denne kunnskapsforma og dette feltet som, når miljø og berekraftig utvikling vert eit eksplisitt mål, makter å utvikle modellar og metodar på miljøet sine premisser. I fiskeriforvaltninga er det etterkvart blitt sentralt med økologiske modellar som tar utgangspunkt i havet som eit økosystem og der berekraftig forvaltning av dette systemet er eit uttalt mål. Dette gjeld det vi tidlegare også har kalla miljøteknologi. Både her og i naturvitskapen kan miljøetikken implementerast gjennom ein type konsekvensetikker målet er biologisk mangfald og eit robust miljø.

Praksiskunnskap og narrativ kunnskap er imidlertid nærare kopla til moral enn dei andre kunnskapsformane (Gare 2001). Som vi har vore inne på er grunngevinga i praksiskunnskap ofte knytt til ”fordi-motiv som ein slags etterrasjonalisering, ei forklaring på kvifor ein gjorde som ein gjorde (Harste og Mortensen 1996). Vi handlar på grunnlag av rutinar og vaner som er overført og gitt legitimitet over generasjonar. Nye grunngevingar kjem til og handlingane justerast, men samstundes er det heilt legitimt å vise til vidareføring av tradisjon. Narrativ kunnskap har som tidlegare sagt gjerne ein moral i forteljinga eller framstillinga av ei hending. Moralen er ofte

knytt til ein allmenn moral og er innafor denne typen kunnskap ikkje open for kritisk refleksjon. Det implisitte og tause aspektet ved denne typen handling og kunnskap – gjer steget til medviten refleksjon lang. Ut frå Giddens (1984) sitt skilje mellom praktisk medvit og diskursivt medvit, er dette den praktiske. Når moralen sit i sjølve handlinga er gjerne grunngevinga knytt til tradisjon og dygd. Poenget er ofte å viser kven ein er (på sitt beste) og kva ein tilhøyre gjennom handlinga, som ein type karaktereigenskap (Campbell 1996). Sjølv om praksis kan vere nært knytt til miljøomsyn er det som vi har påpekt ofte slik at det bygger på tradisjonar frå før miljøomsyn var eit kjend omgrep.

For å opne for ekte kritisk refleksjon må ein ta steget til eit diskursivt medvit kor ein evnar å snakke eksplisitt og logisk samstemt om sosial handling (Giddens 1984). Dette er ikkje eit umuleg sprang, vi såg tendensar til dette i intervjusituasjonen, men det krevs ein anna type kunnskap for å ta dette steget. Beck hevdar i tråd med dette at ein også i kvardagen sin risikomedvit bør snakke om ein type teoretisk medvit (Beck 1992).

Praksis som vane

Men praksis lever ofte sitt eige liv fordi vanar og rutinar gjer kvardagen muleg, og fordi tradisjonar ofte legitimere handling. Tradisjonar kan derfor ha normativ styrke fordi den viser tilbake på tilhøyre og kontinuitet (Campbell 1996). Vanar og tradisjonar kan også knytast til det Campbell bruker Max Weber til å forklare, nemlig at gjentakinga av handling er førande i seg sjølv: "One might say that the "traditional" emerges as a by-product of action itself, as a consequence of the Weberian processes of routinization, and that, once in existence, it accretes unto itself the authority which simple repetition can bring" (Campbell 1996 s. 166).

Miljøomsyn kan altså bli ein del av rutinar og vanar, fordi det ofte handlar om trekk ved handling og ikkje handlinga i seg sjølv. Når miljøomsyn likevel implementerast i allereie eksisterande praksis (kanskje med nokre justeringar) vert det ofte knytt til rett og plikt, og ikkje direkte til konsekvensar. Kvardagslivsstudien viste at praktiske løysingar og mulegheiter til å ta mil-

jøomsyn innafor ein hektisk kvardag, var alfa og omega for informantane. Dei gjorde det som var rett når dei makta dette eller hadde høve til det, men det var rutinane (og til dels økonomi) som satte ramma rundt kvardagen. Fiskarane bygde også sin forståing av lokalt miljøomsyn i hovudsak på praktisk og narrativ kunnskap. Deira mulegheitshorisont spesielt den strukturelle delen var imidlertid svært begrensa i forhold til kva dei meinte dei kunne gjere og ikkje. Fleire uttrykte at politisk regulering og teknologi vart meir styrande for korleis dei handla enn deira eige overtydingar og motiv. Styringsreiskap og teknologi gjorde at dei meir eller mindre vart passive deltakarar til sitt eige virke og at dei berre kunne vere vitne til at havet vart overutnytta. Det vart også hevda at konflikten mellom det dei gjorde og det dei eigentleg meinte kunne føre til svekka moral. Dette kan vere med å forstå korleis tradisjon også har ein autoritativ og legitimerande kraft, det vi gjer er på sett og vis rett fordi vi alltid har gjort det slik – og da må det jo vere rett.

Vanar og tradisjon sin tyding i praksis vert ofte undervurdert av ekspertar, og oversett i intellektuelle diskusjonar om handling og handlingsmotiv (Campbell 1996, Wynne 1996). Forholdet mellom lekkunnskap og ekspertkunnskap er derfor også relevant i denne samanhengen. Vitskapsbasert kunnskap kring miljøproblema finst i dag ikkje berre hjå vitskapsfolk, men også i dei breie lag av folket (Beck 2004). Samstundes finn vi praktiske kunnskapsformer hjå grupper av aktørar som ikkje har fått den same utbreiinga. Vi kan på sett og vis seie at vitskapsbasert problemdefinisjonar har stor utbreiing, langt utover ekspertgrupper i samfunnet, men årsaks- og løysingsbasert kunnskap (praktisk) ikkje har fått den same utbreiinga – den forblir i den lokale konteksten. Døme på det er tilpassingsstrategiar som er basert på tilgjengeleg teknologi og praktisk erfaring – og ad hoc - løysingar, og disse er kontekstuelle og nært knytt til moral. Men desse tilpassingane er likevel lagt innafor dei vilkåra som vi vel å kalle mulegheitsstruktur og mulegheitshorisont.

Miljøomsyn – å få mulegheiten

Ut frå case studiane kan eg indikere nokre mekanismar for kva som skyver og drar⁶⁴ folk i retning av å handle i tråd med miljømoralske overtvingar og fråsegn. Her er både oversikt over mogelege konsekvensar, vurdering av kva som er eins plikt og grunnlag i erfaring viktig. Men like sentralt er vanar og rutinar som har vist seg å fungere. Å endre vaner krev imidlertid deliberasjon eller overveiingar:

”Deliberation is vital. However, ..., its central role is normally not to directly guide action, but to shape, change, and reinforce habits, and therefore to indirectly guide action. This is a significant role since most human activity is habitual (Lafollette 2000:).

Grenser og mulegheit i det praktiske liv betyr mykje for miljøomsyn, ikkje berre i forhold til kva folk gjer, men også i forhold til kva dei meiner er rett og godt. Alle ynskjer å gjere rett og dette ynskje kan virke på vurderinga av praksis. Dette ynskje er knytt til behovet for å legitimering av praksis, uansett om handlinga styrt av utanforståande faktorar eller ikkje. Det psykologiske omgrepet kognitiv dissonans seier noko om dette fenomenet (Festinger 1957). Det sentrale i denne teorien er at dersom det er avvik mellom haldning og handling, vil ein av dei endrast. På lang sikt vil det vere uholdbart for den enkelte å handle på tvers av sine haldningar. Om ikkje ein er sterkt overtvingd om noko er imidlertid lettare å endre haldning enn åtferd. Det lettaste er derfor å tilpasse sine haldningar til det ein faktisk gjer. Ein rapport (Berge og Amundsen 2001) om haldningar til transport syner til studiar som syner at haldning til – og val av transportmiddel heng saman. Dei som oftast reiser kollektivt har ein positiv innstilling til kollektivtransport, mens dei som dei som føretrekk å bruke bil når dei reiser har mest negativt å seie om kollektive transportmiddel (Berge og Amundsen 2001).⁶⁵

⁶⁴ Tatt frå Elster (1989) som hevdar at nokre mekanismar *drar* handlingar i ei retning (t.d. målsetting) og andre *skyver* (normer)

⁶⁵ forholdet til transport handler om tilgjengelighet

Dei understreke likevel at denne samanhengen ikkje seier noko om årsak og verknad.

Ein utbreidd måte å studere forholdet mellom verdiar, haldningar og handlingar på i sosiologien, er gjennom kvantitative studiar, problemet er at det bortimot vert umulig å sjå på årsaksrekkefølgja med omsyn til det ein gjer og det ein meiner (haldningar og verdiar). Her vel ein som oftast å kartlegge korleis verdiar, haldningar og praksis empirisk opptrer saman gjennom å fokusere på segment og grupper av befolkninga med like og ulike verdioppfatningar, haldningssett og handlingsmønster (Berge og Amundsen 2001). Men med disse metodane kan ein ikkje sjå om moralen er tilpassa praksis eller omvent. Skal ein støtte seg til teorien om kognitiv dissonans kan det vere grunnlag for å tru at haldningar like gjerne kan vere et resultat av praksis som av kunnskap og refleksjon. Dette kan også gi assosiasjonar til Bourdieu (1977, 1989) sin tese om habitus, kor han viser at smak gjerne er eit resultat av livsform og praksis. Smaken vår er eit kroppslig resultat av eit levd liv som er meir inkorporert enn sosialisert, ville vel Bourdieu kunne seie. Det skulle ikkje vere nokon grunn til å sjå våre haldningar og verdisyn annleis.

Colin Campbell (1996) understrekar også at tradisjonar kan forståast ut sin moralske autoritet. Tradisjonar er sosiale vanar, seier han og presiserer at: "For what individuals do, and more significantly, what they have repeatedly done, will in their own eyes necessarily carry a degree of legitimation, since authority is grounded in action, more than it is in the self"(1996:166). Her er det ein klar referanse til Weber sine handlingstypar og til hans herredømmetypar, kor tradisjonelle handlingar og tradisjonelt herredømme (autoritet) er sentralt (Weber 1922/1990). Handlingar er forplikting, og forplikting bærer sin eigen autoritet - hevdar Campbell (1996).

Å TENKE GLOBALT OG Å HANDLE LOKALT!

Beck skildrar globalitet som oppdaginga av "den sivilisatoriske selvtrusselfen og planetens endelighet" (Beck 2004, s.46). Globalitet tyder hjå Beck,

nye referansar til det globale lagnadsfellesskapet, og den tydinga dette får i kvardagen. Her skjer det to ting samstundes, hevder Beck. For det første får dette tyding for mellommenneskelege relasjonar og erfaringar i kvardagen. For det andre opnar dette for ei forståingsramme og referanseramme som folk i aukande grad fortolkar sin eksistens, sin identitet og sine handlingar ut ifrå (op.cit.. s.46-47) Globalisering⁶⁶ kan i følgje Steven Yearley (1996) assosierast både til ein objektiv og ein subjektiv prosess. Det først viser til prosessar der marknad og politikk har vorte meir omfattande og samstundes meir komprimert. Det andre viser til ein medvitsgjering om at vi alle tilhøy- rer same klode og at denne er endeleg og avgrensa (Yearley 1996 s. 9). Ap- pellen til å *tenke globalt og handle lokalt* kan seiast å tilhøyre den subjektive globaliseringa. I denne maksimen ligg det eit eksplisitt moralsk og poli- tisk krav, og ikkje berre ein formmessig trend som folk følgjer som umedvi- ten masse. Ein skal tenke først heilskapeleg og så handle innanfor sin eigen rekkevidde. Dette er ein appell som ligg nært opp til klassiske moralske prinsipp både innan pliktetikk og konsekvensetikk.

Appellen inneheld imidlertid fleire formar for usikkerheit og implisitte føre- setnader. For det første bygger appellen på ein føresetnad om evna / muleg- heiten til globalt miljømessig medvit hjå den enkelte. For det andre inneber- rer det tilgang til informasjon og kunnskap om globale forhold og miljø- problem. Det føreset også tilgang til kunnskap som gjer det mogeleg å om- sette dette til noko som vedgår deira lokale praksis. Og ikkje minst kan ein finne ein føresetnad makt og mulegheit hjå den enkelte til å omsette kunn- skap, refleksivitet til handling innan sitt liv og sin livsform. Korleis muleg- heitsstrukturen til den enkelte setter rammer for slik lokal handling er svært uklart i maksimen og i sum gir dette det eg vel å kalle ein mulegheitshori- sont som i stor grad også må knytast til koplinga mellom praksis, kunnskap og etikk. Mulegheitshorisonten er her summen av det som virker inn på *opp- fatning* av kva type miljøomsyn det er mulig å ta. Både dei strukturelle, kog- nitive og etiske rammer – enkelt sagt kva ein ser som muleg å gjere.

⁶⁶ Dette omgrepet har mange fortolkinger - her har vi valt ei avgrensa fortolking

Tilgang til informasjon og kunnskap om globale forhold og miljøproblem.

Maksimen tenk globalt handle lokalt føreset altså at ein har informasjon om faktiske forhold på globalt nivå, og dette gjeld også til ein viss grad kunnskap om samanheng som påvirker dei globale forholda. Utgangpunktet for å få opp miljømedvitet hjå folk flest er mellom anna at ein tenker seg at små kvardagshandlingar og vedtak på lokalt nivå kan få kollektive konsekvensar på globalt nivå. Problemedefinisjonen er i tråd med dei tankane som Hardin (1968) introdusera kring "allmenningens tragedie", mens løysinga ligg i ein tanke om at folk skjønar dette og kjenner til korleis dette heng saman. På slutten av 1980-talet og tidleg på 1990-talet var typiske globale miljøproblem knytt til drivhuseffekten og hol i ozonlaget. Jamison (2002) meiner å sjå fleire formar for miljøkunnskap eller grøn kunnskap, og desse har kome til ulike tider og med ulike appellar. Dei første informasjonane og bøkene om miljøproblema vart knytt til ein offentleg debatt og til identifisering av problema. Som eit nyare fenomen er integrering av miljøomsyn vorte aktuelt. Det var vitskapen og ekspertane saman med miljøaktivistar som satte disse problema på dagsorden. Beck hevdar i si bok om "Risikosamfunnet" (1992) at informasjon om natur og miljøødeleggingar i all hovudsak vart framlagt av naturvitskapane (Beck 1992.s.33). Dette bilete har mange i ettertid nyantert, slik Jamison har vist at mykje av den første fagdebatten om miljøødeleggingane hadde klare politisk- definitoriske aspekt. Dermed er det viktig å understreke at politikken og politiske aktørar også har vore sentrale kjelder i å definere miljøproblem som eit samfunnsproblem og dermed eit politisk ansvar. Det er i dagsordenbygging mykje av informasjonsspreiinga ligg; å gjere problema kjend mellom politikarar og miljøengasjerte. Slik informasjon og kunnskap tenderar så å sige ut over i befolkninga som kunnskap om eller bilete på forureining og om ein klode i fare.

Det er i stor grad denne prosessen Beck seinare (1994, 2004) kallar moderne refleksivitet, eller det refleksive moderne samfunnet som stiller spørsmål ved moderniteten sine sideverknader. Men samstundes har denne refleksiviteten skapt usikkerheit om ekspertkunnskapen som ligg til grunn for avdekkinga av miljøproblema. Dette har utover på 1990-talet og inn i vårt hundreår vorte forsterka av at "ekspertane" ikkje vert samde om kva som er

miljøproblem og ikkje minst om desse problema er menneskeskapt. Den største utfordringa ser imidlertid ikkje lenger ut til å vere dagsordensbygginga, men å halde miljøproblema på den politiske dagsorden. Det kan sjå ut til at miljøvernpolitikk er ein type politikk som ikkje har konstant merksemd, men som kjem opp kvar gong ein ser lokale og regionale kriseteikn eller når det er større politiske hendingar og internasjonale konferansar (Bell 1998).

Om ein ikkje skal ta ”tenk globalt” for bokstaveleg dreier dette seg ikkje berre om problem som rammar heile kloden, men alle miljøproblema som er eit resultat av akkumulert lokal forureining og ressursuttak. Casestudiane synte, på ulikt vis, at kjennskap til miljøproblema var utbreitt. Kvardagskvinnene hadde dette i bakhovudet når dei snakka om ressursløsing og transport til dømes. Slik såg vi til dømes argumentet om å redusere såkalla ”food miles”, at maten reiste langt vart for dei også ei problem når det gjaldt helse. Fiskarane var mellom anna ikkje i tvil om at det stod ganske alvorleg til med ein del fiskeressursar og at ein med den same ressursuttaket som på undersøkingstidspunktet som i dag ville stå i fare for å svekke berekrafta i fiskeria i alvorleg grad. Fiskarane aksepterte at det eksisterte ei utarming av dei marine økosystema gjennom uheldig menneskeskapt miljøpåverknad. Teknokratane var ikkje alle samde om dette og sådde tvil om at dette kunne stemme. Fylkespolitikarane hadde globale miljøproblem som utgangspunkt for sin skoloring. Det var Agenda 21 frå Rio-konferansen som var bakgrunnen for å sette i gang med ”forum og miljø og utvikling”.

Samanhengen mellom globale problem og lokal praksis

Sjølv om dei alvorlege miljøproblema ofte berre kan observerast på regionalt og globalt nivå, finn ein altså at dei praktiske årsaka ligg i ein mykje mindre skala. Det er her appellen til å handle lokalt ligg. Får ein bukt med de ”små handlingane” kan ein altså redusere dei store problema.

Føresetnaden om å handle lokalt på grunnlag av globale miljøtruslar inneber at dette er oversetteleg problem. Døme på dette var det mange på 1980 og 1990 talet kor miljøørsla var sentrale aktørar til å omsette dette. Med ut-

gangspunkt i dei globale problema som all hovudsak vart kjend på 1990-talet kom føringar om kva gassar og kva produkt som bidrog til å forsterke desse problema. KFK-gassar frå kjøleskap og hårspray var noko av det som sterkast bidrog til holet i ozonlaget, og dermed var løysinga å unngå desse produkta. Men for å gjere dette var ein altså avhengig av at nokre ekspertar gav signal om kor løysingane låg og at mellom andre miljøvernorganisasjonar omsette dette til lokale handlingar. Etterkvart forsvann tilsynelatande dei mest opplagte produkta ut av marknaden.

På fiskerifeltet er årsaksforklaringane noko meir problematisk og omstridt. Ein kunne tenke seg at problemet med for stort ressursuttak i fiskerinæringa med førte at dei minste båtane som da tar ut minst fangst og sannsynlegvis mest selektivt uttak av fisk, fikk politisk og økonomisk støtte (gjennom t.d. kvoter). Dei store trålarane vert ofte kritisert for ikkje å vere selektiv nok i sine uttak, i tillegg til at dei øydelegge havbotn – spesielt sjeldne korallrev (Fiskeridirektoratet 2004). Fiskarane gav tydelig uttrykk for meiningar både om globale problem og tankar om kva dette kunne tyde for deira praksis. Dei såg også behovet for kontroll, men var meir opptatt av at moderniseringa i fiskeria var ein sentral årsak. Usemje om årsaksforhold i miljøpolitikken skaper også vanskar i det ein søker å sette inn tiltak som skal treffe. Her har fiskeriforvaltinga ei stor utfordring.

For fylkeskommunen var oversetting av globale miljøproblem til regional politikk ein del av det føremålet som låg i skoleringsprosjektet. Hovudmålsetjinga for programmet er "konkret handling" for "vår felles framtid". Dette vart konkretisert mål om å synleggjering av fakta og avklaring av handlingsvegar. Ut frå dette kan det sjå ut som om omsetting av miljøutfordringar til praktisk handling var eit medviten mål for fylkespolitikken i dette prosjektet. Utfordringa på dette feltet vart at oversettinga tydeleggjorde verdi og interessekonfliktar i politikken. Konkretiseringa av miljøproblema på lokalt nivå vanskeleggjorde dermed deira praksis.

Mulighetshorisont - mulegheitsstruktur

Maksimen ”tenk globalt handle lokalt” føreset til slutt makt og mulegheit til å omsette kunnskap og idear om tiltak ut i live i sitt eige liv og virke. Det føreset at den slutninga ein forventar at folk gjer, frå globale miljøproblem til lokal løysing, skal kunne resultere i praksis på lokalt nivå. Ein slik praksis krev mulegheiter både strukturelt, subjektivt og sosialt. I sum har eg valt å kalle dette mulegheitsstruktur. Trass i at det er logisk at årsaka og løysing ligg på same nivå, så er det ikkje alltid sikkert at makta til å gjennomføre dette ligg på det lokale planet. Som vi har vore inne på er slike mulegheiter avgrensa både i kvardagslivet, fiskerinæring og for politikarane. Strukturelle føringar setter klare vilkår både for faktisk handling og for vilje til handling. Kvardagskvinnene som i høg grad var miljømedvitne og villige til å bruke tid og ressursar på å handle lokalt i tråd med den velkjende appellen makta ikkje å omsette sine overtydingar i praksis heilt ut. Trass i at dei makta å omsette vanar og tradisjonar til miljøvenleg praksis låg ikkje mulegheitene alltid til rette for å følgje samvitet. Det var dette som i høgast grad svikta i deira kvardag; mulegheiter og tilrettelegging for ein miljøvenleg kvardag. Over tid kan dette også sjå ut til å virke på vilja til å gjere meir, dei vert nøgde med det dei maktar å gjere.

For fiskarane kan det sjå ut som om deira bekymring for ressursane i havet ikkje hadde noko klare implikasjonar for deira eigen praksis. Dei gav inntrykk av å ha liten kontroll over tiltak og praksis som kunne vere ei praktisk løysing på problema, i form av ”å gjere noko sjølv”. Forskarane og administratorane meinte klart at eit naudsynt praktisk tiltak for å avgrense dei marine ressursproblema var auka kontroll av fiskeria. No hadde heller ikkje dei styring over dei tiltak som vart sett inn. Dette er ei politisk avgjerd der nok både forskarane og administratorane har relativt stor innverknad, men til sjuande og sist er dette ei politisk avgjerd kor også fiskeriorganisasjonane har medverknad.

For politikarane gikk også skoloringa ut på å omsette løysing på miljøproblema også utover dei for Nordland fylke aleine. Ein tenkte seg at fylkeskommunen som ein demokratisk institusjon kunne ivareta miljøpolitikk på ein betre måte enn fylkesmannen til dømes, fordi denne opererte på sida av

dei demokratiske kanalane og fordi dei hadde fått mykje kritikk for å vere for ekspertstyrte.

Desse eksempla syner at det kanskje ikkje er hensiktsmessig å legge løysinga på globale problem på eit lokalt nivå sjølv om ein innafor ein logisk reduksjonistisk tenking ser at årsaka til problema skuldast små lokale handlingar som i sum vert eit problem. Det kan sjå ut som det kollektive ansvaret for å gi opning for lokale løysingar er viktigare og meir formålstenleg. Analysen syner at praktiske løysingar kan finnast på individuelt og lokalt nivå, men da må det leggest til rette for dette. Folk legg både moral og handlingar innafor sin mulegheitshorisont. Det er derfor ikkje miljøpolitisk teneleg å legge ansvaret på eit nivå som er utan makt og innverknad på tiltak og styring av prosessar. For muleg styring er det eit vilkår at makt og ansvar henger saman. Det er med andre ord ikkje alle typar miljøomsyn som kan løysast på individnivå, men må opp på eit kollektivt nivå – innafor politikken.

Oppsummering av analysen

Eg har i dette kapitlet søkt å trekke ut nokre hovudliner frå casestudiane og analysert desse ut frå ulike teoriar om kunnskap og etikk i miljøomsynet. Analysen peiker ut nokre trekk.

1. Miljøomsyn er avhengig av forståinga av miljøproblem utanfor den enkelte sin erfaringshorisont, men dette er ikkje tilstrekkeleg for etterleving i praksis.
2. Miljøomsyn i praksis krev også kontekstuell kunnskap som også er knytt til erfaringar og rutinar.
3. Kontekstuell kunnskap er nærare (tydeligare) kopla til moral enn abstrakt eller universell kunnskap.
4. Miljøomsyn gjennom vanar, rutinar og institusjonalisert praksis, kan gi, eller halde liv i haldningar
5. Gode vilkår for miljøomsyn leggest ikkje berre gjennom informasjon og haldningskampanjar, men vel så mykje gjennom å gi folk mulegskapen til å handle i tråd med både abstrakt så vel som konkret kunnskap.

6. Kunnskapsmessige, moralske og praktiske vilkår for miljøomsyn heng derfor nøye saman. Det handlar om praktiske mulegheiter til å handle i tråd med kunnskapsmessige og moralske overtydingar.
7. Å opne for ein auka mulegheitshorisont (både strukturelt og kunnskapsmessig) for å ta miljøomsyn er viktig, men likevel ikkje føremålsteneleg på individuelt nivå, men på kollektivt nivå, gjennom egna styring – politikk.

Eit sentralt poeng eg ynskjer å trekke ut av den ovenståande analysen er at miljøomsyn og miljøpolitikk krev ein dialektisk forståing av vilkår hjå ulike samfunnsområdar og individuell praksis, samstundes som det skjer politisk definisjons og tiltaksprosessar. Politikken er viktig for å legge strukturelle føringar for miljøomsyn. Samstundes kan det sjå ut til at miljøpolitikken har vorte individualisert og nøytralisert. Politikken kan synast meir konsentrert om ei tru på at løysinga ligg hjå den enkelte sin moral, men også at det svaret finst i teknologi og ekspertise (Straume 2000).

Casestudiane syner imidlertid at lokal kunnskap er viktig i miljøomsynet trass i at ein ofte snakkar om å ta utgangspunkt i globale miljøproblem. Samstundes er det tydeleg at lokal kunnskap ikkje er tilstrekkeleg. Skal ein våge seg til å seie noko om politikkkutformingar på dette feltet, bør samspillet mellom det lokale og det strukturelle trekkast fram. Sosiologen Peter Dickens (1992) hevdar at:

” ...a better strategy is to start with locality and everyday experience and to develop strategies at the local level which are responsive to local, social and ecological systems. But having developed such strategies, regional, national or transnational would be called on, almost as a last resort, to help local regimes to implement their own strategies”(Dickens 1992, s. 194).

Miljøomsyn og politikk

I rapporten ”2005 Environmental Sustainability Index ” (Esty m.fl) meiner eit stort team med tverrfaglege forskarar å finne ein logisk og empirisk samanheng mellom demokratiske institusjonar og miljømessig berekraft. Eit samfunn som kan gi effektiv respons på varsla miljøproblem, og som samstundes har opne kanalar mellom borgarar og styresmakter, er meir tilbøyelig til å ta miljøomsyn enn dei som ikkje har denne typen effektivitet og opning (Esty m.fl. 2005 s. 9).

Empirisk sett viser rapporten at :

“The highest bivariate correlation is with civil and political liberties, suggesting that countries where robust political debate takes place – facilitated by fair elections, free speech, engaged press, active NGOs, vibrant legislatures, etc. – are more likely to focus on environmental challenges. The second highest correlation is with survey data on environmental governance. This result suggests that countries that pay attention to environmental policy and regulate effectively are more likely to produce successful environmental outcomes.” (Esty m.fl. 2005 s. 28)

Norge kom godt ut i rangering av nasjonar sin miljømessige berekraft, med ein andre plass (ibid.).⁶⁷ Demokrati og effektiv politikk er altså sentrale trekk som styrkar berekraftig miljø, i følgje denne og andre forskingsresultat

⁶⁷ Nest etter Finland. Dette kan like mykje vere følgje av høg levestandard og lågt innbyggartal, som kvaliteten på demokrati og styring (ibid.).

(Bortne m.fl 2002). Kvaliteten på det norske demokrati har relativt nyleg også vorte vurdert gjennom Makt og demokratiutreiinga. I sin sluttrapport (NOU 2003: 19) kom denne dystre meldinga:

”Den mest sentrale endringen av maktforholdene i Norge er at demokratiet i grunnbetydningen folkestyre - et formelt beslutningssystem gjennom flertallsvalg og folkevalgte organer - er i tilbakegang. Folkestyret som regjeringsform er i forvitring snarere enn omforming.” (NOU 2003: 19 s. 16).

Mens demokratiet som folkestyre ser ut til å vere i tilbakegang ser ein også tendensar til at miljøpolitikken dei seinare åra har fått svekka status. Ein annan rapportar frå Makt og demokratiutreiinga hevdar at:

”Når globale miljøutfordringer og nye miljøpolitiske løsninger møter institusjonelt og ideologisk godt etablerte nasjonale grupper er det ganske sannsynlig at de siste vil seire, i alle fall over tid” (Kasa mfl.2001, s. 462).

Kasa (m.fl) hevdar vidare at avmakta ein finn i miljørørsla etterkvart har vorte slåande, og at klimapolitikk har vorte underlagt ein dominerande industri- og distriktspolitikk (Ibid.).

Svekking av politiske institusjonar er imidlertid ikkje eit særeige norsk fenomen.

”We are living in an age characterized by denigration of politics and politicians, condemnation of government, deregulations, down-sizing of the public sector disparagement of labour unions, and libel suits to scare off the media” (Murphy 1997 s. 200).

Åtak på demokratiske institusjonar som kunne ha vore eit gode i miljøpolitikken til å uttrykke kollektive ynskjer, har flytta makta meir og meir over til institusjonar som heller skapar miljøproblem – hevdar Murphy (ibid.).

Samanhenger mellom politikktutforming og miljøomsyn vil avslutningsvis vere eit hovudtema. Utgangspunktet her er spørsmålet om miljøpolitikken vert avpolitisert gjennom appellar om å ta individuelt moralsk ansvar. Ved

nærare ettersyn kan ein sjå to prosessar som skjer samstundes, og som kan ha intern samanheng. Den eine er overføring av ansvar frå det politiske systemet til den enkelte borgar eller forbrukar, og den andre er aukande dominans frå ekspertisen på felta. Det vert også hevda at det er ikkje ein motsetnad mellom ekspertstyring og haldningsskapande verksemd, men ein del av det same tenkjesettet (Straume 2002). Dette grunnjevast med at ekspertstyre dominerer – ikkje som økologi og populasjonsbiologi, men som økonomi kopla i hop med åtferdsforskning – spesielt forbruksforskning. I tråd med demokratiskepsisen som råda på 1990-talet, har miljøproblema klart blitt assosiert med folk sine dårlege val og manglande ansvar (ibid.). Problemet vert at miljøkrisa, når ho vert sett som akkumulerte individuelle handlingar motivert av personleg moral, kanskje vil svekke ein kollektiv open og demokratisk debatt. Tendensen til å fokusere på individnivå kan derfor vere ei forskyving til eit nivå der handlingane har lita tyding. I tillegg kan vi ut frå casestudiane og analysen i føregåande kapittel, hevde at sjølv om medvit er sentralt, er det ikkje tilstrekkelege vilkår for miljøomsyn.

MEDVIT OG ENGASJEMENT

”Alle har vi lett for å tenkje at miljø berre er viktig i den store samanhengen. Rett nok krev store utfordringar stor innsats frå sentralt og internasjonalt hold. Vi må likevel ikkje gløyme at miljø også gjeld oss alle i våre daglege innkjøp og lokale gjeremål. Eit godt miljø er ikkje mogleg å oppnå utan mange små enkeltinnsatsar.”

Dette vart hevda av Miljøvernminister Knut Arild Hareide i ein tale i oktober 2004. Det er både for politikarane og for samfunnsforskarar derfor interessant å spørje kva som legg føringar for enkelthandlingar og kva mønster som kjem ut av dei.

”Fremtidens miljøvern er avhengig av hvilket engasjement man kan finne for miljøvern i sivilsamfunnet og hvordan dette forholder seg til stat og næringsliv (Bortne m.fl. 2002 s. 145).

Politisk engasjement er i all hovudsak sett på som eit gode både med omsyn til demokratibygging og i miljøpolitikk. Raymond Murphy (1997) hevdar at det ligg eit potensiale i miljøengasjementet til å revitalisere demokratiske institusjonar:

“The tangible environmental degradation this produces has the potential to create a boomerang effect that can transform public attitudes toward the need for regulation and thus reinvigorate public institutions as an expression of collective will” (ob sit 200-201).

Her har vi altså signal som tilseier at fleire ser ein samanheng mellom politisk medvit, demokrati og miljøomsyn. Medan nokre har håp om at miljømedvit auka oppslutninga om demokratiet, meiner andre at den miljøpolitikken som førast i dag drep miljøengasjement meir enn å auke det. Haldningskampanjar med satsing på individuelle løysingar er døme på det. Kritikken mot det siste er at det er forskjell på haldningskampanjar på line med marknadsføring (reklame) og medvitsgjering i tråd med meir demokratiske deltakarmodellar. Eit aktuelt spørsmål er da om tiltak som Lokal Agenda 21 og merksemda som dialogen mellom husstandar og styresmakter, fører til at berekraftig utvikling vert redusert til ein oppgåve for den einskilde? Eller er det i tråd med ein revitalisering av folkeengasjement?

Den representative kvaliteten i eit demokrati avheng av nivået på deltakinga i det politiske liv. Måling av nivået på deltakinga, og dermed folk sine muligheter til påverking av dei styrande, må vurderast i forhold til eit ideal. Ideala er imidlertid avhengig av korleis ein forstår demokrati og deltaking. Forholdet mellom demokrati og deltaking er både eit teoretisk og eit politisk (ideologisk) spørsmål. Ulike demokratiteoriar har ulikt syn på kva som er særtrekk den ”gode borgar” (Rose og Pettersen 2002). Det ligg ulike forventingar til moralske og politiske dygder innebygd i demokratiteoriar. Det vanlege skiljet innafor norsk sosiologi er mellom *”konkurransedemokratiet”* (liberaldemokrati) og *”deltakardemokratiet”* som to ulike idealutformingar. Disse to idealtypane er så ulike i teoretisk grunnlag og utforming at ein kan seie at dei er bygd på ulike paradigme i politisk teori. Konkurransedemokratiet reknar stor passivitet i befolkninga som ei føresetnad for eit stabilt og

fredeleg styre (Martinussen 1991). Hovudideen i til dømes deltakardemokratiet er *medverknad* gjennom et breitt folkeleg engasjement, og nærdemokrati i alle slags samanhenger. Martinussen (2003) framheld endringar i ideen om deltaking og demokrati frå ideen om deltaking til større vekt på førestillinga om *folkeleg engasjement*. Innafor både kommunitarisme (Arendt 1996) og diskursteari (Habermas 1984 og Apel 1990) legg ein stor vekt førestillingar om den vakne og *aktive* medborgaren. Her kan haldnings- skapande tiltak vere i tråd med ideen om at ein ny type politikk krev utvikling av folk sitt medvit på feltet. Haldningsskapande arbeid vert då ikkje forstått som marknadsføring, men utvikling av politiske og moralske dygder. Miljøpolitikk, kan vi da tenke oss, krev utvikling av miljømedvit slik at folk i det heile kan ta opplyste og engasjerte miljøpolitiske val (Rose og Pettersen 2002).

Problemet er imidlertid at haldningskampanjar rettar søkelyset mot individuell, og ikkje ein kollektiv moral. Det kan sjåast som det meir er snakk om forbrukaropplysning enn informasjon om politiske vegval. Dermed vert det meir opna for meir eller mindre anarkiske tiltak, der ingenting vert gjort frå dei som er satt til å styre og ansvaret for framtida vert eit spørsmål om kva veg marknaden vil gå. Men er denne prosessen eintydig? Er det ikkje også slik at den skandinaviske modellen for styring også har vorte kritisert for det motsette – at sosialpolitikken og miljøpolitikken er for institusjonalisert i systema?

Blind borgar eller politisk forbrukar?

Kva er resonnementet bak det å auke forbrukarane sitt medvit? Dette må sjåast som ein del av ein liberaløkonomisk ideologi. Det er i tråd med ideen om den frie marknaden når ein produksjonsbedrift går under eller forsvinn, berre det er som ein følgje av marknadsmekanismane. Legitime årsaker som kan føre til at ein produksjon vert lagt ned eller flytter er manglande etterspørsel etter varar, eller for høge produksjonskostnadar (billigare ein annan stad). Alle produsentar *skal* søke å minimere kostnader og maksimere profit. Det som *ikkje* skal skje, er at det offentlege tuklar for mykje med disse frie kreftene, til dømes ved å legge avgift på energi eller bøter for forurein-

ing. Dette er da heller ikkje ynskjeleg for mange politikarar – deira jobb nummer ein er å skape arbeidsplassar. Men om det er slik at forbrukarane vel å ikkje kjøpe produkt som er forureinande i produksjon, så er det ein annan sak. Politikarane sin påverknad på marknaden vert altså indirekte gjennom haldningsskapande verksemd slik at dei også kan styre det økonomiske system mot ein meir miljøvenleg verksemd. Dei er likevel avhengige av ekspertisen til å påvise kva som er skadeleg og ikkje for miljø (og helse). Forbrukarrolla blir på dette viset politisert. Politisk påverknad skjer på det viset gjennom kva vi foretar oss dagleg i butikken (Sørensen 2004). Ut over det problemet at mange ikkje har økonomisk råd til å leve opp til sine haldningar, den er i motsetnad til borgarrolla ikkje organisert i noko fellesskap. Kvar einskild aktør må gjere opp ei haldning ut frå informasjon og marknadsføring, utan å ha eit fellesskap å stø seg til, eller høve til å vite kva andre gjer. Følgjene er at politikken slepp unna styring og kontroll, og produsentsida i økonomien får større makt.

Tanken om den politiske konsumenten er både i tråd med tankar om berekraftig utvikling knytt til forbruk og produksjon, og den trenden ein har sett med utvikling av grøn politisk forbrukarmakt. Denne tanken er ikkje berre knytt til individualistisk orientert miljøvern, men er meir politisk og idealistisk enn som så. Det er snakk om ein kundeorientering som er lokal og global på same tid, og handlar t.d. om boikott av varar og utvikling av merking av miljøvenlege, økologiske og etiske varar (Bortne, Selle og Strømsnes 2002). Den norske maktutgreiinga sin analyse av miljøvernet i Norge ser dette som ei individualisering av miljøvernfeltet: ”Individualiseringa av miljøvernet understøttes av den økende nærmiljøorganiseringa og organisering som primært har én sak for øyet” (Bortne, Selle og Strømsnes 2002 s. 43). Likevel er ikkje denne utviklinga heilt eintydig. For parallelt med den nye lokale og individuelle orienteringa og mindre fokus på politikk og ideologi, ser ein samstundes meir merksemd på verdiar og etikk (Ibid.). Også i næringsliv og marknadsføring har ein vorte medviten om at kvaliteten på ein vare kan koplast til miljø og etikk. Spesielt er ”trygg og rein mat” vorte sentralt (Nordisk Ministerråd 1998).

Det kan altså sjå ut som om politikken meir har tatt form av ein type livspolitikk som Giddens (1991) snakkar om. Det handlar meir og meir om korleis vi bør leve, og moralske spørsmål får igjen plass i politikken. Miljøpolitikken har, slik eg kan sjå det, heile tida søkt å halde på appellen til engasjerte borgarar. Den eine miljøvernministeren etter den andre understrekar behovet for å medvitne forbrukarar, men dette kan også vere eit ledd i å styrke miljøpolitikken eller er det ei avpolitisering av den, slik Straume (2002) hevdar. Dette underbyggast også av Sørensen (2004) som hevder at det ikkje er eit problem at miljøengasjerte nyttar sine midlar til å støtte opp om til dømes økologisk landbruk.

”Men det er helt sikkert et problem, hvis det etablerte politiske system begynder at ’utlicitere’ politiske beslutningsprosesser til markedet – hvis de for eksempel legger opp til at forbrukerne og markedet skal afgøre, hvordan fremtidens landbruk skal se ud. ...Med en sådan markedsmessiggørelse af politikken bevæger man sig væk fra det politiske princip ... at det enkelte stemmeantal afgøres af, hvor velhavende man er (Sørensen 2004 s.113).

Politikk er imidlertid også å styre eit samfunn inn på spor i retning av definnerte politiske målsettingar. Styresmaktene og med det politikarane er gitt fullmakt hjå folket til å treffe avgjerder som både er populære og upopulære. Men når ein ikkje makter å ta kollektive vedtak, kan det å overføre ansvar til enkeltindividida vere ei løysing (eller ein fluktmuligheit). Eit sentralt poeng i så måte må vere at dette kan vere både legitimt og føremålsteneleg, om politikken ser sin rolle som tilretteleggarar for miljøomsyn. Skal ein legge opp til ein miljøpolitikk som har lokal appell, må også det lokale nivået ha makt, ikkje berre ansvar.

”Demokrati bygger ikke bare på makt gjennom folkevalgte organer, men også på rettigheter og rettsgarantier for individer og grupper, ulike former for deltakelse utenom valg, partier og politiske folkebevegelser, påvirkningsmuligheter som brukere, forbrukere og aktive i pressgrupper. Disse ulike formene for tilleggsdemokrati - rettighetsdemokrati, aksjonsdemokrati, deltakerdemokrati, forbrukerdemokrati, lobbydemokrati eller det vi har kalt barometerdemokrati - har

supplert folkestyret som formelt beslutningssystem, men kan ikke erstatte det.” (NOU 2003: 19, pkt. 13.3)

Det er eit viktig spørsmål om det har seg slik at vi i staden for å få ei miljøpolitisk aktiv befolkning, heller får ei gruppe med medvitne forbrukarar, og at styresmaktene elles overlet sentrale miljøpolitiske avgjerder til forhandlingar mellom ulike pressgrupper – slik ein ser tendensar til i fiskeriforvaltninga. Poenget her er å ta opp ei problemstilling i vidareføringa av casestudi-ane – nemleg om miljøomsyn kan ivaretaast berre gjennom auka kunnskap, medvit og moral hjå grupper og enkeltindivid, eller om miljøomsyn og miljøpolitikk heng saman og burde henge saman i eit dialektisk forhold.

Den altomfattande miljøpolitikken

Diskusjonen kring tiltak som haldningskampanjar i kontrast til andre typar miljøpolitikk kan også relaterast til meir praktiske spørsmål om virkemiddelbruk. I ein forskingsrapport frå Vestlandsforskning omkring berekraftig transport og energiforbruk heiter det mellom anna:

”Mer ideologisk pregede strømninger i retning av å prioritere én type virkemidler har i liten grad vist seg å være effektiv i praksis. Den økende vektlegging av informasjon og frivillig samarbeid som miljøpolitiske virkemidler de siste årene faller sammen med en internasjonal trend om økt bruk av nye former for kommunikative virkemiddel – delvis til fortrenghet for ”tradisjonelle” regulative virkemidler. Det kan være grunn til å rope et lite varsku ved en slik utvikling. Hvis bruken av samarbeid og informasjon skal erstatte bruk av juridiske og økonomiske virkemidler vil dette sannsynligvis svekke gjennomslaget for miljøhensyn. Hvis den økte bruken av kommunikative virkemidler kommer i tillegg til de ”tradisjonelle” virkemidlene er det en styrke for miljøpolitikken (Aall m.fl. 2001 s.9-10).

Rapporten understrekar at røynsle frå transportområdet viser at ein må sjå ulike typar virkemiddel i samanheng. Eit døme å dette er at om det skal vere formålsteneleg å auka ressursar til kollektivtransport eller auka avgifter på personbiltransporten, må ein ofte supplere dette med fysiske tiltak som set-

ter grenser høve til å bruke privatbil – eventuelt også i transportreducerande arealplanlegging. Erfaringar frå ei rekke enkeltståande forskingsprosjekt og forskingsprogram tilseier at det naudsynt med meir heilskapelege "virke-middelpakker" om ein skal ha håp om å få til vesentlege endringar i berekraftig retning (Aall m.fl. 2001). Styring, kontroll og regulering kan også vere problematisk når det ikkje har rot i den kunnskapen og erfaringar aktørane på grasrotnivå sitt inne med. Dette såg vi døme på i studien av fiskeria. Det er ikkje berre eit spørsmål om ein skal bruke reguleringstiltak, men også kva tiltak, og korleis dei er tilpassa kunnskap og engasjement hjå dei "regulerte".

Miljøpolitikk grip tak i mange trekk ved samfunnslivet og berer preg av at problemfeltet er samansatt.

"Det er vanskelig å gripe "miljøkrisen". Den inneholder fysiske og biologiske, sosiale, økonomiske og politiske, psykologiske og etiske komponenter. Dens globale/regionale/lokale omfang, sammensatte årsaksmønster og inntrufne/potensielle virkninger, supplert med forskningens blanding av viten og usikkerhet, og politikeres kombinasjon av kosmetisk iver og systembundet handlingslammelse, gjør det håpløst å forholde seg til – som en helhet" (Thomas Chr. Wyller 1999, s. 24).

Den som prøver å forholde seg til miljøkrisa som heilskap, går seg lett vill, seier Wyller. Det har også vore ei erfaring i arbeidet med denne avhandlinga. I studien av miljøvern, som i samfunnsstudiar generelt, erfarer ein fort at uendeleg mange ting heng i hop. Alt blir lett eit spørsmål om alt. Derfor er det naudsynt å avgrense problemstillingane, sjølv om ein ser at det heile tida dukkar opp nye spørsmål som skulle vore svart på.

Det mangfaldige materialet i denne avhandlinga har gitt mykje informasjon om dei ulike felta som er studert i lys av miljøomsyn, kunnskap og etikk. Casestudiane kan på mange vis stå aleine som forteljingar om dei forskjellige felta. I kvardagslivsstudien vart det fortalt om kva kvinner i eit spesielt sjikt i samfunnet balar med for å ta ulike omsyn i kvardagen. Materiale for-

tel om korleis aktørane tar miljøomsyn i praksis og kva kunnskap dei ligg til grunn for det. At både praktisk og teoretisk kunnskap er sentralt, men ikkje tilstrekkeleg vart eit viktig funn. Forskjellen på ulike aktørar sin tilnærming til miljøomsyn og etikk vart det mest sentrale funnet i studien av fiskeria. Den store avstanden i kunnskapsbasis og haldning til det marine miljøet, var likevel ikkje større enn at svara på kva som er ei berekraftig forvaltning var relativt like. Medan fiskarane baserte sin kunnskap i implisitt, tradisjonsbasert og kontekstuell kunnskap, var det motsett hjå forskarar og forvaltarar. Eit interessant funn var også at politikarane såg ut til å plassere seg i midten. Fiskeriforvaltninga kan sjå ut til å ha ei stor utfordring i å kople saman ulike kunnskapsformer, men har samstundes eit godt utgangspunkt i at målet ser ut til å vere samstemt.

I den generelle analysen og i syntetiseringa av casestudiane la eg i all hovudsak vekt på forholdet mellom kunnskap, etikk og praksis, og søkte å svare på hovudproblemstillinga som var knytt til kva vilkår desse la for miljøomsyn. I denne overordna analysen vart det lagt vekt på samanhengen mellom kunnskapsformer, etiske fundament og miljøomsyn i praksis. Det som her kom fram, var at dette er sentrale vilkår for miljøomsyn og at dei er alle naudsynte, men kvar for seg ikkje tilstrekkelege. Eit viktig bidrag til denne diskusjonen var poenget om at det ikkje er klart at auka medvit fører til handling. Det kunne også sjå ut som om *mulegheiten* til å handle i tråd med idear om miljøomsyn var likså viktig.

DET "VESLE" MILJØVERN

Miljøproblema, årsaksforståing og løysingar kan ha mange funderingar og tilnæringsmåtar. Ei grov inndeling er å seie at vi har det "store miljøvernet", som ser på og tar tak i nasjonale, internasjonale og globale problem og endringar, og det "vesle miljøvernet" som er meir lokalt og individuelt orientert. Som vi har påpekt fleire gonger heng desse sjølvstekt saman, men fokuset for denne avhandlinga kan seiast å vere det vesle miljøvernet.

Grunnen til at eg har tatt tak i det er at eg ville sjå i kva grad appellen til moral og haldningar får utslag i praktisk miljøvern på mikro- og mesonivå i

samfunnslivet. Det vesle miljøvernet er ikkje lite eller bagatellmessig med omsyn til kva spørsmål det stiller, desse er av stor tyding i forståinga av korleis kunnskap og moralsk motivasjon heng saman med handling. Den er også viktig for å forstå korleis praksis legg føringar for motiv og moral. Det siste er blitt eit sentralt tema i avhandlinga. Gjennom intervju og samtalar med folk i ulike felt i samfunnet kring tema som har med miljøomsyn, etikk og praksis, syner vi korleis ein opplever og handterer miljørelaterte spørsmål. Kva fann ein så av interessante poeng i desse casestudiane? I det føregåande kapitlet søkte eg å syntetisere og analysere dei felles problemstillingane som kunne relaterast til studien. Det vart viktig å påpeke at kunnskap er viktig og kanskje naudsynt for at folk skal ta miljøomsyn, men dette er likevel ikkje tilstrekkeleg. Både vilje og praktiske mulegheiter vart sentrale element for at miljøomsyn kunne bli ein del av folk sitt virke og kvar- dag. Mulegheitsstruktur og mulegheitsrom vart sentrale omgrep i så måte. Men studien viste også at desse elementa heng saman, kanskje meir enn det mange synast å tru. Kva type kunnskap ein sit inne med, har tyding både for det å finne praktiske løysingar og for eins vilje til å handle i tråd med den kunnskap ein har. Koplinga mellom praktisk erfaringskunnskap og moral, synast tydligare og sterkare enn mellom vitskapsorientert ekspertkunnskap og moral. Samstundes er det eit poeng at vitskapsbasert kunnskap i større grad er knytt til grunngjeving enn til handling.

Nå eg her har kalla feltet for det vesle miljøvernet er det også for å understreke at det, slik eg ser det, er ein vesentleg forskjell på det etiske fundamentet her, i forhold til det ”store” miljøvernet. I teorikapitlet presenterte eg nokre etiske teoriar som har ulike abstraksjonsnivå og kunnskapsgrunnlag. For det store miljøvernet ser ein tydelig både konsekvensetiske og pliktetiske fundament, og på dette nivået er denne tenkinga relevant. I det vesle miljøvernet er tilpassing til praksis og mulegheitsrom meir sentralt. Her skal ting gjerast – det er kort veg mellom tanke og handling, men det er samstundes lite hensiktsmessig å tru at den einskilde makter å snu opp ned på sin livsform utan hjelp utanfrå.

Livet levast i relasjonar – og er snarare prega av utilstrekkelegheit enn av det motsette. Menneska vert stilt overfor krav på mange områder, og når det

kjem til stykket, er det dette etikken handlar om, både i dei nære relasjonar og i forhold til dei store spørsmåla. Når vi snakkar om etikk og moral, er det nærliggande å spørje etter kjørereglar, regler som kan vise veg eller i alle fall kva handlingsalternativ vi bør velje. Miljøetikken har ikkje kome så langt – ikkje i praksis og heller ikkje i dei meir filosofiske krinsar. Vi har sett at miljøetikk ikkje har latt seg omforme til absolutte regelsett eller faste normer. Likevel har ein innanfor den teoretiske delen av dette feltet etablert ei semje om at miljøproblema også er eit etisk problem. Etikk handlar om livet og om velferd, og om ta det alvorlege alvorleg - som Harald Ofstad seier (1982). Og miljøproblema viser seg å være svært alvorlege både globalt og – for nokre områder – lokalt. Dette - vil mange seie- gjør at det bør bli eit politiske ansvar. Men like viktig er det, både for politikarar og andre, at det er eit moralsk ansvar. Moral handlar om livsvilkår, både dei nære og dei fjerne.

”Det mest fundamentale sæt af livsbetingelser udgøres af biosfæren, deraf har den sit navn. Selvsagt var biosfæren før i tiden også fælles for klodens folkeslag, men ikke på nogen følelig måde. Erosionen eet sted på kloden generede ikke folk andre steder på kloden. Angreb på ozonlaget, udryddelsen af regnskoven, omlægning af floders løb, energiproduksjonens hævelse af temperaturen, forurensning af luft og vand får ikke kun globale virkninger. Livsunderlaget er blevet fælles ved at det er blevet truet” (Løgstrup 1987 Solidaritet og Kærlighet s. 17).

Om årsakspåvisingar i miljøforskning vert framstilt som verdinøytrale, gjeld ikkje dette når ein kjem til løysingar. Om dette seier Thomas Chr. Wyller at på demokratiet – både samfunnet og systemet – kviler det eit tungt medansvar for miljøkrisa. Men ansvar kan ikkje knytast til system, berre til menneske. I ein viss forstand er dette eit politisk ansvar som kviler på staten, regjeringane og politikarane, men det ansvar som ikkje kan gjera seg gjeldande vert liggande i retorikken. Ingen kan stille verda til ansvar – det finst inga verdsregjering å avsette. ”Inntil videre har imidlertid ansvarsbegrepet et etisk innhold. Enhver medvirking til en global miljøkrise må vurderes under den synsvinkelen.” (Wyller 1999, s. 46).

Litteratur

- Alberoni, Francesco & Veca, Salvatore(1989): **Moral och kärlek** Göteborg : Korpen, 1989
- Andersen, Heine og Kaspersen, Lars Bo red. (1996): **Klassisk og moderne samfunnsteori** Hans Reizels forlag, København 1996
- Anderson, Curt (2000): **Kunnskapssyn och lärande – i samhälle och arbetsliv** Lund; Studentlitteratur
- Apel, Karl-Otto (1990): **Etik och kommunikation** Göteborg : Daidalos, 1990.
- Arendt, Hannah (1996): **Vita activa: det virksomme liv** Oslo: Pax, 1996.
- Argyris, C. & Schön, D. A. (1996): **Organizational learning II : Theory, Method, and Practice** Reading, Mass. : Addison-Wesley, c1996.
- Argyris, Chris & Schön, Donald A.(1978), **Organizational Learning: A Theory of Action Perspective** . Reading, Mass.: Addison- Wesley
- Ariansen, Per (1992) : **Miljøfilosofi : en innføring** Oslo : Universitetsforlaget 1992
- Aristoteles (- /1985): **Nicomachean Ethichs** Engelsk utgåve oversatt av Terence Irwin Hackett Publishing Company 1985 - Norsk utgåve: **Den Nikomakiske etikk** ved Anfinn Stigen. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Attfield, Robin (1983): **The Ethics of Environmental Concern** (1983 and 1991) Athens, Ga.: University of Georgia Press, 1991
- Attfield, Robin (1999): **The Ethics of the Global Environment** Edinburgh: Edinburgh University Press, 1999.

- Bakken, Tore (2003): *Sikkerhet i risikosamfunnet? Matsikkerhet i lys av etableringen av det nye Mattilsynet*, Forskningsrapport 13/2003 Handelshøyskolen BI, Senter for samvirkeforskning
- Barry, John (1999): **Rethinking Green Politics**. London: SAGE.
- Barth, Fredrik (2004) *Økofilosofi: Kollektiv moral og miljøkrise* i Dag og Tid nr. 19, laurdag 8. mai 2004
- Beck, Ulrich (1992): *Risk Society* London: Sage, 1992.
- Beck, Ulrich (1997): **Risikosamfundet: på vej mod en ny modernitet** København, Hans Reitzel, 1997.
- Beck, Ulrich, Giddens, Anthony & Lash, Scott (1994): **Reflexive modernization: politics, tradition and aesthetics in the modern social order** Cambridge: Polity Press, 1994.
- Beck, Ulrich (2004) **Globalisering og individualisering**. Oversatt av Are Eriksen Oslo: Abstrakt forlag, 2003-2004
- Bell, Michael Mayerfeld (1998): **An Invitation to Environmental Sociology** Thousand Oaks, Calif.: Pine Forge Press
- Benjaminen, Tor A. og Svarstad Hanne red. (1998): **Samfunnsperspektiver på miljø og utvikling** Oslo: Tano Aschehoug
- Bentham, Jeremy (1781/1970): **An Introduction to the Principles of Morals and Legislation** Oversatt av K. Dramer *En Innføring i prinsippene for moral og lovgivning* Oslo : Gyldendal, 1970.
- Benton, Ted (2001): *Environmental sociology: Controversy and Continuity* I **Sosialogisk tidsskrift** nr.1 2001
- Berge, Guro og Amundsen, Astrid (2001) *Holdninger og Transportmiddelvalg. En litteraturstudie* TØI rapport 512/2001
- Berger, Peter og Luckmann, Thomas (2000) **Den samfunnsskapte virkelighet** Bergen : Fagbokforl., 2000

- Bortne, Øystein, Selle, Per og Strømsnes, Kristin (2002) **Miljøvern uten grenser?** Makt og demokratiutredningen Gyldendal akademiske 2. utgave 2003
- Botvar, Pål Ketil (1996) “*Belonging Without Believing? The Norwegian Religious Profile Compared with the British one*” i **Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift** 1996 (12), 2:113–139
- Bourdieu, Pierre (1977): **Outline of a theory of practice** Cambridge: Cambridge University Press, 1977.
- Bourdieu, Pierre (1995/1979): **Distinksjonen – En sosiologisk kritikk av dømmekraften** Pax Forlag A/S, Oslo 1995
- Brastad, Bjørn, Sandersen, Håkan T., Skorstad, Berit og Årseth, Liv Marit (2004) *Holdninger til olje- og gassutvinning utenfor Lofoten: en studie blant befolkningen i Lofoten og Sandnessjøen* NF-rapport ; nr 2/2004 Bodø; Nordlansforskning
- Broadly, Donald (1990) **Sociologi och epistemologi : om Pierre Bourdieus författarskap och den historiska epistemologin** Stockholm : HLS förlag,
- Broadly, Donald (1991) **Sociologi och epistemologi : om Pierre Bourdieus författarskap och den historiska epistemologin** Stockholm : HLS förlag, 2. forr. oppl.
- Brox, Ottar (1966) **Hva skjer i Nord-Norge?** - Pax forlag Oslo
- Brox, Ottar (2003) **Vår kollektive dårskap – Hvordan pervertere den norske offentlige samtalen?** Pax Forlag A/S Oslo
- Bruner, Jerome (1991): *The Narrative Construction of Reality*, **Critical Inquiry** 18(1), pp. 1-21.
- Bruner, Jerome (1991): **Acts of meaning**. Cambridge, MA: Harvard University Press.
- Bruner, Jerome (1999): **Mening i handling** (oversatt til dansk av Henrik Stamer Hedin) Århus: Forlaget Klim

- Brundtland, Gro Harlem (Red.) (1987): **Vår felles framtid - Verdenskommisjonen for miljø og utvikling** Oslo: Tiden norsk forlag,
- Buttel, Frederick (1996): *Environment and Recourse Sociology: Theoretical Issues and Opportunities for Synthesis* **Rural Sociology** Vol. 61 (1996) s. 56-76
- Campbell, Colin (1996): *Detraditionalization, character and the limits to agency* i Heelas, Paul. Lash, Scott & Morris, Paul **Detraditionalization: critical reflections on authority and identity** Cambridge, Mass.: Blackwell
- Carson, Rachel (1962): **Silent spring**, Houghton Mifflin, Boston (norsk utg.: Den tause våren, Reistad & sønn, Oslo 1966)
- Christie Mathisen, Werner (2003): **Kunnskapsmakt og miljøpolitikk** Makt- og demokratiutredningens rapportserie, Rapport 58, april 2003,
- COM (2001) 135 Final: *Green Paper on the Future of the Common Fisheries Policy*, Brussels 2001
- Cohen, Maurie & Murphy, Joseph (red.) (2001): **Exploring Sustainable Consumption – Environmental Policy and the social sciences** Pergamon (Elsevier Science Ltd), Oxford
- Coser, Lewis A.(1977): **Masters of sociological thought : ideas in historical and social context** New York : Harcourt Brace Jovanovich, c1977
- Crenson, Matthew A. (1971) **The Un-Politics of Air Pollution** Johns Hopkins Univ Press
- D'Antonio, W. V., Masamichi, S. & Yonebayashi Y. (red.) (1994): **Ecology, Society & the Quality of Life** Transaction Publishers New Brunswick and London
- Denzin, Norman K. & Lincoln, Yvonna S. (red) (2000): **Handbook of qualitative research** . (2. utg.) Thousand Oaks, California: Sage, 2000
- Descola, Philippe: *Societies of nature and nature of society* In Kuper, Adam (red.) **Conceptualizing society**_New York & London: Routledge 1992

- Dewey, John (1988/1922): **Human Nature and Conduct**. Carbondale, IL: Southern Illinois University Press
- Dickens, Peter (1992): **Society and Nature: towards a green social theory** Philadelphia, Penn.: Temple University Press, 1992.
- Douglas, Mary (1966/1991): **Purity and Danger: an analysis of concepts of pollution and taboo** London: Routledge, 1991.
- Dramer K.(1993): **Bestikkelser, smøring og gaver** Oslo: Næringslivets forlag, 1993.
- Dryzek, John S. (1997): **The Politics of the Earth**. Oxford: Oxford University Press.
- Dunlap, Riley.E. & Catton William.R.(1994): *Toward an ecological Sociology: The development, Current Status and Probable Future of an Environmental Sociology* In: D'Antonio et al. (Ed.) (1994):**Ecology, Society & the Quality of Life** Transaction Publishers New Brunswick and London
- Dunlap Riley E. and Catton, William (1978): *Environmental Sociology* i **Annual Review of Sociology** 5/78, s. 243-273
- Dunlap, Riley, Van Liere, Kent D. Mertig, Angela G & Jones, Robert Emmet (2000): *Measuring Endorsement of the New Ecological Paradigm: A Revised NEP Scale - Statistical Data Included* **Journal of Social Issues**, Vol. 56 No. 3 Fall, 2000
- Ebeltoft, Nini (1997): ~ Overalt og ingen steder Samhandling i et globalt datanett for barn og ungdom Copyright © 1998 Nini Ebeltoft
- Eder, K. (1996): **The Social Construction of Nature - Sociology of Ecological Enlightenment**, Sage Publ. London,
- Eder, Klaus (1999): Are the social sciences good for the climate? (Special Report)(critique of 'Human Choice and Climate Change') **Environment**, Sept, 1999,

- Eide, Solveig B. m.fl. (2003): **Fordi vi er mennesker : en bok om samarbeidets etikk** Bergen : Fagbokforl.,
- Eide, Solveig Botnen og Skorstad, Berit (2005): **ETIKK - utfordring til ettertanke i sosialt arbeid** Gyldendal Akademisk, Oslo
- Eisenstadt, S.N. (1994): New social Movements and alternative Modes of Development in *The Annals of the International Institute of Sociology*, 3, s. 111–116, 1992/93.
- ELSA- Peche: “*Ethical, Legal and Social Aspects of fisheries management in Europe*- Objectives <http://elsa.peche.free.fr>
- ELSA – pêche (2002) *Ethical, Legal and Social Aspects of the management of fisheries in Europe* Final report A November 2002
- Elster, Jon(1988): **Hva er igjen av Marx?** Universitetsforlaget, Oslo
- Elster, Jon (1989): **The Cement of Society: a Study of Social Order** Cambridge : Cambridge University Press
- European Commission (2002): “Ethical, Legal and socio-economic Aspects of agriculture, fisheries and food biotechnology . An Overview of Research Activities 1994-2002 Luxembourg: Office for Official Publications of the European Communities, 2002
- Enger, Anniken (1995): *Kildesortering. Forholdet mellom forbrukerens holdning og handling* . SIFO-rapport 11:95
- Eriksen, Erik Oddvar (red.) (1995): **Deliberativ politikk. Demokrati i teori og praksis.** Oslo: Tano forlag.
- Esty, Daniel C., Marc Levy, Tanja Srebotnjak, and Alexander de Sherbinin (2005). **2005 Environmental Sustainability Index: Benchmarking National Environmental Stewardship.** New Haven, Conn.: Yale Center for Environmental Law & Policy.
- Etzioni, A.: (1988): **The Moral Dimention** N.Y. The Free Press 1988

- Eythórsson, Einar(1996): *Who should have a voice? Common property and co-management of North Norwegian fjord fisheries.* i Svein Jentoft (ed.): **Sustainable management of common property bio-resources**, 1996.
- Eythórsson, Einar (2000): *Fisheries management in Iceland : the grounds for design and implementation of public policies in the field of fisheries management* Elsa peche Working paper n°2 <http://elsa.peche.free.fr/wp.php>
- FN (2004) *Agenda 21 – The Earth Summit* 17 December 2004
- Festinger, Leon (1957): **A Theory of Cognitive Dissonance** Stanford, Calif. : Stanford University Press,
- Fidjestøl, Alfred (2004): **Hans Jonas – Ein Introduksjon** Universitetsforlaget 2004
- Fidjesøl, Alfred (2004b) : *Etikk for det 21. hundreåret* **Folkevelt** 19.06.2004 <http://www.folkevelt.no/index.php?artikkelid=1155&back=1>
- Fishbein, Mating & Ajzen, Icek (1975): “Belief, attitude, intention and behavior : an introduction to theory and research . Addison-Wesley series in social psychology Reading, Addison-Wesley, Mass.
- Fiskeridirektoratet (2004): Fiskeriforvaltning i endring: Korallrev og bunntål på agendaen i Fiskets Gang 04. oktober 2004 http://www.fiskeridir.no/fiskeridir/aktuelt/fiskets_gang
- Fjørtoft, Kjersti (1992): *Det gode eller det riktige?* Hovedoppgave i filosofi - Universitetet i Tromsø, 1992.
- Fjørtoft, Kjersti (1996): *Teleologisk etikk* i Kjersti Fjørtoft og Berit Skorstad - Innføring i etiske retninger, Kompendium – trykkeriet ved Høgskolen i Bodø 1996
- Fjørtoft, Kjersti og Skorstad, Berit (1998): **Etikk i sosialt arbeid** Ad Notam Gyldendal
- Flyvbjerg, Bent: (1991): **Rationalitet og makt** Akademisk forlag , København

- Flyvbjerg, Bent: (1992): **Rationalitet og makt (Bind II)** Akademisk forlag , København
- Follesø, Reidun (2004): *Bruker eller brukt? : Landsforeningen for barnevernsbarn: analyse av en interesseorganisasjon i møte med dagens barnevern.* Avhandling (dr. polit.) - Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim, 2004.
- Frich, Jan C. (2003): *Medisin som litterær virksomhet* **Tidsskrift for den Norske Lægeforening** 2003; 123: 2474-6
- Gare, Arran (2001): *Narratives And The Ethics And Politics Of Environmentalism: The Transformative Power Of Stories* i **Theory & Science** Volume 2: Issue 1 (2001) The International Consortium for the Advancement of Academic Publication
- Garett, Jan Edward (2001): *Ethical Perspectives on Ecosystem Preservation* <http://www.wku.edu/~jan.garrett/enveth01.htm>
- Geertz, Clifford (1973): **The interpretation of cultures: selected essays** New York : Basic Books
- Giddens, Anthony 1983 (1991): **The Constitution of Society**, Polity Press, Oxford/Cambridge
- Giddens, A. (1984): **The constitution of society: Outline of the theory of structuration.** Berkeley: University of California Press.
- Giddens, Anthony (1990): **The consequences of modernity** Cambridge: Polity Press
- Giddens, Anthony (1991) **Modernity and Self-Identity: Self and society in the late modern age** Cambridge: Polity Press, 1991
- Giddens, Anthony (1994): *Industrialization, Ecology, and the development of life politics* I D'Antonio & al (1994): I **Ecology, Society & the Quality of Life** Transaction Publishers New Brunswick and London
- Giddens, Anthony (1997): **Modernitetes konsekvenser** Oslo: Pax forlag

- Gilje, Nils og Grimen, Harald (1995): **Samfunnsvitenskapenes forutsetninger – Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi** Universitetsforlaget: Oslo
- Gilligan, Carol (1982): **In a different voice: psychological theory and women's development** London: Harvard University Press, 1982
- Glaser og Stauss (1967) **The discovery of grounded theory: strategies for qualitative research** Chicago: Aldine, 1967.
- Gomm, Roger, Hammersley, Martyn, Foster, Peter (red.) (2000) **Case Study Method: Key Issues, Key Texts** London: Sage, 2000
- Goldblatt, David (1996): **Social Theory and the Environment** Cambridge: Polity Press
- Gottlieb, Roger S. (1996): **This Sacred Earth: Religion, Nature, Environment** New York: Routledge, 1996.
- Gullestad, Marianne (1989): **Kultur og hverdagsliv - på sporet av det moderne Norge** Det blå bibliotek: Oslo: Universitetsforlaget, c1989
- Habermas, Jürgen (1971): **Borgerlig offentlighet: dens framvekst og forfall: henimot en teori om det borgerlige samfunn.** Oversatt av Elling Schwabe-Hansen, Helge Høibraaten og Jon Øien; innledning ved Helge Høibraaten. Oslo: Gyldendal, 1971
- Habermas Jürgen (1984): **The Theory of Communicative Action** Boston: Beacon Press
- Habermas, Jürgen (1990): *Discourse Ethics - Note on a Program of Philosophical Justification* i **Moral Consciousness and Communicative Action** Cambridge: Polity Press
- Habermas, Jürgen (1994): *Three Normative Models of Democracy* Foredrag i studentersamfunnet i Trondheim 07.04.1994 i regi av etikkprogrammet NAVF

- Hagen, Roar (2001): *Økologisk kommunikasjon: Samfunnets miljøproblemer i systemteoretisk perspektiv* I **Sosiologisk tidsskrift** nr.1-2 2001 Oslo: Universitetsforlaget
- Hajer, Maarten. (1995): *The Politics of Environmental Discourse*. Oxford: Oxford University Press.
- Halkier, Bente (1998): *Forbrug og miljø: Betydningen af hverdagslivets erfaringer* I **Sosiologi I dag** nr.2 /298 s. 5-32
- Hammersly, M. og Gomm R. (2000) *Introduction* i Gomm, Roger, Hammersley, Martyn, Foster, Peter (red.) (2000) **Case Study Method: Key Issues, Key Texts** London: Sage, 2000
- Hansen, Kasper Møller, Karen N. Laursen, Natacha R. Vallebona, Jacob Aars, & Audun Offerdal (1998): *Deliberativ Høring - er det verdt det?* Notat / Senter for samfunnsforskning, Bergen
- Hardin Garrett (1968): The tragedy of the commons. *Science*, 162(13):1243-1248, December 1968.
- Hareide, Knut Arild (2004): Bruk av innkjøpsmakt i miljøet si teneste Miljøvernminister - Innkjøp og miljøleing: Frå ide til handling http://odin.dep.no/md/norsk/aktuelt/taler/statsraad_a/022001-090120/dok-bn.html
- Hargrove, Eugene C.(1989): **Foundations of Environmental Ethics Environmental Ethics** Books, Englewood Cliffs, N.J.: Prentice Hall
- Hargrove, Eugene C. (2002): *A Very Brief History of the Origins of Environmental Ethics for the Novice*. <http://www.cep.unt.edu/novice.html> June 24, 2002
- Harste, Gorm og Mortensen, Nils (1996): *Social samhandlingsteori* i Andersen og Kaspersen red. **Klassisk og moderne samfunnssteori** Hans Reizels forlag, København 1996
- Heelas, Paul. Lash, Scott & Morris, Paul (1996): **Detraditionalization: critical reflections on authority and identity** Cambridge, Mass.: Blackwell

- Henriksen, J.O. og Vetlesen A.J.(2000): **Nærhet og Distanse grunnlag, verdier og etiske teorier i arbeid med mennesker** Oslo, Gyldendal akademiske 2. utg.
- Herland, Irene (2003): Overnasjonal politisk identitet
<http://ugle.svf.uib.no/svfweb1/filer/641.pdf>
- Hofstad, Hege (2001) *Drivkrefter i lokal Agenda 21-prosessen Case-studie av Ål og Liers lokal Agenda 21-arbeid* NIBR-notat: 2001:101
- Holden, Erling og Norland, Ingrid T. (2004): *SusHomes - En undersøkelse av husholdningers forbruk av energi til bolig og transport i Stor-Oslo* Dokumentasjonsrapport. Rapport nr. 3/2004, Oslo: ProSus
- Hovik, Sissel og Johnsen, Vibeke (1994): *Fra forsøk til reform: evaluering av MIK-programmet* NIBR-rapport; 1994:23 Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning, 1994.
- Huber, Joseph (2002) Environmental Sociology in Search of Profile i Soziologie. Forum der deutschen Gesellschaft für Soziologie, Heft 3, 2002, 23–36.
<http://www.sociologie.unihalle.de/huber/docs/environmentalsociology02.n eu.pdf>
- Høyer, K. og Tor Selstad (1991): Regionalpolitikkenes økopolitiske grunnlag. Nord REFO. VF-rapport 19/91/ ØF-rapport 23/91. Vestlandsforskning/Østlandsforskning.
- Jackson, Tim & Michaelis Laurie (2003): “Policies for sustainable consumption “a report to the Sustainable Development Commission 17th September 2003
<http://www.surrey.ac.uk/eng/ces/research/policies.pdf>
- Jamison, Andrew (2001): **The making of green knowledge: environmental politics and cultural transformation** [online] Cambridge: Cambridge University Press
- Jansen, Alf Inge(1989): **Makt og miljø: en studie av utformingen av den statlige natur- og miljøvernpolitikken** Universitetsforlaget 1989

- Jansen, Alf-Inge(1991): Reform og resultater: evalueringen av forsøksprogrammet Miljøvern i kommunene. Oslo: Noras
- Jentoft, Svein (1989): Fisheries Co-Management: Delegating Government Responsibility to Fishermen's Organizations **Marine Policy** (april) s.137-154
- Jentoft, Svein og Mikalsen Knut H. (2001): **Lastet til ripa – Fiskernes rettsstilling i ressursforvaltninga** Tapir akademisk forlag Trondheim 2001
- Jentoft, Svein og Mikalsen Knut H. (1998): Regulering av fjordfiske: Folkelig forvaltning eller interessegruppetpolitikk? I Bjørn Sagdahl (red.) **Fjordressurser og reguleringspolitikk – En utfordring for kystkommuner?** Kommuneforlaget Oslo 1998
- Kant, Immanuel (1785/1998): **Groundwork of the metaphysics of morals** translated and edited by Mary Gregor Cambridge: Cambridge University Press, 1998.
- Kant, Immanuel (1985/1983): *Grunnlegging til moralens metafysikk* i Eivind Storheim: Moral, politikk og historie, Oslo 1983
- Kasa, Sjur, Malvik, Henrik og Underdal, Arild (2001): "Globale miljøproblemer og nasjonal maktfordeling i Tranøy, B.S. og Østrerud Ø. red (2001) **Mot et globalisert Norge? : rettslige bindinger, økonomiske føringer og politisk handlingsrom** Oslo: Gyldendal akademisk s. 436-465
- Katz, Daniel (1960): The Functional Approach to the Study of Attitudes. **Public Opinion Quarterly**, 24, 163-204.
- Kean, John (1988): **Democracy and Civil Society: on the Predicaments of European Socialism, the Prospects for democracy, and the Problem of Controlling Social and Political Power** London: Verso
- Kelly, A.V. (2004): **The Curriculum – Theory and Practice** London Sage Publications
- Knowles, Jonathan (2000): **Vitenskap, rasjonalitet og common sence** Oslo: Cappelen akademisk forlag, 2000.

- Kohlberg, Lawrence (1981): **The philosophy of moral development: moral stages and the idea of justice** San Francisco: Harper & Row, 1981
- Kolbenstvedt, Marika og Vibe, Nils (1991): *Bilkjøring, strukturell tvang eller umoral?* Innlegg på Norsk Sosiologiforenings vinterseminar 3.-6.1.1991
- Kommunenes sentralforbund (1993): Lokalt prioriterte satsingsområder for miljøvernarbeidet Ad Hoc utvalget for miljøvern
- Kompetanseberetningen for Norge 2003, Utdannings- og forskningsdepartementet, <http://www.kompetanseberetningen.no/>
- Korsnes, Olav, Andersen, Heine og Brante, Tomas (1997) **Sosiologisk leksikon** Oslo: Universitetsforlaget, 1997.
- Kvale, Steinar (1997): **Det kvalitative forskningsintervju** Oslo: Ad notam Gyldendal, 1997.
- Kvåle, Gro (2000) Organisering av identitet: ein studie av organisatorisk identitetsdanning i trygdeetaten Avhandling (dr. polit.) - Universitetet i Tromsø, 2000.
- Kuhn, Thomas S. (1962/1996) The structure of scientific revolutions 3rd ed. Chicago: University of Chicago Press
- LaFollette, Hugh (2000): **The Blackwell guide to Ethical Theory** Blackwell philosophy guides, Malden, Mass.: Blackwell, 2000
- LaFollette, Hugh (2000): *Pragmatic Ethics* i **The Blackwell Guide to Ethical Theory** LaFollette 2000 (Blackwell Publishers
- Langhelle, Oluf (1998): *Økologisk modernisering og bærekraftig utvikling – to sider av samme sak?* Oslo: Prosus arbeidsnotat 4/98
- Lash, Scott, Szerszynski, Bronislaw and Wynne, Brian (1996). **Risk, environment and modernity: towards a new ecology**. London : Sage, 1996.
- Lavik, Randi (1997): *Miljøengasjement i endring?* SIFO Arbeidsrapport 7:97

- Lavik, Randi (1999): *Miljømonitor. Metodologiske erfaringer* SIFO Arbeidsnotat nr. 5-1999
- Leopold, Aldo (1966): **A Sand County Almanac: with other essays on conservation from Round River** New York: Oxford University Press, 1966.
- Levinas, Emmanuel (1996): **Den annens humanisme** Oslo: Aschehoug i samarbeid med Fondet for Thorleif Dahls kulturbibliotek og Det norske akademi for sprog og litteratur, 1996.
- Lévinas, Emmanuel (1998): **Entre nous : on thinking-of-the-other** New York : Columbia University Press, c1998.
- Lidskog, Rolf (1995): *Mellom Sociologi och ecologi? Om det sociologiska studiet av miljöfrågan* i **Sociologisk Forskning** 2/1995 s.7-37
- Lincoln, Yvonna S. & Guba, Egon G. (2000): *The Only Generalization is: there is No Generalization* i Gomm, Hammersley, & Foster (red.) (2000) **Case Study Method: Key Issues, Key Texts** London: Sage, 2000
- Lingås, Lars Gunnar (1992): **Etikk og verdivalg i helse og sosialfag** Universitetsforlaget Oslo
- Luhmann, Niklas (1989): **Ecological Communication** Polity Press,UK
- Lukes, Steven (1974): **Power: A Radical View**. London: MacMillan Press, Ltd
- Lysgaard, Sverre (1978): Utviklingsoppgaver i det videre arbeid med ”den sosiologiske tankemodell”. Arbeidsnotat – Intitutt for sosiologi Universitetet i Oslo 1978
- Løchen, Yngvar: (1993): **Forpliktende fantasi**. Oslo: Universitetsforlaget, c1993
- Løgstrup, K.E. (1987): **Solidaritet og kærlighed og andre essays**: Gyldendal, København.
- Løgstrup, K.E.(1991): **Den etiske fordring** Gyldendal, København

- Løgstrup, K.E (1997): **The Ethical Demand** Notre Dame, IL: University of Notre Dame Press, 1997.
- Mandag Morgen MicroNews (1998): *The Nordic fisheries in the new consumer era: challenges ahead for the Nordic fisheries sector TemaNord* ; 1998:526 København : Nordisk Ministerråd, 1998
- Marsh, Ian (2002): **Theory and Practice in Sociology** Pearson Higher Education, Essex UK
- Martell, Luke (1994): **Ecology and Society: an introduction** Polity Press, Cambridge
- Martinussen, Willy (1999): **Sosiologiske forklaringer** Bergen: Fagbokforl.,
- Martinussen, Willy (2003): *Folkestyre? Politisk medborgerskap i Norge over den siste generasjonen* Rapport 59, april 2003, Makt- og demokratiutredningens rapportserie, <http://www.sv.uio.no/mutr/publikasjoner/rapp2003/rapp059/index.html>
- Mathisen, Werner Christie (2003): **Kunnskapsmakt og miljøpolitikk**. Oslo Makt- og demokratiutredningen. Rapportserien Nr. 58.
- Maurstad, Anita (2002): *Fishing i Murky Waters – Ethics and Politics of Research on Fisher Knowledge* **Marine Policy** 26: 159-166
- Mead, George H. (1934): **Mind, Self and Society**. The University of Chicago Press Chicago & London
- Melberg, Arne (2002) *Forholdet til dekonstruksjon – Hvordan er forholdet til makt i moderne hermeneutikk?* www.nrk.no/litteratur/lesekunst/teorier/1932453.html
- Methi, Nina (2000): *Miljøvernets plass i hverdagslivet. Intervjuer med utvalgte forbrukere*. SIFO rapport nr. 8 – 2000
- Milbraith, Lester (1984): **Environmentalists - The vanguard for a new society** Albany: State University of New York Press

- Milbraith, Lester (1989): **Envisioning a Sustainable Society - Learning our Way Out** State of New York Press
- Milbraith, Lester (1996): **Learning to Think Environmentally: While There Is Still Time** Albany New York, State University, 1996.
- Mol, Arthur P.J. and Sonnenfeld, David A. (red.)(2000) **Ecological Modernisation Around the World: Perspectives and Critical Debates: An Introduction** London and Portland: Frank Cass Co.,
- Monrad, Kirsten (1997) *Kunsten at overleve : de nordiske landes fiskeri set i historisk perspektiv* Dokumentet er del av serien **NORD** - 1997:7
- Murphy, Raymond (1997): **Sociology and Nature – Social Action in Context** Boulder, Colorado: Westview Press
- Maaløe, Erik (1996): **Case-studier – af og om mennesker i organisasjoner** Akademisk Forlag , København
- Nafstad, Petter (1996): **Europeisk filosofi** Cappelen Akademiske forlag as. Oslo
- NESH(1999) *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, jus og humaniora* Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora <http://www.etikkom.no/retningslinjer/NESHretningslinjer>
- Nilsen, Ann (red.)(1997): **Miljøsosiologi: samfunn, miljø og natur** - Oslo: Pax, 1997.
- Nielsen, Jesper Raakjær (2000): *Danish Fisheries Management Policy* Working paper from the European Union project: ELSA-Pêche Institute for Fisheries Management and Coastal Community Development
- Nilsen, Ragnar (2002): *Makt og motmakt på kysten* Makt- og demokratiutredningens rapportserie, Rapport 45, august 2002
- Nordisk Ministerråd (1998): *The Nordic fisheries in the new consumer era: challenges ahead for the Nordic fisheries sector* i **TemaNord**; 1998:526 København av Mandag Morgen MicroNews,

- Nordland fylkeskommune (12/1999-2001): Saker og vedtak <http://www.nordland-f.kommune.no/>
- Nordland Fylkeskommune (1993): *Oppstart av forum for miljø og utvikling*- Offentleg dokument
- Nordland fylkeskommune (1994a): *Langtidsbudsjett 1995-98 - oppfølging av fylkestingets vedtak*
- Nordland fylkeskommune (1994b): *Uttalelse til Rapport om miljøkriterier for bruken av næringsfondet* Offentleg dokument
- Nordland fylkeskommune (1995) *Prosjekt forum for miljø og utvikling 1993-1994 Sluttrapport fra styringsgruppa*
- Nordland fylkeskommune (1998a): *Revidert høringsutkast Regional Agenda 21 for miljøfylke Nordland*
- Nordland fylkeskommune (1998b) *Regional Agenda 21 for Nordland* Offentleg dokument
- Nordland Fylkeskommune: *Fylkesplan for Nordland 1992-95*
- Nordland Fylkeskommune: *Fylkesplan for Nordland 1996-99*
- Nordland Fylkeskommune: *Fylkesplan for Nordland 1999-2003*
- Nordland Fylkeskommune: *Fylkesplan for Nordland 2004-07*
- Norsk Petroleumsinstitutt (2001) *Etterspørselen etter bensin -Om sammenhenger mellom pris, etterspørsel og utslipp*
<http://www.np.no/ktml2/files/uploads/Rapporter/NP-bensin.pdf>
- NOU 2000: 22: *Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune*
- NOU 2003: 19 *Makt og demokrati Norges offentlige utredningar avgitt til Arbeids- og administrasjonsdepartementet* 26. august 2003.

- Nyberg, Anders (1999): *Miljømonitor. Stabilitet og endring i forbrukernes miljøengasjement*. SIFO-rapport 6:99
- Næss, Arne(1971):**Økologi og filosof** Oslo: Universitetsforlaget
- Næss, Arne: (1999(1974)) **Økologi, samfunn og livsstil** Oslo: Bokklubben Dagens bøker, 1999
- Næss, Arne (1973): *The Shallow and the Deep, Long-Range Ecology Movement* i **Inquiry** nr.16-1973
- Ofstad; Harald (1981) *Moral er å ta det alvorlige alvorlig* i Thordis Støren (red.) **Ikke-kristen etikk**. - Oslo: Gyldendal, 1981.
- Ofstad; Harald (1982) **Moralfilosofi : fyra essäyer om moral och människans natur**. Filosofiska småtryck ; 14 Stockholm : Akademilitteratur, c1982
- Opdahl, A. (1993): *Presentasjon av Forum for miljø og utvikling i Nordland Fylkeskommune-Foredragsnotat*
- Opdahl, Arne (1996):*Miljøhensyn i politikk og planlegging regional: Resultater og veien videre* Innlegg på Miljøverndepartementets seminar om integrering av miljøhensyn i regionalpolitikken Holmenkollen Park hotell 7. juni 1996
- Otterlei, J.B. (1994):*Heilskapsideal som institusjonell standard - framgang for sektorfrie generalistar i kommunen* Notat til dr. polit. -kurs i offentlig og politisk kommunikasjon Høgskolesenteret i Nordland, 1994
- Passmore John (1974): **Man's responsibility for nature : ecological problems and Western traditions** London : Duckworth, 1974
- Picou, Steven J. and Marshall, Brent K.(2002) "Contemporary Concepts of Environmental Risk: Implications for Resource Management and Policy. **Sociological Practice: A Journal of Clinical and Applied Sociology** 4(4): 293-313
- Polkinghorne, D. E. (1988): **Narrative Knowing and the Human Sciences**. Albany, NY: State of New York University Press, 1988.

- Polanyi, Michael (1967): **The Tacit Dimension** London: Routledge & Kegan Paul, 1967
- ProSus (1996): *Agenda 21 - En kort innføring* ProSus og Stiftelsen Idébanken
ISBN: 82-7480-050-8
- ProSus (2003) ProSus Guide til Agenda 21 i Norge
- ProSus (2004): Rapport nr. 3/04 SusHomes - En undersøkelse av husholdningers forbruk av energi til bolig og transport i Osloområdet Dokumentasjonsrapport
- Putnam, Ruth Anna (2004): "Pragmatism, Ethics and Education" **Encyclopedia of Philosophy of Education** 2004.
<http://www.vusst.hr/ENCYCLOPAEDIA/28.05.04>
- Ramm, Jorun Skoglund (1997) *Forbrukernes miljøinnsats: kildesortering, innkjøps- og energiatferd* SIFO rapport nr.2,1997
- Rawls, John (1988): *Classical Utilitarianism* i Scheffler (ed) **Consequentialism and its Critics** Oxford University Press
- Redclift M. & Woodgate G. (ed.) (1995): **The Sociology of the Environment** Aldershot : Edward Elgar ; 1995.
- Redclift, Michael (2000): **Sustainability: life changes and livelihoods** London : Routledge; 2000.
- Ritzer, George and Goodman, Douglas J.(2004): **Modern sociological theory** Boston : McGrawHill, 2004
- Rogstad, Jon (2000): "Mellom faktiske og forestilte forskjeller: synlige minoriteter på arbeidsmarkedet" Rapport Institutt for samfunnsforskning: nettutgave utg. - 17:2000
- Roppen, Johann,(2000) *Dobbel hermeneutikk i teori og praksis* Vitenskapsteoretisk innlegg i samband med dr. polit. studium: UiB/HVO
www.hivolda.no/amf/tilsette/roppen/dobbel.htm

- Rose, Lawrence E. & Pettersen, Per A. (2002): *The Good Citizen: Democratic theory, and Political realities among Norwegians*. Paper prepared for the 2002 annual meeting of the Midwest Political Science Association, Chicago, Illinois, 25-28. April 2002
- Rubin, Herbert J. & Rubin, Irene (1995) **Qualitative interviewing: the art of hearing data** Thousand Oaks, Calif. : Sage Publications
- Ryan, Alan (1987): **Utilitarianism and other essays : J. S. Mill and Jeremy Bentham** Harmondsworth : Penguin, 1987.
- Sagdahl, Bjørn og Mikalsen, Knut H. red. (1982): **Fiskeripolitikk og forvaltningsorganisasjon: en artikkelsamling**. Tromsø: Universitetsforlaget, 1982
- Sagdahl, Bjørn (1992) *Ressursforvaltning og legitimitetsproblemer: en studie av styringsproblemer ved forvaltning av norsk-arktisk torsk* NF-rapport ; 15/92-20
- Sagdahl, Bjørn (red.) (1998): **Fjordressurser og reguleringspolitikk. En utfordring for kystkommuner**. Kommuneforlaget Oslo
- Sagdahl, Bjørn K. (2000) *Norwegian fishery management: learning by doing and "fishing" for solutions?* Elsa Peche Working paper n°3
<http://elsa.peche.free.fr/wp.php>
- Sandberg, Audun (1998): The analytical importance of property rights to northern resources i Berge, Erling og Stenseth, Nils Chr (red.): *Law and the Governance of Renewable Resources. Studies from Northern Europe and Africa*. San Fransisco ICS-press
- Sandberg, Audun, Skorstad, Berit and Sagdahl, Bjørn (2000): *Responsible Governing of Coastal Common Resources in the North* Paper for the VIIIth biannual conference of the International Association for the study of Common Property: *Constituting the Commons: Crafting Sustainable Commons in the New Millennium* Indiana University, Bloomington, USA May 31 – June 4 , 2000.

- Sandberg, Audun (2003): Statlig miljøpolitikks regionale og distriktspolitiske effekter. Intenderte og uintenderte virkninger Effektutvalgets utredningsrapport
- Sandersen Håkan 1998: «Organization and Social Capital as a Prerequisite for Participatory Fisheries Management - The Case of Trinidad & Tobago and St. Lucia». Fisheries Research in Developing Countries. Proceedings from the Soria Moria Conference, Oct. 1998. Norges Forskningsråd.
- Scanlon, T.M. (1982): *Contractualism and Utilitarianism in Utilitarianism and Beyond* edited by Sen & B. Williams, Cambridge University Press
- Schnaiberg, Allen (1980): **The Environment: From Surplus to Scarcity**, New York: Oxford university Press.
- Scheffler, Samuel (red.) (1988) **Consequentialism and its Critics** Oxford University Press
- Schiefloe, Per Morten (2003) Mennesker og samfunn: Innføring i sosiologisk forståelse Bergen: Fagbokforl., 2003.
- Schütz, Alfred (1951/1978) "Handlingsbegrepet utdrag frå "Choosing among projects of action I Østerberg, Dag red. (1978)**Handling og samfunn** Oslo, Pax Forlag (Originalartikkelen er frå Philosophy and Phenomenological Research 1951 No. 12: 161-184.)
- Schütz, Alfred (1962): **Collected Papers I: The Problem of Social Reality**, ed. Maurice Natanson, The Hague: Martinus Nijhoff.
- Seippel, Ørnulf (1991): *Fra moralsk opprustning til terroristisk ironi: en sosiologisk kommentar til den moderne miljødiskurs* Hovedoppgave i sosiologi - Universitetet i Oslo, 1991
- Seippel, Ørnulf (2000): *En skole for en bærekraftig utvikling? : kunnskap, holdninger og praktisk atferd blant norske skoleelever* Rapport / ProSus ; nr 5/96
- Seippel, Ørnulf (2000): **Modernitet, politikk og miljø** Avhandling (dr. polit.) - Universitetet i Oslo, Rapport / Institutt for samfunnsforskning

- Seippel, Ørnulf (2001): *From Mobilization to Institutionalization? -The Case of Norwegian Environmentalism* **Acta Sociologica**. 44(2):123–138, 2001.
- Selstad, Tor (1992) *Regional miljøpolitikk – I spenningsfeltet mellom kunnskap og handling* Østlandsforskning notat L07/1992
- Selznick, P. (1992): **The Moral Commonwealth: social theory and the promise of community** Berkeley, Calif. : University of California Press, 1992.
- Skorstad, Berit (1991):*Å Tenke det; ønske det; ville det; men gjøre det! – En sosiologisk analyse av forholdet mellom miljøvern og privatbilisme* Hovedfagsoppgave i Sosiologi/sosialpolitikk, Institutt for samfunnsvitenskap, Universitetet i Tromsø,
- Skorstad, Berit (1998):*“Think of it - wish it done - will it to boot, - but do it! - Social action theory and environmental behaviour* Paper til kurs i kvalitativ forskning ved Institutt for psykologi Universitetet i Tromsø 27.-29. mai 1998
- Skorstad, Berit og Mariussen, Åge (1994): *Frå miljøskule til integrasjon av miljøpolitikk* NF/HBO; Arbeidsnotat 1037/94
- Skorstad, Berit (2000):*“Bedre føre var...” : en evaluering av prosjektet "Forebyggende arbeid mot selvmord blant unge"* NF-rapport ; nr 28, 2000
- Sonnenfeld, David A. (1999) *“Social movements and ecological Modernization – The Transformation of Pulp and Paper Manufacturing* Institute of International Studies University of California, Berkeley, Berkeley Workshop on Environmental Politics - Working Papers WP 00-6
- St meld.34(1990-91): *Om miljøvern i kommunene* Miljøverndepartementet, Oslo
- St.meld.13 (1992/93): *FN-konferansen om miljø og utvikling, Rio de Janeiro*, Miljøverndepartementet, Oslo
- St meld.58 (1996 - 97): *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling - Dugnad for framtida*, Miljøverndepartementet, Oslo

- St.meld.43, (1998-99): *Vern og Bruk i kystsona – Tilhøvet mellom verneinteresser og fiskerinæringene*, Miljøverndepartementet, Oslo
- St.meld. 8 (1999-2000): *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*, Miljøverndepartementet, Oslo
- St.meld.33 (1999-2000) - *Tilleggsmelding til St.meld. nr. 8 (1999-2000): Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*, Miljøverndepartementet, Oslo
- St.meld.31 (2000-2001): *Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling* Kommunal- og regionaldepartementet
- St.meld.24 (2000-2001) - *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*, Miljøverndepartementet, Oslo
- St.meld.19 (2001-2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet - regionalt og lokalt nivå* Kommunal- og regionaldepartementet
- Stake, Robert (2000): *Case Studies* i. Denzin & Lincoln (red) (2000): **Handbook of Qualitative Research**. - 2nd ed Thousand Oaks, California : Sage, 2000
- Stake, Robert (2000b): *The Case Study Method in Social Inquiry* I Gomm, Hammersley & Foster, ed. (2000) **Case Study Method: Key Issues, Key Texts** London : Sage, 2000.
- Statistisk sentralbyrå (1998): *Ukens statistikk* nr. 36, 1998
- Statistisk sentralbyrå (2004): *Hushaldsavfall 2003*
<http://www.ssb.no/emner/01/05/10/avfkomm/>
- Stiftelsen Miljømerking (2005): *Om Svanemerket* <http://www.ecolabel.no/cgi-bin/svanen/imaker?id=113&visdybde=2&aktiv=113> (22.03.2005)
- Strandbakken, Pål (1995): *“Sustainable Consumption - Theoretical and Empirical Approaches to the debate on Sustainable Consumption* SIFO-Rapport no- 1 1995

- Straume, Ingjerd S. (2002): *Den avpolitiserende miljødebatten I Samtiden* 2002 nr.2
- Strauss, Anselm & Corbin Juliet (1998): **Basics of qualitative research: techniques and procedures for developing grounded theory** / Thousand Oaks, Calif.: Sage Publications, 1998.
- Stø, Eivind, Pål Strandbakken and Marit Strand (2002): *Consumers and environmental information. - A survey of consumers' use of and attitudes towards environmental product information in Germany, Italy, Norway and Spain.* Professional Report No. 3
- Støren Thordis (red.) **Ikke-kristen etikk.** - Oslo: Gyldendal, 1981
- Syklistenes landsforening (1997): Historikk Syklistenes Landsforening - 50 år (1997) http://www.slf.no/Om_SLF/5002 (22.03.2005)
- Sørensen, Mads P.(2004): **Den politiske forbruker** København; Hans Reizels forlag
- Throne-holst, Harlad (1999): *Forbrukernes roller i miljøpolitiske suksesser : fosfatforbudet i tøyvaskemidler: husmoraksjonen i Mjøsområdet* Arbeidsrapport / Statens institutt for forbruksforskning ; nr 1 1999
- Torjusen, Hanne, Nyberg, Anders og Wandel, Margareta (1999): *Økologisk produsert mat: forbrukernes vurderinger og bruksmønster : en spørreundersøkelse fra Stange- og Hamarområdet* SIFO - rapport; nr 5-1999
- Torjusen, Hanne (2001): *Økologisk mat. Hindringer og muligheter for forbruk av økologisk mat sett fra forbrukernes side.* Oppdragsrapport nr. 16—2001 Lysaker, SIFO
- Tranøy, Knut Erik (1998): **Det åpne sinn – moral og etikk mot et nytt årtusen** Universitetsforlaget Oslo
- Tranøy, Bent S. og Østerud Østerud (red) (2001) **Mot et globalisert Norge? - rettslige bindinger, økonomiske føringer og politisk handlingsrom** Oslo: Gyldendal akademisk

- Troye, Sigurd Villads (1999): **Marketing- forventninger, tilfredshet og kvalitet.** Bergen : Fagbokforlaget
- UN (1982) I: *Protection and preservation of the marine environment* United Nations Convention on the Law of the Sea. Part XI
http://www.un.org/Depts/los/convention_agreements/texts/unclos/closindx.htm
- UN (1993): *Agenda 21. The United Nations' program of action from Rio. Earth summit* United Nations Conference on Environment and Development (UNCED) (3.-14. June 1992: Rio de Janeiro, Brazil) - N.Y.: United Nations Department of Public Information, 1993
- Vetlesen, Arne J. og Nortvedt, Per (1994): **Følelser og moral** Oslo: Gyldendal, ad Notam, 1994
- Warren Karen J.(1993): *Introduction to Ecofeminism* i **Environmental Philosophy: From Animal Rights to Radical Ecology** av Michael E. Zimmerman, J. Baird Callicott, George Sessions, Karen J. Warren, and John Clark (Eds.),. Englewood Cliffs, NJ: Prentice-Hall, 1993, pp. 253-267.
- Weber, Max: (1922/1990) **Makt og byråkrati : essays om politikk og klasse,** samfunnsforskning og verdier; utvalg og innledning ved Egil Fivelsdal ; oversatt av Dag Østerberg. - 2. utg. Oslo: Gyldendal, 1990.
- Weinberg, Adam S. (2000): *Urban Recycling* i **Urban recycling and the search for sustainable community development** Weinberg, Pellow, & Schnaiberg. Princeton, N.J.: Princeton University Press, 2000
<http://site.ebrary.com/lib/hbobib/Doc?id=10035834&page=38>
- Weinberg, Adam S., Pellow, David N. and Schnaiberg, Allan (2000): **Urban recycling and the search for sustainable community development** Princeton, N.J.: Princeton University Press, 2000
- White, Lynn Jr. (1967): *The historic roots of our ecological crisis* **Science** , vol. 155 s. 1303-1307 ,1967.
- Wyller, Thomas Christian (1999): **Demokratiet og miljøkrisen** Oslo: Universitetsforlaget 1999

- Wyller, Truls (1996): **Etikkens historie – En systematisk framstilling** Cappelen Akademisk Forlag as
- Wynne, Brian (1996) *May the Sheep Safely Graze – A Reflexive view of the Expert-Lay Knowledge Divide* i Lash, Szerszynski & Wynne: **Risk Environment & Modernity** Sage Publications 1996
- Yearley, Steven (1991): **The Green Case. A Sociology of Environmental Issues, Arguments and Politics.** Unwin Hyman
- Yin, Robert K. (2003) **Case Study Research: Design and Methods** (5. utg) Sage Publications Thousand Oaks, California; 2003
- Zavestostki, Stephen (2001): Environmental Concern and Anti-consumerism in the Self-Concept: Do they share the Same Basis? I Cohen & Murphy (red.) (2001): **Exploring Sustainable Consumption – Environmental Policy and the social sciences** Pergamon (Elsevier Science Ltd), Oxford
- Ødven, Anne Merete (1996): *Nøysomhet og postmaterialisme - En kvantitativ studie av miljøbevissthet og miljøvennlige handlinger*, Hovedoppgave våren 1996 Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Østerud, Øyvind (1992): **Statsvitenskap** Oslo: Universitetsforlaget
- Aall, Carlo. Høyer, Karl G, Holden, Erling og Lindseth, Gard (2001) : *Muligheter og hindringer for en bærekraftig praksis innen transport og energiforbruk* VF Rapport nr. 13/2001
- Aarsæther, N. Adolfsen, H. og Buanes A. (1991): *Dagsordenbygging i kommunalt miljøvern* /Skriftserie [i.e. Stensilserie] / Institutt for samfunnsvitenskap, Universitetet i Tromsø. A, Samfunnsfag ; 54
- Aasjord, Bente, 2000, *Grå Eminenser, Svart Hav – norsk fiskeripolitikk på ein korporativ beslutningsarena*, Stiftelsen Trygg mat, Leines